

Kristeleg Folkeparti

Politisk program

2013-2017

Innholdsliste

KrF sitt verdigrunnlag og ideologi	7
Grunnverdier	7
Det kristne menneskesynet	7
Nestekjærleiken	7
Forvaltaransvaret	7
Kristendemokratiske prinsipp	7
Menneskeverd	7
Felleskap	8
Mangfald	8
Folkestyre	8
Solidaritet	8
Subsidiaritet	8
Rettferdig fordeling	9
Generasjonsansvar	9
Retten til liv	10
Støtteordninger og førebygging	10
Forskning, informasjon og oppfølging	10
Sortering av menneske	10
Abort seint i svangerskapet	11
Verdigheit ved livets slutt	11
Familiepolitikk	13
Ekteskap og samliv	13
Bra for barna	13
Fleksibilitet	13
Økonomiske ordningar	13
Kontantstøtte	13
Barnefattigdom	14
Barnefrådrag	14
Barnehagar	14
Aleineforeldre	14
Barns rettar	14
Adopsjon	15
Familie, foreldreskap og samlivsbrot	15
Barnevern	15
Likestilling	17
Likestilling og arbeidsliv	17
Integrering og likestilling	17

Eit samfunn med plass for alle	19
Aktive menneske	19
Universell utforming	19
Funksjonshemma barn og foreldre	19
Ungdom med funksjonshemmingar	20
Helsepolitikk	22
Etiske refleksjonar	22
Helsestasjon og skulehelseteneste	22
Samhandlingsreforma.....	22
Folkehelse.....	22
Rehabilitering	23
Sjukehus	23
Politisk styring	23
Prehospitale tenester.....	23
Pasienttryggleik.....	23
Livshjelp	23
Psykisk helse.....	23
Bioteknologi	24
Kvinner.....	24
Ungdomshelse.....	24
Seksuelle minoritetar	24
Nettbaserte helsetenester	25
Innovasjon i helsetenesta	25
Betre alderdom	27
Seniorpolitikk.....	27
Eldreomsorg	27
Eigna buform.....	28
Innovasjon for livskvalitet	28
Fysisk aktivitet	28
Kvalitet i omsorg	28
Demens.....	28
Eldresenter/dagsenter	29
Kvardagsrehabilitering.....	29
Etikk	29
Eldre og tannhelse	29
Omsorg ved livets slutt.....	29
Ruspolitikk	31
Justispolitikk.....	34
Førebygging, politi og beredskap	34
Kampen mot kriminalitet	35
Vald og overgrep	35
Kvinner som handelsvare.....	35
Vald i nære relasjonar	35
Kvardagskriminalitet	36
Organisert kriminalitet.....	36
Straff og straffeprosess	37

Personvern	38
Kunst og kultur	39
Mangfald.....	39
Barn og unge	39
Kor og vokalmusikk.....	39
Korps	39
Film	39
Språk	40
Opera, ballett og teater	40
Kulturberarar	40
Kulturminne	40
Kyrkjebygg som kulturminne.....	40
Levande kultur	41
Bøker	41
Idrett	42
Idrettsanlegg.....	42
Idrett for alle.....	42
Symjing	42
Fysisk aktivitet	42
Doping	42
Mediepolitikk	44
Vasskiljeprinsippet	44
Internett.....	44
Universell utforming	44
Religion, livssyn og trusfridom.....	46
Kulturtradisjon og trusopplæring.....	46
Trusfridom og trussamfunna sitt sjølvstende	46
Den norske kyrkja.....	46
Det sivile samfunnet	48
Nyskaping for ideelle prosjekt.....	48
Skulepolitikk	50
Lærarane	50
Kvalitetsheving	50
Samansette utfordringar	51
Verdiar	51
Norsk språk.....	51
Grunnskulen	51
Vidaregåande opplæring.....	53
Friskular	54
Høgare utdanning og forskning.....	55
Livslang læring	55
Forsking	55
Universitetsstruktur.....	56
Studiefinansiering og studentvelferd.....	56
Private høgskular	57
Klima, energi og miljø	59

Klima	59
Oppfølging av klimaforlika.....	59
Klimagassutslepp og utvikling.....	60
Tilpassing til eit klima i endring.....	60
Energipolitikk.....	60
Fornybar energi.....	61
Kraftnettet.....	61
Energieffektivisering.....	61
Olje og gass	63
Miljøvern	64
Naturforvaltning	64
Skogvern	64
Sjødeponi	65
Rovdyr i norsk natur.....	65
Friluftsliv og bruk av naturen.....	65
Forbruk og avfall	66
Forbrukarpolitikk	67
Tenester for alle	67
Nei til sløsing.....	67
Barn og unge	67
Forbrukarinteresser.....	67
Gjeld og lånepress	67
Speleavhengigheit.....	68
Næringspolitikk.....	69
Næringsliv og næringsutvikling	69
Små og mellomstore bedrifter	69
Energi	69
Arbeidskraft	69
Sosialt entreprenørskap	69
Statleg eigarskap.....	70
Maritime næringar	70
Reiseliv.....	70
Ein enklare kvardag for næringslivet	70
Landbruk.....	71
Differensiert struktur.....	72
Jordbruksfond	72
Dyrehald.....	72
Landbruk og miljø.....	72
Rekruttering.....	72
Skogbruk.....	73
Marknadstilgang	73
Fiskeri og havbruk.....	74
Industri.....	75
Konkurransen.....	75
Energi	75
Miljøteknologi.....	75
Mineralindustri og bergverk.....	75

Arbeidsmarknads- og velferdspolitik	77
Utanforskapet.....	77
Eit fleksibelt regelverk for eit mangfaldig arbeidsliv	78
Utanlandske arbeidstakarar.....	78
Bustadpolitikk	80
Aktiv bustadpolitikk for berekraft og livskvalitet.....	80
Sosial bustadpolitikk.....	80
Energi i bustader	81
Universell utforming.....	81
Samferdsel	82
Planlegging	82
Vegnettet.....	82
Kysten.....	82
Fly	83
Jernbane.....	83
Datatrafikk.....	83
Sykkel	83
Kollektivsatsing i storbyregionane	83
Distriktspolitik	86
Bypolitikk	88
Behovet for bustader.....	88
Byane som regionale motorar.....	88
Kollektivtransport	88
Sosiale utfordringar.....	89
Hovudstaden	89
Urfolk og nasjonale minoritetar	90
Samepolitikk	90
Sametinget	90
Jødane	90
Rom og romani.....	91
Skogfinnane og kvenane.....	91
Nordområdepolitikk	92
Sårbare område.....	92
Samarbeid	92
Nordområdepolitikk: Nord-Noreg	93
Innvandring	94
Asylsøkjjarar	94
Differensiert handsaming	94
Handsamingstid	94
Overføringsflyktningar	94
Arbeidsinnvandring	94
Inntektskravet.....	94
Integrering og inkludering	96
Introduksjonsjobb.....	96
Systemet må ikkje passivisere.....	96
Prioritert politikkområde	96

Demokrati og samfunnsstyring	98
Openheit.....	98
Partia	98
Val	98
Grunnlova	98
Lokal handlefridom.....	98
Samsvar mellom økonomi og oppgaver	98
Innovasjon i offentlig sektor	98
Interkommunalt samarbeid	99
Kommunestruktur.....	99
Barn og unge	99
Eldreråd.....	99
Råd for funksjonshemmede og brukarrepresentant.....	99
Slagkraftige regionar styrte av folkevalde	99
IKT i offentlig sektor.....	100
Finanspolitikk	101
Finansmarknaden	101
Statens pensjonsfond utland (SPU)	101
Skattar og avgifter	104
Utanrikspolitik.....	106
Utvikling og menneskerettar	106
Vårt ansvar for å medverke.....	107
Næringsutvikling i fattige land	107
Styrkje styresmaktene si evne til å ta vare på menneskerettane	108
Sikre openheit og demokrati.....	109
Å motarbeide auka skilnader og diskriminering	109
Bistand som verkemiddel	110
Globale fellesutfordringar	111
Klima	111
Fred og forsoning.....	112
Midtausten	112
Økonomisk stabilitet.....	113
Norske interesser og regionalt samarbeid	114
Tryggingspolitik	114
Nordområda	114
Noreg sitt forhold til Europa	114
Norden og nærområda.....	115
Handel med land utanfor Europa.....	115
Forsvarspolitik	116
Dimensjonering og forsvarsvilje	116
Verneplikta	116
Internasjonale operasjonar	116
Veteranar	117
Samfunnstrygging og beredskap.....	118

KrF sitt verdigrunnlag og ideologi

KrF byggjer politikken sin på den kristendemokratiske ideologien. Vårt verdigrunnlag er henta frå Bibelen, den kristne kulturarven og grunnleggjande menneskerettar og har forankringa si i det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret.

KrF er eit verdiparti bygd på overtydinga om at verdiane frå kristendommen er det beste grunnlaget for å utvikle politiske løysingar for samfunnet vårt. Samtidig må vi setje klare grenser for politikkenes verkeområde. Trusfridom er grunnleggjande i kristendemokratisk ideologi, og politikken skal derfor aldri blande seg inn i menneske sine personlege trusforhold. Målet med politisk arbeid er eit best mogleg samfunn for alle, uavhengig av tru.

KrFs grunnverdiar er det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret, fordi vi meiner dette er verdiane frå Bibelen og kristendommen som har størst relevans for politikken. Ut frå desse verdiane utleier vi dei kristendemokratiske prinsippa som dannar grunnlaget for utviklinga av KrF sin praktiske politikk.

Verdiforankringa i den kristendemokratiske ideologien utgjer eit alternativ til dei meir systemorienterte ideologiane på høgre- og venstresida. Ein verdiorientert ideologi med menneskeverdet i sentrum er den beste reiskapen i ei verd i stadig endring. Verdiane våre er uforanderlege og prinsippa våre står fast over tid, men i praktisk politikk vil desse uttrykkje seg på ulike måtar når samfunnet endrar seg. Dette gjev grunnlag for ein politikk som både er grunnfesta og dynamisk, og som stadig vil finne nye relevante løysingar på utfordringane vi møter i eit moderne samfunn.

Grunnverdiar

Det kristne menneskesynet

Det kristne menneskesynet inneber ei forståing av mennesket som skapt i Guds bilete. Det gjev alle menneske ein unik verdi som ingen har rett til å krenke. Derfor vil vern av mennesket frå unnfanging til naturleg død alltid stå sentralt i vår politikk. Mennesket er skapt til å leve i fellesskap. Men vi er skapt ulike og er gjeve både stor fridom og stort ansvar.

Nestekjærleiken

Den kristne nestekjærleiken inneber ei radikal grunnhaldning for korleis vi skal møte medmenneska våre, som også må få konsekvensar for politikken. Nestekjærleiken gjeld alle menneske, uavhengig av kven dei er og kor dei bur. Han inkluderer sjølv dei vi måtte oppfatte som våre fiendar, og han krev aktiv handling.

Forvaltaransvaret

Mennesket har fått eit grunnleggjande ansvar for å forvalte skaparverket. Det gjeld både naturressursar, økonomiske og menneskelege ressursar. Naturen gjev oss store moglegheiter og stiller oss samtidig overfor eit stort ansvar. Vi skal fordele goda rettferdig, samtidig som vi skal overlate kloden til etterkommarane våre i minst like god stand som då vi fekk ansvar for han.

Kristendemokratiske prinsipp

Ut frå desse tre grunnverdiane utleier vi prinsippa som til saman utgjer vår kristendemokratiske ideologi.

Menneskeverd

Menneskeverdet er eit overgripande prinsipp i kristendemokratisk ideologi, som ligg til grunn for all vår politikk. Kvart menneske har ein uendeleg verdi og ukrenkelege rettार frå unnfanging til naturleg død, og først og fremst retten til liv. Vi må aldri redusere eit menneske til berre eit middel for å oppnå noko anna.

Alle menneske er likeverdige uavhengig av alder, prestasjonar, kjønn, seksuell legning, hudfarge, tru eller andre skilnader mellom menneske. Vi er forplikta til å arbeide for likeverd, likestilling og realiseringa av menneskerettane for alle menneske.

Felleskap

Mennesket er skapt til fellesskap og utviklar og realiserer seg sjølv saman med andre menneske. Samtidig er vi meir enn berre ein del av eit kollektiv. Enkeltmennesket sin verdi gjer at ingen må utnyttast av andre som berre eit middel for fleirtalet eller representantar for fellesskapet. Deltaking i fellesskapet utviklar og utfordrar enkeltmennesket, men fellesskapet må også skape rom for kvart enkelt individ og verdsetje mangfaldet av menneske. Kristendemokratisk ideologi representerer derfor eit alternativ til både individualisme og kollektivism, også kalla personalisme.

Ekteskapet som ordning mellom mann og kvinne har djupe røter i tru og tradisjon, og familien er det mest grunnleggjande fellesskapet i samfunnet. Det er i familien dei første og nære relasjonane utviklar seg, og det er familien som har hovudansvaret for barna og det å oppdra dei. Det er derfor viktig at samfunnet legg til rette for at familien har fridom til å fylle og utvikle sin rolle.

Menneske søker også fellesskap gjennom frivillige organisasjonar, lag, foreiningar, arbeidsfellesskap, bedrifter og forsamlingar. Fellesskapa fører til engasjement og utfører ein uvurderleg samfunnsinnsats, som ikkje utan vidare kan eller bør vere staten sitt ansvar. Saman medverkar dei til å byggje eit velferdssamfunn, ikkje berre ein velferdsstat.

Tru er ein viktig del av det å vere menneske. Religionsutøving har ein naturleg plass i det offentlege rom, og vi må leggje til rette for at menneske skal få utøve trua si i ulike trussamfunn, forsamlingar og trusfellesskap, og tilsvarande for andre livssyn.

Mennesket har også kulturelle behov som blir dekt gjennom ulike fellesskap. Eit aktivt kulturliv legg grunnlaget for eit samfunn prega av tryggleik, identitet og livskvalitet.

Mangfald

Alle menneske er skapt ulike, med stor fridom til å velje korleis vi vil leve liva våre. Kristendemokratiet ser på skilnader og mangfald som positivt og velkome. Alle har rett til religionsfridom og kan ikkje påtvingast ei tru på tvers av viljen sin. Alle menneske skal vere likeverdige deltakarar i samfunnet og få moglegheit til å ta del med sine evner og eigenskapar. Vi ønskjer eit samfunn prega av ulike menneske, utan at staten eller andre grip inn med einsretting eller avgrensing av mangfaldet.

Folkestyre

Vi menneske er ufullkomne, med evne til å gjere både gode og dårlege val. Det finst derfor ingen fullkomen politikk. Det vil alltid vere mogleg å endre samfunnet til det betre. Vi er på vakt mot å samle for mykje makt på få hender. Demokratiet er den styreforma som gjev best vern mot maktovergrep.

Solidaritet

Nestekjærleiken og menneskeverdet tilseier ein solidaritet som er meir radikal enn den som kjem frå rettferdsomsyn aleine. Kristendemokratisk solidaritet handlar om ein vilje til å verne alle menneske sitt liv, fridom og verdigheit. Alle skal reknast med i fellesskapet, uavhengig av geografisk avstand og på tvers av generasjonar. Vi er forplikta til å stå opp for sårbare og undertrykte menneske og til å streve etter sosial rettferd.

Subsidiaritet

Enkeltmenneske og dei naturlege fellesskapa i samfunnet er frie og har i utgangspunktet sjølve ansvaret for å løyse utfordringane sine. Subsidiaritetsprinsippet, ofte kalla nærleiksprinsippet, seier at vi må ta avgjerder i samfunnet på lågast mogleg formålstenlege nivå. Bevisbyrda ligg alltid på dei som vil løfte vedtaksmynde opp på eit høgare nivå. Vi må likevel sjå subsidiaritetsprinsippet i samheng med solidaritetsprinsippet. Det kan vere nødvendig å løfte ei avgjerd til eit høgare nivå, i solidaritet med menneske som elles ville bli ramma.

Subsidiaritetsprinsippet inneber at staten skal opptre som eit subsidium eller eit subsittutt for dei naturlege fellesskapa. Det er berre når dei naturlege fellesskapa ikkje fungerer optimalt at staten skal tre inn, og då med mål om å få dei naturlege fellesskapa til å fungere optimalt igjen for så å trekkje seg ut.

Der det ikkje er formålstenleg at ei oppgåve blir løyst av den enkelte, familien eller frivillige aleine, må kommunen tre inn. Der det ikkje er formålstenleg at kommunen løyser oppgåva, må fylket eller staten løyse henne. På same måte treng vi forplikande internasjonalt samarbeid der det ikkje er formålstenleg at statar aleine løyser ei utfordring.

Rettferdig fordeling

Dei totale ressursane i verda er avgrensa og innanfor ramma av ei berekraftig utvikling er det grenser for kor stort ressursforbruket kan vere. Kvart enkelt menneske bør i utgangspunktet kunne få sin rettferdige del av desse ressursane. Vi har eit ansvar for å arbeide for ei meir rettferdig fordeling i verden. Vi ønskjer også å motarbeide for store økonomiske skilnader mellom fattige og rike i vårt eige samfunn.

Generasjonsansvar

Kvar generasjon har ansvar for å forvalte jorda og alle ressursane her på ein måte som tar omsyn til dagens behov, samtidig som vi legg grunnlaget for at komande generasjonar også kan dekkje sine. Vi må leggje til rette for ei verdiskaping som gjev komande generasjonar noko å leve av og noko å leve for. Økonomisk vekst kan likevel ikkje vere eit mål i seg sjølv. Einsidige økonomiske omsyn kan ikkje gå på kostnad av økologisk, sosial og kulturell utvikling. I forvaltninga av ressursane må langsiktig tenking ha forkøyringsrett.

Generasjonsansvaret inneber også at vi er sett til å verne om og foredle det beste i samfunnet vårt sin kulturarv, og levere desse verdiane vidare til våre etterkommarar. Generasjonsansvaret er ikkje berre tilbakeskodande. Verdier skal ikkje vernast om berre fordi dei er ein del av kulturarven, dei må også vere gode verdier å byggje eit samfunn på. Manglar kulturarven viktige verdier er det viktig for ein kristendemokrat å få dei inn i samfunnet; fordi dei er gode verdier. KrF meiner at det er særleg viktig å løfte fram den kristne kulturarven.

Retten til liv

Alle menneske har ein ukrenkeleg verdi i kraft av å vere menneske. Menneskeverdet kan ikkje graderast. Retten til liv er den mest grunnleggjande menneskeretten, og må gjelde frå unnfanging til naturleg død.

KrF sitt mål er at samfunnet skal vere så barne- og foreldrevenleg og velferdsordningane så gode at gravide kvinner beheld barnet dei ber. Samtidig må vi styrkje innsatsen for å førebygge uønskede svangerskap.

KrF vil erstatte dagens abortlov med ei lov som sikrar livsrett for ufødd liv. KrF vil ikkje tilbake til det gamle nemndsystemet, men vil at ei ny lov skal leggje fosteret sin rett til liv til grunn og at avgjerder knytt til liv og helse blir tatt i dialog mellom pasient og lege. Dette fjernar ikkje alle etiske dilemma. Det vil, uansett kva lov vi har, oppstå vanskelege avvegingar som må løysast i dialog mellom helsepersonell og den enkelte. KrF ønskjer likevel ikkje ein debatt der unntaka blir avgjerande for heilskapen.

Støtteordningar og førebygging

Ein viktig del av kampen for det ufødde livet er å skape eit samfunn som legg til rette for at ein får barn, også når det «ikkje passar» med tanke på livssituasjon, økonomi, studie eller karriere. Dei fleste abortane i Noreg blir tatt av kvinner i alderen 20-24 år. Vi må utforme økonomiske støtteordningar og tilgangen på barnehageplassar slik at fleire vel å få barnet. Studentar som blir gravide, må sikrast praktisk og økonomisk støtte slik at dei både kan fullføre svangerskapet og framleis ha mest mogleg normal progresjon i studia. Kvinner som står i ein valsituasjon, må få rettleiing og støtte til å bere fram barnet. Fedrar må få rett til fedrekvote uavhengig av mor si tilknytning til arbeidslivet. *Sjå også kapittelet «Familiepolitikk».*

KrF vil styrkje arbeidet med å førebygge uønskede svangerskap. Det abortførebyggjande arbeidet må omfatte god og etisk basert seksualundervising i skulen, ei tilgjengeleg skulehelseteneste og tilgang på gratis prevensjon inkludert god prevensjonsrettleiing. Skulen og helsetenesta må styrkje ungdom og unge vaksne sin tryggleik, og særleg gjere unge menn bevisste på å ta eit større ansvar. KrF ønskjer gjennom desse og andre tiltak å arbeide for ein nullvisjon for abort i Noreg.

Abortar i Noreg

I 2012 blei det utført 15 216 svangerskapsavbrot i Noreg - på landsbasis svarar det til 13 abortar per 1000 kvinner i alderen 15 til 49 år. Dette talet har vore på om lag same nivå sidan år 2000. Sjølv om talet på abortar per 1000 kvinne er relativt stabilt, ser vi endringar i aldersgruppene. Abortratane er høgst for kvinner i alderen 20-24 år, så kjem aldersgruppa 25-29 år. Også aldersgruppa 30-34 år har i dag høgare aborttal enn tenårsgruppa.

Kjelde: Folkehelseinstituttet

Forsking, informasjon og oppfølging

Det er brei politisk semje om at det er for mange abortinngrep i Noreg. Likevel blir det forska lite på kven som vel abort, kvifor nokon vel abort og kva tiltak som kunne vore gjennomførte for å redusere aborttala. Vi treng meir forsking på årsakene til abort og etterverknadene av abort.

Svært mange kvinner og par opplever å få lite informasjon om kva ein abort inneber, om etterverknadene som kan oppstå, og kva alternativ som finst. Det må klargjerast kva legane si informasjonsplikt går ut på, for å sikre at alle kvinner og par får den informasjonen dei har krav på. Rådgjevingsorgan som Amatheia og liknande må sikrast offentleg støtte.

Etter ein abort opplever mange psykiske etterverknader. Dette er eit tabubelagt område, og mange kan oppleve at samfunnet forventar at det skal vere uproblematisk å ha gått gjennom ein abort. Dei som opplever psykiske etterverknader etter ein abort må få hjelp, og alle som har utført abort må få informasjon om kvar dei kan få slik hjelp.

Sortering av menneske

Medisinsk vitenskap og forsking gjer det mogleg å få vite stadig meir om fosteret på eit tidleg stadium. Det gjer at mange gravide og ufødde kan få behandling og hjelp som tidlegare var umogleg. Samtidig gjev det oss nye etiske dilemma. Denne kunnskapen blir også brukt til å identifisere barn med redusert funksjonsevne eller sjukdommar som ikkje kan behandlast, med formål å utføre selektiv abort om ein

finn avvik hos barnet. KrF ønskjer å stramme inn føresegnene i abortlova om abort ved avvik eller nedsett funksjonsevne, og ikkje tillate abort på eugenisk indikasjon¹. Vi må også setje etiske ramar for forskning på befrukta egg. Ny kunnskap gjer også at ein ved ei assistert befrukting kan undersøkje embryo sine eigenskapar før ein set dei inn i livmora. På den måten vel ein embryo ut frå kva eigenskapar ein ønskjer hos barnet (preimplantasjonsdiagnostikk). KrF vil ikkje tillate slik sortering av menneske basert på eigenskapar. Vi må også setje strenge etiske ramar for forskning slik at teknologisk utvikling blir brukt til å fremje helse hos mor og barn, men ikkje til å forsterke sorteringsamfunnet eller til behandlingsformål for andre.

Abort seint i svangerskapet

Innanfor den gjeldande abortlova blir det i dag utført seinabortar så seint i svangerskapet at barnet kunne vore redda ved ein for tidleg fødsel på same tid i fosterutviklinga. KrF vil endre lova slik at abort etter veke 18 ikkje kan utførast med mindre det er overhengande fare for mors liv eller helse eller fosteret har ein tilstand som ikkje kan sameinast med liv, slik at det aldri vil bli i stand til å overleve utanfor livmora. *(Sjòlv om KrFs primærstandpunkt er å endre heile lovgjevinga, arbeider vi også for endringar innanfor dagens lovgjeving.)*

Verdigheit ved livets slutt

I sluttfasen av livet skal vi fokusere på verdigheit og lindrande behandling. KrF seier nei til aktiv dødshjelp. Aktiv dødshjelp må ikkje forvekslast med ei medisinskfagleg vurdering av når det er forsvarleg å avslutte livsforlengande behandling. Døyande pasientar skal ha rett på verdigheit og til å få dekt sine eksistensielle behov ved å ha nokon å samtale med og ha nokon hos seg i siste fase. Grunnbemanninga må vere god nok til å sikre dette.

KrF vil

- grunnlovsfeste retten til liv.
- erstatte dagens lov om svangerskapsavbrot med ei lov som sikrar rettsvern for det ufødde livet.
- utarbeide eit informasjons- og rettleiingsprogram som alle abortsøkande skal gå gjennom før valet om abort blir tatt.
- ha ei rettleiingsteneste for gravide kvinner og par som gjev informasjon om støtteordningar for dei som er i ein vanskeleg livssituasjon eller som ventar eit funksjonshemma barn.
- at helsepersonell ikkje skal oppfordre til eller ta initiativ til abort om det ikkje er fare for liv og helse.
- leggje sterkare vekt i utdanninga av helsepersonell på rådgjeving om rettar ein har om ein vel å bere fram barnet og om etterverknader av abortinngrep.
- at alle som vel abort skal få tilbod om oppfølging, fordi mange opplever psykiske etterverknader etter inngrepet.
- endre eingongsstønaden ved fødsel til ei ordning med eit minimum av foreldrepengar tilsvarande 2 G i folketrygda (p.t. kr 164 244).
- at det skal opplysast om adopsjon som eit alternativ til abort.
- sikre studentar med barn og studentar som ventar barn fleksible ordningar.
- halde på reservasjonsretten for helsepersonell ved abortinngrep og at det framleis er mogleg å reservere seg mot å henvise til abort og skrive ut prevensjonsmiddel som har som hovudmål å verke etter befruktinga.
- auke kvaliteten i seksualundervisinga slik at ho legg meir vekt på å setje grenser, ta gjennomtenkte val og respektere andre sin seksualitet og grenser.
- at det skal vere tilgang på gratis prevensjon for unge opp til 24 år, og at helsesøstrer og jordmødrer skal ha rett til å skrive ut reseptar tilsvarande.
- at utdeling av prevensjon til ungdom under seksuell lågaldar bør skje i samråd med foreldre/føresette.
- ha meir forskning på og openheit om årsakene til at nokon vel abort og etterverknadene av ein abort.
- at informasjon om prevensjon og alternativ til abort må vere tilgjengeleg for minoritetskvinner.
- at det skal utøvast strengare kontroll i samband med seinabortar.
- at ultralyd i veke 11-12 ikkje skal reknast som ein del av svangerskapsomsorga, ettersom ein slik ultralyd først og fremst er eigna til å oppdage avvik som kan føre til abort.
- at fosterdiagnostikk berre blir tillate når undersøkinga kan føre til helsegevinst for mora eller fosteret, og ikkje når formålet er å finne avvik som skal føre til selektiv abort.
- stramme inn lova med omsyn til abort etter påviste avvik hos fosteret og ikkje tillate abort på eugenisk indikasjon.
- avvikle det automatiske tilbodet om fosterdiagnostikk til kvinner over 38 år.

¹ Eugenisk indikasjon refererer til abortlova § 2c, der det står at ei kvinne kan få innvilga abort etter 12. veke om «det er stor fare for at barnet kan få alvorlig sykdom, som følge av arvelige anlegg, sykdom eller skadelige påvirkningar under svangerskapet».

- halde på forbodet mot terapeutisk kloning.
- ikkje tillate forskning på befrukta egg eller fosterceller frå provoserte abortar, men satse på forskning på stamceller frå fødde individ.
- halde på forbodet mot bruk av genetisk informasjon i forsikringssamanheng.
- sikre barn sin rett til å kjenne sitt biologiske opphav og derfor vidareføre forbodet mot eggdonasjon og avvike tilbodet om sæddonasjon.
- ikkje gjeninnføre anonymitet for sædgjevarar.
- at tilbodet om assistert befrukting framleis skal vere tilgjengeleg, men at det må sikrast at ingen befrukta egg blir destruerte eller på ein annan måte går til spille.
- at det ved assistert befrukting skal vere forbode å undersøkje dei genetiske eigenskapane hos befrukta egg for å velje ut embryo med dei eigenskapane ein ønskjer (preimplantasjonsdiagnostikk).
- ikkje tillate aktiv dødshjelp.
- at tilbod om aktiv livshjelp, smertelindring og omsorg til personar i avslutningsfasen av livet, til dømes gjennom hospiceplassar eller ambulante team skal vere tilgjengeleg for alle som treng det.
- ha ei sterkare vektlegging av omsorg ved slutten av livet i grunn- og vidareutdanninga av helsepersonell.

Familiepolitikk

Menneske er skapte til å vere i fellesskap. Familien er det første og for mange det viktigaste av alle fellesskapa vi gjennom livet blir ein del av. For barn er familien den mest grunnleggjande arenaen for å høyre til, vere nær og ha fellesskap. Stabile og trygge familiar gjev trygge barn som veks opp til å bli trygge vaksne.

Familiepolitikken skal støtte opp om familielivet og gjere det mogleg for familieane å organisere liva sine sjølve. KrF sin ideologi tilseier at det bør liggje tunge argument til grunn når politikken blandar seg inn i familieane sin fridom til sjølve å styre sin eigen kvardag. Når barn lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, må likevel samfunnet kunne gripe inn.

Ekteskap og samliv

KrF er opptatt av å sikre ekteskapet mellom ein mann og ei kvinne i lovverket. Dette har vist seg å vere den mest stabile ramma rundt oppveksten for barn. Ekteskapet som ei ordning mellom mann og kvinne har djupe røter i tru og tradisjon i kulturar over heile verda.

Samtidig har samfunnet også eit ansvar for å medverke til å sikre barn og vaksne juridiske rettar uavhengig av kva samlivsform foreldra har. KrF vil sikre likekjønna par juridisk tryggleik i lovverket.

Bra for barna

Eit samfunn som er bra for barna, er eit samfunn som er bra for alle. KrF sitt fremste mål er derfor eit barnevenleg samfunn. KrF ønskjer at alle som får barn, skal få tilbod om å delta på foreldrekurs.

Mange foreldre synst ikkje at dei har nok tid saman med eigne barn og opplever at det vanskeleg å finne ein god balanse mellom arbeidsliv og familieliv. KrF vil arbeide for eit arbeidsliv som er organisert meir på familien sine premiss, og kjempe mot at omsorga av barn skal skje på arbeidslivet sine premiss. Arbeidslivet bør leggje til rette for at det må vere mogleg å ta ut auka produktivitet på andre måtar enn i auka løn, til dømes gjennom kortare arbeidstid eller meir ferie.

Fleksibilitet

For småbarnsforeldre som ønskjer å arbeide fulltid er det avgjerande at arbeidsgjevar legg til rette for fleksibilitet på arbeidsplassen. For småbarnsforeldre som ønskjer å jobbe noko mindre medan barna er små, vil KrF gjere det enklare å redusere stillingsprosenten i denne fasen. Alle småbarnsforeldre som i dag har ei fulltidsstilling må utan atterhald sikrast ein lovfesta rett til å gå ned til 80 prosent stilling.

Mange foreldre opplever at det er vanskeleg å få nok tid til å vere saman med eigne barn og finne ein god balanse mellom arbeidsliv og familieliv. KrF vil derfor gjere kvardagen enklare ved å utvide foreldrepermisjonen over tid til 68 veker (16 månader) og gjere han meir fleksibel slik at uttaket av permisjonstida kan fordelast heilt fram til barnet er 10 år. Ti av vekene skal vere øyremerkt far.

Økonomiske ordningar

Studentar og andre som av ulike grunnar ikkje er i arbeid når dei blir foreldre kjem i dag uhøveleg dårleg ut økonomisk. Dårleg økonomi er framleis ein hovudgrunn til at mange unge kvinner vel abort. KrF meiner dette er uakseptabelt, og vi vil derfor erstatte dagens ordning med ein eingongsstønad (i dag kr 35 263) med ei ordning der alle har rett til foreldrepengar med utgangspunkt i 2 G (p.t. kr 164 244) i folketrygda. Beløpet må betalast ut månadleg, og det må vere ulike satsar der ein legg vekt på forsørgjarsituasjonen.

I dag må kvinner ha hatt inntekt i form av løn, foreldrepengar eller tilsvarande i seks av dei ti siste månadene for å få rett til foreldrepengar på nytt. Det tyder at dersom dei til dømes er heime med barnet nokre månader utover foreldrepermisjonstida, kan dei miste retten til ny foreldrepermisjon med neste barn. KrF meiner dette slår urettferdig ut for mange som får barn med korte mellomrom, og vil derfor at alle foreldre må få halde på retten til foreldrepengar som ved førre barn når det er mindre enn to år mellom fødslane.

Kontantstøtte

Kontantstøtta har i 15 år sikra småbarnsfamiliar større valfridom i korleis dei vil organisere omsorga for eigne barn under 3 år. Dei siste åra har denne ordninga blitt svekka. KrF vil auke kontantstøtta og innføre kontantstøtta igjen også for toåringane. Ein dag i barnehage må berre motsvare trekk i ein dags kontantstøtte. Då kan foreldra enklare finne dei beste løysingane og valfridomen for familieane sikrast.

Barnefattigdom

Barnetrygda har ikkje blitt prisjustert på svært mange år og blir derfor stadig mindre verdte. Barnetrygda skal ikkje reknast med i grunnlaget for utrekninga av ytingar etter lov om sosiale tenester og lov om bustøtte. Mange barn veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt. Dette kan medføre stigmatisering, ekskludering og sosial utryggleik. KrF vil arbeide for at ingen barn skal vekse opp i fattigdom i Noreg med målretta tiltak som hjelper dei som treng det mest. Eit døme på eit målretta tiltak er ei ordning der familiar med låg inntekt kan få eit frikort som sikrar at alle barn kan ta del i minst ein fritidsaktivitet. Gode ordningar for å sikre ein forsvarleg bustad er viktig for barns oppvekst. *(Sjå også kapitlet «Bustadpolitikk»).*

Barnefrådrag

Realverdien av staten si støtte til barnefamiliane har blitt redusert over tid. Barnefamiliar har også lågare skatteevne enn andre. KrF vil derfor innføre eit barnefrådrag på 5000 kroner per barn i alderen 0-18 år. Vi vil gje barnefrådraget som eit direkte frådrag i skatten, dele det mellom foreldra og utbetale det kontant for personar som har for låg inntekt til å få fullt utbytte av det. Kvar tobarnsfamilie får slik 10 000 kroner ekstra i året. Barnefrådraget vil auke familiane sin handlefridom og vere eit målretta verkemiddel mot barnefattigdom. Bete vilkår for barnefamiliane er også viktig for å sikre høge fødselstal og tryggje velferda i møte med ei aldrande befolkning.

Barnehagar

Vi må organisere barnehagetilbodet på barna og familiane sine premiss. I dag gjeld retten til barnehageplass berre for barn fødte før 1. september året før, og nokre familiar ventar i opptil 11 månader på barnehageplass. Ein del foreldre ser seg nøydde til å takke ja til plass tidlegare enn dei egentleg ønskjer for ikkje å miste retten til plass. KrF meiner alle barn over 1 år må få same rett til barnehageplass, uavhengig av kva tid på året dei er fødte og ved kva alder familien ønskjer å nytte barnehagetilbodet. Dette må vi ordne gjennom eit regelverk som gjer det føreseieleg både for foreldre og barnehagar, gjennom fleire opptak i året. Private og offentlege barnehagetilbod må få det same offentlege tilskotet.

Vi må sikre kvaliteten i barnehagane gjennom krav til vaksentettleik, krav til utdanning av personalet i barnehagen, gode lokale og uteområde. Talet på pedagogar i barnehagane bør aukast. Vi bør innføre ei nasjonal norm for talet på vaksne per barn i barnehagen. Parallelt med meir fleksible opningstider i barnehagane, må vi innføre ei maksimaltid for barn i barnehagen. Det er viktig at alle barn får sjansen til å gå i barnehage dei siste åra før dei begynner på skulen. Barnehagen er ein viktig arena for sosial læring og språkutvikling. KrF vil utvide tilbodet om gratis kjernetid i barnehage for 4- og 5-åringar i område der mange barn har minoritetsbakgrunn.

Gode pedagogiske tiltak i førskulealder gjev gevinstar på lang sikt i form av betre skuleresultat, auka arbeidsdeltaking og mindre sosiale skilnader. Det er særleg viktig å styrkje barnehagane sitt språkmiljø og setje inn tiltak som sikrar alle barn ei god språkutvikling.

Aleineforeldre

KrF ønskjer å styrkje rettane til einslege forsørgjarar. Som aleineforsørgjar bør ein ha prioritet i barnehageopptak. Vi bør støtte opp under gode avlastingsordningar med utgangspunkt i til dømes Rødhetta som finst i Oslo. Reglane bør vere utforma slik at dei dempar konflikhtar og i størst mogleg grad legg til rette for samvær. Vi må alltid leggje mest vekt på kva som er til barnets beste.

Barns rettar

KrF vil prioritere barn sine rettar føre dei vaksne sine behov. For at vi skal kunne ta vare på barnet sine rettar, må dei vaksne ta ansvar. FN sin barnekonvensjon slår fast at begge foreldra har eit felles ansvar for å oppdra barnet og hjelpe det til å utvikle seg. I dag gjev norske lover framleis mor fleire rettar og plikter enn far. Fedrar må få rett til fedrekvote uavhengig av mor si tilknytning til arbeidslivet.

Familiane veit best kva fordeling av foreldrepermisjonstida som passar best for dei. Det er viktig at begge foreldra kan ta ut foreldrepermisjon. Det er framleis behov for å styrkje anerkjenninga av kva far tyder også dei første åra av barnet sitt liv. KrF meiner derfor fedrekvoten er svært viktig for å sikre at det er reelt mogleg for fedrar å ta foreldrepermisjon, uavhengig av haldningar i omgjevnadene. For å verne far sin rett overfor arbeidsgjevar til å få ein del av denne tida, vil KrF at 10 veker av foreldrepermisjonen skal vere øyremerkte far, på same måten som mor har sine øyremerkte 10 veker.

Sjølv om ønsket om barn ligg sterkt hos mange, har ikkje vaksne ein rett til å få barn. Dette ønsket kan derfor ikkje gå ut over barnet sin rett til så langt det er mogleg å få vekse opp med ei mor og ein far. Den nye barnelova inneber at barn ikkje treng å ha ein far. KrF meiner dette er feil, og vil arbeide for å sikre fleirtal for at både barnelova, adopsjonslova, bioteknologilova og ekteskapslova skal byggje på

prinsippet om at alle barn har rett til både ei mor og ein far, og i utgangspunktet bør få vekse opp med desse. Vi bør setje rammer for assistert befrukting som sikrar at barnet både får ein far og ei mor og kan bli kjend med sitt biologiske opphav.

Surrogati inneber at ein opnar for kjøp og sal av barn, og leige eller utlån av kvinnekroppen, på ein måte som nærmar seg menneskehandel. KrF vil derfor halde på forbodet mot surrogati, og også forby denne måten å få barn på frå utlandet til vaksne registrert busett i Noreg.

Adopsjon

Ved adopsjon må samfunnet leggje til rette for mest mogleg optimale oppvekstvilkår for barnet. Vi må forbetre prosedyrane ved adopsjon frå utlandet. Det må ta kortare tid, og vi bør leggje til rette for fleire adopsjonar enn i dag. Vi må auke adopsjonsstøtta til 2 G. Vi må styrkje tilbodet om rettleiing og oppfølging av adopterte barn.

Familie, foreldreskap og samlivsbrot

Samlivsbrot er smertefullt for alle som er involverte, ikkje minst barna. KrF vil auke satsinga på samlivstiltak og foreldrerettleiing, i nært samarbeid med ideelle aktørar. Familievernet må få ressursar til å drive meir førebyggjande arbeid, for å redusere risikoen for samlivsbrot og styrkje moglegheita for godt foreldresamarbeid i etterkant av eit brot. KrF vil arbeide målmedvite for å styrkje tilbodet om parterapi/familieterapi og gjere dette til ein lovbestemd rett innan tre veker, slik ordninga er for mekling ved samlivsbrot. KrF vil arbeide for å opprette «lågterskel» familieteam i alle kommunar. Vi må styrkje undervisinga om samliv og relasjonar i ungdomsskolen.

Barnevern

Når barn ikkje har det bra i heimen, er samfunnet nøydd til å gripe inn. Vi vil auke kompetansen og trappe opp støtta til barnevernet og helsesøsterordninga, slik at dei er i stand til å gje hjelp på eit så tidleg tidspunkt som mogleg og ta tak i problema før dei blir for store. Det tyder at vi må sikre nok handsamingskapasitet i det kommunale barnevernet, nok fosterheimsplassar og institusjonsplassar til å gje alle barn eit tilbod tilpassa behovet til kvar enkelt, nok kapasitet i fylkesnemndene til å sikre rask sakshandsaming, mange nok tilsynsførarar, og rett til ettervern. Samarbeidet mellom barnevernet og spesialisthelsetenesta må styrkjast innanfor samhandlingsreforma.

Fosterforeldre/beredskapsforeldre står ofte i krevjande situasjonar. KrF vil styrkje ordninga og sørgje for betre oppfølging og betre avlastingsordningar for dei som tar på seg slike oppgåver.

KrF vil

- over tid utvide foreldrepermisjonen til 68 veker (16 månader), og gjere han meir fleksibel slik at foreldre kan fordele uttaket av permisjonstida heilt fram til barnet fyller 10 år.
- la familien sjølv bestemme fordelinga av foreldrepengane, med unntak av 10 veker til mor og 10 veker til far, og gje far sjølvstendig uttaksrett til desse vekene.
- sikre alle fedrar rett til to vekers lønt permisjon ved fødsel eller omsorgsovertaking.
- at studentar som blir foreldre må få gode og fleksible permisjonsordningar, slik at dei kan ta ut mamma- og pappapermisjon når det passar studentane best.
- auke kontantstøtta og innføre denne ordninga igjen for 2-åringane.
- innføre eit skattefrådrag på 5000 kroner per barn i alderen 0-18 år. Frådraget blir utbetalt kontant til personar som har for låg inntekt til å få utbytte av det, slik at kvar tobarnsfamilie sit igjen med 10 000 kr ekstra etter skatt.
- gje foreldre som får barn med mindre enn 2 års mellomrom minst like mykje foreldrepengar i den andre som i den første foreldrepermisjonen.
- at sjølvstendig næringsdrivande må få like gode rettar i samband med svangerskap og fødsel som lønsmottakarar.
- innføre ei nasjonal norm for talet på vaksne per barn i barnehage.
- auke rekrutteringa av førskulelærarar og særleg mannlege.
- etablere eit kvalifiseringsprogram for ufaglærte i barnehagen.
- styrkje helsesøsterordninga som førstelinjeteneste med hjelp, støtte og rettleiing.
- sørgje for at alle par får tilbod om samlivskurs og foreldrerettleiingskurs ved første svangerskapskontroll.
- leggje til rette for tilbod om «Homestart» over heile landet.
- endre ekteskapslova, adopsjonslova, barnelova og bioteknologilova slik at desse sikrar barnet sin rett til å få vekse opp med både ei mor og ein far om det er mogleg.
- gjeninnføre den tidlegare ekteskapslova sin definisjon av ekteskapet som ei ordning mellom ein mann og ei kvinne.
- sikre at trussamfunn med vigselfrett framleis har rett til ikkje å måtte vie i strid med si lære.
- at surrogati framleis skal vere forbode i Noreg og at forbodet også får verknad for norske borgarar i utlandet.

- arbeide aktivt for å motarbeide den internasjonale surrogatiindustrien.
- etablere eit likeverdig foreldreskap i lovverket og derfor fjerne pater est-regelen².
- innføre tre timar med mekling igjen ved samlivsbrot mellom foreldre.
- sørgje for at barn sin rett til å bli høyrtd blir tatt i vare i alle vedtak og sakstypar i barnevernet og krevje dokumentasjon av slik deltaking.
- ta initiativ til ein gjennomgang av heile fosterheimsområdet frå rekruttering av fosterforeldre til sjølvstende for ungdommen.
- sikre barnevernsbarn som treng det ettervern fram til fylte 23 år.
- etablere fleire tilbod til barn som har vore utsette for eller vitne til vald i familien.
- sikre at Barnehusa sin spisskompetanse kjem fleire barn til gode.
- at alle grunnutdanningar og vidareutdanningar som inneber arbeid med barn, må inkludere kunnskap om seksuelle overgrep, vald og omsorgssvikt i sine fagplanar.
- at rammevilkåra for barnehagar skal leggje til rette for opne barnehagar som integreringsarenaer for innvandrarar.
- at alle tilsette i barnehagane får systematisk etterutdanning, mellom anna i relasjonskompetanse.

² Pater est-regelen (frå latin «far er», eigentleg kort for pater est quem nuptiae demonstrant, «den er far som ekteskapet viser») er regelen om at ein reknar ektemannen til ei fødande kvinne for å vere far til barn fødde i ekteskap, med mindre han sjølv, mora, barnet eller tredjemann får fastslått ved dom eller truverdig erklæring at ein annan er far.

Likestilling

Kvar enkelt av oss har ulike evner og interesser, og må bli behandla som unike enkeltmenneske og ikkje først og fremst som medlemmar av ei gruppe. I Noreg har vi kome langt på veg mot likestilling mellom kvinner og menn, men dessverre opplever mange menneske at deira moglegheiter blir avgrensa anten av formelle lover og reglar, eller av sterke forventningar og haldningar.

Dette kapittelet handlar om likestilling mellom kjønna. For å lese kva vi meiner om annan type diskriminering, sjå til dømes «Eit samfunn med plass for alle» og «Integrering og inkludering».

Kristendemokratiet byggjer på at kvinner og menn har lik verdi uavhengig av kjønn og føreset at kvinner og menn har like sjansar til å ta del i samfunnet og til å påverke samfunnsutviklinga. Begge kjønn må i praksis ha høve til dette. Politisk og økonomisk makt er viktige middel i likestillingskampen. Målet er at både kvinners og menns kunnskapar, erfaringar og verdier set eit likeverdig preg på alle nivå og sider av samfunnet.

I eit likestilt samfunn må det vere respekt for den enkeltes val av livsstil, utdanning og arbeid. Dette handlar om like høve, ikkje om kravet om å gjere like val.

Like moglegheiter må ikkje berre vere formelle og juridiske, også haldningar og sosialt press kan hindre likestilling og likeverd. Vi må ikkje forme unge jenter og gutar inn i kjønnsroller som avgrensar vala deira og hindrar mangfald. Skulen har ei viktig oppgåve i å formidle kunnskap og haldningar som fremjar likestilling og respekt mellom kjønna. Seksuell trakassering er med på å hindre likestilling. Skular og universitet må slå hardt ned på seksuell trakassering mellom elevar, studentar og tilsette. Også media er med på å forme forventningar, roller og moglegheiter. Retusjert reklame, der bileta blir endra slik at dei gjev eit galt bilete av korleis modellen ser ut, er med på å skape eit kjønnsideal som hindrar reell likestilling. KrF vil at retusjert reklame skal merkjast, slik at det kjem klart fram at biletet ikkje gjev ei realistisk framstilling av modellen.

Lover, reglar og økonomi kan både skape og hindre likestilling. Å kunne velje fritt føreset at ein er økonomisk uavhengig.

Likestilling og arbeidsliv

Ein svært kjønnsdelt arbeidsmarknad og særleg lønsskilnadene mellom privat og offentleg sektor gjer at kvinner samla sett og i snitt tener mindre enn menn, samtidig som kvinner ofte tar eit stort ansvar for arbeidet som blir gjort i heimen. Tradisjonelt kvinnedominerte yrke treng eit lønsløft. Turnusarbeid og skiftarbeid må handsamast meir likt, og ein må kunne ta fleire avgjerder om arbeidstid lokalt. Vi må også utforme offentlege ytingar og pensjon slik at dei fremjar likestilling. Vi bør evaluere pensjonsreforma for å avdekkje eventuelle utilsikta og uheldige likestillingsmessige konsekvensar av reforma. Vi treng fleire kvinner i høgare leiarstillingar. KrF meiner det er nødvendig å bruke moderat kjønnskvotering som eit verkemiddel for å få dette til, men ser på kvotering som eit verkemiddel som bør gjere seg sjølv overflødig i framtida. Offentleg sektor har eit spesielt ansvar for å tilsetje fleire kvinnelege leiarar i eigen sektor, og å leggje til rette for entreprenørskap og gründerverksemd for kvinner. KrF vil støtte opp om sosialt entreprenørskap. Arbeidslivet må organiserast slik at begge foreldra kan kombinere arbeid og tid med familien. Foreldrepermisjon skal ikkje føre til at ein blir hengande etter i lønsutviklinga.

Ein stor del av dei som har ufrivillig deltidsarbeid er kvinner. KrF vil avgrense ufrivillig deltid, mellom anna gjennom ei streng tolking av unntaksregelen som seier at auka stilling kan nektast om dette vil medføre vesentleg ulempe for verksemda, og ha ein grundig gjennomgang av regelverket for dette.

God likestillingspolitikk heng saman med god familiepolitikk som gjer det mogleg å kombinere familieliv og arbeidsliv. Det handlar om barnehageplassar, familiepolitiske tiltak for fleksibilitet og tilrettelegging for å kombinere det å få barn med yrkeskarriere. *Sjå også kapittelet «Familiepolitikk».*

Integrering og likestilling

Delar av innvandrarbefolkninga har vakse opp i kulturar der mange har eit anna forhold til seksualitet og likestilling enn i Noreg. Minoritetskvinner er ofte dobbelt diskriminerte både på bakgrunn av kjønn og etnisitet. Kvinnelege innvandrarak og førstegenerasjons nordmenn skal ha dei same høva og rettane som andre kvinner. Det er viktig at dei som kjem til Noreg blir introduserte for norske normer og reglar, og kva plikter og rettar både kvinner og menn har. Auka medvit gjennom ei god integrering og inkludering av minoritetsmødrer i det norske samfunnet kan også vere ein nøkkel for å kjempe mot kjønnslemlesting og tvangsekteskap.

KrF vil

- støtte bruken av moderat kjønnskvoltering der arbeidsgjevaren kan prioritere søkjarar basert på kjønn for å oppnå betre kjønnsbalanse på arbeidsplassen, så lenge søkjarane elles stiller tilnærma likt med andre kvalifikasjonar.
- gjere det lettare å kombinere studering og barn, mellom anna ved å auke eingongsstønaden, fleire studentbarnehagar og anna praktisk tilrettelegging.
- innføre ei ordning med pappapermisjon for studentar.
- greie ut om pensjonsopptening for ektepar og sambuarar med barn skal baserast på samla inntekt delt på to.
- styrkje forskinga på sjukdommar som rammar kvinner spesielt, og på sjukdommar der kvinner har andre symptom enn menn, og behandling for desse.
- gje far rett til fedrekvote basert på eiga opptening, uavhengig av om mor er yrkesaktiv.
- at NAV sin refusjon av foreldrepengar til arbeidsgjevaren skal reflektere eventuelle lønsaukar i løpet av permisjonstida.
- styrkje seksualundervisinga i skulen, og ha tydeleg fokus på grensesetjing og respekt for andre sine grenser.
- at introduksjonsprogrammet for innvandrarak skal gje god informasjon om kva rettar og plikter menn og kvinner har, og kva normer som gjeld i det norske samfunnet.
- senke terskelen for deltaking i kurs- og læringsaktivitet for å styrkje tilgangen til livslang læring for innvandrarak og minoritetsgrupper.
- intensivere arbeidet mot tvangsekteskap og kjønnslemlesting, mellom anna i samarbeid med frivillige organisasjonar. Etablering av haldningsskapande tiltak og lågterskeltilbod i regi av frivillige organisasjonar må styrkjast.
- leggje spesielt til rette for at minoritetskvinner skal få høve til å få arbeidspraksis og språkopplæring.
- at dei som ønskjer å bryte ut av eit tvangsekteskap må få hjelp frå det offentlege, til dømes gjennom ein stad å bu medan ein ventar på ny identitet eller permanent ny adresse.
- følgje opp dei som ikkje møter opp til skulestart mellom anna for å avdekkje mistankar om tvangsekteskap.
- bruke moderat kvotering for å auke delen menn i yrke med omsorg og undervising for barn.
- krevje ein tidsplan for partane i arbeidslivet for å rette opp lønsdiskrimineringa mellom kvinner og menn, slik at lønsskilnadene mellom desse blir redusert.
- innføre ein likelønspott.

Eit samfunn med plass for alle

Alle menneske skal ha høve til å leve sjølvstendige liv. KrF arbeider for samfunnsmessig likestilling for alle menneske, uavhengig av funksjonshemmingar, diagnosar eller vanskar. Vi har eit ansvar for å redusere menneskeskapte barrierar som stengjer menneske ute frå aktiv deltaking.

Samfunnet skal vere universelt utforma, slik at det er mogleg for alle menneske å ta del, utvikle seg personleg og utfalde seg. Universell utforming er bra for alle og nødvendig for mange. Nedsett funksjonsevne på eitt eller fleire område medfører praktiske utfordringar som det er samfunnet si oppgåve å redusere. Alle skal ha like sjansar til å delta i samfunnslivet, og vi må kjempe mot all diskriminering.

Vi må ratifisere og inkorporer tilleggsprotokollen til FN sin konvensjon for menneske med nedsett funksjonsevne i norsk lovverk.

Menneske med nedsett funksjonsevne er inga einsarta gruppe. Avstanden mellom føresetnadene til den enkelte og utforminga av omgjevnadene eller krava til funksjon avgjer konsekvensane av nedsett funksjonsevne. Undersøkingar viser at menneske med nedsett funksjonsevne har dårlegare levekår enn gjennomsnittet i befolkninga. Dei har gjennomgåande lågare inntekter, og mange har høgare utgifter til mellom anna helse- og omsorgstenester og legemiddel. Om lag halvparten av alle med nedsett funksjonsevne er ikkje i arbeid.

Aktive menneske

KrF arbeider for betre tilgjenge, betre samordning av rettar og auka brukarmedverknad for menneske med nedsett funksjonsevne. Vi må leggje til rette for at fleire menneske med nedsett funksjonsevne kan vere yrkesaktive, og at ordninga med arbeids- og utdanningsreiser og funksjonsassistent i arbeidslivet bør bli permanente og utvidast. Å gjere brukarstyrt personleg assistanse (BPA) til ein rett vil vere med på å leggje til rette for eit meir sjølvstendig liv for fleire. Likeverdig tilgang til tekniske hjelpemiddel, forankra i folketrygdlova, må sikrast framover.

Redusert funksjonsevne tyder ikkje nødvendigvis redusert arbeidsevne, og funksjonsnedsetjing er i seg sjølv ikkje ein sjukdom. Tiltak for menneske med nedsett funksjonsevne bør reknast som likestillingstiltak, ikkje som ein del av helsetenesta. Det er viktig å arbeide for å byggje ned fordommar retta mot menneske med funksjonshemmingar. I tillegg er det viktig å sikre gode offentlege ordningar som minimerer risikoen for arbeidsgjevarar ved å tilsetje menneske som treng til rettelegging eller har redusert arbeidsevne.

Forsking viser at det er ein sterkare samanheng mellom utdanning og sannsynet for å få seg arbeid mellom menneske med funksjonshemmingar enn befolkninga elles. Det er derfor spesielt viktig å sikre at det er reelt mogleg for alle å ta utdanning, uavhengig av tilretteleggingsbehov. Det er nødvendig med tidlege tiltak retta mot unge med funksjonshemmingar for å hindre lange stønadsløp.

KrF meiner det er viktig at det offentlege driv aktiv rekruttering av menneske med nedsett funksjonsevne til arbeidslivet. Det må vere eit mål å få lang tid fleire inkludert i arbeidslivet.

Universell utforming

KrF meiner det skal vere mogleg for alle menneske å leve sjølvstendige liv. Dette inneber at vi må finne politiske løysingar som ser mangfaldet av behov og tar på alvor at mange treng individuelt tilpassa hjelp og oppfølging. Samtidig er det grunnleggjande viktig å arbeide for eit samfunn som er universelt utforma, spesielt innan IKT, samferdsel og bygg.

Mange av dagens grunnskular er ikkje tilrettelagde for personar med nedsett funksjonsevne, noko som ramar både barn, foreldre, tilsette og innbyggjarar som blir hindra i bruk av skulen. Det er nødvendig å vedta ei forskrift med tidsfristar for at alle grunnskular skal vere universelt utforma/tilrettelagde utan behov for særloysingar.

Funksjonshemma barn og foreldre

Mange funksjonshemma og deira pårørande opplever det som ei stor belastning å vere i kontakt med mange instansar og bruke tid og energi på å finne fram i systema. Foreldre som får barn med nedsett funksjonsevne må sikrast nødvendig hjelp gjennom heile oppveksten til barnet og inn i vaksen alder. Offentlege instansar må kome tidleg inn og stille opp med ein fast koordinator og ei foreldrepakke til dei

som får eit barn med nedsett funksjonsevne. Vi må sikre barn med nedsett funksjonsevne god pedagogisk oppfølging.

Vi må gjere det mogleg for foreldre med nedsett funksjonsevne å utøve foreldrerollen i kvardagen. Det handlar mellom anna om at TT-ordninga må gje rom for transport til barna sine aktiviteter osv.

Ungdom med funksjonshemmingar

For ungdom og unge vaksne med funksjonshemmingar er det viktig å få eit tilbod tilpassa sin livssituasjon. Sjølv om ein har ein diagnose eller vanske, er ein først og fremst ung, ikkje funksjonshemma. Å utvide moglegheitene for rehabiliterings- og habiliteringstilbod saman med andre unge er eit viktig tiltak.

KrF vil

- at alle som har eller ventar eit barn med nedsett funksjonsevne skal få tett oppfølging med nødvendig informasjon om hjelpetiltak og rettar gjennom ein fast koordinator, gode avlastningsordningar og ei «foreldrepakke» (sjå faktaboks for utdjuving).
- at støttenestene som i dag finst for familiar med funksjonsutfordringar blir samordna betre og i større grad.
- sikre barn med nedsett funksjonsevne skulefritidstilbod i heile utdanningsløpet.
- tilby familiane kurs om det å vere søsken til barn med nedsett funksjonsevne.
- gje foreldre med barn med nedsett funksjonsevne lovfesta rett til å jobbe deltid fram til barnet er 18 år.
- gje rett til pleiepengar når helsetilstanden til barnet gjer at foreldra ikkje kan stå i arbeid, også når foreldre ikkje har opptente rettar til dette. For desse bør nivået på ei slik utbetaling setjast til 4,5 G per år.
- gje rett til omsorgsløn og eventuelt andre støtteordningar til foreldra i inntil 3 månader etter at eit barn med nedsett funksjonsevne dør.
- at menneske med nedsett funksjonsevne skal få eit tilpassa tilbod både i barnehagar og gjennom heile utdanningsløpet, slik at dei får dei same moglegheitene som andre til opplæring, og ein må kunne gje tilboda i nærområda.
- gjere det mogleg for fleire som har nedsett arbeidsevne å få tilbod om tidsbestemt lønstilskot.
- gje fleire tilgang til læringsaktivitetar som gjev kompetanse og erfaringar som er nødvendige for å meistre sin eigen kvardag.
- innføre sakshandsamingsfristar i PP-tenesta.
- at ordninga med arbeids- og utdanningsreiser og funksjonsassistent i arbeidslivet blir permanent og utvida.
- vurdere tiltak som kvotering og redusert arbeidsgjevaravgift ved tilsetjing av menneske med nedsett arbeidsevne.
- vurdere ei ordning med fortrinnsrett for personar med nedsett funksjonsevne ved tilsetjingar ved elles like føresetnader.
- at offentleg planlegging må ta høgde for menneske med nedsett funksjonsevne gjennom utbetring av offentlege transportmiddel og at det er mogleg å kome seg av og på desse.
- at alle offentlege bygg og uteområde og tilgangen til desse må vere universelt utforma.
- nedfelle forskrifter med tidsfristar for universell utforming av alle grunnskular.
- utvide støtteordningane til universell utforming til også å omfatte forsamlingshus.
- sikre gode prosessar for medverknad med brei deltaking frå brukarorganisasjonar og brukarar med ulik kompetanse.
- sikre lik tilgang på hjelpemiddel, slik at ein kan fungere godt i eigen kvardag både på jobb, heime og i fritida.
- styrkje Husbanken sine ordningar for finansiering av universell utforming av bustader, både ved forbetring av eksisterande bustader, og ved å auke tilgangen på universelt tilrettelagde bustader på utleigemarknaden.
- utvide tolketenesta for døve og døvblinde.
- stille krav om at alle norske filmar blir teksta for hørselshemma.
- sikre at det finst skular som tilbyr spesialtilpassa undervising for døve på fleire ulike stader i landet.
- at lærebøker for blinde må vere tilgjengelege ved studiestart.
- sikre tilstrekkeleg kapasitet i tilbodet om cochleaimplantat og retten til opplæring i talespråk for barn med cochleaimplantat.
- at offentlege nettsider skal vere universelt utforma.
- auke løyvingane til synstolking av filmar.
- at ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA) blir slått fast som ein rett og utvikla til ei heilskapleg ordning der den nødvendige assistansen blir sikra både i fritid, arbeid og skule.
- at arbeidsleiarar får god arbeidsleiaropplæring og assistentane må få gode arbeidstakarrettar når BPA blir slått fast som ein rett.

- at unge med nedsett funksjonsevne som treng tilpassa bustad, får tilbod om dette utanom sjukeheim.
- at eldre med nedsett funksjonsevne skal få tilbod og eigna buforhold, og at dette må speglast i overføringa til kommunane.
- at menneske med nedsett funksjonsevne som får offentleg omsorg blir sikra å kunne utøve trua si og ta aktivt del i trus- og livssynssamfunn.
- at alle som har arbeid som kan innebere bruk av tvang skal ha kursing i det gjeldande regelverket.
- senke innslagspunktet for statleg refusjon til kommunane for særleg ressurskrevjande tenester til 800 000 kroner og auke kompensasjonsgraden til 85 prosent. Ordninga utvidast til å omfatte menneske over 67 år.
- endre, vitalisere og gjere støttekontaktordninga meir likeverdig.
- gjere det mogleg for NAV å vere meir fleksible til å kunne gjere unntak frå treårsgrensa og kostnadstaket for utdanning som attføring etter ei individuell vurdering.
- redusere eigendelen på hjelpemiddel for sjølvstendig næringsdrivande.
- vidareutvikle og trappe opp satsane for omsorgsløn og gjere det mogleg for fleire å bruke ordninga.
- at familiar som sjølve tar store omsorgsoppgåver må få tilbod om omsorgsløn.

Foreldrepakke til foreldre med barn med nedsett funksjonsevne

Kvar familie må sikrast ein koordinator i kommunen som kan sikre dei tilgang på eksisterande og nye tilbod innan:

- medisinsk oppfølging og rettleiing
- barnepass og avlastingsordningar
- hjelpemiddel
- økonomiske rettar
- tilrettelegging av bustad
- foreldrerettleiing og samlivskurs
- hjelp til heile familien
- tilrettelagd barnehageplass
- skulegang og leksehjelp og god pedagogisk oppfølging
- planlegging av vegen vidare

Helsepolitikk

Kristeleg Folkeparti ønskjer eit likeverdig tilbod av helsetenester over heile landet. Respekt for kvart enkelt menneske, kvalitet, tryggleik, tilgjenge og omsorg skal utgjere kjerneverdiane og skal prege helsetenestene.

Det kristne menneskesynet – som legg til grunn at kvart enkelt menneske har ein uendeleg verdi og har ukrenkelege rettar frå unnfanging til naturleg død, ligg til grunn også i KrF sin helsepolitikk. Retten til liv er det grunnleggjande og ein føresetnad for dei andre rettane. Enkeltmennesket har ein unik eigenverdi og vi må ikkje redusere det til å berre vere eit middel, men må også behandle det som eit mål i seg sjølv. Avgjerder som påverkar andre menneske må vere prega av respekt og erkjenning av likeverd.

Etiske refleksjonar

Tilsette i helse- og omsorgstenesta opplever dagleg mange vanskelege situasjonar og problemstillingar. Behovet for god praksis i møta mellom omsorgsarbeidarar og menneske som er avhengig av helsetenester er svært viktig. Å vise respekt, tillit og omsorg krev etisk klokskap og eit bevisst forhold til eigne verdiar og haldningar. KrF ønskjer å heve den etiske kompetansen gjennom etablerte møteplassar for systematisk refleksjon i det daglege arbeidet. Det er med på å tydeleggjere dei etiske utfordringane og dilemmaa ein står overfor. Vi må basere både lovgjeving og rutinar på respekten for mennesket sin ukrenkelege eigenverdi, menneskerettar og vern om den enkelte sin integritet. (*Sjå også kapitlet «Retten til liv».*) I takt med at stadig ny teknologi og nye behandlingsformer gjer nye ting mogleg aukar behovet for ein diskusjon om prioritering i helsetenesta og auka personleg ansvar for eiga helse.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Helsestasjonen skal fremje heilskapleg helsefremjande og førebyggjande arbeid retta mot barn og ungdom i alderen 0-20 år og gravide, og spelar slik ei viktig rolle i den første fasen av livet til eit menneske. God oppfølging både før og etter fødsel er viktig og kan sikre at utfordringar både av medisinsk og mellommenneskeleg art blir førebygd og oppdaga tidleg. Spedbarnskontroll og obligatorisk heimebesøk gjev både tryggleik og god kontakt med helsesøstertenesta.

KrF meiner det er viktig å styrkje og utvikle vidare tilbodet i skulehelsetenesta med fleire yrkesgrupper. Å ta i bruk og vidareutvikle tverrfagleg kompetanse og arbeidsmetodar og samtidig ta i vare lovpålagde oppgåver vil gje meir heilskaplege tenester for barn og unge og deira føresette, i tillegg til å gje tidleg og rett innsats.

Samhandlingsreforma

Tenester til riktig tid og på riktig nivå er det viktigaste prinsippet i samhandlingsreforma. Betre samhandling på tvers av ulike sektorar og nivå, er eit avgjerande verkemiddel. Vi må følgje reforma systematisk opp med vurdering av ressursfordelinga. KrF meiner vi må kunne tilpasse og variere den konkrete arbeidsdeling ut i frå ulike føresetnader og reiseavstandar.

Samhandlingsreforma rommar svært mange gode intensjonar og tiltak, med sikte på ei meir «saumlaus» helseteneste og betre utnytting av helsekronene i samfunnet. Tanken om at det er betre å førebyggje enn å behandle, og at behandling nærast mogleg pasienten er den beste ressursbruken, er eit viktig grunnlag for at det skal vere mogleg å finansiere helsetenestene i framtida. Reforma har likevel ikkje tatt høgde for at ein i startfasen må finansiere både sjukehusbehandling og oppbygging av kommunale tilbod, i tillegg til både førebygging, rehabilitering og behandling. Samhandlingsreforma må vere ei forpliktande kvalitetsreform, og følgjast opp med reelle kostnadsberekningar. Ved overføring av tenester frå spesialisthelsetenesta til kommunen skal kvaliteten på tilbodet ikkje bli redusert. Reforma skal, i tråd med intensjonen, fullfinansierast av statlege midlar. Ulike hjelpetiltak på tvers av sektorar må i større grad samarbeide om gode ordningar for den enkelte, uansett om den enkelte er fysisk eller psykisk sjuk. KrF vil styrkje dei økonomiske rammevilkåra for ideell sektor på helseområdet.

Folkehelse

Det aller viktigaste helsearbeidet er arbeidet for å hindre at folk blir sjuke. Førebygging må derfor få eit endå sterkare fokus enn det har hatt. Folkehelsearbeid og førebygging av sjukdommar er viktig for auka livskvalitet for den enkelte og for å redusere utgifter til behandling som kunne vore unngått. Førebyggjande og helsefremjande tiltak må rette seg mot personar i alle aldersgrupper med ulike behov og føresetnader. Det førebyggjande arbeidet må fokusere på både psykisk og fysisk helse. KrF ønskjer ei samfunnsutvikling som styrkje folkehelse og utjamnar sosiale helseskilnader. KrF meiner at vi må følgje opp Folkehelselova med ei økonomisk satsing. Det helsefremjande arbeidet i nærmiljøet bør skje i samarbeid mellom kommunen, frivillige organisasjonar og brukarorganisasjonar.

Rehabilitering

Habilitering og rehabilitering må bli eit satsingsområde i helsesektoren. Målet må vere å sikre rehabilitering og opptrening til alle som treng det. Vi må gjennomføre eit løft for rehabilitering gjennom målretta tiltak og ei generell styrking av funksjons- og helsefremjande og arbeidsretta rehabilitering.

Sjukehus

KrF vil sikre sjukehusa tilgang på moderne medisinskteknisk utstyr. Alle helseregionar skal ha god tilgang til og kompetanse på å bruke PET-skannar, slik at dette blir brukt etter retningslinjene. KrF er opptatt av eit godt og trygt helsetilbod som balanserer behovet for nærleik gjennom lokalsjukehus og lokale/desentraliserte helsetilbod og behovet for avansert behandling gjennom spesialiserte og sentraliserte institusjonar. KrF meiner det må vere ei politisk styring av sjukehusa, og vil utvikle dei regionale helseføretaka. Staten må etablere system som i sterkare grad fører til tilstrekkeleg rekruttering av helsepersonell også utanfor dei store sjukehusa. Vi må utvikle tilbodet ut i frå ei heilskapleg behovsvurdering. Vi treng system som hindrar at økonomi aleine blir styrande for kva sjukehustenester vi skal ha, og kvar dei skal utførast. Dette er nødvendig for å skape tillit til helsetenestene i befolkninga. KrF vil fjerne køane i helsetenesta og sørge for at den enkelte raskt kjem til undersøking og behandling.

Politisk styring

Det er behov for folkevald styring med helsesektoren. Dette er eit av dei mest grunnleggjande velferdstilboda for befolkninga. Tydeleg politisk styring av spesialisthelsetenesta har vore vanskeleg å sikre innanfor dagens styringsmodell. Det er eit mål å sikre likeverdige sjukehustenester over heile landet, samtidig med lokal tilpassing.

KrF går inn for å innføre ein årleg sjukehusproposisjon og vil vurdere helseføretaka i samanheng med kommuneøkonomiproposisjonen, slik at det blir sikra betre samordning mellom spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta.

KrF står for ein politikk som prioriterer dei med størst behov for behandling, og vil ikkje la lønsemd vere styrande for korleis sjukehusa prioriterer. Alle som treng behandling på sjukehus skal kjenne seg trygge på at dei får god behandling, og opplever at deira sjukdom og lidingar blir tatt på alvor.

Prehospitale tenester

Ambulansetenesta må vere bemanna med fagpersonar med god kompetanse. Når minutta er avgjerande for liv og helse, må diagnostisering og behandling starte på veg til sjukehuset. Vi må sikre at ambulansane er godt utstyrte med teknologi som gjer det mogleg å diagnostisere raskt og kommunisere med den spesialisten som har vakt på næraste sjukehus. Ved sentralisering av spesialistkompetanse til enkelte sjukehus kan det bli lange køyreturar, i alt slags vêt og føre.

Alle delar av landet må få dekning av luftambulanse. Luftambulanse er eit viktig verkemiddel særleg i delar av landet der det stadig oftare er stengde vegar og fjellovergangar.

Pasienttryggleik

Dei fleste pasientar opplever ei god og trygg behandling i den norske helsetenesta. KrF meiner det er viktig at dei som opplever uheldige hendingar og feilbehandlingar får god oppfølging og at rettstryggleiken deira blir tatt i vare. Pasientar/pårørande må få god informasjon både om uønskte hendingar og om konsekvensar, klage og i kva grad det er mogleg å få erstatning, i tillegg til at dette må journalførast på ein tilfredsstillande måte. KrF meiner at også den enkelte tilsette skal ha meldeplikt om skadar, nesten-ulukker og ulukker, og ikkje berre institusjonen. Vi må byggje opp spesialkompetanse i politiet på etterforskning av saker i helsesektoren. KrF meiner vi bør opprette ein fast kommisjon som undersøker og hentar inn erfaringar frå uheldige hendingar i helsetenesta.

Livshjelp

KrF meiner at livshjelp er viktig for å sikre ein verdig død. Livshjelp betyr å lindre smerte, både gjennom medisinar, psykososiale og andeleg/eksistensielle tilbod. Dette gjeld alle nivå i helse- og omsorgstenesta der menneske i den siste fasen av livet og deira pårørande er. Vi må byggje kompetanse og kapasitet innanfor lindrande (palliativ) behandling for døyande i alle aldrar. KrF ønskjer fleire lindrande einingar for behandling i sjukehusa, hospice og ambulante team for lindrande behandling som dekkjer kommunane.

Psykisk helse

Psykisk helse og fysisk helse må bli tatt hand om på lik linje. Det er like normalt å få psykiske lidingar som andre lidingar. Derfor er døgnbemanning like vesentleg i psykiatrien som i somatikken. Ei bevisst satsing på førebygging og tidleg oppdaging og behandling av psykiske lidingar er viktig. God dekning av

både offentleg og privatpraktiserande spesialistar er vesentleg for å unngå at ventetid skal føre til auka problem eller at ein lar vere å søkje hjelp før problemet er svært stort.

KrF meiner at alle barn og unge skal få eit tilgjengeleg og likeverdig tenestetilbod av høg fagleg kvalitet, uavhengig av sosial bakgrunn og kvar i landet dei bur. KrF vil arbeide for eit kunnskaps- og kvalitetsløft på dette området, og vil halde fram med å øyremerkje midlar til psykiatrisatsing for ungdom. Desentraliserte tenester må også bli førte vidare og utbygde.

Barn og unge med psykiske lidningar må få behandlingsplassar på eigne institusjonar eller avdelingar for å sikre eit trygt og tilpassa tilbod der dei kan omgåast personar på sin eigen alder.

Barn og unge med psykisk sjuke foreldre eller søsken må få tilbod om samtale og orientering om sjukdomsbiletet/situasjonen på eit nivå dei forstår. Rettleiingstenesta for pårørende til barn og unge med psykiske lidningar må styrkjast.

Opptappingsplanen for psykisk helse blei avslutta for tidleg. Vi treng ein ny opptappingsplan innan psykisk helse med øyremerkte midlar inntil desse helsetenestene har nådd eit riktig nivå. Dette må vi samordne ved at rus og psykiatri blir inkluderte i samhandlingsreforma.

Skulehelsetenesta må bli meir tilgjengeleg og ha tilgang på tverrfagleg kompetanse som til dømes psykologteneste, barnevernspedagogar, fysioterapeutar, miljøarbeidarar og prestar. Helsestasjonar for ungdom skal vere eit ope tilbod med profesjonelle rettleiarar, der ungdom kan søkje helsehjelp, råd og rettleiing.

Bruken av tvang innanfor helse- og sosialtenesta er heimla i fleire ulike lovverk. For å styrkje rettstryggleiken knytt til praksis, ønskjer vi eit felles lovverk kor alle føresegner for bruk av tvang innan helse- og sosialtenesta blir samla, og at særlovgevinga for tvangsbruk innanfor psykisk helsevern fell bort.

Bioteknologi

KrF ønskjer å utnytte dei moglegheitene bioteknologi gjev, mellom anna til betre behandlingsmetodar for sjukdom og skade. Vi må satse på etisk forsvarleg forskning, utvikling og behandling. Etikken må setje grensene for teknologien, ikkje omvendt. KrF vil ha eit samfunn med plass til alle. Å forske, sortere og velje mellom spirande liv er ikkje i samsvar med dette. Spirande liv har sin eigenverdi og skal ikkje brukast som middel for andre. *For meir om dette, sjå også kapitlet «Retten til liv».*

Kvinner

Vi treng å styrkje forskinga på kvinnesjukdommar for å sikre riktig diagnose og behandling så raskt som mogleg og auka kompetanse mellom fastlegane på sjukdomsbileta hos kvinner. Vi treng forskning på kjønnskilnader når det gjeld verknader og biverknader på legemiddel. Det er framleis slik at det er stor underrepresentasjon av kvinner i forskingsprosjekt og det fører mellom anna til at vi veit for lite om kvinner og hjarte- og karsjukdommar, trass i at det er den hyppigaste dødsårsaken hos både kvinner og menn.

Svangerskapsomsorga må bli styrkt med tettare oppfølging av jordmor, følgjeteneste med jordmor, og god dekning av fødeavdelingar og barselavdelingar som sørgjer for ei trygt opphald for foreldra. KrF er opptatt av at den nybakte mora ikkje må skrivast for raskt ut av sjukehuset/fødestova. Dette er viktig for å gje ro og tid til å kome i gang med amming og førebyggje fødselsdepresjon.

Ungdomshelse

I Noreg har dei fleste god tilgang på helsehjelp, men ikkje alle får behandling tilpassa sine behov. For ungdom er systemet ofte lite fleksibelt og ofte dårleg tilpassa deira behov. Å investere i unge si helse er avgjerande for helsa vidare i livet. Det eksisterande ungdomshelsefokuset er for snevert og særleg fokusert på risikoåtfærd. Det er viktig at vi også inkluderer det generelle sjukdomsbiletet i eit ungdomshelseperspektiv, og arbeider for å gjere helsetenesta betre tilpassa behova til dei unge.

Det finst lite data og informasjon om ungdomshelse i Noreg. Ungdom blir ofte gruppert saman med barn, og den forskinga vi har på ungdom er fragmentert og tilfeldig. Det er eit klart behov for kunnskapsutvikling på ungdomshelsefeltet i Noreg.

Seksuelle minoritetar

KrF vil at alle menneske skal kunne leve ope med si seksuelle orientering. Lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LHBT) har krav på respekt og ein kvardag utan diskriminering og hatvald. Det er kjent at svært mange unge LHBT-personar slit med sjølvordstankar. Rusproblem og psykisk sjukdom er også

overrepresenterte i denne gruppa. Vi treng ein forsterka innsats for å førebyggje desse problema, og både skulen og helsetenesta må involverast sterkare.

Nettbaserte helsetenester

KrF vil gjere helsetenester meir tilgjengeleg gjennom nettbaserte tenester, mellom anna e-reseptar og telemedisin. I tillegg er det viktig å leggje betre til rette for at spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta kommuniserer elektronisk seg imellom, slik at vi får ein betre og meir effektiv informasjonsflyt. Arbeidet med elektronisk pasientjournal må ha som mål at sjukdomshistorie, relevante prøveresultat og annan viktig informasjon blir formidla med sikte på rask og best mogleg behandling. Det er personvernmessige utfordringar knytt til å samle så mykje helseopplysningar om enkeltmenneske. Vi må sikre personvernet ved at opplysningane berre blir tilgjengeleg for dei instansane pasienten sjølv har godkjent at skal ha tilgang og at det skal vere mogleg å spore i etterkant kven som har lese journalen og når dette har skjedd. Forsikringsselskap, arbeidsgjevarar og andre det ikkje vedkjem skal aldri få opplysningar frå pasientjournalen.

Innovasjon i helsetenesta

KrF er positiv til innovative løysingar med omsorgsteknologi. Dette kan aldri erstatte den menneskelege pleia, men kan frigjere ressursar og tid til pleie. *For meir om innovasjon i eldreomsorga, sjå også kapittelet «Betre alderdom».*

KrF vil

- redusere helsekøane, slik at alle kan få diagnose raskt og god behandling så tidleg som mogleg i sjukdomsfasen.
- innføre ein 48-timersregel for å bli undersøkt vidare når legen mistenkjer alvorleg sjukdom.
- sikre reelt fritt sjukehusval ved at pasientane har god nok tilgang på informasjon til å ta eit val.
- sørgje for ei samanhengande heilskapleg svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg ved at vi styrkjer svangerskapsomsorga med tettare oppfølging ved jordmor, følgjeteneste med jordmor, og god dekning av føde- og barselavdelingar som sørgjer for eit trygt opphald for foreldra.
- at kommunane skal få godt nok økonomisk handlingsrom og tid til å gjennomføre samhandlingsreforma på ein måte som sikrar likeverdige helsetilbod i heile landet og sterkare prioritering av førebyggjande arbeid.
- at kommunane skal få faglege og økonomiske midlar for å ta i mot utskrivingsklare pasientar også frå institusjonar innan rus og psykisk helsevern.
- auke førebyggingsdelen av helsebudsjettet til 4 prosent.
- leggje ned dei regionale helseføretaka.
- setje fokus på rekruttering av helsepersonell med riktige kvalifikasjonar/kompetanse til alle stillingar i helsetenesta.
- utvikle god samhandling mellom barnevern, helsestasjon, skulehelsetenesta, barnehage og skule for å gje tidleg og riktig hjelp til dei som treng det.
- at barn og unge med psykiske lidingar skal få rask behandling, og fjerne ventetida for behandling for personar under 23 år.
- bruke ein større del av helsebudsjetta sine samla ressursar til psykisk helse.
- styrkje psykisk helsevern med fleire ambulante team, døgnberedskap og brukarstyrte sengeplassar.
- at psykisk helsehjelp, psykisk helsevern og behandling og oppfølging av rusavhengige må bli ein del av finansieringsordninga til samhandlingsreforma slik at kommunar får økonomiske verkemiddel og stimulering til å byggje opp gode lokale tilbod i sin kommune.
- utarbeide ein nasjonal strategi for ungdomshelse for å gje eit nødvendig kunnskapsauke og for å gje betre tilpassa behandling for ungdom i helsetenesta.
- at alle kommunar lagar handlingsplanar mot vald i nære relasjonar og skulerer tilsette i helse- og sosialsektoren på temaet.
- opprette ein kommisjon med ansvar for å undersøkje uheldige hendingar og feilbehandling med alvorleg resultat i helsetenesta.
- lage ei eiga lov for habilitering og rehabilitering i tillegg til nasjonal opptappingsplan.
- sikre private, ideelle rehabiliteringsinstitusjonar betre rammevilkår gjennom langsiktige avtalar.
- styrkje forskinga på kvinnesjukdomar, kjønnskilnader i sjukdomsrisiko, førebygging, sjukdomsutvikling, diagnostikk og behandling, og styrkje fastlegane sin kompetanse om dette.
- at kritisk sjuke barn i ein terminal fase blir tilbodne eit liknande tilbod om livshjelp som det som eldre får.
- betre tilbodet og kompetansen om barnepalliasjon.
- utarbeide eigne retningslinjer for barnepalliasjon.
- arbeide for at personar som treng kjønnskorrigerering får eit godt helsetilbod.

- styrkje innsatsen på forskning, behandling og oppfølging av ME³.
- intensivere forskinga på helseskadar på grunn av elektromagnetisk stråling.
- styrkje helsetenesta for eldre med fleire spesialistar innan geriatri.
- styrkje tilbodet om helsetenester til innvandrargrupper, også dei som ikkje har fått varig opphald, spesielt på informasjon, førebygging og kosthald.
- styrkje innsatsen innanfor forskning, behandling og oppfølging på kombinerte diagnosar mellom rus og psykiatri.
- betre ordninga med pasientreiser og sikre fagleg oppfølging og tryggleik under heile transportstrekninga.
- styrkje ordninga med luftambulansar, spesielt i område med lang reiseavstand til næraste sjukehus med akuttfunksjonar.
- ha ei reform av tannhelsetenesta basert på offentleg ansvar og styring, refusjon frå folketrygda og avgrensing av eigenbetalinga.
- at tilbodet om assistert befrukting blir ført vidare innan etiske rammer, og sikre barn sin rett til å kjenne sitt biologiske opphav ved at paret sine egne arveanlegg blir nytta.
- tilby assistert befrukting, men at befrukta egg ikkje blir brukt til forskning eller blir destruerte.
- halde på forbodet mot eggdonasjon og surrogati.
- avvikle og forby PGD og PGD/HLA⁴
- gå imot innføring av tidleg ultralyd (veke 11-13) til alle (screening).
- ha auka forskning på bruk av adulte stamceller⁵ framfor bruk av embryonale stamceller⁶ i forskning og behandling.

³ Kronisk utmattingsyndrom (CFS fra den engelske nemninga chronic fatigue syndrome) er den vanlegaste nemninga[1] på ei variabelt svekkjande lidning eller lidingar som generelt blir definerte ved vedvarande utmatting som ikkje er relatert til anstrenging, som blir vesentleg redusert av kvile, og som er ledsaga av andre spesifikke symptom i minst seks månader.[2] Lidninga kan også bli referert til som post-viralt utmattingsyndrom (når tilstanden oppstår etter influensalignande sjukdom), myalgisk encefalomyelitt (ME) og elles fleire andre nemningar. (Kjelde: Wikipedia)

⁴ diagnostikk av befrukta egg før implantering i livmor og diagnostikk med vevstyping for eventuelt å kunne bringe fram søsken med ønskt vevstypen som donor.

⁵ adulte stamceller er celler frå fødte individ.

⁶ embryonale stamceller er henta frå befrukta egg.

Betre alderdom

Ein god alderdom handlar om å kunne vere ein aktiv samfunnsborgar, ha ansvar for seg sjølv og eiga helse så lenge eigne krefter strekk til og oppleve seg nyttig i familie- og samfunnslivet. Når behova for hjelp melder seg, må eldre få tilbod om nødvendige helsetenester, eigna buform og anna hjelp.

Seniorpolitikk

KrF vil leggje til rette for aktive seniorar og sørge for gode ordningar for overgangen mellom full yrkesaktivitet og pensjonisttilvere.

Dei næraste åra kjem talet på personar mellom 55 og 66 år til å auke kraftig samanlikna med totalbefolkninga. Vi må leggje til rette for at så mange som mogleg kan stå lenger i arbeid. Det er samtidig viktig med gode ordningar for arbeidstakarar som på grunn av slitasje må trappe ned eller slutte tidlegare enn den generelle pensjonsalderen. Ein god seniorpolitikk skal både hindre utstøyting og motivere seniorane til å stå lenger i arbeid. Personalpolitikken, både i offentleg og i privat sektor, må setje arbeidsmiljøet og kompetanseutviklinga for seniorane på dagsordenen. KrF vil leggje til rette for at seniorane kan stå lenger i arbeid ved at arbeidstakarar over 62 år kan få tilbod om ein individuell nedtrappingsplan for arbeidstida fram mot pensjonsalderen.

Arbeidsmiljølova set i dag ei grense på 70 år for når ein arbeidsgjevar kan seie opp ein medarbeidar på bakgrunn av alder. KrF vil heve denne aldersgrensa frå 70 til 75 år.

Vi må stimulere til bygging av fleire seniorbustader og «seniortun», der bebuarane kan ha fellesfunksjonar. Det vil lette overgangen mellom ei aktiv seniortilvere og den perioden av livet ein treng hjelp til ein del oppgåver. Gode tilbod som seniorsenter, helsestasjon for eldre og kulturelle tiltak vil verke førebyggjande slik at menneske kan oppleve ein aktiv og frisk alderdom. Vi må leggje til rette for at ideelle organisasjonar kan bygge og drifte «Omsorg+»-konsept.

KrF vil

- leggje til rette for at seniorane kan stå lenger i arbeid og heve lova si aldersgrense for når medarbeidarar kan seiast opp på grunn av alder frå 70 til 75 år.
- styrkje Senter for seniorpolitikk.
- stimulere til meir aktiv seniorpolitikk i staten ved å la den enkelte etat bere kostnaden ved avgang til AFP.
- avvikle den statlege ventelønsordninga for nye tilfelle og erstatte henne med aktive, arbeidsrette tiltak.
- at særaldersgrensene for pensjon blir heva og for enkelte grupper fjerna.
- leggje betre til rette for å kombinere arbeid og pensjon.
- stimulere til etablering av fleire seniorbustader gjennom statlege støtteordningar.
- arbeide for at verknadene av intensjonane i pensjonsreforma blir likast mogleg i både private og offentlege pensjonsordningar.

Eldreomsorg

Eldreomsorga i framtida skal ha tenester med kvalitet, innhald og kapasitet. Vi må leggje til rette for at eldre kan dekkje sine grunnleggjande fysiske, psykiske, sosiale og andelege behov. Vi må satse på kvalifiserte tilsette, tilrettelagde aktivitetstilbod og møteplassar. Dei sjukaste eldre må sikrast sjukeheimsplassar.

For å møte veksten i behov vil det vere avgjerande at samfunnet får nytta godt dei ressursane vi set inn. Alle kommunar må derfor ha ei god omsorgstrapp slik at det blir best mogleg samsvar mellom behov og eigna tiltak. Tiltak bør setjast inn etter det såkalla BEON-prinsippet⁷, det vil seie tiltak som er mest effektive på lågast moglege nivå. For å få dette til på ein god måte er det viktig at brukarperspektivet blir lagt vekt på i alle plan- og vedtaksprosessar.

⁷ BEON-prinsippet: Beste Effektive OmsorgsNivå.

Samhandlingsreforma vil spesielt påverke samarbeidet mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Det er viktig at kommunane blir sikra økonomiske høve til å byggje ut sine tenester anten i eigen regi eller i samarbeid med andre kommunar og/eller ideelle aktørar, til beste for brukarane.

Eigna buform

Eigna buform er ein nøkkel til ei god eldreomsorg. Det må derfor vere ein god balanse mellom heimebaserte tenester, omsorgsbustader og sjukeheimsplassar. I samband med det må vi vurdere om harmonisering av finansieringsordningane for sjukeheimsplassar og omsorgsbustader er nødvendig. Andre sentrale moment er mellom anna finansiering av medisinar, medisinsk-teknisk utstyr og nødvendige tenester frå ulike yrkesgrupper. Kommunane bør utarbeide planar for ei samanhengande omsorgstrapp, der det å kunne bu heime, ta i mot heimesjukepleie, tilbod om dagsenter, dagtilbod i institusjon, omsorgsbustad, bustad med heildøgns omsorg og pleie og sjukeheimsplass utgjer trinna.

Innovasjon for livskvalitet

For KrF er det viktig å understreke at teknologien ikkje skal erstatte den menneskelege kontakten, men han kan forenkle ein del funksjonar og i beste fall frigjere tid og krefter til medmenneskeleg kontakt.

Moderne hjelpemiddel og medisinsk utvikling er vesentleg for å sikre morgondagens eldre livskvalitet i alderdommen. Ved teknologisk innovative løysingar kan vi løyse ein del av det som i dag er barrierar for å klare seg lenger i eigen heim. Slik kan den enkelte eldre bu i eigen heim opptil fleire år lenger. Dei fleste eldre ønskjer å bu heime så lenge som mogleg og ser på dette som viktig for eigen livskvalitet. Dette kan vere allereie kjent teknologi som GPS for demenssjuke, nye omnar for oppvarming av mat som kan programmerast, mekanismar for opning av dører, toalettløysingar, hygieneløysingar etc. KrF vil ha ein kraftig auke i satsinga på innovasjon innan omsorgsteknologi og hjelpemiddel.

Fysisk aktivitet

Fysisk aktivitet i seniorfasen er viktig for helse og livskvalitet. Dette er i utgangspunktet den enkelte sitt ansvar, men vi bør stimulere eldre til auka fysisk aktivitet gjennom ein handlingsplan til dømes kalla «aktiv senior», der både kommunar og frivillige organisasjonar blir stimulerte til å leggje til rette for meir fysisk aktivitet for eldre menneske.

Kvalitet i omsorg

Kvalitet i eldreomsorga føreset at arbeidet er attraktivt for alle yrkesgrupper ein treng for ei verdig eldreomsorg. Vi må opprette fleire geriatarstillingar og gjennomføre tiltak for å styrkje rekrutteringa og søkinga til desse. Vi må leggje til rette for at alle tilsette i eldreomsorga får moglegheita til å utvikle seg fagleg.

Verdigheitsgarantien for eldreomsorga må føre til at tilbodet til landets eldre blir reelt styrkt. Alle eldre må få tilbod om ei buform som er tilpassa deira behov og medisinske tilstand. Dei må få leve eit mest mogleg normalt liv, med normal døgnrytme og hjelp til å kome seg ut i frisk luft. På same måte skal alle ha krav på eit variert og godt nok kosthald og tilpassa hjelp ved måltid. Alle eldre skal ha eit tilbod om samtalar om eksistensielle spørsmål, og i sluttfasen av livet skal alle ha krav på lindrande behandling for å sikre ein verdig død. KrF meiner at vi må følgje opp verdigheitsgarantien, og løyve nok pengar til at kommunane får reelle sjansar til å innfri dei ulike punkta i garantien. Det skal vere eit offentleg ansvar å sikre og finansiere nødvendige omsorgstenester av god kvalitet. Ordninga med omsorgsløn for familiar som sjølve utfører omsorgstenester må bli betre.

Vi må unngå at den sjuke blir kasteball mellom tenestene. Vi må sikre at den sjuke og hans pårørande til kvar tid blir informerte om kva teneste som har ansvar for å gje nødvendig helsehjelp og omsorg.

Private og frivillige aktørar som eit supplement til ein god offentleg eldreomsorg er viktig for å medverke til eit heilskapleg tilbod, betre kvalitet og valfridom for brukarane. Sjukeheimane må vere stader der bebruarane får god omsorg, kulturopplevingar og livsinnhald. Vi må gje rom for frivillige initiativ for å gje eldre kulturelle opplevingar og innhald i kvardagen.

Demens

Demens er ein folkesjukdom som aukar med alderen, og det er grunn til å tru at over 70 000 personar har sjukdommen. Han rammar heile familien, og det vil vere ekstra vanskeleg når sjukdommen rammar yrkesaktive som har heimebuande barn. Tidleg utgreiing og diagnose er viktig for å kunne planleggje og leggje til rette kvardagen. For at personar med demens skal kunne bu heime så lenge dei og deira pårørande ønskjer det, må vi tilpasse tenestetilbodet etter deira behov for hjelp, støtte og avlasting. Ettersom det blir stadig fleire eldre i befolkninga, blir det fleire som får demens. Mange treng pleie og

omsorg døgnet rundt i små einingar som er tilrettelagde for demenssjuke og deira behov for tryggleik, aktivitet og gode opplevingar.

Eldresenter/dagsenter

Å treffe andre og ha sosialt fellesskap er ein viktig kvalitet i livet som det må leggjast til rette for når ein blir eldre. Dei fleste eldresenter driv med ein høg del frivillige, som også gjev friske eldre høve til fellesskap og til å gjere noko for andre. Auka samarbeid mellom eldresenter og frivilligsentralar kan vere positivt, også for mange eldre som sjølve ønskjer å medverke med frivillig innsats. Eitt døme kan vere lytteven-prosjekta som gjer skulebarn tryggare på å lese samtidig som ein bygger relasjonar og venskap på tvers av generasjonar. Det er viktig å førebyggje sjukdom og skadar hos eldre. Eldresenter/dagsenter er det fremste førebyggjande tiltaket for eldre.

Kvardagsrehabilitering

Systematisk trening for eldre førebyggjer sjukdom og skade og aukar deltakinga i kvardagslivet. Trening i vante omgjevnader er mest effektivt, og derfor bør vi nytte kvardagsrehabilitering medan brukaren bur i eigen heim i langt større grad enn i dag. Dette er bra for kvar enkelt av dei eldre og kan gjere det lettare å bu heime lenger. Kvardagsrehabilitering inkluderer både tiltak for individuell trening og endringar av omgjevnadene for at brukaren skal meistre kvardagslivet.

Etikk

KrF meiner det bør opprettast etiske komitear i kommunane. Slike komitear skal vere ein arena for drøfting av dilemma personalet møter, medverke til å utvikle god dømekraft hos dei tilsette i pleie- og omsorgssektoren og medverke til at pasientane og dei pårørande sitt møte og erfaringar med sjukeheimen blir best mogleg. Etikk må i sterkare grad vere ein integrert del av utdanninga innanfor pleie- og omsorgsyрке.

Eldre og tannhelse

KrF meiner at det offentlege sitt engasjement må rettast mot grupper som har eit særleg behov for tannhelsetenester. KrF vil ha ei reform av tannhelsetenesta basert på offentlig ansvar og styring, refusjon frå folketrygda og tak på eigenbetalinga.

Omsorg ved livets slutt

Lindrande (palliativ) behandling for menneske i slutfasen av livet er ein viktig del av ein verdig alderdom. Vi må gje lindrande behandling individuelt og etter behov i heimen, i eiga avdeling eller på sjukeheim, eventuelt i samarbeid mellom kommunar. Auka kompetanse om omsorg ved livets slutt hos dei tilsette som jobbar i eldreomsorga er nødvendig.

Befolkningssamansetnaden i Noreg står overfor store endringar

Talet på eldre vil auke, og den delen av befolkninga som er yrkesaktive avta. Frå 2000 og fram mot 2050 vil talet på personar over 67 år bli meir enn dobla. Talet på personar med demens vil kunne auke til om lag 140 000 innan ein periode på 25-30 år. Det var 4,7 personar i yrkesaktiv alder per eldre i 2000. Dette talet blir redusert til 3,5 i 2030 og 2,9 i 2050. Den største utfordringa for omsorgssektoren i dei næraste tiåra vil vere å skaffe til vege nok fagutdanna personell. Auken i arbeidskraftbehovet i omsorgssektoren kan bli på om lag 60 000 årsverk fram mot 2030 og meir enn 130 000 årsverk fram mot 2050.

I 2011 var det om lag 63 000 heildøgns omsorgsplassar (sjukeheim og bustader med heildøgns bemanning) i omsorgstenestene. Vi må rekne med at nye generasjonar eldre vil ha heilt andre forventningar og krav til innhaldet i omsorgstilbodet. Men sjølv om ikkje standarden blir heva, vil det likevel vere behov for om lag 15 000 nye heildøgns omsorgsplassar fram til 2030 og opp mot 45 000 nye plassar fram mot 2050.

Kjelde: St.meld. nr. 29 (2012-2013), Helse- og omsorgsdepartementet

KrF vil

- sikre at verdigheitsgarantien for eldreomsorga blir oppfylt i alle kommunar, og at garantien omfattar lovfesta rett til sjukeheimplass ved medisinsk behov.
- at kommuneøkonomien må styrkjast slik at kommunane kan ta hand om nye oppgåver innan eldreomsorga og i lys av samhandlingsreforma og verdigheitsgarantien.
- at kommunane skal få faglege og økonomiske midlar for å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehusa.

- ha ein gjennomgang av refusjonsordningane for fysioterapeutar for å redusere ventetida og gjere tenestene lettare tilgjengelege for pasientane.
- opprette etiske komitear for helse- og omsorgssektoren i kommunane.
- innføre ei reform av tannhelsetenesta basert på offentleg ansvar og styring, refusjon frå folketrygda og avgrensing av eigenbetalinga.
- styrkje rehabiliteringstilbodet for eldre etter sjukdom, slik at den enkelte kan få funksjonsevna tilbake og sjølv kan klare daglegdagse gjeremål.
- innføre kvardagsrehabilitering som ei kommunal teneste og lage ein heilskapleg og forpliktande opptrappingsplan for innføringa av eit slikt tilbod i kommunehelsetenesta.
- auke stimuleringsstilskotet for bygging av sjukeheimar og omsorgsbustader. Vi må samordne dei to finansieringsordningane vi har i dag til ei ordning.
- byggje slik at ein kan bruke einingane anten som sjukeheim eller som omsorgsbustad.
- utvide pleieomgrepet i eldreomsorga og leggje til rette for tilbod om musikkterapi, minnearbeid og anna sansestimulering, til dømes sansehagar for alle pasientar i sjukeheim.
- fjerne aldersgrensa på 67 år for statstilskot til særleg ressurskrevjande omsorgstenester i kommunane.
- opprette fleire heile legestillingar og større deltidsstillingar for sjukeheimane i kommunane.
- sikre medisinskfagleg utgreiing av personar med demenssymptom.
- sikre plass i tilrettelagde bueningar for demenssjuke som treng dette.
- styrkje forskinga på demenslidingar.
- sikre at det finst spesialkompetanse innan lindrande behandling i alle kommunar og arbeide for oppretting og drift av fleire lindrande (palliative) einingar.
- betre ordninga med omsorgsløn og avlastingstiltak for familiemedlemmar som sjølve utfører omsorgsteneste.
- leggje til rette for at bebuarar på alders- og sjukeheimar skal få gode og jamlege kulturopplevingar mellom anna ved å utvide «Den kulturelle spaserstokken».
- at bebuarar på alders- og sjukeheimar skal ha moglegheit for og tilbod om nokon å snakke med om andelege og eksistensielle spørsmål (presteteneste med meir).
- gje statleg driftstilskot til organisasjonar som til dømes «Livsglede for eldre», for å medverke til at slike aktivitetar blir tilbodne over heile landet.
- leggje forholda til rette for at private, ideelle organisasjonar kan inngå langsiktige partnerskapsavtalar/oppdragsavtalar med kommunar.
- ha auka forskning på aldring, mellom anna med å gje auka ressursar til undervisningssjukeheimane.
- styrkje forskinga og utviklinga av velferdsteknologi og styrkje det nasjonale senteret som samlar, prøver ut og spreier informasjon om korleis vi kan bruke slik teknologi på ein positiv måte i eldreomsorga for å skape auka tryggleik.
- at eldre på ein god og systematisk måte må få informasjon om dei rettane og moglegheitene dei har.
- forbetre og utvide ordninga med omsorgsløn.
- innføre ei målsetjing om at minst 25 prosent av den samla verksemda i omsorgssektoren blir organisert og drive som ideell verksemd innan 2025.

Ruspolitikk

Alle menneske har uendeleg verdi. Menneskeverdet må ikkje graderast. Dette inneber at vi som samfunn har ei plikt til å stille opp for sterkt hjelpetrengande rusavhengige og hjelpe dei til eit verdig liv.

Nøkkelomgrepa i KrF sin ruspolitikk er solidaritet med dei som slit, omsorg for dei som har problem, og førebygging av skadar. Som samfunn har vi eit ansvar for å redusere skadeverknadene av rusmiddel og gje rusavhengige hjelp til å bli rusfrie og begynne eit nytt liv. Ein offensiv ruspolitikk handlar om aktivt førebyggjande arbeid.

KrF meiner det er viktig å halde på trua på at det enkelte menneske kan ha nytte av behandling og bli rusfri. Vi må derfor satse på ein heilskapleg ruspolitikk, frå førebygging til behandling og oppfølging. Førebygging og behandling med sikte på rusfridom må vere hovudprinsippa i norsk ruspolitikk og må gjelde for alle.

Ein solidarisk alkoholpolitikk handlar om å redusere alkoholrelaterte skadar og alkoholmisbruk. KrF vil halde oppe den nasjonale målsetjinga om reduksjon i alkoholforbruket. Det tyder å halde på ein relativt høg pris på alkohol og avgrense tilgangen. Alkoholmisbruk har store kostnader både for enkeltmenneske, samfunn og arbeidsliv.

Mange barn slit fordi dei veks opp i familiar med rusproblem. Desse familiene må få spesiell hjelp. Å gripe tidleg inn overfor barn og familiene deira kan forhindre rusproblem og psykiske og sosiale vanskar. I denne samanhengen er det viktig å styrkje samarbeidet mellom barnehage, skule, helsesøster, politi og barnevern.

Det er viktig at alkoholdebuten blir utsett fordi vi veit at faren for å utvikle alkoholisme er større jo tidlegare debuten kjem. Seinare alkoholdebut gjev mindre misbruk og det er også mindre sjanse for at ein går over til narkotiske stoff. Det krev ein aktiv politikk for å skape rusfrie aktivitetsarenaer for ungdom, å halde aldersgrensene for sal av alkohol, ein haldningsskapande skule og gode førebilete. Dette ansvaret ligg både på samfunnet og enkeltmenneske.

KrF vil at det skal vere alkoholfrie soner og vil føre ein politikk som legg til rette for arenaer utan bruk av alkohol. Viktige alkoholfrie soner er aktivitetar for barn og unge, i trafikken, i arbeidslivet og i idrettssamanheng.

Utviklinga dei siste åra med eksperimentering med ulike former for partydop i stadig fleire miljø er uroande. Vi må gjennomføre tiltak som informasjon, bevisstgjerjing og nulltoleranse for bruk og oppbevaring.

Det overordna målet er å gjere det mogleg med eit liv i rusfridom for alle rusavhengige. KrF meiner at verkemiddel som held oppe eit rusmisbruk eller skapar ny avhengigheit, er lite heldige. KrF vil i staden satse på behandlingssansar som tar sikte på rusfridom. LAR-behandling gjev liten effekt utan eit fungerande rehabiliteringsopplegg. Vi må avvise bruk av heroin i behandling av narkotikamisbruk.

KrF ønskjer ei reform av ordninga med legemiddelassistert rehabilitering (LAR). Vi må gjeninnføre rusfridom som hovudmålsetjing i LAR, og LAR-programmet skal først nyttast når anna behandling over lengre tid har vist seg nyttelaus. I motsetnad til i dag må personar som blir med i LAR-programmet få eit reelt behandlingstilbod, eigna bustad og ein form for aktivitet med bakgrunn i eigne ressursar og interesser. Personar som kjem med i LAR-programmet bør vere på institusjon i 6 månader ved oppstart av programmet.

Samfunnet må sjå og respektere enkeltmennesket i rusomsorga. Det er vanskeleg å bli rusfri. KrF meiner samfunnet må ta vare på, hjelpe og støtte rusavhengige. Det må bli enklare å få tilbod om avrusing når behovet og motivasjonen er der. Mange rusavhengige mistar motivasjonen til å bli rusfri medan dei står i kø for å få behandling. Vi må også satse på ettervern for tidlegare rusavhengige gjennom tilrettelagde bustader, utdanning, arbeidstrening, familie og nettverk og fritidsaktivitetar. Rusavhengige er ulike og har ulike behandlingssansar. Vi treng derfor eit mangfaldig behandlingstilbod. Private og ideelle tilbod til rusavhengige er viktige og bidrar til at det samla tilbodet blir variert og betre tilrettelagd ut frå den enkelte sine behov. Desse rusinstitusjonane, som til dømes Blå Kors og Evangeliesentra, må sikrast gode statlege rammevilkår.

Rusomsorga treng ein forplikande, konkret og føreseieleg opptrappingsplan etter mønster av opptrappingsplanen i psykiatrien. Dagens rusplan er underfinansiert både i kommunane og i

helseføretaka. Effektane av opptrappingsplanen for psykisk helse blir utarma som følgje av dette ettersom ein forsøker å nytte dei same ressursane til å finansiere både psykiatri og rusbehandling.

KrF vil opne opp for meir bruk av frivillig tvang i rusomsorga. Det vil seie at brukarar som er motiverte for behandling kan signere på at dei aksepterer tvang når abstinensane kjem og dei er utsett for tilbakefall. Den maksimale lengda på behandlingsopphald som brukarar kan samtykke til frivillig tvang for, må forlengast frå 3 månader til 6 månader.

KrF vil

- at rusavhengige skal møtast med verdigheit. Det skal vere nok kapasitet på helsetilbod med låg terskel, og den rusavhengige skal få tilbod om bustad og arbeidstrening. Det er viktig at bustaden er tilpassa brukaren sine behov, og at han er utanfor rustunge område.
- auke løyvingane til forskning på ulike typar førebyggjande og behandlande tiltak for rusavhengige som er retta mot rusfridom.
- at offentlege og private ideelle institusjonar for rusomsorg skal likestillast når det gjeld økonomiske rammevilkår, soning på § 12 og krav til kvalitet.
- sikre ideelle tilbod for rusavhengige stabile rammevilkår, mellom anna gjennom samanhengande avtalar med det offentlege.
- at institusjonar som tilbyr medikamentfri behandling skal ha rett på økonomiske vilkår på lik linje med andre institusjonar.
- setje i verk ein forpliktande, konkret og føreseieleg opptrappingsplan for rusomsorga.
- at alle rusavhengige skal få tilbod om behandling innan 30 dagar.
- sørge for at det er nok behandlingsplassar som tar sikte på rusfridom.
- at polikliniske tilbod ikkje skal brukast som erstatning for langtidstilbod for å unngå fristbrot om pasienten treng langtidsbehandling. Vi treng framleis langtidsplassar i rusomsorga.
- at den enkelte brukaren i større grad skal kunne velje behandlingseinstitusjon sjølv.
- at institusjonane i større grad kan setje inn tiltak for å hindre rus på hus (rus på institusjonane).
- reformere behandlingsopplegget knytt til LAR med mellom anna eit forpliktande, heilskapleg, sosialfagleg opplegg og sterkare ettervern og rehabilitering.
- øyremerkje midlar til behandling og rehabilitering av sterkt hjelpetrengande rusavhengige innanfor løyvingane til rusfeltet. Tiltaka må målrettast betre og leggast til rette individuelt for at denne gruppa kan gjere seg nytte av behandlingstilbodet.
- at statlege midlar til behandling og oppfølging av rusavhengige bør gå til kommunen der den rusavhengige oppheld seg, og ikkje kommunen der personen er folkeregistrert.
- at medikamentfri behandling skal vere førstevallet i rusbehandlinga.
- gå mot utdeling av gratis heroin til rusavhengige.
- ha nulltoleranse overfor alle former for narkotikaomsetning. Vi må heve straffene for å innføre og selje narkotika i Noreg, sjølv små kvanta, for å avgrense mengda av narkotika som blir omsett.
- setje søkjelys på dei enorme kostnadene alkohol har for samfunnet, arbeidslivet og ikkje minst den enkelte.
- at utestader som bryt skjenkereglane, skal miste skjenkeløyvet i minst 3 månader, og at salsstader for alkohol som sel til mindreårige, skal miste salsløyvet i tre månader og i tillegg få bøter.
- endre alkohollova for å redusere maksimal skjenketid frå klokka 03.00 til 02.00.
- at politiet sine råd bør vege tungt når spørsmål om sals- og skjenkeløyve skal avgjerast.
- at alkohol på lik linje med tobakk må merkjast med informasjon om helsesisiko.
- krevje at alkohol i daglegvarebutikken blir flytta til eit eige avlukke fråskilt frå dei andre varene i butikken.
- leggje til rette for behandlingstilbod for heile familiar med rusproblem.
- ta initiativ til ei nasjonal haldningskampanje om problematikken arbeid og alkohol. Vi må styrkje AKAN⁸.
- sørge for at gravide får god informasjon om skaden alkoholinntak under svangerskap kan påføre barnet.
- at gravide rusavhengige må sikrast tettare oppfølging, og opprette eigne rusavvenningsinstitusjonar for dei.
- støtte frivillige lag og organisasjonar som driv opplysnings- og haldningsskapande rusarbeid.
- at rusfridom skal vere ein føresetnad for offentlig støtte til idrettsarrangement.
- halde oppe eit høgt avgiftsnivå på alkohol og tobakk.
- endre alkohollova slik at det ikkje blir mogleg å dumpe prisane på utestader.
- halde på Vinmonopolet som eit viktig alkoholpolitisk verkemiddel og sørge for at det er nok utsalsstader til at Vinmonopolet kan ha denne funksjonen.
- oppretthalde reklameforbodet for alkohol.
- gå gjennom tax free-systemet ut frå eit alkoholpolitisk perspektiv.

⁸ Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengighetsproblematikk.

- ikkje tillate pengespelautomatar på stader som skjenkar alkohol.
- ha sterkare tiltak mot smugling til Noreg gjennom betre kontrollmekanismer, som mellom anna fleire mobile skannarar og nok driftsmidlar til kontrollarbeid.
- ikkje tillate sprøyterom og andre tiltak som legaliserer misbruk av narkotiske stoff.
- styrkje ettervernet gjennom tettare oppfølging av den enkelte på det psykososiale planet, hjelp til å kome i arbeid eller utdanning, byggje nye nettverk og styrkje arbeidet med å etablere fleire bustader til rusavhengige.
- at norske fengsel skal vere rusfrie, og vil styrkje arbeidet med å avdekkje narkotikainnførsel inn i fengsla.
- at behandlingstilbodet for rusavhengige som sonar fengselsstraffer i ordinære fengsel må bli betre, mellom anna ved å etablere fleire rusmeistringseiningar i fengsla og gje tilbod om skulegang, butrening og rusmeistring i fleire fengsel enn i dag.
- sikre straffedømde rusavhengige som blir rusfrie i soningstida ettervern når dei er ferdige med å sone, gje dei ein eigen kontakt-/ressursperson og stille krav om at dei har jamleg kontakt med han.
- styrkje kompetansen i hjelpeapparatet, både i første- og andrelinjetenesta, gjennom grunnutdanning og vidareutdanning.
- styrkje samhandlinga på rusfeltet, slik at rusavhengige blir sikra samanhengande tenester frå avrusing til behandling og oppfølging i kommunane.
- at kommunane skal få tilført økonomiske midlar som sikrar fagleg god oppfølging av utskrivingsklare pasientar frå institusjonar innan rusomsorg og psykisk helsevern. (*Sjå også kapitlet «Helsepolitikk».*)
- auke medvitet om dobbeltdiagnosar rus/psykiatri og styrkje behandlingstilbodet til denne gruppa menneske.
- gje rett til institusjonsplass medan ein ventar på rusbehandling i spesialisthelsetenesta, slik at motivasjonen til behandling blir stimulert.
- styrkje informasjonen og det haldningsskapande arbeidet i skulen.
- at dei ulike offentlege helse-, forvaltnings- og behandlingssinstansane må forplikte seg på ein felles individuell plan for kvar av dei mest hjelpetrengande rusavhengige.
- at gravide rusavhengige som er ein del av LAR-programmet skal kunne tvangsinnleggjast i avrusingsinstitusjon på lik linje med andre rusavhengige, av omsyn til barnet.
- støtte etableringa av rusakuttar og døgnopne lågterskeltilbod som har varig behandling som målsetjing i dei største byane.
- auke bruken av alternative straffereaksjonar, som Narkotikaprogram med domstolskontroll, men at narkotikaprogrammet som hovudregel bør nytte behandling i døgninstitusjon framfor poliklinisk behandling.

Justispolitikk

Tryggleik er ein grunnleggjande faktor i kvardagen til alle menneske, og når det skjer lovbrøt skal samfunnet sørgje for rettferd. Rettsstaten og rettstryggleiken er berande prinsipp i eit fritt demokrati.

Førebygging, politi og beredskap

Det beste verktøyet mot kriminalitet er førebygging. KrF vil derfor satse offensivt på kriminalitetsførebyggjande tiltak, der samarbeid mellom ulike aktørar, som politi, familieane det gjeld, barnevern, konfliktråd, skular og kommune står sentralt.

Ei kriminell løpebane tar ofte til i barne- og ungdomsåra. KrF meiner det er viktig med gode fritidstilbod for barn og unge, og ønskjer auka offentleg støtte til frivillige organisasjonar som driv slikt arbeid. Dette har ein stor eigenverdi, men er også førebyggjande med tanke på rotløyse og kriminalitet. Ulike prosjekt retta direkte mot ungdom i faresona er også svært viktige. KrF ønskjer å støtte målretta tiltak for å fange opp unge med høg risiko for å bli involvert i kriminell verksemd. Frivillig oppsøkande arbeid i byane om nettene er også viktig, til dømes gjennom Natteravnane sitt arbeid. Synleg politi har ein klar førebyggjande effekt, og vi bør derfor ha god nok politidekning til at politiet blir synlege så vel i byar som i distrikta.

For å sikre nødvendig grensesetjing bør barnevernet få fleire verkemiddel overfor ungdom under den kriminelle lågaldere som utfører gjentatt alvorleg kriminalitet. Barnevernet opptre i slike samanhengar på vegne av føresette. Når ungdom er plassert i institusjon på grunn av åtferda si, bør barnevernet ha høve til å halde ungdommen tilbake med tvang, og til å føre kontroll med rusmisbruk og besøk i institusjonen.

Mykje kriminalitet er knytt til bruk og omsetjing av narkotika. Vi bør vise den enkelte rusavhengige til ein stad dei kan få hjelp og oppfølging, og i dette arbeidet er det svært viktig at tilboda om avrusing og rehabilitering er der den dagen det er nødvendig. Ope sal av narkotika i dei større byane fører til rekruttering til rusmiljøet, skapar utryggleik og bidrar til endå meir stigmatisering i befolkninga av dei rusavhengige som har det største hjelpebehovet. Politiet må derfor gripe inn overfor openlys narkotikaomsetjing og -bruk.

Politiet skal vere godt førebudde på beredskapsoppgåver. Sentralt i beredskapsarbeidet er utbygginga av naudnettet og eit nært samarbeid mellom dei sivile naudetatane og med Forsvaret.

KrF vil følgje opp målet om to polititenestemenn per 1000 innbyggjarar innan 2020. Politiet treng også eit løft på utstyrssida. Ikkje minst gjeld dette IKT-systema, men også når det gjeld bilar og anna polititstyr, finst det i dag for mykje utdatert og gammalt materiell.

Politiets tryggingsteneste (PST) har aukande oppgåver i samband med kriminalitet over landegrensene og overvaking mellom landa. PST treng auka ressursar for å kunne ta vare på landets interesser sett i lys av den veksande internasjonale kriminaliteten, framveksten av ekstremistiske miljø og behovet for overvakingstenester. Nye overvakingmetodar må vere underlagde domstolskontroll for å ta vare på personvernet på ein god måte. Så langt det er mogleg, skal tredjepart vere skjerna frå overvaking.

Offer for menneskehandel i Noreg må få vern og høve til eit nytt liv. Særleg mindreårige asylsøklarar er sårbare. Det er grunn til å tru at fleire av dei mange hundre barna som er forsvunne frå asylmottak, er eller har blitt offer for menneskehandel.

KrF vil

- styrkje kapasiteten til politiet og tilsetje fleire politifolk.
- at politi- og lensmannsetaten skal vere desentralisert og framleis vere eit nærpoliti.
- setje krav til responstid for politiet på utrykking til ulukker og meldte hendingar der det er fare for liv og helse.
- vidareføre ordninga med framskoten lagring av våpen i politibilar og ikkje innføre at politiet generelt ber våpen.
- prioritere politifaglege ressursar til politifaglege oppgåver og overlata andre oppgåver, som til dømes fangetransport og arrestforvaring til andre yrkesgrupper.
- styrkje politihelikopterdekninga.
- styrkje politiet sin kompetanse innanfor sjikane, truslar og annan kriminalitet som skjer gjennom nye digitale medium.

- styrkje politiet sin kompetanse i møte med psykisk sjuke.
- intensivere arbeidet med ei reform av straffesakssystema i politiet og sikre politiet gode og oppdaterte dataverktøy.
- leggje til rette for at SLT-modellen⁹ kan nyttast i endå fleire kommunar.
- auke politidekninga på utsette tider av døgnet ved aktiv bruk av turnusen til politiet og ved at politipatroljar som hovudregel er bemanna med ein betjent på dagtid og to betjenter på kveldane.
- styrkje politiet sine tiltak mot mobil vinningskriminalitet.
- avvise eit forbod mot tigging.

Kampen mot kriminalitet

Vald og overgrep

KrF meiner at etterforsking av valds- og seksuallovbrot alltid skal vere høgst prioritert av politiet. Innsatsen for å førebyggje og redusere talet på valdtektar må intensivast med verkemiddel som haldningsskapande arbeid, synleg politi, raskare og betre etterforsking og ein meir restriktiv skjeningepolitikk. Utuktssaker og familievald skal etterforskast, og vi må prioritere dei med ein frist på same måte som valdsaker. Det må vere eit krav at alle politimelde valdtektar skal etterforskast på ein skikkeleg måte, og alltid med avhør av den melde.

Dei fleste valdtektene skjer i private samanhengar og festar. Det er viktig at vi styrkjer seksualundervisinga i skulen gjennom eit tydelegare fokus på grensesetjing og respekt for andre sine grenser, og ei bevisstgjerung på korleis overdriven alkoholbruk kan gjere det vanskelegare å setje grenser for både seg sjølv og andre.

Dei seinare åra har talet på overfallsvaldtektar auka. Mellom dei som blir melde for denne typen valdtektar er menn med minoritetsbakgrunn overrepresenterte. KrF meiner vi må satse meir på førebygging i nært samarbeid mellom norske styresmakter og leiarar i innvandarmiljø. Obligatorisk undervising om valdtekt, kvinners rettar og normer må få større plass i introduksjonsprogrammet for nye innvandrarakar.

Kvinner som handelsvare

Kynisk pornoindustri og kriminelle bakmenn innan prostitusjon og trafficking har gjort mange kvinner til salsvare. Fleire menneske lever som slavar i dag enn nokon gong i historia. Offer for menneskehandel i Noreg må få vern og moglegheit til eit nytt liv.

Vi må motarbeide surrogatiindustrien slik at også denne forma for utnytting av kvinner tar slutt.

Internett har gitt svært enkel tilgang til pornografi på PC eller mobil. Påverknaden frå porno kan vere skadeleg for barn og ungdom som søker å etablere sin identitet og kan også skape uheldig avhengigheit hos vaksne. KrF vil påleggje mobiloperatørar og internettleverandørar å tilby foreldre og andre som ønskjer det, gratis filter som sperrar denne tilgangen.

Vald i nære relasjonar

Vald i nære relasjonar rammar ofte kvinner og barn. Det er eit samfunnsproblem og eit uakseptabelt maktspråk, ikkje ei privatsak, når vald og truslar om vald blir ein del av kvardagen. Kvinner og menn som blir utsette for vald i nære relasjonar må få tilbod om opphald på krisesenter og få ny identitet om det er nødvendig. Alle som treng det, må få tilgang på valdsalarm. KrF vil innføre ei ordning med såkalla «omvendt valdsalarm» i dei tilfella der det er hensiktsmessig. Vi må satse meir på forskning på valdsåtfærd og behandling av valdsutøvarar.

Vald i nære relasjonar er ein type kriminalitet som rammar ikkje berre den som direkte blir utsett for valden, men også barn og andre familiemedlemmar. Vald innanfor dei fire veggane i heimen skjer i ein samheng der ein nettopp skulle vere trygg, og skjer ofte over lang tid utan å bli oppdaga. Samfunnet har ei plikt til å avdekkje og stanse slike overgrep. KrF meiner vi bør lage ein eigen handlingsplan for barn som er blitt utsett for eller har vore vitne til vald, for at vi skal kunne ta vare på desse på ein god måte. Vi bør etablere familievaldskoordinatorar i kvart politidistrikt med berre familievaldsaker som arbeidsfelt.

⁹ SLT= Samordning av Lokale kriminalitetsføbyggjande Tiltak

Kvardagskriminalitet

Kriminalitet som rammar folk flest, som til dømes lommetjuveri, hytteinnbrot og skadeverk omhandlar kvar for seg ikkje nødvendigvis store verdiar, men rammar svært mange offer, medverkar til auka utryggleik og påfører samfunnet store kostnader. Paradoksalt nok blir mange slike lovbrøt lagde vekk av politiet systematisk på grunn av manglande sakshandsamingskapasitet, sjølv der gjerningspersonen er kjent. KrF meiner at det ikkje skal eksistere slike lovause rom i samfunnet og ønskjer ein nulltoleranse mot kvardagskriminalitet. Politiet sin praksis med å leggje bort slike saker er ikkje akseptabel. Politiet må få nok ressursar til å etterforske kvardagskriminalitet, og samtidig må tilgangen til å leggje bort straffesaker grunna manglande sakshandsamingskapasitet fjernast.

Organisert kriminalitet

Politiet må ha nok ressursar og etterforskningsmetodar til å avverje og etterforske organisert kriminalitet. Vi må auke straffenivået for organisert kriminalitet og tilpasse det til det nivået elles i Europa for å unngå at Noreg blir eit lukrativt land å vere kriminell i. Ein bør også arbeide med å få til auka bruk av soning i heimlandet i staden for i Noreg.

KrF vil

- at valdtekstmottak må vere tilgjengelege over heile landet og ha kompetanse til å sikre bevis.
- gje politiet utvida høve til videoovervaking av særleg utsette område, og sikre Datatilsynet nok ressursar til å kontrollere slik overvaking.
- at alle kommunar skal ha eigne handlingsplanar mot vald i nære relasjonar.
- ha god dekning av krisesenter og barnehus over heile landet.
- at valdsutøvarar som blir dømde for brot på besøksforbodet bør kunne dømast til å gå med elektronisk fotlenke i ein periode.
- ta prøvar og lagre DNA ved sikting etter dei same vilkåra og reglane som ved fotografering og registrering av fingeravtrykk.
- styrkje kapasiteten til politiet og Tollvesenet ved utsette grensestasjonar.
- at personar som blir dømde for ruspåverka køyring i alvorlege tilfelle kan bli dømde til å måtte installere alkoholås i bilen.
- etablere ein nettportal med informasjon og rettleiing til valdtektsoffer.
- at valdtektsoffer skal ha krav på gratis psykisk helsehjelp.
- at det blir sett i verk forskning retta inn mot omfanget av valdtekstmeldingar som blir lagde vekk.
- utvikle tilbod for systematisk handsaming av unge som forgrip seg, i tråd med tilrådinga frå Valdtekstutvalet.
- styrkje og sikre behandlingstilbodet for personar med valdeleg åtferd og seksualforstyrning.
- auke innsatsen for å hindre vald i nære relasjonar og satse på førebyggjande behandling for valdsutøvarar.
- sikre fullfinansiering av valdtekstmottak, krisesenter, incestsenter og ettervern for incestoffer.
- påleggje alle mobiloperatørar og nettleverandørar å tilby filter som sperrar pornografi på nettenester utan ekstra kostnader for kunden. Foreldre skal kunne velje eit slikt filter på mobiltelefonane til barna sine.
- intensivere arbeidet mot trafficking og hallikverksemd.
- at offer for trafficking skal få opphald i Noreg.
- føre vidare forbodet mot kjøp av seksuelle tenester.
- intensivere samarbeidet over landegrensene for å kjempe mot trafficking.
- ta initiativ til ein eigen handlingsplan som er spesielt retta mot barn som er offer for menneskehandel.
- styrkje politiet sin kompetanse og ressursar innanfor området menneskehandel og lovbrøt mot barn.
- utvikle eit eige spesialtilbod med spesialtrena personell i form av eit senter for barn som er offer for menneskehandel eller som har vore barnesoldatar.
- at det blir undervist i skulen ikkje berre om slaveriet som ein gong var, men at også det moderne slaveriet blir løfta inn i undervisinga.
- innføre 18. oktober som Antislaveridag i Noreg for å setje fokus på problemstillinga.

Straff og straffeprosess

Strafferammene og straffutmålinga må spegle kor alvorleg samfunnet ser på ulike typar kriminalitet. KrF vil heve straffenivået i valds- og utuktssaker, og forventar at domstolane følgjer opp Stortinget sine signal og at heile strafferamma blir brukt. Det er også viktig med tanke på den allmenne rettskjensla. I drapssaker og svært alvorlege overgrepssaker bør det vere mogleg å frådøme straffedømte retten til å busetje seg nær offeret eller dei etterlatne.

Gjennomført straff skal gje den dømte høve til å starte på nytt. For samfunnet og den enkelte forbrytaren er rehabilitering eit viktig føremål med ei straff. Ein føresetnad for at lovbrutarar skal leve eit kriminalitetsfritt liv etter enda soning, er at dei får høve til å bli inkluderte i samfunnet etter at straffa er ferdig sona. Utdanningstilbod i fengselet, tilbod om arbeid, praksisplass, bustad etter soning med tilhøyrande butrening og tilgangen til eit nettverk utanfor det kriminelle miljøet er avgjerande for å kome ut av ein kriminell livsstil. Samarbeid med frivillige organisasjonar i kriminalomsorga er verdifullt og gjev gode resultat. Det bør satsast på nye alternative straffereaksjonar. Barn med foreldre i fengsel må sikrast samvær på barnet sine premiss.

Mykje kriminalitet er knytt til omsetnad og bruk av narkotika. Samarbeidet mellom kriminalomsorga, psykiatrien og rusomsorga om behandling er derfor viktig. Vi må føre vidare bruken av alternative straffereaksjonar som narkotikaprogram med domstolskontroll, men narkotikaprogrammet bør i større grad nytte behandling i døgninstitusjon framfor poliklinisk behandling. Behandlingstilbodet for rusavhengige som sonar fengselsstraffer i ordinære fengsel må bli betre, og vi må etablere fleire rusmeistringseiningar. Unge rusavhengige som blir dømde til fengselsstraff bør få tilbod om raskare soning av straffa slik at eventuelle behandlingstilbod kan setjast i verk raskare.

Køane i straffesaksjeda er for store. Vi må redusere dei, mellom anna ved at vi må auke politiet sine ressursar til etterforskning og påtalearbeid parallelt med at vi styrkjer politiet sin operative kapasitet. Delen av tilståingsdommar¹⁰ bør aukast. KrF vil ha raskare straffegjennomføring og fjerne soningskøane. Det er spesielt viktig for førstegongskriminelle å sone straffa si kort tid etter at dommen er felt, for å gjere det mogleg for dei å starte eit nytt liv så raskt som mogleg.

Stillinga til offera og dei pårørande må bli tatt hand om under straffesakshandsaminga hos politiet og domstolen. Når gjerningspersonar er dømde til å betale erstatning til offeret, bør staten betale ut erstatninga på forskot og deretter krevje inn pengane frå gjerningspersonane. I samband med straffesaka må det vere mogleg å få ein konfrontasjonssamtale mellom offer/pårørande og gjerningsperson når offeret/pårørande ønskjer det. Arbeid for å betre barn og pårørande sine rettar, som mellom anna Stine Sofies Stiftelse driv, må få statsstøtte.

Vi må etablere avtalar med fleire land om fangeutveksling og soning i heimlandet, og det må førast kontroll med at fangane som sonar i heimlandet faktisk sonar straffa ferdig. Samtidig er det behov for å bygge fleire fengsel i Noreg for å ta hand om det aukande talet på varetektsfangar, og for å sikre at desse ikkje blir sitjande for lenge i politiarrest.

For å ta vare på rettstryggleiken er det viktig å sikre best mogleg dokumentasjon av bevis- og vitneføringa i rettssaker. KrF meiner derfor at vi bør innføre obligatorisk lydopptak av forklaringar frå hovudforhandlinga i tingretten i alle straffesaker. Det er viktig å sikre desse opptaka godt slik at dei ikkje kan kome på avvegar.

KrF ønskjer å styrkje ordninga med fri rettshjelp. Fri rettshjelp er ein viktig rettstryggleiksgaranti. Behovet for rettshjelp er stort, særleg for dei mest ressursvake gruppene i samfunnet. Samfunnet vårt blir stadig meir komplisert, og det kan vere vanskeleg å orientere seg om kva rettar ein har. KrF vil derfor ha ein gjennomgang av dagens ordning med fri rettshjelp.

KrF vil

- etablere fleire soningsinstitusjonar for straffedømte under 18 år som er særleg tilrettelagde og der dei ikkje sonar saman med vaksne for å hindre rekruttering til eit kriminelt miljø.
- at samfunnsstraffa blir endra frå å vere ein time for kvart tilsvarande fengselsdøgn som elles ville vore idømt, til tre arbeidstimar for kvart tilsvarande fengselsdøgn.
- fjerne høvet til prøvelauslating ved minstetid i forvaringsaker og innskjerpe permisjonsreglane.

¹⁰ Tilståingsdom, i straffesaker der den straffbare handlinga ikkje kan medføre fengsel i meir enn ti år, kan tingretten etter kravsmål frå påtalemakta avseie dom dersom den sikta overfor retten gjev ei tilståing utan atterhald. Det er eit vilkår at tilståinga blir styrkt av dei andre opplysningane i saka, og at den sikta sjølv samtykkjer i at tingretten feller dom i saka med forenkla handsaming. Rettargangen i ei slik sak er særers forenkla samanlikna med ei vanleg straffesak i tingretten. Kjelde: Store Norske Leksikon

- innføre ei ordning med skjerpa forvaring som inneber revurdering kvart tiande år i staden for kvart femte år ved særleg alvorlege lovbrøt.
- at personar som blir dømde til tvungent psykisk helsevern på grunn av sterk gjentakingsfare som utgangspunkt skal behandlast i heildøgnsinstitusjon som tar vare på samfunnsvernet.
- gå gjennom definisjonen av kven som er utilrekelege og bringe denne i samsvar med internasjonal praksis.
- at elektronisk fotlenke i hovudsak bør nyttast ved sluttfasen av soning og overvaking ved prøvelauslatingar.
- gjennomgå domstolsstrukturen og slå saman tingrettar i befolkningstette område.
- erstatte juryordninga i lagmannsretten med ein utvida meddomsrett, kor lekmannselementet framleis står sterkt.
- intensivere arbeidet for å hindre at narkotika blir tatt med inn i fengsla.
- at ordninga med forenkla førelegg bør utvidast til fleire typar straffbare forhold.
- at prøvelauslatne som bryt vilkåra ved ny kriminalitet med ein gong må tilbakeførast til fengselet for soning av resten av straffa.
- at straffedømde som ikkje har tilstått skal kunne dømast til å betale ein større del av omkostningane til det offentlege med straffesaka, inkludert forsvararutgiftene, enn kva som er tilfelle i dag.
- at ordninga med fri rettshjelp blir utvida til å gjelde fleire saksområde, og at fleire menneske som treng det skal omfattast av ordninga.
- styrkje kriminalomsorga sine høve for ettervern.
- oppheve foreldingsfristen for incest-, valdtekts- og drapssaker.
- ha tiltak som sikrar god offeromsorg, mellom anna ved å opprette eit eige senter som har god kompetanse på overgrep mot barn.
- ikkje innføre dødsstraff i Noreg.

Personvern

Eit sterkt personvern er ein viktig demokratisk verdi. Enkeltmennesket har rett på ein privat sfære som det sjølv kontrollerer, og skal ha fridom frå utilbørleg registrering og overvaking. Personvernet er ein viktig menneskerett som både sikrar omsynet til personleg integritet og privatliv, og som er viktig for å sikre felles gode. Svake vilkår for personvernet vil også avgrense ope meiningsutveksling og politisk aktivitet.

Vår digitale kvardag aukar presset mot personvernet. Dette krev at vi stiller strenge krav til lagring, bruk og vidareformidling av informasjon som blir innhenta elektronisk.

Overvaking gjer det lettare å avsløre kriminalitet og skape tryggleik, men kan også skade personvernet. Desse omsyna må vi alltid vurdere mot kvarandre.

KrF vil

- styrkje retten til privatliv, verna familieliv og privat korrespondanse.
- arbeide for å styrkje personvernet i lovverket og i det komande personverndirektivet.

Kunst og kultur

Kunst og kultur har ein eigenverdi og er grunnleggjande for livskvalitet og utvikling. Kultur er ei kjelde til kreativitet, opplevingar og kunnskap. Kulturen oppstår og lever i kraft av menneskeleg kreativitet og deira uttrykksbehov. Staten si oppgåve er å stimulere dette, ikkje styre det. KrF vil sikre eit mangfaldig, stimulerande og utfordrande kulturtilbod for heile befolkninga. KrF meiner kulturpolitikken må bidra til å styrkje både det profesjonelle og det frivillige kulturlivet.

Den kristne kulturarven er ein hjørnestein i den felles identiteten til nasjonen vår. I ei tid der endringar skjer raskt og påverknadene frå det internasjonale samfunnet er sterke, er det viktig å vidareføre dei tradisjonane og verdiane kulturen vår byggjer på. Ein levande kulturpolitikk må både bevare og fornye.

Mangfald

Skapande og utøvande kunst bidrar til å utvikle og utfordre enkeltmenneske og samfunn. Kulturpolitikken må leggje forholde til rette for eit breitt spekter av aktivitet, oppleving, erfaring og erkjenning. KrF vil gje kulturlivet rammevilkår for å utvikle seg, utfordre, fornye og bevare. Dette inneber også gode vilkår for aktive kunstnarar. Kunstnarar i etableringsfasen treng spesielle tiltak, både i form av økonomisk støtte og betre trygdeordningar.

Kunsten kjem innanfrå, og kulturuttrykk er uavhengig av menneske sine funksjonsnivå elles. Utviklingshemma sine kulturuttrykk må verdsettast og sikrast plass i det offentlege rommet.

Det er ei nasjonal oppgåve å sikre arenaer for så vel kulturuttrykka til minoriteter som andre «smale» kulturuttrykk som gjer det kulturelle mangfaldet i Noreg rikare. Samisk kultur og annan minoritetskultur må bli sikra vekst- og utviklingsmoglegheiter.

Barn og unge

Eit breitt kulturtilbod til barn og unge er viktig for å gje dei moglegheiter til oppleving, forståing og utvikling av eigne evner og uttrykk. Deltaking i kulturaktivitetar er ein viktig del av det å vere menneske, og det å oppdage ulike sider og dimensjonar ved det å vere menneske.

Dei kommunale kulturskulane er svært viktige for å styrkje kulturkompetansen hos barn og unge, for deira oppleving av kunst og kultur, og også for rekruttering av kulturutøvarar både til amatørfeltet og til det profesjonelle nivået. KrF meiner at alle som ønskjer det, skal ha moglegheit til å gå på kulturskule.

Kor og vokalmusikk

Kormusikken i Noreg har vore ein sentral del av kulturen vår dei siste 200 åra. Korrørsla er den største folkerørsla etter idretten. No er det på tide at korsangen får den rette plassen sin i norsk kulturpolitikk.

KrF vil gje eit løft for kora i Noreg. Korlivet har ikkje fått de løyvingane som er nødvendig for å vidareutvikle denne delen av den felles kulturhistoria vår. Vokalensemble og kormusikk har blitt hengjande etter, medan løyvingane til andre kulturformål har auka.

Vi må ta vare på og fornye den nasjonale verdien som ligg i korkunsten. KrF vil satse med tyngde på eksisterande kor, samtidig som det blir etablerert eit nytt profesjonelt kor.

Korps

Noreg har ein korpsstradisjon som er unik, men korpsrørsla opplever store utfordringar. Skulekorpsa slit med medlemsnedgang og kostnadene aukar. Derfor meiner KrF at vi treng ein eigen strategi med tiltak for å styrkje korpsrørsla. Blant anna bør vi styrkje støtteordninga til innkjøp av musikkinstrument, og gode musikklokale som er eigna til å øve i, bør bli sikra prioritet og kvalitet i offentlege planar og budsjett. Tilgangen på kvalifiserte dirigentar er ei utfordring mange stader, og vi må greie ut ei ordning med statleg dirigentstøtte. KrF ønskjer fullt momsfrtak for frivillige organisasjonar, og dette vil også vere eit viktig tiltak som kjem korpsa til gode.

Film

Det er viktig å sikre eit godt og mangfaldig filmtilbod med forankring i norsk kultur, språk og historie. Særleg viktig er det å sikre barn og unge tilgang til film og andre produksjonar av høg kvalitet. Det må dessutan bli lagt til rette for vidareutvikling og styrking av dei regionale produksjonsmiljøa.

Språk

Språk er sterkt knytt til menneske sin identitet og tilhørsle. KrF meiner det er viktig å styrkje og ta vare på det norske språket. I eit opnare internasjonalt samfunn blir dei nasjonale språka våre sett under press. KrF vil verne og styrkje norsk språk generelt og nynorsk skriftkultur spesielt. KrF vil leggje til rette for at nynorsk kan sikre og styrkje posisjonen sin, som eit levande bruksspråk så vel som eit likeverdig offisielt skriftspråk ved sidan av bokmål.

For meir om blant anna samisk og kvensk språk, sjå kapittelet «Urfolk og nasjonale minoritetar».

Opera, ballett og teater

KrF vil gje Den Norske Opera & Ballett rammer som gjer det mogleg å vere eit opera- og balletthus på høgt internasjonalt nivå. Det er ei statleg oppgåve å sikre at Noreg har eit flaggskip innan opera og ballett, og eit miljø som også kan vere ei referanseramme for opera- og dansemiljø elles i landet. Det var ein føresetnad i Bjørvika-vedtaket at distriktsoperaene skal styrkjast parallelt med satsinga på Den Norske Opera & Ballett. Løyvingane til distriktsoperaene står ikkje i stil med forventningane, og KrF vil gje distriktsoperaene eit løft.

KrF ønskjer eit mangfaldig teatertilbod. De store institusjonsteatera og regionale teater skal sikrast gode rammevilkår, samtidig som ein større del av støtta bør gå til dei frie gruppene.

Kulturberarar

Internett gjev auka tilgang til underhaldning, kultur og kunnskap. Samtidig kan utstrakt tilgjengeleggjing og kopiering undergrave inntektsgrunnlaget til kunstnarane. KrF vil arbeide for å sikre gode løysingar som tar hand om rettane til kunstnarar og andre opphavspersonar ved digital bruk.

Vi må stimulere mangfaldet i kulturlivet gjennom eit spleiselag mellom offentlege tilskotsordningar, eigeninnsats og inntekter ved framføring. Lokale og regionale orkester må bli gjevne økonomisk støtte til drift.

Frivillig arbeid er svært viktig også innanfor kulturfeltet. I tillegg til dei tradisjonelle, frivillige organisasjonane har det vakse fram ei rekkje lokale og regionale kulturtiltak som i stor grad er basert på frivillig innsats. Mange ulike festivalar og historiske spel utgjer verdifulle møteplassar mellom frivillige og profesjonelle verksemder, og mellom lokal, nasjonal og internasjonal kultur. KrF ønskjer ei særleg styrking av det frivillige kulturarbeidet.

Kulturhusa rundt om i landet gjev moglegheit til å tilby større oppsetjingar. Staten må stimulere til samordning av slike satsingar innanfor regionane og bidra til at det blir bygd opp arrangementskapasitet.

Kyrkja er ein viktig arena for kunst og kultur. Det er ei offentlig oppgåve å sikre at den historiske kunsten blir forvalta godt, og vi må leggje til rette for utvikling av nye kunstuttrykk. I fleire hundre år har kyrkja vore ein viktig forvaltar av den felles kulturarven vår, og det blir utvikla stadig nye uttrykk, ikkje minst innan kyrkjemusikken. KrF vil styrkje kyrkjemusikkfestivalar og kyrkja som kulturarena.

Kulturminne

Museumsfeltet er sentralt når det gjeld bevaring og formidling av historia og arven vår. Det er særleg viktig med gode og engasjerande formidlingsopplegg retta mot barn og unge. KrF vil ha ei sterkare og meir systematisk satsing på istandsetjing og vedlikehald av kulturminne. Samhandling med kommunane og fylkeskommunane er viktig for å verne kulturarven i landet.

KrF vil også ha ei sterkare satsing på skatte- og avgiftsinsentiv overfor private eigarar av freda og bevaringsregulerte kulturminne, slik at man på den måten understøtter det nødvendige, jamlege vedlikehaldet av dei mest sentrale kulturminna våre.

Arkiva representerer eit kollektivt samfunnsminne og er viktige kjelder til forståing av den felles historia og kulturen vår. KrF vil styrkje både dei private og dei offentlege arkiva.

Kyrkjebygg som kulturminne

Mange eldre kyrkjebygg er viktige kulturelle minnesmerke og stiller særskilde krav til vedlikehald. Staten må ta ansvar for vedlikehaldet av alle mellomalderkyrkjer, og vi bør utvide kulturminnefondet slik at det også kan omfatte heile spekteret av eldre kyrkjebygg.

Levande kultur

Den immaterielle kulturarven som overlevering av til dømes folkeminne, handverkstradisjonar og formidling av tradisjonar bør bli verdsett enda sterkare.

Musikk og andre kulturuttrykk er eit universelt språk som vi også i større grad må bruke og verdsetje for å bli kjent med innvandrarak og deira tradisjonar. KrF vil ha ei satsing på kulturbasert integrering.

Bøker

Biblioteka er viktige kunnskapsbaser og ei kjelde til aktivitet og oppleving for den enkelte. KrF vil styrkje og vidareutvikle biblioteksektoren, og meiner biblioteka skal tilby eit breitt spekter av tenester. Biblioteka sine digitale verktøy og tilbod må vidareutviklast ved blant anna at Nasjonalbiblioteket legg til rette for utlån av e-bøker på folkebiblioteka. Vi må bruke skulebiblioteka aktivt i formidling av litteratur til barn og unge, og som ein inngangsport til bibliotekenesta.

Bokbransjen er ein svært viktig formidlar av både kunnskap og kunstnarlege opplevingar. KrF vil gje bokbransjen vilkår som sikrar ei sunn utvikling for heile bransjen, samtidig som usunn maktkonsentrasjon på eigarsida blir motarbeidd.

KrF vil

- sikre kunstnarleg fridom frå politisk styring og eit mangfaldig kulturliv.
- styrkje kulturskulane som eit tilbod til alle som ønskjer det, og auke midlane til pedagogisk utvikling. Kulturskulen er viktig både som breiddetilbod og for utvikling av spesielle talent.
- sikre formidlinga av kulturuttrykk som ikkje har eit kommersielt potensial.
- styrkje musikkensemble, band, orkester og festivalar over heile landet.
- styrkje og leggje til rette for lågterskel musikktilbod for ungdom, som til dømes tilbod om opplæring og utøving via fritidsklubbar og andre tilbod i regi av frivillige organisasjonar.
- leggje til rette for ei framleis brei og aktiv korpsrørsl gjenom betre øvingslokale og støtteordningar.
- verne opphavsretten.
- sikre det frivillige kulturlivet gjennom ein systematisk budsjettauke som sikrar frivilligheita ein større del av tilskota til utøving, utvikling og opplæring.
- doble tildelingsramma til Norsk Kulturminnefond.
- ha ein betydeleg auke av tilskotsmidlane til Riksantikvaren.
- etablere betre støtteordningar for vedlikehald av verna private bygg og innføre endringar i skattesystemet som er til gagn for private eigarar av freda og bevaringsregulerte kulturminne.
- styrkje finansieringsordningane for å ta vare på kyrkjebygga, og at staten skal overta vedlikehaldsansvaret for alle mellomalderkyrkjer.
- at staten må ta kostnadene ved kartlegging/utgraving av fornminne.
- verne og styrkje norsk språk generelt og nynorsk skriftkultur spesielt.
- auke satsinga på kulturbasert næringsutvikling.
- at Kyrkerådet skal få støtte til kultursatsinga si.
- sikre midlar til pilegrimsleier og gamle ferdselsvegar.
- innføre ei skattefritaksordning for bedrifter si avsetjing av midlar til kulturformål.
- føre ein politikk på spel- og lotteriområdet som hindrar speleavhengigheit.
- styrkje arrangementskompetansen i distrikta, slik at dei kan ta imot større oppsetjingar.
- styrkje og vidareutvikle tilbod som fører kulturuttrykk ut der folk er, som «Den kulturelle skulesekken» og «Den kulturelle spaserstokken».
- styrkje og vidareutvikle ordningar som gjev auka kvalitet og aktivitet i kor og vokalensemble.
- styrkje dei profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonane.
- utvikle eit nytt profesjonelt kor som skal ha institusjonelle føresetnader til å drive stabil kunstnarleg verksemd på linje med dei profesjonelle orkestra.
- sikre at utøvande kormusikk får ein naturleg plass i den internasjonale kultursatsinga.
- styrkje den kunstnarlege verksemda ved regions- og distriktsoperaene og Den Norske Opera & Ballett.
- sikre eit breitt spekter av teaterinstitusjonar og scenegrupper.
- gje statleg støtte til etablering av eit nytt Munch-museum.

Idrett

KrF ønskjer å gje fleire barn, ungdom og vaksne eit betre idrettstilbod. KrF vil stimulere det frivillige engasjementet og leggje til rette for breidde og mangfald i norsk idrett.

Idretten er den største folkerørsla i Noreg med over 2 millionar medlemmar i over 12 000 idrettslag. Idretten samlar barn, unge og vaksne til positiv livsutfalding i ulike aktivitetar. KrF vil leggje til rette for at flest mogleg kan delta aktivt. Idretten er ein viktig del av satsinga på frivilligheit.

Idrettsaktivitet er viktig for idrettens eigen skuld for livsglede, gode fellesopplevingar og aktivitetsutfalding og for å fremje god helse i befolkninga. Fysisk aktivitet er ei kjelde til helse og livskvalitet. Vi må leggje til rette for positive erfaringar med fysisk aktivitet i barnehage og skule. Det kan leggje grunnlaget for å halde fram med idrett og aktivt friluftsliv – både organisert og uorganisert, til dømes gjennom ei økt satsing på opplegg som «Den fysiske skulesekken».

KrF er opptatt av å skape gode rammevilkår for idretten. KrF meiner at tilgangen til idrettsanlegg skal vere god over heile landet og at anlegg som har kapasitet til ymse internasjonale idrettsarrangement bør leggast til ulike delar av landet.

Idrettsanlegg

Det er store skilnader på anleggssituasjonen i landet, og etterslepet er for stort. KrF vil ha ein gjennomgang av ordninga med statlege tilskotsmidlar til idrettsanlegg for å rette opp noe av dette etterslepet.

Nærmiljøanlegg er av særleg verdi for barn og unge i mange lokalsamfunn, og alle nye idrettsanlegg som blir bygd, skal vere tilrettelagde for aktivitet på dag- og kveldstid. For å stimulere til økt fysisk aktivitet i skulen er det ein klar fordel om vi klarer å leggje fleire idrettsanlegg i nærleiken av skular. KrF vil greie ut ei ordning der idrettsanlegg som får spelemidlar skal få ein viss pott i samanheng med investeringsbeløp via eit vedlikehaldsfond som blir oppretta for utbetaling kvart femte år. Dei statlege tilskota må vere langsiktige og føreseielege. KrF går inn for fullt momsfratak for idrettsanlegg som er bygde av idrettslag.

Idrett for alle

Aktivering og gleda ved å mestre, røre på seg, konkurrere og prestere er grunnleggjande i arbeidet med idrett for menneske med nedsett funksjonsevne. Integrering av folk med nedsett funksjonsevne er lagt til dei respektive særforbunda, men det må bli lagt til rette for tilpassa aktivitetar for barn, unge og vaksne i deira nærmiljø. Det er også behov for formidling av aktivitetshjelpemiddel for aktiv deltaking, og også formidling av kunnskap om gode praktiske løysingar. KrF vil motverke at nokon blir sette utanfor, ikkje får delta og ikkje finn arenaer for utfalding og utvikling slik dei burde.

Gjennom tilskotsordningane må idretten bli stimulert til å innlemme ulike grupper i sine aktivitetar. Særleg viktig er det at innvandarmiljø blir inkludert i lokalmiljøet gjennom idrettsarbeidet.

Symjing

Altfor mange barn i Noreg kan ikkje symje. Ikkje berre er symjing god trening, og derfor viktig i eit allment folkehelseperspektiv, men tilstrekkeleg symjeopplæring kan også redde enkeltmenneske sine liv. KrF meiner det er viktig å leggje til rette for at alle norske barn lærer å symje, og derfor er det nødvendig med tilstrekkeleg kapasitet på symjebasseng i tilknytning til skoler rundt om i landet. For å fremje folkehelsa også for vaksne er folkebad og andre badeanlegg som kan nyttast utanom skuletida viktige.

Fysisk aktivitet

Idretten styrkjer folkehelsa. Idretten skal ikkje få ansvaret for folkehelsearbeidet i kommunane, men det er viktig å leggje til rette for at kompetanse og engasjement som finst i idrettslaga kan bli tatt i bruk til dømes i skulen. Vi må satse meir på fysisk aktivitet i skulen. Det er viktig at alle elevane blir inkludert i desse aktivitetane.

Doping

KrF vil støtte arbeidet for ein dopingfri idrett både i den organiserte og den uorganiserte idretten. KrF meiner at bruk av doping må vere forboden. Eit forbod bør også inkludere bruk av anabole steroid utanfor den organiserte idretten.

KrF vil

- leggje til rette for meir fysisk aktivitet i skulen.
- gje frivillige organisasjonar, medrekna idrettslag, fullstendig fritak for moms.
- setje i verk ulike stimuleringstiltak for å støtte idretten sitt arbeid med å innlemme ulike grupper med spesielle behov i idretten, til dømes menneske med nedsett funksjonsevne.
- støtte idretten sitt arbeid med å etablere og utvikle idretts- og aktivitetstiltak retta mot innvandrarbarn, særleg jenter, og auke deltakinga frå innvandrarforeldre.
- jobbe for at det blir nulltoleranse for diskriminering og trakassering uansett kjønn, etnisk bakgrunn, funksjonsevne, livssyn eller seksuell orientering.
- at idretten og idrettsarenaer, inkludert tribuner/tilskodarplassar, skal vere alkoholfrie soner.
- styrkje arbeidet mot doping.
- styrkje samarbeidet mellom skule og frivillig idrettsarbeid, og prøve ut samarbeid mellom SFO og idrettslag der dette er ønskeleg og praktisk mogleg å få til.
- satse aktivt på utbygging av lokale idrettsanlegg, og lette tilgangen til bruk av kommunale og fylkeskommunale anlegg.
- at alle kommunar skal ha tilfredsstillande tilbod til symjeopplæring.
- la enkle aktivitetshallar som krev minimalt av investerings- og driftsutgifter kome inn under tilskotsordninga.
- arbeide for å redusere etterslepet på spelemidlar til idrettsanlegg.
- greie ut ei ordning der det for kvart idrettsanlegg som blir bygd, blir sett av høveleg med midlar til vedlikehaldskostnader i eit fond, som kan kome til utbetaling når anlegg må rustast opp.
- arbeide for eit breiddeanleggsloft i dei store byane gjennom auka utbyggingstakt, særleg med tanke på nærmiljøanlegg og ballbingar.
- innføre momsfritak for idrettsanlegg bygde av idrettslag.
- at breiddeidretten framleis skal vere prioritert i statleg idrettspolitik.

Mediepolitikk

Reell ytringsfridom og ei fri og uavhengig presse er føresetnaden for eit sunt demokrati og ein levande samfunnsdebatt.

Media sine tradisjonelle finansieringsmodellar er under press. Frå å ha ein mediemarknad der papiraviser med ulike politiske grunnsyn konkurrerte mot kvarandre, har globalisering og digitalisering skapt ein heilt ny marknadssituasjon. Mediemarknaden som i stor grad har vore verna av språk og nasjonale grenser er no globalisert, og norske medieaktørar møter internasjonal konkurranse – både i kampen om borgarane si tid og pengane deira. I dette biletet er det svært viktig med gode rammevilkår for nasjonale medieselskap som har ambisjonar om å levere kvalitetsjournalistikk.

Lokalmedia er viktige kulturberarar som medverkar til levande lokalsamfunn og sørgjer for at breidda av synspunkt kjem fram i det offentlege ordskiftet. Dei riksdekkjande, regionale og lokale media spelar saman og gjev breidde i samfunnsdebatten.

KrF vil ha ein gjennomgang av pressestøtta med sikte på å tilpasse henne til ein endra mediekvardag. Innrettinga av pressestøtta må ikkje fungere som eit hinder for at mediehusa gjer overgangar frå analoge til digitale plattformer. Vi må gå gjennom momsregimet for aviser og blad med sikte på at produkt som kan samanliknast skal ha same momsreglar.

Mediemangfald er viktig for å ta vare på demokratiske, kulturelle og språklege verdiar. Framveksten av digital formidling har gjort det meir krevjande å hindre usunn maktkonsentrasjon gjennom reguleringar. KrF ønskjer ei ny regulering av medieeigarskap som er tilpassa den moderne medierøynda.

NRK si allmennkringkastarrolle inneber at institusjonen skal leggje vekt på kvalitet, kulturelt mangfald og tilbod til alle aldersgrupper. KrF vil vidareføre NRK si allmennkringkastarrolle og ønskjer ikkje meir reklamefinansiering av NRK. Vi må halde oppe kravet vi har i dag om ein viss del nynorsk i NRK.

Vi må digitalisere radionettet snarast mogleg for å sikre alle i Noreg tilgang til dei fleste kanalane og eit variert radiotilbod. KrF vil sleppe til eit mangfald av aktørar i radio, både NRK, kommersielle medieaktørar og organisasjonar.

Vasskiljeprinsippet

Vasskiljeprinsippet er nemninga på reglane som seier at innhald som kan vere skadeleg for barn og unge under 18 år må sendast etter klokka 21.00. KrF meiner at dette er eit godt prinsipp som bør gjelde både i TV og radio.

Internett

Auka bruk av Internett endrar mediebiletet, og har mellom anna ført til eit dramatisk opplagsfall for tradisjonelle papiraviser. Lik tilgang på informasjon er viktig. Det understrekar behovet for breibandsdekning i heile landet. For å unngå diskriminering må vi også ta omsyn til alle som av ulike årsaker ikkje bruker datamaskin og Internett.

Den auka tilgangen til og bruken av Internett fører til at innhald som dei tradisjonelle media ville ha stansa, blir tilgjengeleg via nettet. Arbeidet med å avklare redaktøransvaret for nettinnehald må intensiverast. Politiet må få ressursar til å kunne følgje opp lovbrøt som skjer på Internett. Vi må stille krav til innehavarar av nettsider om at det finst ein lett tilgjengeleg «meldeknapp» for rapportering av lovbrøt på nett. Vi må prioritere opplæring og haldningsdanning for gode nettvannar og nettverk i skulen som ei utfordring både til elevar, lærarar og foreldre. Mobiloperatørar og internettleverandørar må påleggjast å tilby gratis filter som sperrar tilgangen til pornografi.

Universell utforming

Målet om eit universelt utforma samfunn i 2025 set store krav til mediepolitikken. Vi må ta hand om dei behova som lesehemma (dyslektikarar), synshemma, hørselshemma og fargeblinde har. Talegjenkjenningsteknologi må nyttast i større grad enn i dag. Alle norskproduserte filmar som får statleg støtte skal vere tilgjengelege i teksta versjon.

KrF vil

- vidareføre pressestøtta for å sikre ein rik flora av både papiraviser og nettaviser – som blir utgjevne både nasjonalt, regionalt og lokalt.
- intensivere arbeidet med å avklare redaktøransvaret for nettinnehald.
- sikre nasjonale medieselskap gode rammevilkår i møte med den globale mediekonkurransen.
- sørge for ei ny regulering av medieeigarskap som er tilpassa den moderne medierøynda.
- framleis ha forbod mot reklame retta mot barn.
- ikkje opne for politisk TV-reklame.
- gjennom internasjonale politiske organ arbeide for forbod mot TV-reklame for spel som til dømes nettpoker og bingo på nett for å avgrense speleavhengigheit.
- styrkje rettane til personar som opplever mobbing og stigmatisering på nettet, til dømes gjennom sosiale medium.
- utarbeide ein handlingsplan for nettvett i skulen.
- at organisasjonar som «slettmeg.no», «Barnevakten» og liknande må få økonomisk støtte.
- styrkje politiet sitt arbeid med nettovervaking og moglegheitene til å følgje opp lovbrøt på nettet.
- halde oppe bruken av nynorsk i media.

Religion, livssyn og trusfridom

Eit godt samfunn har rom for heile mennesket, med den religiøse identiteten og det livssynet kvar enkelt har. Eit slikt samfunn prøver ikkje å presse religionen ut av det offentlege rom, men strekkjer seg langt for å la menneske utøve trua si. Eit slikt samfunn verdset det trua tyder for enkeltmenneske og religionen for samfunnet.

Kulturtradisjon og trusopplæring

Utviklinga i samfunnet blir mellom anna påverka av enkeltmenneska sin religion. Samtidig fører nærværet av religion til etisk refleksjon hos enkeltmenneske. I Noreg har vi ein tusenårig kristen kulturtradisjon. Kristne og humanistiske verdiar har lege til grunn for utforminga av det samfunnet vi lever i, og denne historiske plattformen for samfunnet vårt må vi føre vidare og verdsetje. Samtidig har vi eit meir mangfaldig samfunn i dag enn nokon gong tidlegare. Å gje plass til det mangfaldet føreset at vi ikkje hindrar skilnadene å vere synlege, men heller gjer det mogleg for menneske å kjenne røtene sine og vite korleis kulturen vår er forma. På den måten kan vi stå støtt og trygt i møte med det ukjente og med kvarandre. Også for første- og andregenerasjons nordmenn er det nødvendig å få kompetanse på å forstå det samfunnet vi lever i. For å få til det må religionsundervisinga på skulen ha stor vekt på kristendommen, som på ein unik måte har forma historia og samfunnet vårt. Trussamfunna må få nok midlar til å drive med trusopplæring, og skulen må ta formålsparagrafen aktivt i bruk.

Trusfridom og trussamfunna sitt sjølvstende

Religions- og livssynsfridom er ein grunnleggjande menneskerett og må liggje til grunn for religions- og livssynspolitikken. Reell trusfridom føreset at samfunnet er ope for og gjev trussamfunna gode rammevilkår. Dette gjeld høve til å byggje sine gudshus, utøve si tru, og bruke religiøse symbol slik det er naturleg for den enkelte. Trus- og livssynssamfunn skal ha rett til å organisere seg ut frå sine eigne premiss, og rett til å velje sine leiarar fritt. Minoritetar skal ikkje ha mindre rom for si tru og sitt livssyn enn majoriteten. Det inneber at minoritetar nokre gongar må kunne kompensere for at dei fleste ordningane er forma for å passe majoriteten. Dette gjeld til dømes å få feire sine høgtider og tilgang på religiøst akseptabel mat.

I den siste fasen av livet eller ved bråe kriser ønskjer mange pasientar og pårørande å samtale med ein religiøs leiar eller mentor. Mange sjukeheimar og sjukehus manglar rutinar for kontakt med slike representantar frå andre trussamfunn enn Den norske kyrkja. Det bør etablerast eit nettverk slik at institusjonane enkelt kan få kontakt med religiøse leiarar når pasienten bed om det. Vi bør også sikre gode strukturar i kommunal beredskap for kontakt med representantar for trus- og livssynssamfunn i kriser når det er behov for kontakt med pårørande.

Retten til å utøve trua si omfattar også retten og høvet til å byggje eller leige forsamlingslokale. Vi må halde på og styrkje støtteordningane til private kyrkjebygg og forsamlingslokale og supplere med støtte til leige av lokale. Trussamfunna må omfattast av ei ordning med momsfritak for frivillige organisasjonar.

Den norske kyrkja

Den norske kyrkja har etter kyrkjeforliket framleis ei spesiell stilling og rolle i det norske samfunnet. Ho må derfor få ressursar som gjer at ho kan vere til stades i heile landet, utføre kyrkja sitt oppdrag og gje menneske gode tenester i alle livssituasjonar.

Trusopplæringsreforma er den viktigaste kyrkjelege reforma i nyare tid. Reforma har fornya folkekyrkja og har gjeve gode tilbod til breidda av folkekyrkja sine medlemmar. Det er avgjerande at alle kyrkjelydane får del i dette. Derfor må staten sikre at trusopplæringsreforma blir fullt ut gjennomført og at løyvinga blir trappa opp endå meir.

For at Den norske kyrkja skal halde fram med å vere ei landsomfattande folkekyrkje, er vi avhengig av ei prestateneste i alle lokalsamfunn. Derfor er det viktig å sikre nok prestestillingar.

Veldig mange av kyrkjene våre er prega av manglande vedlikehald og sikring og er i svært dårleg stand. Samtidig er kyrkja eit av lokalsamfunna sine viktigaste samlingspunkt. Trass i kommunane sitt klare ansvar for å halde kyrkjene ved like, meiner vi kyrkjene representerer så store nasjonale verdiar at det er nødvendig med eit statleg løft for å setje i stand freda og verneverdige kyrkjer.

Kyrkja si organisering og økonomi skal bli utreda vidare, og KrF vil leggje stor vekt på kva kyrkja sine eigne organ tilrår. KrF sitt utgangspunkt er at Den norske kyrkja er eit trussamfunn, og at staten ikkje skal bestemme over indre saker.

KrF vil

- sikre alle reell trus- og religionsfridom.
- leggje til rette for dialog mellom menneske som høyrer til ulike religionar og livssyn gjennom økonomisk støtte til paraplyorganisasjonar for trussamfunna.
- sikre alle trussamfunn rett til å bestemme i lærespørsmål og tilsetjingar.
- sikre alle elevar rett til å starte og drive elevstyrte livssynsbaserte aktivitetar som til dømes skulelag.
- at skulen skal gje elevane forståing og respekt for sin eigen og andre sin religiøse bakgrunn, mellom anna ved at RLE blir obligatorisk fag i lærarutdanninga.
- ha ei fullfinansiering av trusopplæringsreforma og sikre at små kyrkjelydar og trussamfunn får ein stor nok del av midlane.
- at RLE-undervisinga si vektlegging av ulike religionar skal ta omsyn både til dei ulike religionane si utbreiing i det norske folket som heilskap og lokalt i klassa. Minst halvparten av undervisinga skal vere om kristendom, og vi vil endre namnet til KRLE (Kristendom, religion, livssynskunnskap og etikk).
- sikre Den norske kyrkja full råderett i trus- og tilsetjingsspørsmål. Den norske kyrkja bør vere eit eige rettssubjekt, og på sikt bør statskyrkjeordninga opphevast. Ei framtidig kyrkjelov må vere ei kortfatta rammelov som sikrar at kyrkja sjølv bestemmer si indre organisering.
- sikre Den norske kyrkja sin handlefridom gjennom ei rammelov for Den norske kyrkja som gjer det mogleg for kyrkja å organisere sitt indre liv gjennom sine egne organ. Ei framtidig kyrkjeordning må omfatte ei finansieringsordning som sikrar kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn likeverdig finansiering.
- vidareføre ordninga med at Den norske kyrkja har ansvaret for gravferdsforvaltninga.
- ha finansieringsordningar som likestiller Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn.
- sikre trussamfunn med vigselfrett sin rett til å framleis ikkje måtte vie i strid med si lære.
- sikre retten til å uttrykkje tru gjennom bruk av religiøse symbol, smykke eller plagg i det offentlege rommet. Det må vere unntak for politiet sine uniformer og for fagdommarar i retten. På arbeidsplassar og skular skal det ikkje vere ein rett til å bruke plagg som skjuler identiteten. Ein må kunne finne lokale løysingar om plagg ikkje er til hinder for å lære, ta del eller å løyse arbeidsoppgåver.
- at alle trussamfunn skal ha rett til å byggje tilstrekkeleg mange gudshus.
- halde oppe tilskotsordninga til private kyrkjebygg og vurdere om løyvingane til ordninga er tilstrekkelege med tanke på at kostnadene ved å byggje har auka dei seinare åra.
- utvide retten til ulønt permisjon på heilagdagane for religiøse minoritetar frå to til fire dagar årleg.
- at institusjonar som sjukeheimar, fengsel og sjukehus så langt det er mogleg skal servere mat som er akseptabel for religiøse minoritetar, og leggje til rette for samtalar med representantar for trus- og livssynssamfunn.
- framleis tillate omskjering av guttebarn i Noreg, og leggje til rette for at dette kan skje på ein forsvarleg måte.
- at det jødiske miljøet i Oslo og i Trondheim og andre trussamfunn som opplever truslar skal få økonomisk støtte for sikringstiltak og vakthald i dei periodane det er nødvendig.
- ikkje stille krav om fem års høgare utdanning for å gje arbeidstillating for religiøse leiarar.
- vidareføre teologi som universitetsfag og opne for ikkje-kristne former for teologi om det er behov for det.

Det sivile samfunnet

Det finst ein tredje veg i den norske velferdsdebatten om lågare skattar eller meir stat: Det sivile samfunnet bygd opp av frivilligheit og ideell sektor. Frivillige og ideelle organisasjonar byggjer tillit mellom menneske, motiverer til innsats, mobiliserer skaparkraft og omsorg og representerer tradisjonar og kunnskap som utgjer den tredje vegen i samfunnet mellom stat og marknad.

KrF vil leggje til rette for vi skal kunne byggje det sivile samfunnet opp nedanfrå og at det kan utvikle seg på eigne premisser. KrF meiner dette er undervurdert i den norske samfunnsdebatten og at det gjennom det sivile samfunnet oppstår behov som løysast av og mellom enkeltmenneske. KrF vil ha fleire tiltak for å stimulere og leggje til rette for at ideell sektor kan spele ei større rolle i velferdssamfunnet.

Det sivile samfunnet la grunnlaget for den norske velstanden og velferda. Ikkje noko tiltak eller system kan erstatte den tryggleiken og velferda som finst i eit samfunn der folk stolar på kvarandre. Det å ha høg tillit til at menneska rundt oss medverkar med sin del av jobben for å ta vare på fellesskapet gjer at vi sjølve har meir lyst til å medverke også. Å ta vare på tilliten i det norske samfunnet skjer ikkje automatisk. Det skjer gjennom at vi møter kvarandre på ulike arenaer og erfarer at sjølv dei som er ganske annleis enn oss sjølve som oftast er verd å stole på. Ein slik tillit kan vi halde på gjennom eit sterkt sivilsamfunn, eit sjølvstendig kulturliv og små skilnader.

Ideelle aktørar innan helse- og omsorgssektorane må få gode rammevilkår for at dei ikkje skal bli borte frå det norske samfunnet. I dag blir dei ideelle aktørane skvisa mellom på den eine sida den haldninga at det offentlege skal sørge for alt sjølv, og på den andre sida økonomisk rasjonalitet og anbods- og konkurransetenking. Begge haldningane truar dei ideelle aktørane i dag. Konkurransar kan prioritere pris framfor kvalitet, og det kortsiktige i staden for det langsiktige. Helse-, omsorgs- og sosialsektorane er ikkje marknader, men område der samfunnet gjev omsorg og tar seg av hjelpetrengande. KrF er opptatt av å ta vare på dei ideelle aktørane, nettopp fordi den idealismen og dei verdiane dei står for, har ein eigenverdi i velferdssamfunnet.

Nyskaping for ideelle prosjekt

KrF vil leggje til rette for at nye ideelle prosjekt som har til hensikt å løyse sosiale utfordringar og skape eit varmare samfunn kan realiserast. Nye idear og prosjekt treng ressursar og kapital. Vi må gå gjennom det eksisterande regelverket for tildelingar med sikte på at det skal gjere det mogleg for menneske å engasjere seg i og for samfunnet.

For KrF er det viktig at vi legg til rette for eit familie- og frivilligheitsvenleg arbeidsliv. Folk skal få tid til å vere saman med familie og vener og ta del i ulike frivillige aktivitetar.

KrF vil

- at omsynet til sosial kapital og frivilligheit blir samfunnspolitiske mål på linje med verdiskaping og berekraft.
- at skulen skal leggje opp til undervising om korleis den enkelte kan engasjere seg i det frivillige og i det sivile samfunnet.
- at Ungt entreprenørskap blir styrkt, og at det blir utvida til også å omfatte sosialt entreprenørskap retta mot å løyse sosiale samfunnsutfordringar.
- auke grensa for skattefrådrag for gåver til frivillige organisasjonar og trussamfunn til 50 000 kroner for privatpersonar og til 100 000 kroner for bedrifter.
- gje frivillige organisasjonar fullstendig fritak for moms, til erstatning for dagens system med delvis dekning av momsutgiftene.
- opprette fleire frivilligssentralar og trappe opp det statlege tilskotet til sentralane.
- etablere eit oppstartsfond for sosial innovasjon, som skal støtte oppstarten av nye, ideelle prosjekt som har til hensikt å løyse sosiale utfordringar.
- etablere eit vekstfond for sosial innovasjon, som skal gje ideelle prosjekt som har vist seg å løyse viktige sosiale utfordringar, moglegheit til å vekse.
- at kommunane kan leggje til rette for seniorvener, der det blir lagt til rette for at seniorar på frivillig basis kan gje ekstra assistanse til vaksne personar med hjelpebehov, anten det er funksjonshemma, personar med alvorlege lidningar eller andre.
- etablere ein frivilligheitsavtale som opnar for at frivillige og ideelle organisasjonar kan be om hjelp frå tilsette i offentlege og private verksemdar som har inngått ein slik avtale.
- etablere fleire lytteven-ordningar i regi av elderråda, som medverkar til å styrkje kontakten mellom generasjonane og gjev barn auka leseforståing.

- styrkje trus- og livssynssamfunna si uavhengige stilling, slik at dei kan ta del i samfunnsutviklinga på eigne premiss.
- sikre at frivilligheitsregisteret må få full funksjonalitet, som skildra i forarbeida til frivilligheitsregisterlova. Det skal vere eit verktøy for enklare, raskare og betre samhandling mellom det offentlege og frivillig sektor.
- sikre ideelle aktørar innan helse- og omsorgssektorane stabile rammevilkår, mellom anna gjennom laupande avtalar med det offentlege.
- sikre at samarbeidsavtalen med dei ideelle aktørane om helse- og velferdstenester faktisk betrar vilkåra til dei ideelle, og arbeide for at avtalen blir utvida slik at han løyser pensjonsutfordringane for dei ideelle aktørane.

Frivilligheitsavtale

I Storbritannia har styresmaktene inngått ein såkalla frivilligheitsavtale som opnar for at frivillige og ideelle organisasjonar kan be om hjelp frå tilsette i offentlege og private verksemdar som har underteikna avtalen. KrF meiner Noreg bør ha ein liknande frivilligheitsavtale. Det kan vere til stor hjelp for frivillige og ideelle organisasjonar, og særleg dei minste laga og organisasjonane, å få tid til anna kunne nytte kompetanse som allereie finst i offentleg sektor eller i næringslivet.

Skulepolitikk

Skulen er den viktigaste arenaen i samfunnet for felles læring og utvikling. KrF vil ha ein skule som i samarbeid og forståing med heimen, utrustar barn til å møte livet. God læring er avhengig av både fagleg innhald og rom for menneskeleg danning og utvikling.

Noreg bruker mykje ressursar på skule, men ressursbruk er berre ein av føresetnadene for ein god skule. KrF vil derfor vere ein pådrivar for korleis vi kan få ein endå betre skule. Den gode skulen oppnår lærelyst og meistring for alle elevar, uavhengig av faglege føresetnader. Alle barn må bli sett og få utvikle seg og oppleve meistring. KrF har eit breitt kompetansesyn, i tråd med UNESCO sine fire søyler for livslang læring¹¹: Elevane må lære å vite, å gjere, å vere og å leve saman. Utdanning og danning er parallelle oppgåver for skulen.

Skulen si viktigaste oppgåve, saman med heimen, er å gje læring for livet. KrF vil styrkje skulen sitt fokus på kunnskap og grunnleggjande ferdigheiter som er viktige for å gje barn og unge berekraftig ballast for å meistre utfordringane i samfunnet og i sitt eige liv. Det er eit klart mål at alle skal kunne lese, rekne, uttrykkje seg munnleg og skriftleg og kunne bruke digitale verktøy når dei går ut av grunnskulen. På den måten kan dei byggje kompetansen sin vidare ut ifrå eigne føresetnader og interesser. Skulen sitt arbeid står i eit livslangt læringsperspektiv, kor også skapande aktivitet, kreativ utfolding og sosial, kulturell og etisk kompetanse er viktige ingrediensar. Skulen må stimulere nysgjerrigheit og utviklingstrang hos elevane. Fornyng og endring i skulen må vere erfarings- og kunnskapsbasert. KrF vil derfor stimulere pedagogisk forskning og utviklingsarbeid som kan gje innsikt i korleis vi sikrar god grunnopplæring for alle.

Lærarane

Det er godt dokumentert at kvaliteten i utdanninga primært er avhengig av lærarane, kva kvalifikasjonar dei har og korleis dei arbeider saman med kollegaar, med elevar og med foreldra til elevane. Yrkesprofesjonalitet, yrkesstoltheit og yrkesetikk er vesentlege faktorar i lærarrollen. På dette grunnlaget må lærarar få tillit i utøvinga av yrket. Krav til rapportering og dokumentasjon må vere føremålstenleg slik at lærarane får tid til sine primær oppgåver. Gode lærarar har gode kunnskapar, stiller klare faglege krav til elevane, og samarbeider tett med heimen. KrF ønskjer derfor å sikre god kvalitet i opplæringa ved å rekruttere dei rette studentane til å bli lærarar, sørgje for at dei får ei solid og skulenær lærarutdanning og gje dei gode arbeidsvilkår i skulen. Gode arbeidsvilkår omfattar mellom anna å få utfordringar og kunne utvikle seg vidare fagleg og pedagogisk.

KrF ønskjer ei lærarutdanning på høgt fagleg nivå med større vekt på korleis lærarar kan omsetje resultat frå utdanningsforskninga til praktisk arbeid i skulen. Lærarutdanninga må både kvalifisere for undervising etter gjeldande planar, gje grunnlag for kritisk vurdering av noverande praksis og motivere for vidare utvikling i skulen.

Vi må følgje opp nye lærarar med ei eiga obligatorisk mentorordning, mellom anna med noko redusert undervisingstid og auka rettleiing frå meir erfarne lærarar det første året. Vi må stimulere til god klasseleiing både gjennom lærarutdanninga, mentorordninga og ei systematisk etter- og vidareutdanning. KrF vil ha ei sertifiseringsordning for lærarar i skulen.

Elevsamtalen er eit viktig verkemiddel for å motivere og gjere elevane bevisste på kor dei står fagleg, kva mål dei skal arbeide mot og korleis dei må arbeide for å nå måla. Det er derfor viktig at det blir sett av tid til elevsamtalar innanfor lærarane si arbeidstid.

Kvalitetsheving

Norsk skule gjev mange gode resultat, men det er også ei rekkje indikasjonar på at opplæringa ikkje fungerer optimalt. Det er store skilnader mellom skular, klasser og mellom enkeltelevar. Grunnskulen ser ikkje ut til å ha den utjamnande funksjonen vi kunne ønskje. KrF ønskjer derfor å styrkje målretta forskning og utviklingsarbeid for å sikre betre kunnskap om korleis vi kan sikre ein god skule. Vi ønskjer ein skule som gjev eit inspirerende og utfordrande læringsmiljø for alle. Det er ikkje akseptabelt at ein elev sine sjansar til å lukkast skal avhenge av kva skule eller klasse eleven kjem til eller kva lærarar eleven har. Med dei ressursane Noreg nyttar i utdanningssektoren, er det grunn til å vente betre resultat enn det vi oppnår i dag.

¹¹ UNESCOs fire søyler: Learning to know. Learning to do. Learning to live together. Learning to be.

Samansette utfordringar

Mange elevar slit med psykososiale problem. Det er viktig at dette blir sett og fanga opp i skulen, både for den enkelte elev si skuld og for det totale læringsmiljøet. KrF vil styrkje skulen med fleire yrkesgrupper, som barnevernspedagogar, sosionomar, psykologar og ikkje minst styrkje helsesøsterressursane. Læraren må primært kunne fokusere på å vere lærar.

Elevar som har særskilde behov, skal ha rett på ei rask utgreiing (maks 3 månader) og rask innføring av tilrettelagd undervising (maks 1 månad etter utgreiing).

Verdiar

KrF vil ha ein skule som baserer seg på grunnleggjande verdiar i vår kristne kulturarv. Skulen må bruke formålsparagrafen meir aktivt i skulekvardagen. KrF vil trappe opp arbeidet for at skulen skal vere fri frå alle typar mobbing. Det må vere nulltoleranse for mobbing i skulane, og alle mobbesaker skal gripast fatt i og få konsekvensar.

Norsk språk

Gode kunnskapar og ferdigheiter i norsk språk er vesentleg for å fungere godt i arbeids- og samfunnsliv. Språk er ein vesentleg del av ein person sin identitet. Alle norske elevar skal meistre norsk skriftleg og munnleg når dei går ut av grunnskulen. Undervisinga i sidemål må halde fram for å sikre at vi har to jamstilte målformer også vidare. KrF vil vurdere om vi bør starte med undervising i sidemål tidlegare i skuleløpet enn det som er tilfelle i dag. KrF vil drøfte undervisingsforma og alternative vurderingsformer for å styrkje sidemål og sikre to jamstilte målformer. Nynorsk tapar terreng og omdøme mange stader i landet, og vi må fornye undervising og prøveformer for å medverke til ei positiv haldning til sidemål. Alle elevar må også få ein viss kunnskap om norsk teiknspråk, samisk språk og om dei andre nordiske språka. KrF vil leggje til rette for at samisk kan erstatte sidemål.

Grunnskulen

Grunnskulen skal gje alle elevar grunnleggjande fagleg og sosial kompetanse, uansett utgangspunkt. Basisfaga norsk, matematikk og engelsk er viktige byggjesteinar for vidare skulegang og arbeidsliv. Målet i grunnskuleopplæringa må vere å stimulere nysgjerrigheit og lærelyst, gje verdiar og styrkje sosial kapital. Grunnskulen må gje større rom for at elevane er ulike og leggje til rette for mangfald.

Godt samarbeid mellom heim og skule er ein føresetnad for godt læringsutbytte. KrF vil gjere det mogleg å leggje ein eller fleire av foreldrekonferansane til eleven sin heim. Det kan vere ein fordel at desse samtalanane ikkje alltid skjer på skulen sitt område, men også heime kor familien er på sin eigen arena. Dette må følgjast opp med kompetanse hos lærarane og ressursar til gjennomføring.

Skulen må leggje betre til rette for praktiske fag og praksisretting av teoretiske fag. Dette er spesielt viktig på ungdomstrinnet som har hatt for få høve til ei variert undervising som sikrar ungdom grunnleggjande ferdigheiter til ein yrkesfagleg skulegang.

Det er nødvendig med kartlegging av elevane sine ferdigheiter for å kunne arbeide systematisk med å heve kvaliteten på innhaldet i skulen. KrF vil føre vidare og betre eit nasjonalt kvalitetsvurderingssystem. Fokus på rangering mellom skular tar for stor merksemd, og har gitt uheldige utslag. Vi må utgreie om nasjonale utvalsprøvar supplerte med prøveformer tilpassa skule- og kommunenivå kan vere eit godt alternativ til dagens system med nasjonale prøvar. KrF vil halde på karakterar i ungdomsskulen.

KrF vil

- bruke ressursane på kvalitet og innhald, framfor fleire skuletimar.
- fremje kvalitet i opplæringa ved å rekruttere dei rette studentane til å bli lærarar, sørgje for at dei får ei solid og skulenær lærarutdanning og gje dei gode arbeidsvilkår som lærarar.
- auke vaksenttleiken i skulen slik at den enkelte læraren får meir tid med elevane.
- ha fleire yrkesgrupper i skulen, slik at læraren kan fokusere på å vere pedagog.
- sikre elevar reelt tilpassa opplæring i alle fag.
- setje inn ekstra lærarressursar for tidleg innsats på låge trinn i grunnskulen for å førebyggje lærevanskar, sørgje for at elevar med særskilde behov får nødvendig spesialpedagogisk hjelp, og redusere bruken av assistentar til fordel for meir tid med pedagog.
- innføre leksehjelp for dei som treng det på ungdomsskulen.
- vidareutvikle og styrkje vitensentera og etablere eit eige realfagsprogram som kan gjere unge nysgjerrige og motivere fleire til å velje desse faga.

- styrkje ungdomsskuleundervisinga i personleg økonomi, samlivslære og kommunikasjon i nære relasjonar.
- at skulen skal drive aktiv verdiformidling i tråd med føremålsparagrafen i skulen.
- sikre at sidemålsundervisinga held fram og styrkje populariteten til sidemålet gjennom å fornye arbeidsformene.
- styrkje symjeundervisinga i skulen, slik at fleire lærer grunnleggjande symjeevner tidlegare.
- opprette eit mobbeombod i alle fylke. (Sjå faktaboks i slutten av kapittelet.)
- halde kampen mot mobbing høgt på den politiske dagsordenen, og vurdere laupande omfanget og effekten av dei tiltaka som setjast inn for å sikre nulltoleranse mot mobbing.
- leggje til rette for eit aktivt elevdemokrati, og utvikle dette vidare til ein læringsarena for ta del i og ta ansvar i samfunnet.
- ha fokus på god klasseleiing, for å oppnå ro og orden og eit godt læringsmiljø i klassen.
- at foreldre i barneskulen skal få ei grunnjeven tilbakemelding på prestasjonane og kunnskapsnivået til eleven, spesielt i basisfaga.
- sikre eit godt SFO-tilbod som er prega av kvalitet, og sleppe til nye aktørar for å oppnå eit endå betre tilbod.
- stimulere til at det blir gjeve tilbod om sommarskule til dei elevane som ønskjer å betre karakterane og ferdigheitene sine.
- leggje til rette for meir praktisk læring og at det blir undervise meir praktisk teori i ungdomsskulen.
- at 2. framandspråk skal inngå som valfag.
- nedfelle føresegner med tidsfristar for universell utforming av alle grunnskular.
- sikre ei skulehelseteneste med god nok kapasitet.
- ta vekk nokre av dei administrative oppgåvene som lærarane har, slik at dei kan få meir tid med elevane sine.
- styrkje heim/skule-samarbeidet, mellom anna gjennom forsøk med å leggje enkelte av foreldrekonferansane til eleven sin heim.
- gje skulane større handlefridom innanfor gratisprinsippet slik at skulen kan reise på turar og organisere aktivitetar utanfor skulen.
- at det blir oppretta økonomiske støtteordningar for dei som ikkje kan ta del i aktivitetar i regi av skulen som går ut over gratisprinsippet.
- innføre krav til leiarkompetanse for rektorar, men halde fast på at rektor også skal ha pedagogisk kompetanse.
- innføre krav til at rådgjevarar har kompetanse innan rådgjeving, og at samarbeidet mellom ungdomsskule og vidaregåande skule blir styrkt.
- sikre at lærarane får sjansar til å ta etter- og vidareutdanning, særleg i dei faga dei underviser i.
- arbeide for eit utdanningsløft for dei ufaglærte i skulen.
- innføre ei sertifiseringsordning for lærarar.
- at RLE-undervisinga si vektlegging av ulike religionar skal ta omsyn til både utbreiinga av dei ulike religionane i den norske befolkninga som heilskap og lokalt i klassen. Minst halvparten av undervisinga skal vere om kristendom, og namnet endrast til KRLE (Kristendom, religion, livssynskunnskap og etikk).
- leggje til rette for at elevar skal få delta i skulegudstenester og andre aktivitetar som formidlar menneske si tro og kulturarv.
- leggje RLE inn som obligatorisk fag i lærarutdanninga.
- leggje til rette for fleire mastergradsutdanningar for lærarar.
- at PPT blir styrkt med nødvendig fagpersonale og administrert slik at desse får tid til å arbeide ute på skulane med observasjon og rettleiing. Kunnskapen deira om læring/spesialundervising må i langt sterkare grad kome den ordinære undervisinga til gode.
- halde på, og ved behov utvide, ordninga med rentefrie lån til kommunane til vedlikehald av eksisterande skulebygg og bygging av nye.
- i større grad leggje til rette for at elevar kan byrje eitt år seinare enn normert alder eller flyttast opp på eit høgare nivå, om eleven, skulen og foreldra er einige om at dette er fornuftig.
- at det skal vere mogleg å dele inn elevar etter nivå i enkelte tema for å gje tilpassa undervising.
- gje dei flinkaste elevane utfordrande læresituasjonar.
- gje større rom for talentsatsing innan idrett, kunst, handverk, språk, realfag og humanistiske fag i skulen.
- leggje til rette for praktisk yrkesdeltaking for elevar som etter ungdomsskulen ikkje er klare for ytterlegare skulegang.

Vidaregåande opplæring

KrF ønskjer at den vidaregåande opplæringa skal førebu alle elevar til arbeidsliv og/eller studium. Opplæringa skal vere prega av kvalitet og tilpassing. KrF ønskjer at alle elevar skal kunne fullføre vidaregåande opplæring, særleg fordi krava til fagkompetanse i yrkeslivet er høgare enn før.

Undervisinga må gjerast av kvalifiserte lærarar som kan støtte og motivere elevane. Relevans og motivasjon er nøkkelfaktorar for å oppnå gode resultat og for å unngå at elevar droppar ut av skulen. Vi må først og fremst førebyggje drop-out-problematikken på grunnskulenivå, som skal sikre basisferdigheiter i dei viktigaste faga. Her treng vi målretta tiltak tidleg i skulekvardagen. Vi må leggje vekt på å ta vare på heile mennesket, også det psykososiale, som er viktig for trivsel på skulen. Dette kan til dømes gjerast ved å tilsetje fleire miljøarbeidarar som kan hjelpe elevar som ikkje finn seg til rette i den vidaregåande skulen.

Samfunnet er i stadig endring, og KrF vil at skulen må bli betre til å nytte ny teknologi og kompetanse for at læringsutbyttet til elevane skal bli betre.

Det er viktig å motivere elevar i ungdomsskulen til å arbeide for å kome inn på den vidaregåande skulen dei ønskjer, men vi må også sikre at elevane ikkje får ein altfor lang reiseveg, spesielt i fylke med store avstandar mellom skulane.

Fylkeskommunen sine inntekter bør ha eit kriterium som gjer at det er mogleg å halde på ein struktur der flest mogleg elevar i vidaregåande skule kan bu heime, iallfall det første året.

KrF vil

- auke lærarressursane i skulen.
- ha ei systematisk, føreseieleg, forpliktande og kontinuerleg etter- og vidareutdanning for lærarane.
- sikre tilpassa opplæring til kvar enkelt elev, inkludert spesialundervising for dei med spesifikke vanskar.
- at undervisningsmaterieil for elevar med nedsett funksjonsevne skal vere klart til skulestart.
- at arbeid mot mobbing, valdsbruk og diskriminering må innarbeidast i undervisinga.
- opprette eit mobbeombod i alle fylke.
- styrkje PPT og samordne denne tenesta med skulehelsetenesta slik at skuleeigaren får eit samla ansvar for elevar i vidaregåande opplæring.
- styrkje rådgjevingstenesta og samarbeidet mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.
- at også læringar må få tilbod om rådgjeving.
- styrkje karrierettleiinga, med eit spesielt fokus på samarbeidet mellom grunnskulen, den vidaregåande skulen og høgare utdanning, med sikte på eit heilskapleg utdanningsløp tilpassa kva som er mogleg for den enkelte og føresetnadene deira, kva samfunnet treng og om det er mogleg å få jobb.
- halde på, og ved behov utvide, ordninga med rentefrie lån til fylkeskommunane til vedlikehald av eksisterande og bygging av nye skulebygg.
- innføre ein fråfallspott sentralt som skular, kommunar, fylkeskommunar og andre kan søkje tilskot til gode prosjekt for å hindre at elevar droppar ut av skulen.
- utvide Ny GIV-ordninga som skal hindre fråfall i vidaregåande skule til å omfatte fleire årstrinn.
- at fellesfaga på yrkesførebuande studieretningar blir meir praktisk orienterte.
- styrkje pedagogisk forskning og utviklingsarbeid som gjev meir kunnskap om korleis teoristoff kan leggjast til rette slik at yrkesfagleg motiverte elevar finn det meningsfullt og interessant.
- utvide satsinga på prosjekt der læringar går rett ut i lære, og tar teori tilpassa deira utdanningsløp i undervisningsbolkar etter kvart som progresjonen i opplæringa tilseier det.
- vidareutvikle TAF-ordninga (teknisk allmenne fag), og sikre at TAF-elevar får ha elevstatus dei to første åra av utdanningsløpet.
- sikre ei skulehelseteneste med tilstrekkeleg kapasitet både i grunnskulen og vidaregåande skular.
- at kristendommen skal ha ein plass i skulens verdifag som speglar realiteten i historia og kulturarven vår. KrF vil ha minst 50 prosent kristendom i religions- og etikkfaget.
- ha fleire yrkesgrupper inn i skulen for å gje læraren tid til å vere pedagog og at yrkesgrupper som sosionomar kan trekkjast inn for å følgje opp elevar med andre utfordringar enn dei reint læringsmessige.
- leggje forholda betre til rette for teoristerke elevar, mellom anna gjennom å gjere meir kjent at det er mogleg å ta fag/kurs på høgare nivå.
- vidareutvikle entreprenørskap i skulen, for å gje elevane praktisk kunnskap og stimulere til nytenking og kreativitet i næringslivet.
- utvide bruken av lære kandidatordninga, for å sikre dei som treng det, eit kompetansebevis på eit lågare nivå enn fagbrevet og dermed hindre fråfall.

- redusere arbeidsgjevaravgifta for lærlingar.
- at det skal vere krav om lærlingar i bedrifta i alle offentlege anbod der dette relevant.
- utvide retten til vidaregåande opplæring slik at dei som har fullført eit yrkesfagleg utdanningsprogram, har rett til påbygging til generell studiekompetanse.
- ha eit godt samarbeid mellom vidaregåande skular og universitet/høgskular og fagskular med sikte på å motivere og førebu elevane på å ta dei vala som er rette for dei.
- at det for vaksne elevar utan fullført vidaregåande skule blir etablert samarbeid med NAV for å sikre finansiering og gjennomføringsprogresjon for desse.
- leggje til rette for eit betre samarbeid mellom vidaregåande skular og universitet/høgskular for å sikre ein saumlaus overgang til høgare utdanning for elevar med tilretteleggingsbehov.
- auke bruken av Vurdering for læring.
- at landslinjene må sikrast fullfinansiering frå staten.

Mobbeombod

KrF ønskjer å opprette mobbeombod i kvart fylke. Dette ombodet skal vere uavhengig av skuleeigarane og hovudsakleg ha to funksjonar gjennom å vere:

- Ein stad å vende seg til for barn og foreldre når dei opplever at mobbesaker ikkje blir gripe fatt i og gjort noko med frå skulen si side.
- Ein inspirator og fagleg pådrivar for godt førebyggjande arbeid mot mobbing på skulane.

Mobbeomboda skal altså både vere ein ressurs for skulane og ein instans der ein kan få hjelp i konkrete fastlåste saker. Mobbeombodet skal vere eit felles ombod for alle barn og ungdom under opplæring og utdanning i grunnskule og på vidaregåande nivå.

Friskular

Friskular godkjende ut frå alternativ pedagogikk eller religiøst grunnlag utgjer eit viktig alternativ og supplement til den offentlege skulen. Foreldre må ha rett til å velje ein annan skuletype for barna sine enn det som det offentlege tilbyr. Dette handlar mellom anna om retten til å velje oppseding i tråd med eiga overtyding. KrF vil ha ei formålsstyrt friskulelov, som legg til rette for skular med alternativ pedagogikk eller religiøst grunnlag. KrF ønskjer ikkje å opne for friskular basert på kommersiell drift.

Det er viktig at friskulane får gode arbeidsvilkår og kan ha eit økonomisk fundament på nivå med offentlege skular. Alle kostnader, også hus- og investeringskostnader, må leggjast til grunn for tilskotsutrekninga. Friskulane må framleis ha retten til å tilsetje pedagogisk personale som står inne for den enkelte skulen sin eigenart.

KrF vil

- sikre retten til å starte og drive friskular baserte på alternativ pedagogikk eller livssyn.
- endre privatskulelova for å tydeleggjere at skular som driv med basis i alternativt livssyn også må bli godkjende.
- ha ei føremålsstyrt friskulelov.
- auke driftstilskotet til friskular.
- innarbeide huskostnader og investeringskostnader i tilskotsgrunnlaget.
- ikkje opne for at det skal vere mogleg å ta utbytte frå friskular som får statstilskot etter friskulelova.

Høgare utdanning og forskning

For å sikre framtidig utvikling og verdiskaping, vil KrF prioritere investering i kunnskap og forskning. KrF vil sikre kvaliteten i den høgare utdanninga ved å auke grunnløyvingane til utdanningsinstitusjonane. Skal Noreg i framtida vere eit konkurransedyktig kunnskapssamfunn, må vi satse på forskning. KrF ønskjer å byggje høgare utdanning på den universitets- og høgskulestrukturen som er etablert. Det er eit offentleg ansvar å sikre lik rett til utdanning for alle.

KrF vil ha ein gjennomgang av dimensjoneringa i høgare utdanning med tanke på behovet i samfunnet for ulike typar kompetanse og arbeidskraft. Samtidig er det viktig å understreke at høgare utdanning ikkje berre er viktig i eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Ho er også viktig i eit danningperspektiv ved at studentane får høve til å utvikle evnene sine og får realisert meir av det potensialet som ligg i kvar enkelt.

KrF vil at Noreg skal vere ein kunnskapsnasjon på høgt internasjonalt nivå. Det er viktig å sikre nasjonal styring av høgare utdanning for å verne heilskapen og mangfaldet i utdanningstilbodet. Vi må ta vare på den akademiske fridomen til universitet og høgskular.

Auka internasjonalisering innanfor høgare utdanning gjer det viktig å leggje forholda til rette for ein større grad av utveksling av kunnskap, studentar og tilsette. KrF meiner vi bør leggje betre til rette for at ein større del av dei norske studentane tar studieopphald i utlandet i studietida. Vi ønskjer ei sterkare satsing på studiesamarbeid med ikkje-vestlege land. For å stimulere til at fleire vel å ta ein heil grad i utlandet, bør vi gjeninnføre støtta til førsteåret ved amerikanske og ikkje-vestlege universitet.

Livslang læring

Vi må kombinere satsinga på utdanning, forskning og innovasjon med ei kontinuerleg læring på arbeidsplassen. Noreg er eit høgkostland og kan ikkje vere billigast. Då må vi i staden vere best. Humankapitalen er den viktigaste ressursen vår. Derfor vil KrF styrkje læring i arbeidslivet gjennom å etablere modellar som KompetanseFUNN¹².

Samfunnet er i stadig endring og med stadig endra kompetansekrav må vi fremje livslang læring anten det er gjennom folkehøgskule, fagskule, høgskule eller universitet eller gjennom vaksenopplæring og studieforbunda. KrF vil leggje til rette for auka samarbeid mellom offentlege, private og ideelle aktørar slik at fleire kan ta del i læringsaktivitetar der dei er. Aldersgrensa for vaksne utan rett til vidaregåande utdanning må fjernast.

Folkehøgskulen er ein viktig del av mangfaldet i norsk skule og representerer eit verdifullt tilbod som gjev høve til eit år med eigenutvikling av personleg og fagleg karakter. Folkehøgskulen gjev innsikt i menneskelege relasjonar og fremjar samtidig kunnskap om og forståing for demokrati, samfunn og menneskerettar. Tilskotet til folkehøgskulane skal justerast på bakgrunn av elevtals- og kostnadsutviklinga, og må vere føreseieleg for skulane. Det må også vere høve til å starte opp nye folkehøgskular.

Bibelskulane har viktige funksjonar, både som fordjupingsstudium for studentar si tru og utvikling, og som kompetansebyggjar for frivillig sektor, kyrkjelydar og organisasjonar. Bibelskulane skal sjølve få definere sitt formål, sin eigenart og sin verdimesseige ståstad. KrF vil sikre bibelskulane gode rammevilkår gjennom godkjenningsordningar og sikre ei god og føreseieleg finansiering.

Forsking

Noreg skal vere eit konkurransedyktig kunnskapssamfunn i framtida, og vi må satse på forskning, innovasjon, nyskaping og entreprenørskap. KrF vil verne om den akademiske fridomen. Det er avgjerande at vi i åra framover satsar på dei riktige områda, at vi satsar nok, at vi nyttar ressursane effektivt og at vi evner å utnytte resultatata godt nok. Dei store samfunnsutfordringane må vi møte med forsterka forskingsinnsats.

Grunnforskinga må styrkjast. Noreg må ut frå sine naturlege fortrinn og plassering også prioritere forskning på nye fornybare energikjelder, klimaforsking og forskning knytt til nordområda og Svalbard.

¹² KompetanseFUNN er eit tiltak som skal nyttast for å stimulere bedrifter til å investere i kompetanseutvikling for sine tilsette. Eitt framlegg kan vere å innføre ein modell etter mønster av SkatteFUNN-ordninga der bedrifter kan få skattefrådrag for kostnader til forskning og utvikling, bortsett frå at ein med KompetanseFUNN vil få skattefrådrag for kostnader til kompetanseutviklande og kunnskapshevande tiltak for dei tilsette i bedriftene.

Vi vil ha eit klart og ambisiøst mål om at forskingsløyvingane i Noreg når det gjennomsnittlege OECD-nivået innan 2020. I samband med det er det viktig å leggje til rette for auka satsing både frå privat og offentlig sektor. Den samla forskingsinnsatsen må opp på minst 3 prosent av BNP. KrF vil styrkje den frie delen av forskingsmidla. Vi vil stimulere privat sektor til auka forskning gjennom ulike tiltak som forbetring av SkatteFUNN-ordninga og gjeninnføring av gåveforsterkingsordninga. Vi meiner også at ei gjeninnføring av eit forskingsfond er avgjerande for å sikre føreseielege overføringar. Innanfor Statens pensjonsfond utland (SPU) vil vi øyremerkje eit forskingsfond på 100 milliardar kroner. Kvart år kan avkastning tilsvarande 4 prosent nyttast til forskingsformål over statsbudsjettet.

Det er viktig å betre samhandlinga mellom grunnforskning, anvend forskning, forskarutdanninga og næringslivet. Universiteta må ta større ansvar for innovasjon i nærings- og samfunnsnivå, og medverke til at kunnskapen blir produsert og formidla på ein effektiv måte til bruk i næringsutviklinga. Vi har store utfordringar med «å halde på dei gode hovuda» og rekruttere nye vitskapleg tilsette. Det er eit sterkt behov for fleire faste vitskaplege stillingar i sektoren. Vi må opprette fleire stipendiat-, post.doc.- og faste stillingar for å ta vare på og leggje til rette for vidareutvikling av spisskompetanse. Samtidig med utvikling av spisskompetanse, er det vesentleg at også universitets- og forskingsmiljøa legg vekt på allmennkunnskap, samfunnsforståing og danning.

Ein annan viktig faktor som påverkar både høvet til å rekruttere unge forskarar og kvaliteten på forskinga som blir gjennomført, er nivået på det vitskaplege utstyret. Gamalt vitskapleg utstyr må oppgraderast. Vi må auke finansieringa til dette vesentleg. KrF vil føre ein rekrutteringspolitikk som gjer at arbeidsvilkåra i akademia blir betre og meir føreseielege.

Universitetsstruktur

Dei siste åra har fleire høgskular gått over til å bli universitet. Universitet og høgskular har ulike roller å spele innanfor norsk høgare utdanning. Det er viktig å ikkje splitte opp universiteta sin faglege tyngde endå meir. Høgskulane må sikrast fagleg utvikling på ein måte som byggjer opp under dei ulike institusjonane sine styrkar og eigenart, gjerne med større grad av samhandling med universiteta. KrF vil også ha ein gjennomgang av heile finansieringssystemet i universitets- og høgskulesektoren for å sikre rettferdig fordeling, at det er dei rette insentiva som blir gjevne og at resultat gjev utteljing. Private høgskular må handsamast meir likeverdig med dei offentlege institusjonane innanfor dette systemet.

Fagskulane gjev mange unge ei kortare og meir yrkesretta utdanning enn det ein får på høgskulane. KrF vil framheve den viktige rolla fagskulane spelar i å sikre landet nok arbeidskraft med god kompetanse. Vi bør styrkje fagskulane, og vi må sjå på om det er mogleg at overgangen mellom høgskular og fagskular kan bli betre. Det bør bli lettare både å hoppe over frå fagskule til høgskule for dei som ønskjer det, men også frå høgskule til fagskule for dei som finn ut at dei heller ønskjer ei meir praktisk retta form for høgare utdanning.

Det er viktig med ei føreseieleg finansiering av fagskulane. KrF meiner at ei finansiering gjennom rammetilskotet til fylkeskommunane kan skape eit kompliserande og utfordrande finansieringssystem. Vi bør derfor vurdere om staten bør halde fram med å finansiere fagskulane slik som tidlegare.

Delen studentar som ikkje fullfører ein grad i løpet av ti år er altfor høg. KrF vil ha ein grundig gjennomgang av årsakene til fråfall i høgare utdanning, og vurdere kva tiltak vi bør setje i verk for at fleire fullfører studia.

Studiefinansiering og studentvelferd

Høgare utdanning må løne seg. KrF vil betre studiefinansieringa slik at det er mogleg å leve av henne. Vi må ta høgde for at studentar som får opphald i studiet på grunn av sjukdom eller svangerskap/fødsel, ikkje blir ramma økonomisk. Vi må sikre god dekning av studentbarnehagar og innføre pappaperm også for studentar. Far si rolle overfor barnet er ikkje mindre viktig om han er student enn om han hadde vore yrkesaktiv. KrF vil utvide studiestøtteordninga til 11 månader i året, og knyte henne opp til folketrygda sitt grunnbeløp og utgjere 1,5 G per år. For studentar med barn ønskjer KrF å innføre 12 månaders studiestøtte.

Nedsett funksjonsevne skal ikkje vere til hinder for å ta høgare utdanning. Vi må tilpasse regelverket i Lånekassa slik at studentar med funksjonsnedsetjingar ikkje har dårlegare kår enn andre studentar. Ekstrakostnader/lengre studietid som følgje av funksjonsnedsetjingar må kompensast. Vi bør innføre 12 månaders studiestøtte til studentar med nedsett funksjonsevne.

Alle skal få sjansen til å studere uansett økonomisk eller sosial bakgrunn. Derfor må livet rundt studia vere lagt til rette for at ein kan studere på heiltid. Studentsamskipnadene har ei viktig oppgåve her i å

produsere velferdstilbud som kjem studentane til gode. Studentsamskipnadene skal vere studentstyrte, og det må vere eit godt samarbeid med kommune og stat for gode rammevilkår.

Høge bustadprisar på fleire av studiestadene er med på å drive levekostnadene kraftig opp, noko som igjen fører til at studentane bruker meir tid på inntektsgjevande arbeid framfor å prioritere framdrifta i studiet sitt. Vi må auke tilgangen på rimelege studentbustader, og mange nok av desse må ha universell utforming.

Studentar må sikrast eit godt behandlingstilbud for fysiske og psykiske lidingar. KrF vil også sikre studentar eit like godt psykososialt tilbud uavhengig av studiestad. Dei stadene der studentsamskipnadene ikkje klarer å ha eit godt helsetilbud, må kommune og samskipnad samarbeide om ei god refusjonsordning for bruk av kommunale heilsetenester.

Private høgskular

Private høgskular er ein viktig del av det norske utdanningssystemet. Samfunnet vil ha eit auka behov framover for ei rekkje av dei yrka private høgskular utdannar til.

KrF ønskjer at finansieringa av private høgskular og vitskaplege høgskular blir meir likeverdig med dei statlege institusjonane. Vi må tildele strategiske insentiv til universitet og høgskular etter same kriterium anten dei er statlege eller private institusjonar. Ramma for statlege tilskot til private høgskular skal aukast frå 3,5 til 5 prosent av sektoren sitt finansieringssystem, og 10-15 prosent av nye fullfinansierte studieplassar blir tildelte private høgskular etter søkjartal og kapasitet. Vi må også etablere ei tilskotsordning til infrastruktur i private høgskular (husleigetilskot).

KrF vil

- auke grunnløyvingane til universiteta og høgskulane, og særleg sørgje for utjamning mellom dei nye og gamle universiteta.
- fjerne utilsikta ulike rammevilkår for forskning mellom statlege og private forskingsinstitusjonar.
- ha etikk integrert i alle studieprogram i høgare utdanning.
- verne om gratisprinsippet i høgare utdanning.
- utarbeide standardkrav for å kvalitetssikre institusjonane si oppfølging av førsteårsstudentar.
- leggje til rette for at løyvingane til forskning i Noreg når opp til minst gjennomsnittleg OECD-nivå innan 2020 gjennom både å styrkje den offentlege forskingsinnsatsen og å styrkje næringslivet sine rammevilkår for forskning.
- auke offentlege midlar til grunnforskning, næringsretta forskning og forskning på tvers av fagdisiplinar.
- gjeninnføre gåveforsterkningsordninga.
- gjeninnføre eit forskingsfond.
- auke løyvingane til dei regionale forskingsfonda.
- stimulere til auka kommersialisering av forskingsresultat ved universitet, høgskular og andre forskingsmiljø. Institusjonane må få insentiv for å auke denne aktiviteten.
- at dei nye universiteta i Stavanger, Agder, Bodø og Ås må sikrast med ein meir rettferdig del av forskingsmidlar og forskingsstillingar.
- opprette fleire stipendiat- og post.doc.-stillingar og fleire faste vitskaplege stillingar.
- løyve meir til oppdatering av vitskapleg utstyr.
- halde på dagens universitetsstruktur.
- gjere det lettare for høgskulane å utvikle seg og satse på sin eigenart, gjerne i auka samhandling med universiteta.
- halde på fagskulane og greie ut eit finansieringssystem som sikrar statleg finansiering av fleire fagskular.
- halde på mangfaldet i lærarutdanninga, både med høgskuleutdanning og lektorutdanning med praktisk-pedagogisk utdanning.
- gje dei ideelle institusjonane innanfor høgare utdanning gode rammevilkår og anerkjenning.
- stimulere til at studentane skal ha utvekslings- eller utanlandsopphald, og at internasjonalisering må bli ein naturleg del av høgare utdanning.
- gjeninnføre studiestøtta til førsteåret av godkjente bachelorgradar frå dei landa der det enno ikkje er gjeninnført.
- fjerne skilnaden i behandlinga av bachelor- og mastergradsstudentar for skulepengestøtte til utdanning i utlandet.
- styrkje psykisk helsevern til studentane.
- auke studiestøtta frå Statens Lånekasse for utdanning til eit beløp tilsvarande 1,5 G (folketrygda sitt grunnbeløp) per år.
- utvide studiestøtta til 11 månader i året, og til 12 månader i året for studentar med små barn.
- gjere ordninga med gradert sjukemelding for studentar permanent.
- gje studentsamskipnadene tilskot til 3 000 nye studentbustader i året.

- auke tilskotsramma til bygging av studentbustader til minst 50 prosent av ei kostnadsramme på 850 000 i dei store byane og 750 000 elles.
- sikre at norske studentar i utlandet med barn har same rettar til kontantstøtte som studentar i Noreg.
- at studentar ved private universitets- og høgskulestudium som er NOKUT-akkreditert skal få studielån på lik linje med studentar ved offentlege institusjonar.
- leggje støtta frå Statens lånekasse for utdanning til grunn som oppteningsgrunnlag for trygdeordningar om studenten ikkje får arbeid etter at dei er ferdige med utdanninga.
- leggje til rette for at fleire skal kunne ta vidareutdanning.
- sikre offentleg støtte til å halde oppe og vidareutvikle folkehøgskulane.
- at utdanning frå utlandet lettare må kunne godkjennast i Noreg.
- ha ei realfagssatsing på alle nivå, mellom anna styrkje utdanninga av realfaglærarar.
- styrkje satsinga på entreprenørskap og matematikk-, natur- og teknologi (MNT)-faga i dei studieførebuande utdanningsprogramma og inn i høgare utdanning.
- arbeide for at det blir etablert fleire nye bedriftsmasterprogram og satse meir på nærings-Ph.D-ordninga, der bedriftstilsette tar ein ordinær doktorgrad med utgangspunkt i bedrifta sine behov.
- støtte etableringa av ein nasjonal portal for kurs- og utdanningstilbod for vaksne, og dermed gjere det lettare å orientere seg i kva læringsmoglegheiter som allereie finst.
- at dei ulike utdanningsinstitusjonane bør, i eit samarbeid mellom fagstab, studentdemokratiet og den administrative eininga, utarbeide retningslinjer for kor mange studentar kvar undervisingstilsett kan ha ansvaret for innanfor dei ulike fagområda.

Klima, energi og miljø

Forvaltaransvaret er grunntanken i kristendemokratisk miljøpolitikk. Målet med all politikk skal vere å løyse utfordringane vi har i dag utan at det går ut over behova til framtidige generasjonar. Klimapolitikken må derfor gje føringar for andre politiske prioriteringar. Vi skal forvalte jorda på ein best mogleg måte og sørgje for ei berekraftig utvikling ved å ta ansvar for biologisk mangfald, lokal luftkvalitet og det globale klimaet.

Klima

Verda blir stadig meir prega av at klimaet er i endring. Klimaendringane er globale, og vi treng derfor både nasjonal innsats og internasjonalt samarbeid for å stoppe dei. Trass i at det er den rike delen av verda som har medverka sterkast til klimaendringane, er det dei fattigaste landa som blir hardest ramma. Vi må derfor medverke til å redusere og førebyggje skadane i dei fattigaste landa.

KrF har ein visjon om at Noreg skal bli eit nullutsleppssamfunn. Dei nasjonale utsleppa av klimagassar må reduserast med 80 prosent innan 2050. På sikt bør vi bli CO₂-negative. Det vil i tilfelle innebære at utsleppa av klimagassar må reduserast frå dagens nivå på 12 tonn til 2 tonn per innbyggjar innan 2050. For å greie dette treng vi ambisiøse delmål. KrF står fast på klimaforliket sitt mål om å redusere dei nasjonale utsleppa av klimagassar med 30 prosent innan 2020 samanlikna med 1990, og at to tredjedelar av utsleppsreduksjonane skal skje nasjonalt.

Togradarsmålet

FN sitt klimapanel (IPCC) har slått fast at det er fare for at klimaendringane kjem ut av kontroll om den globale middeltemperaturen stig meir enn to gradar. Togradarsmålet dreier seg om å avgrense global temperaturstiging samanlikna med førindustriell tid til 2 °C. Ei langsiktig stabilisering av temperaturen på 2,0–2,4 gradar over førindustrielt nivå vil ifølgje FNs klimapanel krevje at klimagassutsleppa i 2050 ligg 50-85 prosent under nivået i 2000.

Konsekvensar

Konsekvensane av ei temperaturstigning over 2 gradar kan bli alvorlege. Klimapanelet anslår at vi då vil oppleve store endringar i kystlinjer og oversvømming av område som ligg lågt. 20-30 prosent av det biologiske mangfaldet vil bli borte. Store delar av verda vil oppleve at tilgangen på ferskvatn blir stadig dårlegare. Ukontrollert oppvarming vil føre til at tundraen og polisen smeltar, og at regnskogane brenn ned. Smelting av tundraen og store skogbrannar vil frigje store mengder klimagassar som igjen vil føre til auka oppvarming.

FN sitt klimapanel har dokumentert at vi må redusere utsleppa av klimagassar vesentleg for å unngå dramatiske globale klimaendringar. Det vil vere avgjerande å få på plass ein ny internasjonal avtale. Det krev at industriland tar på seg både å redusere eigne utslepp og å støtte tiltak i utviklingsland gjennom finansiering og teknologioverføring. Noreg må vere ein aktiv pådrivar i internasjonale forhandlingar og vise vilje til å ta på oss store forpliktingar.

Noreg kan ikkje kjøpe seg fri frå store innanlandske klimatiltak gjennom internasjonal kvotehandling. Internasjonal handel med klimakvotar bør vere eit supplerande tiltak, men her er det viktig å arbeide for eit stadig meir effektivt system.

Vi er nøydd til å gå føre og vise at det er mogleg å kutte vesentleg i eigne utslepp gjennom konkrete tiltak heime. Ei klimavenleg framtid avheng av at vi gjer endringar i alle sektorar. Dei største bidraga til våre klimagassutslepp kjem frå olje- og gassproduksjon, transport og frå industriprosessar. Det er nødvendig å redusere desse utsleppa vesentleg. Det krev at vi på sikt erstattar fossil energi med fornybar i alle desse sektorane, og at omlegginga startar raskt. «Forureinar betaler-prinsippet» er viktig, men ikkje nok i møte med dei klimautfordringane vi står overfor.

Oppfølging av klimaforlika

Vi må følgje opp klimaforlika i Stortinget frå 2008 og 2012 og vidareutvikle dei med endå sterkare nasjonale tiltak og verkemiddel i åra som kjem for å nå målsetjingane. Om Noreg skal ta klimautfordringane på alvor, må det setjast i verk tiltak som sikrar nødvendige utsleppsreduksjonar i alle sektorar. KrF meiner vi treng sterkare styringsverktøy i den nasjonale klimapolitikken og er tilhengar av å

innføre ei klimalov i Noreg etter mønster frå Storbritannia. Eit viktig første steg var semja i klimaforliket om å greie ut om det vil vere hensiktsmessig med ei norsk klimalov i 2012.

Klimagassutslepp og utvikling

Økonomisk vekst føreset ikkje auka utslepp. I vår del av verda må reduserte utslepp av klimagassar ligge til grunn. I ein overgangsfase må vi akseptere ein viss utsleppsvekst i utviklingslanda. Rike land må også stille opp med teknologi, kompetanse og bistand for å redusere klimagassutsleppa i utviklingsland. Om det å forplikte seg til å redusere klimagassutsleppa også automatisk inneber redusert økonomisk vekst og utvikling vil vi aldri oppnå semje om ein global klimaavtale der alle land er med. Urettferda mellom fattige og rike land er allereie stor. Politikarar i utviklingsland har ein legitim rett til å kjempe for vekst og utvikling for befolkninga si. Verda treng ein grøn revolusjon, og denne revolusjonen er det dei rike landa som må gå i spissen for. Noreg har som verdas rikaste land ei plikt til å gå føre og redusere utsleppa av klimagassar både nasjonalt og internasjonalt.

Tilpassing til eit klima i endring

Konsekvensane av globale klimaendringar er svært dramatiske i store delar av verda. KrF vil at vi systematisk arbeider med å kartlegge kortsiktige og langsiktige konsekvensar, slik at vi kan setje inn avbøtande tiltak. Dette gjeld både rassikring, tiltak mot erosjon, reguleringsføresegner for bygg og anlegg, klimapolitikk i nordområda og miljøpolitiske tiltak når det gjeld artar som blir påverka eller trua av endra klima. Dette må også gjelde i fattige og sårbare land der tilpassinga til klimaendringane blir ei stor utfordring i framtida.

KrF vil

- arbeide for ein global, ambisiøs klimaavtale med formål å hindre global oppvarming på meir enn 2 gradar.
- arbeide for at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050.
- arbeide for at Noregs utslepp av klimagassar blir redusert med minimum 30 prosent innan 2020, og at to tredjedelar av utsleppsreduksjonane skjer nasjonalt.
- vri skattesystemet i ei grøn retning, slik at det løner seg å vere miljøvenleg.
- arbeide for ein grønare, framtidsretta og miljøvenleg industri basert på rein fornybar kraft.
- leggje til rette for miljøvenleg transport på veg, bane og sjø med skjerpa krav og premiering av låg- og nullutsleppsløysingar.
- arbeide for eit meir berekraftig forbruksmønster.
- arbeide for reduserte utslepp frå olje- og gassverksemdar på norsk sokkel gjennom auka bruk av kraft frå land og strenge miljøkrav.
- gjennomføre fullskala CO₂-reinsing av minimum to store punktutslepp på land, i tillegg til reinsing av eit nytt kolkraftverk på Svalbard, innan 2020.
- gjere privatbustader, næringsbygg og offentlege bygg meir miljø- og klimavenlege gjennom framtidsretta miljøkrav og gode støtteordningar.
- arbeide for innføringa av ei klimalov i Noreg.
- leggje til rette for auka bruk av tre innan bygg og anlegg.

Energipolitikk

Behovet for energi i verda aukar. Veggen ut av fattigdom for utviklingslanda føreset auka bruk av energi. Rike land må derimot redusere energibruken og vise at det er mogleg å byggje velferd og velfungerande samfunn og samtidig redusere klimagassutsleppa. Auka energiproduksjon bør i størst mogleg grad kome frå fornybare energikjelder. Noreg har som eit rikt land eit spesielt ansvar for å hjelpe utviklingsland til å byggje samfunna sine på rein energi.

Noreg er ei energipolitisk stormakt, og er mellom dei største energiproducentane i verda av både fornybar og fossil energi. Det er viktig å utvikle energiproduksjonen vår vidare. Norsk petroleumsverksemd er i verdsklasse når det gjeld teknologi, og det er viktig at produksjonen vår skjer på ein mest mogleg miljøvenleg måte og i område der samspelet med lokale miljøomsyn kan balanserast.

Samtidig har eksporten vår av petroleum medverka til global oppvarming gjennom utslepp av CO₂ til atmosfæren. Han har skaffa Noreg store inntekter og gjort oss til eit av verdas rikaste land. Dette gjev Noreg eit ekstra ansvar for å bidra til å løyse klimautfordringa. Vi må bruke kunnskapen og ressursane våre til forskning og utvikling av ny klimavenleg teknologi og rein energi.

KrF meiner utbygging av kjernekraft framleis er uaktuelt for Noreg på grunn av den høge risikoen som er knytt til dette og på grunn av avfallsproblematikken.

Fornybar energi

Berekraftig vekst går gjennom fornybar energi. Noreg har i tillegg til vasskraft eit stort potensiale for produksjon av ny fornybar energi frå vindkraft, både på land og offshore. Vi har gode forhold for tidevasskraft og moglegheiter knytt til solenergi, saltvasskraft og bølgekraft. Vi har også tilgang til store mengder bioenergi, hovudsakeleg i form av tilvekst i skogane. Det er dessutan viktig å stimulere til at matavfall frå hushald og næringsmiddelindustrien kan bli utnytta som alternativ til fossilt drivstoff.

KrF vil styrkje innsatsen for utviklinga av nye fornybare energikjelder. Vi vil sikre gode og føreseielege rammevilkår for bransjen, og betre støtteordningane for utvikling og kommersialisering av umodne teknologiar. Det er viktig å stimulere til opprusting av vasskraftanlegga og til bygging av fleire mikro-, mini- og småkraftverk der dette er miljømessig forsvarleg. Effektiviseringa av søknadsprosessane for slike kraftverk må gjennomførast utan at det går ut over dokumentasjonskrava med tanke på miljøkonsekvensar.

Gjennom auka produksjon av fornybar energi blir det mykje vass- og vindkraftutbygging og store nettanlegg, noko som vil ta i bruk verdifulle naturressursar i mange kommunar. Kommunar som på denne måten stiller sine naturressursar til disposisjon for behova i storsamfunnet, har krav på ein del av den verdiskapinga som skjer og som kjem heile landet til gode.

Utgangspunktet for arbeidet med grøne sertifikat er at systemet skal vere teknologinøytralt, og at landa skal ha like ambisjonsnivå for å auke produksjonen. Ordninga skal til saman medverke til utbygging av 26,4 TWh ny fornybar energi i Noreg og Sverige innan 2020. Grøne sertifikat er det viktigaste verkemiddelet for å nå forpliktinga vår i EU sitt fornybardirektiv om ein fornybardel på 67,5 prosent i 2020, og vår framdriftsplan i arbeidet er lagt med tanke på dette.

Grøne sertifikat

Frå og med 2012 er Noreg med i ein felles marknad med Sverige for elsertifikat, også kjent som grøne sertifikat. Dette er eit marknadsbasert verkemiddel som har til hensikt å stimulere til auka investeringar i ny fornybar kraftproduksjon. Ordninga gjer at kraftprodusentar etter visse kriterier, til dømes av vindkraft eller småkraft, vil kunne få elsertifikat som dei kan selje i marknaden og dermed få høgare inntekter. Marknaden oppstår ved at styresmaktene pålegg straumkundane å kjøpe sertifikat i takt med forbruket sitt. Sidan elsertifikata kan seljast, og gje ekstra inntekter for produsentane i tillegg til strauminntektene, vil det bli meir lønsamt å investere i produksjon av fornybar energi.

Kraftnettet

KrF meiner det er stort behov for omfattande tiltak og investeringar i overføringsnettet for elektrisk kraft i Noreg i åra framover. Omfattande investeringar er nødvendig for å sikre forsyningstryggleiken for straum, utjamne prisskilnadene mellom landsdelane, leggje til rette for ny fornybar kraftproduksjon, redusere utsleppa av klimagassar, og for å leggje forholda til rette for næringsutvikling i heile landet.

KrF meiner fleire nye utlandssamband til våre nordiske naboland og til kontinentet er nødvendig for å sikre god nok importkapasitet i år med lite nedbør og streng kulde, og på same måte sikre at det er mogleg å eksportere i nedbørrike periodar med stort innanlandsk kraftoverskot. Fleire utlandssamband er ein føresetnad for å utnytte verdien av reguleringsevna i den norske vasskrafta samtidig som det bidrar til energisparing og utbygging av ny fornybar energi innanlands. KrF meiner staten og eventuelle mottakarland bør bere kostnadene ved etablering av nye utlandssamband.

Energieffektivisering

Noreg har eit stort unytta potensial når det gjeld energieffektivisering. KrF meiner Noreg bør ha som mål å redusere den samla energibruken i tråd med EU si 20-20-20-målsetjing. Målsetjinga må brytast ned og fordelast på dei ulike sektorane.

EU si 20-20-20-målsetjing

EU har vedtatt tydelege målsetjingar om at dei innan 2020 skal ha

- 20 prosent av energibruken som fornybar energi
- 20 prosent energieffektivisering/redusert energibruk
- 20 reduksjon i dei totale klimagassutsleppa i EU

Etter innføringa av grønne sertifikat må Enova i større grad rette fokuset og innsatsen inn mot energieffektivisering og energiomlegging, utvikling og introduksjon av nye energi- og klimateknologiar i industrien, og auka bruk av nye energiresursar. Vi må styrkje overføringane til Energifondet. Arnstad-utvalet sitt mål om å spare 10 TWh innan 2020 i byggsektoren bør leggjast til grunn for Enova sitt arbeid med energieffektivisering i bygg. For å utløyse dette målet må vi auke tilskota øyremerkte energieffektivisering i bygg.

KrF meiner Enova må erstatte dagens støtteordning for energitiltak i hushald med ei enkel og ubyråkratisk støtteordning for energisparing og konvertering frå fossile energibærarar. Vi må også gjere det lettare også for små og mellomstore bedrifter å få tilskot frå Enova til energisparingstiltak. Vi bør anerkjenne elektriske oppvarmingsløyser som utleppsfrie i plan- og bygningslova og energimerkeordninga, og gjere det mogleg å få støtte for gjennom Enova som andre fornybare energikjelder.

Plusshus er bygg som produserer meir energi enn dei sjølve bruker. Bygga er svært energigjerrig konstruerte, med fornybare energikjelder som kan gje rein energi til bustader, næringsbygg, idrettsanlegg eller til og med som ladestasjon for el-bilar. KrF vil derfor leggje til rette for at det blir bygd fleire plusshus i Noreg, slik fleire av våre naboland har gjort. Dette må vi gjere gjennom å lage regelverk, rammevilkår, ordningar, og rettar for bygg som vil levere fornybar straum til nettet.

KrF vil

- satse vidare på vasskraft, mellom anna gjennom opprustinga av eksisterande anlegg og utbygging av småkraftverk der det er riktig ut frå naturomsyn.
- sikre eit distribusjonsnettverk for småkraftverk, slik at mangelen på dette ikkje skal hindre etablering og utbetring av småkraftverk.
- at norske styresmakter sørgjer for at utbygginga som følgjer av grønne sertifikat fordeler seg jamt mellom begge landa, mellom anna gjennom harmonisering av reglar og rammevilkår.
- at Enova etter innføringa av grønne sertifikat rettar fokuset mot energieffektivisering og energiomlegging, utvikling og introduksjon av nye energi- og klimateknologiar i industrien, og auka bruk av nye teknologiar med stort potensial innan fornybar kraftproduksjon - som havbasert vindkraft, tidevasskraft, saltkraft og bølgekraft.
- stimulere til auka satsing i bruk av ulike former for bioenergi, både i offentleg og privat samanheng.
- sikre gode støtteordningar til konvertering av fossil energibruk i hushald som oppfølging av det vedtatte forbodet mot oljefyring i hushald som trer i kraft i 2020.
- auke CO₂-avgifta og utvikle støtteordningar som gjer det lønsamt å utvikle og ta i bruk energisparande teknologi.
- prioritere å byggje eit samanhengande kraftnett med 420 kV spenning frå nord til sør i landet.
- byggje straumnett for framtida med god nok kapasitet til å sikre forsyningstryggleiken for straum, utjamne prisskilnader og nettleige mellom landsdelane og sikre grunnlag for næringsutvikling over heile landet.
- setje fart i arbeidet med bygging av nye overføringslinjer i Nord-Noreg.
- medverke til ei styrking av det nordiske el-samarbeidet og auka integrering i den europeiske kraftmarknaden gjennom etablering av nye overføringssamband til utlandet.
- utarbeide ein nasjonal plan for kraftlinjer som blir oppdatert og fremja for behandling i Stortinget ein gong kvar stortingsperiode.
- at kommunar og fylke som det vedkjem skal vere representerte i planarbeidet for nye overføringslinjer.
- at Noreg fastset eit mål om å redusere energibruken med 20 prosent samanlikna med forventa nivå innan 2020 i tråd med EU sin klima- og energiplan.
- at Noreg fastset som mål å redusere energibruken i bygg med minimum 8 TWh innan 2020 og ha ei gradvis skjerping av teknisk byggforskrift (TEK) med krav om meir energieffektive bygg.
- etablere ei enkel og ubyråkratisk støtteordning for energisparing og konvertering av fossil energi i hushald.
- sikre rask innføring av tovegs strømmålarar (AMS) som gjer det mogleg å tilpasse forbruket etter pris og tid på døgnet og innføre toppprissystem på straum med auka avgifter på toppforbruket.
- leggje til rette for at det blir bygd fleire plusshus og at nettleverandørar av straum skal ha ei plikt til å ta imot overskotsstraumen frå plusskundar.

Olje og gass

Olje- og gassverksemda på norsk sokkel er ein berebjelke i norsk økonomi. Verksemda har gitt ringverknader i form av arbeidsplassar over heile landet. Næringa står for store delar av norske eksportinntekter, og fleire hundre tusen arbeidsplassar er direkte eller indirekte knytt til verksemda. Den har medverka til næringsutvikling, teknologiutvikling og samfunnsutvikling som har kome heile landet til gode. Omtrent ein fjerdedel av Noreg sine utslepp kjem frå petroleumsnæringa, og sektoren må derfor også kutte utslepp. I framtida vil det måtte kome ein vridning frå fossil til fornybar energi, og teknologien som finst i petroleumsnæringa vil bli viktig i satsinga på utvikling av ny fornybar energi i åra som kjem.

Det er no meir enn ti år sidan produksjonstoppen for olje blei nådd på norsk sokkel. Aukande produksjon av gass har så langt tatt av for fallet i oljeproduksjonen. Norsk olje- og gassproduksjon er avhengig av føreseielege rammevilkår. For KrF er det viktig at utvinningstempoet er politisk styrt ut frå ei samfunnsmessig heilskapsvurdering og ikkje med utgangspunkt i marknadsaktørane sine behov. KrF vil framleis stille strenge miljøkrav og sikre at utvinninga av norsk olje og gass skjer på mest mogleg miljøvenleg måte.

Klimautfordringa gjer at bruken av olje og gass må reduserast. Etter kvart må Noreg også tilpasse seg til eit samfunn basert på andre energikjelder. KrF ønskjer ei målretta satsing på utvinning av olje frå eksisterande felt på norsk sokkel. Det er for å sikre god og ansvarleg forvaltning av ressursar som allereie er funne. KrF ønskjer også ei vidare satsing på leiting og utvinning av nye felt, spesielt i nord, med unntak av spesielt sårbare og verdifulle område der risikoen ved oljeutvinning er for stor. Store nye funn som Sverdrup-feltet i Nordsjøen viser også at det framleis er viktig å leite og utforske i modne område.

Oljeutvinning skal ikkje skje i sårbare havområde der miljø- og eller fiskeriomsyn talar for at slik aktivitet er uforvarleg. KrF vil derfor opprette petroleumsfrie soner i havområda utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja, Jan Mayen, Mørebankane og kystnære område i Skagerrak. Petroleumsfrie soner bør også opprettast i spesielt sårbare og kystnære delar av Barentshavet.

Det tidlegare omstridde området i Barentshavet sør er eit område der det kan vere store olje- og gassførekomstar og der risikoen ved utvinning er mindre enn i meir kystnære og sårbare område. KrF støtter derfor å setje i gang ei konsekvensutgreiing etter petroleumslova i dette området med sikte på å tildele utvinningstillatingar.

Auka petroleumsverksemd i Barentshavet sør og Polhavet både på norsk og russisk side kombinert med ein forventet auke i skipstrafikken i Polhavet medfører vesentleg auka risiko for oljeutslepp og skipshavari. Dette må føre til krav om ein kraftig styrkt oljevernberedskap i nord. Vi må stille langt sterkare myndigheitskrav til koordinering og samarbeid mellom dei ulike aktørane, særleg til oljebransjen sjølv. Bransjen må bli pålagt å initiere både forskning og teknologiutvikling på kystnær beredskap. KrF meiner vi må utvikle eit heilt nytt konsept for kystnær beredskap som blir ein del av kysten sin infrastruktur mot oljeforureining.

Eksport av norsk gass kan i åra framover vere viktig for at europeiske land skal redusere bruken av kol og redusere utsleppa sine av klimagassar. Vi bør derfor vurdere å endre kriteria for val av blokker til utlysningar på sokkelen. Dette kan vi gjere ved at vi så langt som mogleg bruker tilgjengeleg geologisk kunnskap for å prioritere gass som hovudressurs. All geologisk kartlegging og seismikk skal avpassast med omsyn til fiskeriverksemd, økologi, fisken si gyttid og vandringsmønster. Vi må vise varsemd med tanke på utsleppsfares under produksjon og transport.

Lokalsamfunna i nord må på same måte som kystområda i sør sikrast ringverknader på land av ei veksande olje- og gassverksemd i landsdelen. Det er viktig at både politiske miljø, næringsmiljø og kunnskapsmiljø i nord blir høyrde i prosessen og når vedtak skal fattast om olje- og gassutvinning i nord. Det er avgjerande at styresmaktane allereie i konsesjonsvilkåra stiller tydelege vilkår for tildeling av letetillatingar.

KrF er kritisk til utvida bruk av ordninga med tildeling av leiteområde i område som er definerte på førehand (TFO-ordninga). Ordninga var meint å sikre påvising og utvinning av petroleumsressursar som kan fasast inn til installasjonar som allereie eksisterer i såkalla modne område. TFO har vore kritisert av Klima- og forureiningsdirektoratet og Direktoratet for naturforvaltning for å redusere miljøvernstyresmaktene sin påverknad ved tildelingar. TFO er no utvida innover i eit av dei høgst prioriterte av dei verdifulle områda i Barentshavet, eit område som vi knapt kan kalle modent. Dette viser at TFO har vakse langt utover det som var intensjonen med ordninga. KrF ønskjer derfor å stramme inn og helst avskaffe TFO-ordninga.

Petroleumssektoren står for ein fjerdedel av dei samla norske utsleppa av klimagassar. Klimagassutsleppa er stort sett avgassar frå forbrenninga av gass i turbinar, fakling av gass og forbrenning av diesel. Det er viktig at petroleumssektoren tar sin del av ansvaret for å redusere norske klimagassutslepp. KrF meiner kraft frå land må vere hovudregelen og ikkje unntaket ved nye feltutbyggingar på norsk sokkel. Oppfylginga av klimamåla vil truleg også krevje områdeelektrifisering av eksisterande installasjonar på delar av sokkelen, fortrinnsvis sørlege og nordlege delar av Nordsjøen.

Vi bør ikkje gje nye tillatingar til å byggje eller forlenge dei noverande konsesjonane for gasskraftverk utan handtering av CO₂.

KrF vil

- sikre føreseielege rammer for petroleumsverksemda.
- at tempoet i norsk oljeutvinning og gassproduksjon blir redusert.
- satse på auka utvinning av olje frå eksisterande felt på norsk sokkel, mellom anna ved å styrkje Petoro gjennom finansiering over kontantstraumen frå sokkelen.
- at leiting og utvinning på nye felt, spesielt i nord, ikkje skal inkludere spesielt sårbare og verdifulle område der risikoen ved oljeutvinning er for stor.
- framleis stimulere til utforsking og leiting i modne område av sokkelen.
- setje i gang ei konsekvensutgreiing etter petroleumslova i det tidlegare omstridde området i Barentshavet sør med sikte på tildeling av utvinningstillatingar.
- opprette petroleumsfrie soner for å sikre at oljeutvinning ikkje skal skje i sårbare havområde der miljøomsyn taler for at slik aktivitet er uforsvarleg.
- vidareutvikle og styrkje oljevernberedskapen i Nord-Noreg ved hjelp av strenge myndigheitskrav og involvering av lokale aktørar. Nord-Noreg bør bli ein spydspiss internasjonalt i arbeidet med oljevern.
- at alle nye utbyggingar i tillegg til nokre eksisterande innretningar på norsk sokkel skal basere seg på utsleppsfri kraft frå land.
- stille krav til kutt i klimagassutslepp frå petroleumsverksemda.
- ikkje gje nye tillatingar eller forlenge noverande konsesjonar til bygging av gasskraftverk utan handtering av CO₂.
- gjennomføre fullskala CO₂-fangst og -lagring ved to store punktutslepp i Noreg, og ved eit nytt kolkraftverk på Svalbard, innan 2020.
- stramme inn eller avskaffe ordninga med «tildeling av leiteområde i førehandsdefinerte område» (TFO).
- vidareutvikle Technology Centre Mongstad (TMC) til eit internasjonalt forskingssenter for fangst og lagring av CO₂.

Miljøvern

Naturforvaltning

Vi må forvalte naturen slik at vi tar vare på det biologiske mangfaldet. Vi må utarbeide gode verneplanar. Luft- og vassforureining og andre inngrep som kan gå ut over verdas biologiske mangfald, må vi hindre. Det biologiske mangfaldet vi finn innanfor norske grenser, må ha eit sterkt vern. Regnskogane treng eit mykje sterkare vern om vi skal klare å ta vare på det enorme talet på oppdaga og uoppdaga plante- og dyreartar i desse områda. Dette vil også vere eit viktig klimatiltak.

Naturmangfaldslova skal sikre biologisk mangfald av alle natur- og landskapstypar, også i vatn og vassdrag og i havet. Det er viktig at kommunane har ei kunnskapsbasert arealforvaltning. Omsynet til biologisk mangfald må innarbeidast, og vi må ta omsyn til det i all arealplanlegging og naturbruk. Samarbeidet med skogbruket om biologisk mangfald og god forvaltning må halde fram og utvidast.

Skogvern

KrF vil leggje til rette for ein aktiv skogpolitikk som kombinerer ei berekraftig skogsdrift og verneinteressene. Det er viktig at skogbruket held fram den gode forvaltninga der det biologiske mangfaldet blir tatt vare på. KrF meiner at nytt skogvern primært skal skje via frivillige verneavtalar mellom skogeigarar og styresmaktane. Erstatningsordningane for barskogvern må leggjast om, slik at dei skogeigarane som ønskjer det, i staden for ein eingongssum kan få ei årleg erstatning basert på tilveksten i skogen og kva som kunne vore henta ut om området ikkje hadde vore verna. Dette vil frigjere statlege midlar til fleire verneavtalar samtidig som det sikrar ei langsiktig og rettferdig erstatningsordning for eigedommen.

Sjødeponi

KrF vil leggje føre-var-prinsippet til grunn i spørsmålet om oppretting av sjødeponi for massar frå gruvedrift. Vi må gjere grundige analysar av verknaden for landskapet under havet og for forureiningsfaren før vi vurderer å tillate slike deponi.

Rovdyr i norsk natur

KrF legg til grunn at Noreg skal ta sin del av ansvaret for levedyktige bestandar av dei fire store rovdyra, bjørn, ulv, jerv og gaupe. Det er viktig å vurdere tilstanden til bestandane i samheng med svenske bestandar. For ulv bør det etablerast eit nytt bestandsmål som også inkluderer grenseulvane.

Vi må sikre nok midlar til registrering av rovdyrbestanden. Raske uttak av skadedyr, i tillegg til å forhindre at bjørn, ulv, jerv og gaupe etablerer bestand utanfor kjerneområda, er ein viktig del av forvaltninga. Nok midlar til rovdyrregistrering, førebyggjande og konfliktdepande tiltak må sikrast.

Det må vere gode erstatningsordningar ved tap av dyr i landbruksnæring og for bønder som gjennomfører omstillingstiltak i dei områda som er mest råka. *Sjå også delkapittelet «Landbruk» i kapittelet «Næringspolitikk».*

Friluftsliv og bruk av naturen

Retten til allmenn ferdsel i utmark er viktig å ta vare på. At det er mogleg å ferdast i og bruke naturområda er viktig for trivsel og velver. Barn og unge må stimulerast til ansvarleg bruk av naturen både for eigen del og fordi naturglede og innsikt skapar gode forvaltalar.

Strandsona må forvaltast i eit generasjonsperspektiv og sikrast for folk flest. Hundremetersregelen må praktiserast strengt i pressområda. I delar av landet der strandsona ikkje er under press, bør vi kunne opne for ein meir fleksibel praksis.

KrF vil ha ein restriktiv politikk for motorferdsel i utmark, med større vekt på lokal medverknad. Det må vere gode ordningar for forsvarleg nyttekøyring, køyring til og frå hytter og trasear for fritidskøyring med snøscooter i område der dette ikkje har store negative miljøkonsekvensar. Det bør vere strenge restriksjonar på barmarkskjøring i utmark.

Nærmiljøet til folk er viktig for trivsel og helse. Vi må stille klare krav til støyutslepp. Vi må arbeide målmedvite for å redusere støyplaga og for at støyavgrensing blir tatt med i samfunnsplanlegginga.

Jakt og fiske er positive aktivitetar som vi må leggje godt til rette for slik at det er enkelt å sikre rekruttering. Det er viktig at reglar og føresegnar har som mål å sikre berekraftige og gode bestandar. Jakt og fiske er viktig for forvaltninga av bestandane, som rekreasjon og for turisme og næring. KrF ønskjer forbod mot bruk av blyhagl på skytebanene og i våtmarksområde, der bly utgjør ein forureiningsfare. Vi bør oppheve forbodet mot blyhagl over fastmark og open sjø inntil ein har kome fram til betre alternativ.

Det er rom for store miljøforbetringar i mange av dei utbygde vassdraga. Å fastsetje krav om minstevassføring i viktige laksevassdrag og andre prioriterte vassdrag er eit viktig tiltak. KrF ønskjer ei meir berekraftig oppdrettsnæring som sikrar ein sterk villaksstamme. Dette inneber mellom anna at næringa må løyse dei miljømessige utfordringane sine knytt til lakselus og rømt oppdrettsfisk. Kalking av sure vassdrag må halde fram der det er nødvendig.

Miljøtilstanden i regulerte vassdrag må bli betre gjennom revisjon av gamle vasskraftkonsesjonar. I mange regulerte vassdrag er potensialet for miljøforbetring stort med berre litt vasslipp, og her skal som hovudregel ei minstevassføring innførast for å betre miljøtilstanden. Vi må samordne revisjonen av konsesjonsvilkåra med dei nye vassforvaltningsplanane. Nye miljøvilkår i gamle konsesjonar må tilpassast framtida sitt køyremønster med meir effektkøyring for å unngå nye miljøskadar.

KrF vil

- sikre nødvendig barskogvern og leggje til rette for raske verneprosessar.
- leggje om erstatningsordningane for barskogvern til årleg erstatning for dei grunneigarane som ønskjer det. Denne erstatninga blir justert i takt med verdien av tilveksten av skogen. Hensikta er å auke vernetempoet og samtidig sikre eit langsiktig perspektiv for dei eigedommane det gjeld.
- halde oppe eit rikt kulturlandskap og sikre vern av sårbare område.
- sikre sterk og systematisk satsing på vern og vedlikehald av kulturminne.

- sikre allemannsretten, og at folk flest har tilgang til strandsona mellom anna ved erverv av friluftsområde, og sørge for juridisk bistand til kommunar som vil fjerne ulovlege ferdselshinder i strandsona.
- betre tilskotsordningane for friluftslivstiltak.
- etablere gode ordningar for forsvarleg bruk og vedlikehald av turstiar og liknande i verneområde.
- heve aldersgrensa for gratis innlandsfiske frå 16 til 18 år.
- arbeide for at det kan nyttast blyhagl til jakt på fastmark og over open sjø.
- at vi tar vår del av ansvaret for å sikre levedyktige bestandar av dei fire store rovdyra bjørn, ulv, jerv og gaupe.
- ta initiativ til å samordne forvaltninga av ulv med svenske styresmakter.
- at det i sterkare grad blir stimulert til omstilling frå sauehald til anna husdyr- og planteproduksjon i område med ulv og bjørn.
- ha ei dreining av rovdyrpolitikken der beitenæringane får større vekt.
- at revisjonen av konsesjonsvilkåra for kraftutbyggingar skal medverke til gode miljøtiltak og mest mogleg naturleg artsmangfald i dei utbygde vassdraga.
- arbeide for å sikre ei berekraftig forvaltning av villaksbestandane våre, mellom anna å kjempe aktivt mot lakseparasitten Gyrodactylus salaris, vidareføre kalkingsverksemda og medverke til rammer for regulering av laksefisket i sjø og vassdrag.
- vurdere større avgrensingar mot taretråling i verna sjøområde på grunn av samspelet mellom sjøplantar og fugleliv.

Forbruk og avfall

Noreg har eit svært høgt forbruk som medfører store miljøutfordringar. Vi må redusere miljøbelastninga frå forbruk og avfall. Dette er ei etisk utfordring som vi må omsetje i målretta politisk handling.

Vi har i dag passert eit forbruksnivå i den rike delen av verda som det er umogleg å gje alle innbyggjarar på kloden. Ressursane vil kort og godt ikkje strekkje til. Den rike delen av verda har eit ansvar overfor den fattige delen, og vi må derfor endre forbruksmønsteret vårt slik at vi forbruker mindre.

Vi må redusere miljøbelastningane frå produksjon og forbruk. Unødvendig emballasje og søppel må vekk, og spesialavfallet sin del av avfallet må bli mindre. Alle kommunar må få skikkeleg kjeldesortering, og det må bli betre materialgjenvinning.

Vi bør gå gjennom regelverket for datomerking av matvarer med sikte på å redusere den stadig aukande mengda matavfall frå daglegvarebransjen og hushalda. Matavfall bør i størst mogleg grad bli sortert ut og nyttast til produksjon av berekraftig biodrivstoff.

KrF vil

- innføre CO₂-rekneskap på varer, spesielt energibærarar, som kartlegg utsleppa heile vegen frå produksjon, vidareforedling, transport og til forbruk.
- påleggje kommunane kjeldesortering av avfall.
- innføre emballasjeavgift.
- innføre «ja takk-prinsippet» for uadressert reklame per post.
- leggje til rette for overgang til handleposar som er laga av nedbrytbart materiale eller er eigna til gjenbruk.
- betre ordningane for innsamling av spesialavfall endå meir, mellom anna gjennom å etablere fleire miljøstasjonar.
- betre forbrukarrettane og skjerpe produsentansvaret for å medverke til forlenga levetid på produkt og forsvarleg avfallshandtering.
- stimulere til auka utnytting av avfall til energiformål som fjernvarme, biodrivstoff eller elektrisitetsproduksjon.
- betre rammevilkåra for biogassproduksjon.
- vurdere innføring av kvoteregulering eller eksportforbod av avfall for å sikre utbygging av god nok kapasitet til å handsame det i Noreg.
- sikre effektiv gjenvinning og resirkulering av kjeldesortert materiale, og at avfall blir nytta på ein økonomisk og miljøvenleg måte.
- innføre panteordningar på fleire produkt slik som campingvogner, fritidsbåtar, mobiltelefonar, gassflasker og liknande.
- arbeide for reduksjon av matavfall frå daglegvarebransjen og hushald.

Forbrukarpolitikk

Forvaltansvaret forpliktar oss til å ta vare på dei ressursane vi har på ein god måte. Vi lever i eit forbrukssamfunn, der konsum og kjøp av nye ting er overfokuset. Det er svært uheldig både frå eit miljøperspektiv og med tanke på at mennesket i realiteten har fleire behov enn dei materielle. KrF vil føre ein forbrukarpolitikk som stimulerer til gjenbruk og materialgjenvinning, skapar auka etisk medvit hos både forbrukarane og produsentane, og medverkar til å dempe kjøpepresset og forbruksjaget.

KrF ønskjer ei lovgjeving og eit rammeverk som skapar tryggleik for forbrukarane. KrF meiner vi må ha ei kontinuerleg vurdering av om forbrukarregelverket er godt nok. Forbrukaren er ofte den svake parten og den som sit med minst informasjon når kjøpet føregår. Derfor må eit tydeleg regelverk leggje føringar som på ein god måte skjermar forbrukaren. Samtidig må det liggje eit ansvar på kvar enkelt.

Tenester for alle

Fleire og fleire tenester kan utførast over Internett både innanfor post, bank, varehandel og rapportering til og tenester frå det offentlege. Det må framleis vere mogleg for dei som av ulike årsaker ikkje bruker data å få utført tenestene på tradisjonell måte. Det offentlege har eit spesielt ansvar for å leggje til rette tenestene sine for alle.

Digitalisering av offentlege tenester skjer i dag for lite heilskapleg, og særleg på kommunenivå er det i stor grad opp til kommunane sjølve kor mykje dei ønskjer å satse på ulike digitaliseringsprosjekt. KrF ønskjer at staten og kommunane i større grad enn i dag må arbeide saman om å skape tilgjengelege og brukarvenlege elektroniske løysingar for innbyggjarane. Staten bør ta eit ansvar for å utvikle ein felles digital plattform som dei kan tilby kommunane, slik at desse kan velje å ta han i bruk om dei ønskjer det. Kommunane bør sjølve kunne velje kva tenester dei ønskjer å tilby sine innbyggjarar digitalt.

Nei til sløsing

Vi lever i et «bruk-og-kast-samfunn» der sløsinga er tydeleg. Vi må snu denne trenden. Produsentane må få større ansvar for produkta sine, slik at det blir laga fleire produkt som er berekna på gjenbruk og materialgjenvinning. Vi må stille krav til miljømerking, som mellom anna gjer greie for gjenbruk og materialgjenvinning og leveringsordningar. For å motverke «bruk-og-kast-tendensen» må vi arbeide for eit internasjonalt regelverk for produktansvar med krav om merking av produkta si forventa «levetid» og kvalitet. Kvar år blir det kasta tusenvis av tonn med mat i Noreg. KrF ønskjer ei målsetjing om at matavfall i Noreg skal reduserast med 25 prosent innan 2017, og vil setje i verk tiltak for å få til dette, mellom anna ved å gå gjennom om ordninga for datomerking av matvareprodukt fungerer tilfredsstillande.

Barn og unge

Barn er dei siste åra blitt ei svært aktuell målgruppe for reklame. Barn har ofte sterk innverknad på heile familien sitt forbruk og representerer stor kjøpekraft i framtida. Barn og unge må få kunnskap slik at dei kan stille seg reflekterte til reklame og kjøpepress. Sterk kommersiell påverknad av barn og unge kan på ein uheldig måte påverke sjølvforståinga og identiteten deira. Det er derfor viktig med avgrensingar på reklame direkte retta mot barn. KrF vil også innføre merking av retusjert reklame for å hindre at ungdom utviklar urealistiske og usunne kropps- og venleiksideal.

Forbrukarinteresser

Forbrukarrådet har viktige oppgåver med å påverke styresmaktene og marknaden, og å gje informasjon og bistand til forbrukarane, medan Forbrukarombodet tar hand om ei viktig ombodsrolle. Den auka internasjonaliseringa krev eit sterkt engasjement i internasjonale fora der viktige forbrukarpolitiske avgjerder blir fatta.

Gjeld og lånepress

Altfor mange nordmenn slit med skyhøg gjeld som dei ikkje er i stand til å betale, anten i form av kredittkortgjeld, forbrukslån eller liknande. Kvar enkelt forbrukar har eit ansvar for å ikkje ta på seg forpliktingar dei ikkje kan møte, men samtidig kan aggressiv og intensiv marknadsføring av dyre forbrukslån gjere at folk vel annleis enn dei burde. Det finst også fleire tilfelle av at bankar aktivt har selt kompliserte og risikofylte spareprodukt til kundar som aldri burde ha gått inn på den typen investeringar. KrF ønskjer å sjå nærare på korleis bankar og andre kredittytarar opptrer overfor den enkelte kunden. KrF meiner det må bli gjeve nok korrekt og ærleg informasjon om avtalane som blir inngått, og vi bør vurdere om styresmaktene skal leggje restriksjonar på aggressiv og unyansert marknadsføring av raske forbrukslån og tilsvarande. Når det gjeld kor godt forbrukaren kan vurdere konsekvensane av å ta opp

gjeld, er auka kunnskap sentralt. For å sikre meir kunnskap om privatøkonomi hos dagens unge, vil KrF styrkje undervisinga i personleg økonomi i skulen.

Speleavhengigheit

Mange nordmenn slit med speleavhengigheit, og det rammar også mange familiar. Det er nødvendig med ei regulering av pengespelsektoren som tar vare på omsynet til dei speleavhengige og deira pårørande på ein god måte. Vi bør halde på pengespelmonopolet til Norsk Tipping. I tillegg er det svært viktig med gode tilbod om hjelp og behandling til dei som slit med speleproblem.

KrF vil

- halde på forbodet mot alkoholreklame og reklame retta mot barn.
- ha reklamefrie skulebøker.
- avgrense reklame som skapar usunne kroppsideal, særleg i dei tilfella dei er i nærleiken av barn og unge.
- merkje reklame som er retusjert, slik at det kjem fram at biletet ikkje er ei realistisk attgjeving av utsjånaden til modellen.
- gjere det lønsamt å velje miljøvenlege produkt med tanke på produksjon, emballasje og gjenvinningsmoglegheiter.
- innføre «ja takk-prinsippet» for uadressert reklame per post.
- regulere telefonsal på ein slik måte at reservasjonsmoglegheita blir reell.
- leggje til rette for kjøp av «fair trade»-produkt.
- halde på og betre forbrukarrettane for å stimulere til god kvalitet på produkt.
- gjennomgå kor godt ordninga for datomerking av matvareprodukt fungerer med tanke på å redusere mengda mat som blir kasta kvart år.
- leggje til rette for bevisste val knytt til forbruk, og på den måten ta tydeleg avstand frå «bruk-og-kast»-tankegangen.
- opprette eit uavhengig, statleg klageorgan for finansielle tenester.
- at Finanstilsynet skal leggje større vekt på forbrukaromsyn.
- styrkje undervisinga i personleg økonomi i skulen.
- føre ein politikk på spel- og lotteriområdet som hindrar speleavhengigheit, mellom anna gjennom å halde på Norsk Tipping sitt monopol på pengespel.
- gjennom internasjonale politiske organ arbeide for forbod mot TV-reklame for spel som til dømes nettpoker og bingo på nett for å avgrense speleavhengigheit.
- halde på søn- og heilagdagane som kviledagar, utan vidtgåande handelsverksemd.
- at all lovpålagd informasjon om kjemikaliar i forbrukarprodukt og tilsetjingsstoff i mat må gjerast offentleg på Internett.
- vurdere å innføre eigarskapsavgrensingar i daglegvarehandelen for at dei store aktørane ikkje skal kunne misbruke marknadsmakta si.
- få fortgang i arbeidet med å utvikle og utbreie elektronisk ID slik at alle nordmenn kan bruke dette for å identifisere seg i møte med det offentlege på Internett.
- rette avgiftssystemet meir inn mot forbruk, slik at einpersonshushald ikkje må betale uhøveleg mykje og at miljøvenleg åtferd samtidig blir premiert.

Næringspolitikk

Næringsliv og næringsutvikling

Lønsame arbeidsplassar og bedrifter er ein føresetnad for busetjing, aktivitet og velferd. KrF vil leggje forholda til rette for næringslivet ved å gje føreseielege rammer som legg til rette for berekraftig verdiskaping med omsyn til både etikk, økonomi og miljø.

KrF vil gje gründerar gode vilkår for å starte eiga verksemd. Det skal vere enkelt å starte og drive eiga verksemd. Auka satsing på utdanning, forskning og utvikling er nødvendig for eit næringsliv som skal bere kostnadene for komande generasjonar. Det er også viktig å innføre betre sosiale rettar for dei som startar eiga bedrift, og for sjølvstendig næringsdrivande. Sjuketrygd og gode løysingar for omsorg for egne barn er for dårleg tatt hand om for sjølvstendig næringsdrivande samanlikna med arbeidstakarar.

KrF vil arbeide for eit enklare Noreg med mindre skjemavelde og mindre byråkrati. Vi ønskjer å avskaffe unødige lover og reglar, og forenkle rapporteringa. Ingen skal vere nøydde til å gje opp den same opplysninga til det offentlege fleire gongar.

Digitalisering er eit godt verkemiddel i å forenkle rapportering til det offentlege, men det er viktig at ein slik prosess ikkje berre inneber at papirskjema blir gjort elektroniske. Når rapportering skal digitaliserast, er det nødvendig at vi har ein kritisk gjennomgang av om alle skjema og rutinar i dagens sakshandsaming er hensiktsmessige.

Små og mellomstore bedrifter

Om lag 80 prosent av norske bedrifter har under fem tilsette. Desse bidrar med avgjerande verdiskaping for landet, og det er viktig med gode rammevilkår som gjer det mogleg for denne typen verksemdar å overleve og vekse. Småbedriftene er ei viktig kjelde til omstilling og nyskaping i norsk næringsliv. KrF vil stimulere til innovasjon og utvikling ved å styrkje Forskningsrådets ordningar BIA (Brukarstyrt innovasjonsarena) og SkatteFUNN.

Familieeigde bedrifter har ei særleg utfordring ved generasjonsskifte. KrF vil fjerne arveavgifta om neste generasjon driv verksemda vidare. (Sjå faktaboks etter kulepunktta.)

Energi

Norsk næringsliv er nært knytt opp til rike naturressursar. KrF vil sikre norske hjørnesteinsbedrifter ei framtidig energiforsyning som gjer det mogleg med framleis drift i Noreg. Rein energi til kraftkrevjande industri er eit miljøval, som kan forhindre at bedrifter flyttar produksjon til land der energien er langt mindre miljøvenleg. KrF vil ha både generelle og næringssspesifikke tiltak for å møte ulike behov i næringslivet.

Vasskrafta er ein viktig fellesressurs, og det er vesentleg å sikre nasjonal kontroll med denne energiressursen i eit langt perspektiv. KrF vil derfor halde på ordninga med at privat utbygde vasskraftanlegg av ein viss storleik fell tilbake til det offentlege etter eit visst tal år.

Arbeidskraft

Å sikre nok arbeidskraft blir ei utfordring framover. Det er derfor viktig både å forske på og gjennomføre effektiviseringstiltak, men arbeidsinnvandring vil også vere nødvendig for å lukkast. KrF vil arbeide for at desse arbeidstakarane får same vilkår som norske arbeidstakarar, og vi vil motarbeide sosial dumping. Gode ordningar for seniorar, og fleksibilitet når det gjeld trygd og arbeid, må også på plass.

Sosialt entreprenørskap

Sosialt entreprenørskap handlar om å skape ein sosial verdi ved å skape endring og utvikling i samfunnet. Ein sosial entreprenør ser eksisterande moglegheiter og sanningar og finn nye og berekraftige løysingar både for individ, bedrift og samfunn. Den sosiale entreprenøren er først og fremst opptatt av samfunnsavkastning – ikkje bedriftsøkonomisk avkastning. Suksess blir målt i både sosial og økonomisk verdiskaping. Det er verksemda som eig den økonomiske verdiskapinga, ikkje enkeltpersonar eller aksjonærar. Sosialt entreprenørskap er kjenneteikna ved at det er sosialt, behovsorientert og innovativt.

Nye idear og prosjekt treng ressursar og kapital som kan stilles til rådighet. KrF ønskjer å stimulere til meir sosialt entreprenørskap ved mellom anna å opprette eit oppstartsfond for sosial innovasjon, som skal støtte oppstarten av nye, ideelle prosjekt som har til hensikt å løyse sosiale utfordringar.

Statleg eigarskap

Den norske stat er, ikkje minst på grunn av oljeindustrien, ein stor eigar i norsk næringsliv. KrF meiner det bør vere ein god balanse mellom offentleg og privat eigarskap. Det direkte statlege eigarskapet skal medverke til å oppfylle dei overordna måla i finanspolitikken og å ta vare på eit vedtatt samfunnsansvar.

Næringsliv og arbeidsplassar, utdanningstilbod og forskning, samferdsel og by- og bygdeutvikling er alle område som er avhengige av kvarandre. Samordninga av dei ulike departementa som styrer desse områda og innsatsmidla mot dei, må styrkjast.

Maritime næringer

Noreg har eit komplett maritimt miljø, med internasjonalt leiande aktørar innan både reiarlag, finansinstitusjonar, utstyrsleverandørar inkludert leverandørar av IKT, skipsbygging, forsikring og classeselskap. Norsk skipsfart er ei viktig næring og spel i tillegg ei nøkkelrolle for arbeidsplassar og busetjing langs kysten. Norske sjøfolk er ein viktig del av den maritime klynga. KrF vil sikre skipsfartsnæringa føreseielege rammevilkår og ei skatteordning for reiarlag tilsvarande det ein har i Europa. Gjennom dette vil vi sikre og vidareutvikle eit sterkt og aktivt norsk eigarskap i skipsfarten. Reiarlægninga og sjøfolk må ha rammevilkår som gjer dei i stand til å konkurrere på den internasjonale marknaden.

Reiseliv

Noreg bør utnytte betre potensialet sitt som reisemål for nordmenn og utlendingar. Ei betre samordning av tilboda gjennom ny struktur av reisemålsselskapa og satsingar på eit breitt spekter av opplevingar er avgjerande. Mange reiselivsbedrifter er små og mellomstore familiebedrifter som spelar ei nøkkelrolle i oppleving og mangfald.

Ein enklare kvardag for næringslivet

KrF vil at det skal vere enkelt å starte, drive og eie næringsverksemd i Noreg. Målet må vere å minske dei administrative kostnadene som har oppstått på grunn av reglar og skjemavelde varig og med minst 25 prosent. Målet må også vere å skape ei merkbar og målbar endring til det beste i kvardagen til bedriftene.

Norsk næringsliv bruker 54 milliardar kroner på rapportering som følgje av norske reglar og skjemabelasting. Det inneber at for kvar prosent vi reduserer rapporteringsbyrda, frigjer vi 540 millionar kroner til gründerverksemd og vidareutvikling av norske bedrifter, noko som er bra både for bedriftene og for å kunne skape fleire arbeidsplassar og dermed få fleire i arbeid.

KrF vil

- avskaffe unødige lover og reglar, og forenkle rapporteringa for næringslivet, mellom anna gjennom å innføre «solnedgangslvgjeving».
- ha ei forenkla aksjelov for små bedrifter.
- fjerne formuesskatten på arbeidande kapital.
- fjerne arveavgifta ved eigarskifte i familieverksemdar som blir drivne vidare av neste generasjon.
- sikre næringslivet føreseielege og likeverdige konkurranseforhold med land vi kan samanlikne oss med i Europa.
- auke tilskotet til forskning og styrkje samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og bedrifter.
- stimulere til auka forskingsinnsats i bedriftene gjennom å auke beløpsgrensene i SkatteFUNN-ordninga.¹³
- at krava til statleg eigarskap skal balanserast mellom overordna mål for finanspolitikken og det samfunnsansvaret ei bedrift med statleg eigarskap må ha.
- meine at det er rom for ein viss reduksjon av statleg eigarskap, utan at dette vil svekkje måloppnåinga for finans- og næringspolitikken.
- at vi må auke merksemda rundt kontrollrutinane for å ta vare på omsynet til miljø, helse og tryggleik, med særleg fokus på ein sterkare kontroll med laster levert i norske hamner, og ei større samordning av statlege tilsyn.
- auke investeringar i infrastruktur, som både veg, bane, sjø og breiband for å sikre næringslivet gode rammer for etablering og drift i heile landet.
- innføre betre sosiale rettar for gründarar og sjølvstendig næringsdrivande.
- at det skal bli lettare å få godkjent utdanningar frå utlandet.
- styrkje merkevarebygginga av Noreg som eit turistmål for opplevingar.

¹³ Gjennom SkatteFUNN kan små og mellomstore bedrifter oppnå 20 prosent frådrag i skatt på kostnader til FoU-arbeid i godkjente prosjekt, medan større bedrifter kan få 18 prosent. Ordninga er heimla i Skattelova og er basert på rettar.

- at naturlege føresetnader som til dømes rein og rimeleg energi, skal kome næringslivet til gode.
- sikre skipsfartsnæringa føreseielege rammevilkår og ei skattlegging av reiarlaga som sikrar eit framleis sterkt og aktivt norsk eigarskap i skipsfarten.
- gjennomføre tiltak som gjer at fleire norskeigde skip seglar under norsk flagg og blir registrerte i NIS – Norsk internasjonalt skipsregister.
- sikre ei konkurransedyktig nettolønsordning for å sikre den kompetansen norske sjøfolk representerer for dei maritime næringane.
- redusere arbeidsgjevaravgifta for lærlingar.
- etablere eit oppstartsfond for sosial innovasjon, som skal støtte oppstarten av nye, ideelle prosjekt som har til hensikt å løyse sosiale utfordringar.
- etablere eit vekstfond for sosial innovasjon, som skal gjere det mogleg for ideelle prosjekt som har vist seg å løyse viktige sosiale utfordringar å vekse.
- auke dei offentlege løyvingane til å utvikle nye ordningar og styrkje dei ordningane i Forskningsrådet og Innovasjon Noreg som kan dokumentere ein utløysande effekt på private investeringar i forskning og innovasjon.

Solnedgangslovgeving

Eit prinsipp som går ut på at visse reglar og føresegner har ei avgrensa levetid og fell bort om dei ikkje aktivt blir vedtatt på nytt etter eit visst tal år. Dette er for å sikre at reglar ikkje gjeld lenger enn dei faktisk er nødvendige.

Formuesskatt på arbeidande kapital

KrF ønskjer å fjerne formuesskatten på arbeidande kapital, som kan definerast som kapital i bruk i aktiv næringsverksemd. Dette er mellom anna driftsmidlar, utstyr, varelager, nødvendig kontantbeholdning og så vidare. Med vår modell vil det framleis vere formuesskatt på bankinnskott og eigedom, men ikkje på til dømes truckar, traktorar og trålarar som sikrar arbeidsplassar. Sverige hadde fritak for arbeidande kapital frå 1991. Denne ordninga varte fram til 2007 då dei valde å fjerne formuesskatten heilt.

KrF sin arveavgiftsmodell for familiebedrifter

Mange familieeigde bedrifter slit veldig ved generasjonsskifte på grunn av at store verdier i bedriftene gjev høg arveavgift. KrF sin arveavgiftsmodell for familiebedrifter vil løyse dette.

Vi føreslår: Ved generasjonsskifte i familieeigde bedrifter blir arveavgifta rekna ut, men betalinga blir utsett automatisk i ti år. Viss neste generasjon vel å drive verksemda vidare, fell ein tidel av arveavgifta vekk kvart år. Viss verksemda blir drive vidare i ti år eller meir, fell på den måten arveavgifta heilt vekk.

Landbruk

Norsk landbruk er viktig for å halde oppe matvaretryggleiken, verdiskapinga, busetjinga og kulturlandskapet. Vi må verdsetje bonden sitt arbeid slik at dei som driv med landbruk blir sikra ei inntekt på linje med andre yrkesgrupper. Landbrukspolitikken må ta høgde for at utfordringane varierer i ulike delar av landet. Den internasjonale matvaresituasjonen gjer det viktig å sikre produksjon av basisvarer.

KrF vil auke norsk matproduksjon i takt med befolkningsauken for å halde opp sjølvforsyningsgraden på minst dagens nivå. Dette motsvarar ein auke i jordbruksproduksjonen på 20 prosent på 20 år. Vi skal leggje vekt på bruk av norske ressursar for å sikre framleis landbruk over heile landet.

Det er nær samanheng mellom dyrka areal og matvareproduksjon. Noreg er av dei landa i verda med minst dyrka areal per innbyggjar. KrF går inn for eit strengt jordvern for å sikre framtidige generasjonar sjansen til nasjonal matforsyning. Matvareproduksjonen i Noreg skal basere seg på ei miljø- og

ressursvenleg utnytting av lokale ressursar. Derfor må vi prioritere grovfôrbaserte produksjonar framfor dei som krev auka innføring av kraftfôr.

Differensiert struktur

KrF vil føre ein god politikk for både enkeltmannsbruk, samdrifter, familiebruk og småskaladrift/nisjeproduksjon. Val av driftsform bør spegle ei heilskapleg tenking om plante- og dyrehelse, eit samla miljøperspektiv og behovet for matproduksjon. Både forskingsmidlar, tilskotsordningar og gode omsetnads- og marknadsløysingar er nødvendige for å få til det. Det må vere særlege ordningar som gjev insentiv for auka produksjon og bruk av økologisk produsert mat.

Vi må gripe fatt i to grunnleggjande utfordringar for landbruket, slik at vi kan sikre framtidig matproduksjon. Det generelle inntektsnivået er for lågt og må løftast, slik at dei som arbeider innanfor landbruk, kan oppleve å få ei løn for arbeidet som motsvarar anna arbeid. Landbruket står føre eit stort investeringsbehov, særleg knytt til husdyrhald. Vi må derfor etablere ordningar som gjer slike investeringar lønnsame.

Samdrift er for mange ein måte å organisere drifta på som gjev både meir fritid og lønsemd, og vi bør derfor stimulere til dette der alternativet er at den enkelte gardbrukaren legg ned. Men utfordringane i landet er ulike, og KrF vil bruke både areal- og kulturlandskapstilleget, i tillegg til støtta per dyr, for å halde på ein variert bruksstruktur og dermed eit aktivt landbruk i heile landet. Det bør finnes betre stimuleringsordningar i oppstartsfasen for samdrifter som driv med husdyrproduksjon.

Jordbruksfond

For å leggje til rette for fornuftig investering, bør vi innføre ei ordning med jordbruksfond etter modell av skogfondensordninga. Innanfor ei prosentramme blir då midlar sett av frå inntektene ved sal av råvarer og produkt til investering. Hensikta er å sikre at det blir gjort fornuftige investeringar i garden og stimulere til dette skattemessig.

Dyrehald

Alt dyrehald skal baserast på god dyrevelferd. Vi må ikkje tillate bruk av bioteknologi som gjev individ som manglar dyra sine naturlege instinkt og eigenart. Vi skal stille strenge krav til dyrevelferd, og må følgje desse opp med effektive og umelde kontrollar.

Landbruk og miljø

Miljøkrava til landbruket skal vere strenge, og vi skal arbeide aktivt for å få til ordningar som reduserer utsleppa av klimagassar, og for å nytte avfallsressursar (til dømes metangass) til energiproduksjon.

Vi må følgje opp dei miljøpolitiske målsetjingane om levedyktige bestandar av dei store rovdyrartane gjennom aktiv forvaltning med overvaking av bestandane og regulering basert på rovdyrforliket frå 2011. Det er storsamfunnet som skal bere kostnadene med rovdyra, og landbruket må derfor ha gode erstatningsordningar for tap av beitedyr og omstillingstiltak i kjerneområda for rovdyr. Det må vere lokal forvaltning av vernet av dei store rovdyra. For å gjennomføre rovdyrforvaltninga på ein god måte, er det avgjerande at ein evner å skape tillit og gjensidig forståing mellom dei ulike aktørane innanfor landbruk, naturvern og offentlege styresmakter.

Vi bør utvide erstatningsordningane for vern av utmark ved at grunneigaren kan velje anten å få ei eingongserstatning eller eit årleg erstatningsbeløp basert på tilveksten for å sikre at ressursane følgjer eigedommen. *Sjå også delkapittelet «Miljøvern» i kapittelet «Klima, energi og miljø».*

Rekruttering

For å rekruttere til landbruksnæringa er det først og fremst viktig at yrkesutøveren kan ha ei leveleg inntekt av arbeidet sitt. Det må også vere mogleg for bonden, som andre, å ha fritid og ferie.

Vi må leggje til rette for gode ordningar ved generasjonsskifte og ved anna overtaking av landbrukseigedommar. Nye eigarar må bli stimulerte til aktivt eigarskap, drift og busetjing på garden. KrF vil innføre vår modell for fritak for arveavgift for familiebedrifter som blir drivne vidare også i samband med overtaking av landbrukseigedommar. (Sjå faktaboks tidlegare i dette kapittelet.) Fritaket bør då berre omfatte eigedommen, driftsbygg og driftslausøre.

Odelsglova må ikkje vere til hinder for ei sunn bruksutvikling og aktivt eigarskap. Fristen for odelsstemning bør vere kortare, samtidig som dei som har odelsretten må varslast når odelseigedommar blir lagt ut for sal, slik at eksterne kjøparar får raskare avklaring på om ein vil nytte odelsretten. Vi må stille same krav til bu- og driveplikt for alle som kjøper ein landbrukseigedom av ein viss storleik.

Skogbruk

Skogen i Noreg er ein viktig ressurs både med tanke på tømmer, annan virkeproduksjon til bioenergi og til friluftsopplevingar. Skogen tyder også mykje for å binde CO₂. Vi må stimulere til aktivt eigarskap i skogbruket. Vi må leggje til rette for investering i framtidsskogen med framleis tilskot til skogskultur som planting, rydding og tynning. Auka bruk av biobrensel og utvikling av andre generasjons biodrivstoff vil kunne tyde mykje også for skogbruket og utnyttinga av massevirke og ryddings- og tynningsvirke, som vil kunne betre lønsemda. Dette må styresmaktene stimulere til.

Staten må leggje til rette for å kunne kombinere verneinteresser med berekraftig landbruksdrift. Samarbeidet med skogbruket om miljømessig god forvaltning mellom anna gjennom Norsk PEFC Skogstandard¹⁴ må halde fram.

Marknadstilgang

KrF anerkjenner alle nasjonar sin rett til eigen matproduksjon. KrF vil halde oppe norsk matproduksjon og samtidig betre utviklingslanda sin internasjonale marknadstilgang. Det er fullt mogleg å sikre desse to omsyna på same tid. Eit døme er lågare tollsatsar på import frå utvalte land. Samarbeid mellom norsk landbruk og landbruket i utviklingsland må stimulerast og vidareutviklast.

KrF vil

- arbeide for eit levande landbruk i heile landet, og ein livskraftig næringsmiddelindustri med basis i landbruket.
- ha eit strengt jordvern for å sikre framtidige generasjonar sjansen til nasjonal matforsyning.
- etablere jordvernområde med spesielt restriktive reglar.
- innføre ei ordning med gebyr når matjord blir omdisponert og tatt i bruk til andre formål, som industri, bustader etc., og setje av midlane frå denne gebyrordninga til oppdyrking/nydyrking av eit areal som motsvarar det omdisponerte.
- at alt dyrehald skal byggje på god dyrevelferd. Det skal ikkje vere lov med bruk av bioteknologi som gjev individ naturlege instinkt og eigenart.
- avgrense omfanget av dyreforsøk og i størst mogleg grad erstatte dette med moderne teknologi.
- ha strenge krav til leveforholda for husdyr som så langt som mogleg tar vare på dyra sine naturlege behov.
- stille strengare krav til dyrevelferd i pelsdyrnæringa og skjerpe kontrollane endå meir.
- framleis stimulere til variert bruksstorleik, samtidig som ein legg til rette for ulike former for samarbeid og/eller samdrift.
- at landbrukspolitikken må ta høgde for at utfordringane varierer i ulike delar av landet. Vi må utvikle tilskotsordningane slik at dei i større grad fører til variert bruksstruktur og fangar opp regionale skilnader.
- regionalisere større delar av verkemidla som rettar seg mot miljø, kulturlandskap og næringsutvikling.
- føre vidare eittårig agronomutdanning for søkjarar med realkompetanse.
- sikre bønder, som sjølvstendig næringsdrivande, moglegheiter til å redusere inntektskilnadene til andre yrkesgrupper vesentleg.
- gjennomføre ein føreseieleg og levedyktig prispolitikk på landbruksprodukt som gjev bøndene gode driftsvilkår.
- ha ein strategi for auka grovfôrbasert kjøttproduksjon og utnytting av gjengrodd bygdenært kulturlandskap.
- innføre ei ordning med jordbruksfond etter mønster av skogfondet.
- at Bygdeutviklingsmidlane ikkje lenger skal vere ein del av landbruksoppgjæret.
- at det blir sett av midlar til investeringsstøtte for landbruksdrift.
- fjerne formuesskatten på arbeidande kapital.
- halde ved lag bu- og driveplikta.
- stimulere nye eigarar av gardsbruk til aktiv drift, busetjing og drift på garden.
- halde fast på intensjonen i odelslova, men korte ned fristen for odelsstemninga av omsyn til føreseielege rammer for eksterne kjøparar, setje sterkare krav til varsling av dei som har odelsretten, og at odelsretten er avgrensa til søsken og i rett nedstigande linje.
- seie nei til genmanipulerte mat- og fôrvarer.
- leggje til rette for ei auka satsing på bioenergi.
- ha strenge miljøkrav for å hindre avrenning til vassdrag.

¹⁴ Norsk PEFC skogstandard for eit berekraftig norsk skogbruk har 25 kravpunkt som til saman dekkjer område og tiltak som har miljøpåverknad eller tyder noko når ein utøver skogbruk, og kan brukast i miljøsertifiseringa av skogbruk. Sjå www.pefcnorger.no

- ha ei sterk satsing på førebyggjande tiltak mot rovdyrskader for å redusere tap av dyr på beite. Samtidig må vi sikre gode erstatningsordningar. Det må i stor grad vere lokal forvaltning av vernet av dei store rovdyra.
- stimulere til aktivt eigarskap i skogbruket, og føre ein skogbrukspolitikk som gjev betre utnytting av skogen, også som biomasse til energiformål.
- leggje til rette for å kunne kombinere verneinteresser med berekraftig landbruksdrift. Staten skal vere positiv til frivillige og langsiktige verne- og skjøtselsavtalar som både sikrar vern av område og langsiktig økonomi for garden.
- at Noreg gjeninnfører beredskapslagring av både fôrkorn og matkorn.
- arbeide for å gje norsk landbruk føreseielege rammer og halde oppe norsk matvareproduksjon, samtidig som vi vil opne for auka handel med utviklingsland. Dette kan vi gjere ved å redusere import frå rike, vestlege land.
- stimulere og vidareutvikle samarbeidet mellom norsk landbruk og landbruket i utviklingsland.
- innrette støtteordningane til landbruket slik at dei ikkje hindrar handel med fattige land.

Fiskeri og havbruk

Kysten av Noreg er lang og ressursrik. Havområda våre er tre gongar så store som landområda. Fiskeri- og havbruksnæringa skapar enorme verdiar, og er vår nest største eksportnæring, etter petroleumsprodukt. Eit langsiktig berekraftig forvaltningsperspektiv må liggje til grunn for fiskeri- og havbrukspolitikken.

Deltakarlova og råfisklova er viktige pilarar for å forvalte felles fiskeriressursar, og vi må halde på kvotesystemet for å sikre ei langsiktig og berekraftig avkastning. Det er eit mål at meir av fisken blir foredla vidare i Noreg. Frakt av fersk fisk til Austen for tilverking og retur til marknaden i Europa er både miljømessig feil og dårleg for distriktsarbeidsplassar knytt til næringa.

KrF vil styrkje forskinga knytt til havbruksnæringa. Landbaserte oppdrettsanlegg kan enkelte stader vere fornuftig, men desse vil i utgangspunktet krevje svært mykje areal og energi. Derfor vil det vere viktig å satse på sjøbaserte anlegg med oppsamling av organisk avfall og sterke tiltak mot rømming. Vi må prioritere forskning og utvikling av ulike alternativ. Satsing på marin bioprospektering gjer det mogleg å utvikle ny og berekraftig verdiskaping. Også her må vi styrkje forskinga.

Nye arealkrav til oppdrett (soneinndeling) skal ta omsyn til at også mindre og lokalt eigde oppdrettsanlegg skal kunne leve med desse krava. Det er viktig for at mest mogleg av verdiskapinga skal liggje igjen i distrikta der oppdrettsverksemda er lokalisert. Vi bør innføre ei arealavgift som går til dei kommunane som stiller areal til disposisjon for oppdrettsanlegg.

Det er viktig å rekruttere unge til å satse på fiskeri og havbruk. Både utdanning, og likeverdige vilkår med supplynæringa/annan sjøfart er viktig for å lukkast med det.

Vi må reagere strengt mot dumping av fisk og gal rapportering, samtidig som vi legg til rette for levering av bifangst. Vi må skjerpe straffereaksjonane for forsettleg ressurskriminalitet.

Bestandar av villaks representerer store verdiar som næringsgrunnlag for dei som eig rettane og som grunnlag for turisme i ei rekkje lokalsamfunn. Villaksen er også ei viktig kjelde til rekreasjon og naturopplevingar. For oppdrettsnæringa utgjer livskraftige bestandar av villaks både grunnlaget for dagens næring og ein viktig genetisk ressurs for framtidig utvikling.

KrF vil

- sikre ei forsvarleg og langsiktig berekraftig forvaltning av fiskeressursane.
- at fiskeri skal ha prioritet i spørsmål som gjeld avvegingar mellom oljeutvinning/seismisk skyting og fiskeri.
- verne norsk eigarskap i fiskeri og havbruk.
- leggje vekt på lokale arbeidsplassar når kvoter skal fordelast.
- auke fiskarfrådraget frå 150 000 til 170 000 i 2014, og prisjustere det vidare i tråd med den generelle utviklinga.
- at reguleringar mot oppdrett skal tilpassast slik at også mindre og lokale oppdrettsselskap kan leve med endringane.
- at oppdrettsnæringa skal betale arealavgift til kommunane.
- vurdere å erstatte arealavgifta for oppdrettsanlegg med ei avgift basert på volum/biomasse.
- at kommuneplanane regulerer kor oppdrettsanlegg kan lokaliserast.
- auke kampen mot fôrtap, lakselus og rømming.

- at fiskerinæringa skal vere sikra føreseielege rammer.
- vidareføre både råfisklova og deltakarlova.
- sikre vidareføring av leveringsplikta for å halde fram med å fremje lokal vidareforedling.
- motverke fiskefusk og dumping.
- sikre kystfiskeflåten forsvarlege driftsvilkår.
- halde fast på kvotefordelinga mellom ulike grupper fartøy.
- arbeide for ein internasjonal aksept for økologisk berekraftig fangst av sjøpattedyr.
- arbeide for internasjonale avtalar for å sikre norske bedrifter marknadstilgang for marine produkt.
- ha ein effektiv kontroll mot overutnytting av matfisk i norske farvatn og arbeide for ein slik kontroll også internasjonalt.
- at Redningselskapet skal vere ein sentral aktør i kystberedskapen og bidra med opplysnings- og ulukkeførebyggjande arbeid til sjøs.

Industri

Vi må sikre norsk industri føreseielege rammevilkår. Industrien er viktig både for verdiskapinga og arbeidsplassar, men også for utvikling av ny teknologi som vi treng for å skape eit meir miljøvenleg samfunn.

Noreg har lange industrielle tradisjonar. Basert på bruk av naturgjevne føresetnader og høg kompetanse, har industrien lagt grunnlaget for det velferdssamfunnet vi i dag har.

Industrien leverer også viktige miljøløysingar i andre sektorar, til dømes nye skipsmotorar og reinseløysingar som reduserer utslepp frå transportsektoren. Industrien utviklar og leverer løysingane for meir effektiv energibruk både i transportsektoren og i andre sektorar. Samspel mellom styresmaktene og industrien er nødvendig for å utvikle løysingar for CO₂-reinsing og -lagring. Norsk industri har teknologisk og industriell kompetanse til å levere løysingar for ny fornybar energi, kanskje særleg når det gjeld offshore vind. Industrien er på den måten ein nødvendig bidragsytar til å løyse nye, store miljø- og klimautfordringar.

Konkurranse

Store delar av industrien konkurrerer i ein internasjonal marknad. Om vi utformer vilkår i Noreg heilt ulikt dei vilkåra utanlandske aktørar har, kan det svekkje bedriftene si konkurransevne og få som konsekvens at verksemder må leggje ned eller blir fortrenge av nyetablert kapasitet i land med betre rammevilkår. Det kan føre til tap av arbeidsplassar, verdiskaping, busetjing, kompetanse og forskning/teknologiutvikling. KrF vil føre ein politikk som sikrar framtidig industriell aktivitet i Noreg.

Energi

Særleg den kraftforedlende delen av industrien er avhengig av at energipolitikken er langsiktig og føreseieleg. Noreg treng derfor ein samla og heilskapleg politikk for klima, energi og næringsutvikling. Ein samla politikk på desse felt vil skape moglegheiter også for grøn verdiskaping, som i neste omgang vil gje grobottn for vidare innovasjon og teknologiutvikling i Noreg. Vi bør bidra til at ikkje-fornybar kraft blir ei konkurranseulempe for industrien, til dømes gjennom nye krav og direktiv frå EU, mellom anna kvotehandelsdirektivet. KrF vil vere ein pådrivar for forskning- og innovasjonsprogram som støttar produktutvikling og medverkar til å lokalisere pilot- og demonstrasjonsanlegg for nye miljøvenlege teknologiar og fornybar energi til Noreg for å posisjonere norske løysingar for ein global marknad.

Miljøteknologi

Klimaendringane og faren for global oppvarming er den største utfordringa i vår tid. Det krev innsats på mange frontar, og også industrien må bidra. Norsk industriell erfaring og kompetanse må nyttast til å utvikle eksisterande industri og samtidig vere ein viktig premisleverandør på tiltakssida overfor det fornybare samfunnet. KrF vil derfor ha eit tettare samarbeid med industrien for løysingar som både tar vare på behova i industrien, og i tillegg svarar på dei politiske utfordringane som klimaendringane stiller oss overfor.

Mineralindustri og bergverk

Forsking og kartlegging av mineralførekomstar må halde fram. Leiting og utvinning må skje i tråd med føre-var-prinsippet, og vi må kartleggje og ta omsyn til miljøeffektar. KrF meiner vi bør greie ut ei løysing tilsvarande «Statoil» med offentleg majoriteteigarskap som ein tung aktør i vidare utvikling av norsk bergverk.

KrF vil

- sikre industrien vilkår som sikrar konkurranseevna mot utlandet.
- sikre industrien god nok og konkurransedyktig tilgang på energi og kraft.
- utarbeide ein heilskapleg politikk for klima, energi og næringsutvikling.
- innrette skatte- og avgiftspolitikken slik at konkurransekrafta til norsk industri ikkje blir svekka.
- at styresmaktene og industrien må samarbeide for å bidra til ei løysing av miljø- og klimautfordringane. Vi bør prøve frivillige avtalar mellom styresmaktene og industrien som verkemiddel når nye tiltak blir sette i verk.
- etablere eit eige klimatiltaksfond som blir bygd opp ved omdisponering av CO₂-avgifta offshore for å utløyse nasjonale tiltak for utsleppsreduksjonar som har ein pris som overstig kvotekostnaden.
- at industribedriftene sin innovasjon og samhandling med forskingsinstitusjonar må stimulerast for å fremje produktutvikling.

Arbeidsmarknads- og velferdspolitik

KrF vil ha eit arbeidsliv der alle som det er mogleg for å arbeide, kan ta del, og kor det blir gjort ein aktiv innsats for å inkludere alle, og for å forhindre utstøying. Styresmaktene, arbeidstakarane og arbeidsgjevarane må samarbeide aktivt for å nå dette målet. Velferdsordningane må utformast slik at det løner seg å arbeide. Samtidig må vi sikre personar som ikkje maktar å stå heilt eller delvis i arbeid eit verdig liv med tilstrekkeleg inntekt.

Arbeidsmiljølova skal sikre gode fysiske og psykososiale arbeidsforhold for arbeidstakarane. KrF vil styrkje arbeidsmiljølova som ei vernelov for arbeidstakarane, som tar vare på dei kollektive og individuelle rettane deira. KrF ønskjer at alle som blir kjende med kritikkverdige forhold og varslar om dette skal sikrast tilstrekkeleg vern. Arbeidsmiljølova må vere ei truverdig rammelov som vernar om alle aktørar i norsk arbeidsliv.

Utanforskapet

Over 600 000 menneske i yrkesaktiv alder står utanfor arbeidsmarknaden, og er avhengig av sjukepengar eller andre korttidsytningar, arbeidsavklaringspengar, sosialhjelp eller uføretrygd. Mange har opplevd at samfunnet har svikta dei. KrF har eit mål om at alle menneske skal få realisere seg sjølv, slik at det skal vere mogleg for alle som har eit potensial for å arbeide til å gjere det. Ei hovudutfordring for arbeidslivspolitikken dei komande åra blir å få fleire til å bli i arbeidslivet og redusere talet på personar som fell utanfor. Det må også vere enkelt å kunne kombinere trygd med arbeid slik at fleire kan kome tilbake i arbeidslivet. Uføretrygda må vere utforma slik at ein heile tida vil tene på å prøve seg i arbeidslivet. Vi må i større grad stille krav om at mottakarar av dagpengar eller sosialstøtte deltar i arbeid eller aktivitetar, med konsekvensar for storleiken på yttinga om dette ikkje skjer.

For å få til eit meir inkluderande arbeidsliv vil det vere viktig med eit godt samarbeid mellom staten og ulike relevante aktørar. Dette kan til dømes vere attføringsbedrifter, ordinære bedrifter eller frivillige aktørar som Fretex, Blå Kors, Kirkens Bymisjon og Kirkens Sosialtjeneste.

Arbeidstakarane er sjølvve nerven i verdiskapinga i landet, og det har store kostnader både for samfunnet og for den enkelte som er arbeidsledig eller ufør. KrF vil ha eit godt utbygd offentleg støtteapparat for personar som treng bistand for å kunne stå i eller kome tilbake til arbeid. Vi må styrkje og stille større krav til NAV, slik at brukarane opplever eit samla offentleg tilbod som gjev best mogleg målretta hjelp så tidleg som mogleg. KrF vil at summen av dei økonomiske verkemidla (skatt, ulike tilskot og trygd) skal vere slik at det løner seg å arbeide, så sant ikkje tungtvegande sosiale omsyn tilseier noko anna.

NAV-reforma sin intensjon om at brukarane skal sleppe å bli sendt frå kontor til kontor, men møte ei samla teneste for trygdeordningar, sosiale ordningar og arbeid på ein stad, må vi ta vare på. NAV-kontora må derfor bli sikra gode faglege arbeidsmiljø og tilstrekkelege ressursar. Menneske som treng assistanse frå NAV er ulike og kan ha behov for ulike løysingar sjølv om dei opplever same utfordring. For å opne opp for at folk får den hjelpa dei treng, bør NAV få noko meir fleksibilitet i kva tiltak som kan bli sett inn for kvar enkelt. NAV skal også tilby meir enn sakshandsaming og informasjon om kva ordningar som finst. KrF ønskjer å prøve ut ei ordning der NAV-kontora har ein eller fleire rådgjevarar som berre fokuserer på å hjelpe dei som det kan vere mogleg for å kome inn igjen på arbeidsmarknaden. Desse rådgjevarane skal ikkje vere knytt til sakshandsaminga på kontora, men ha ei slags coaching-rolle og hjelpe til med å avdekkje evner, motivasjon og ambisjonar hos kvar enkelt som treng det.

Tilretteleggingsgarantien er eit døme på ei ordning i NAV som potensielt kan vere med på å redusere risikoen og det usikre for arbeidsgjevaren forbunde med å tilsetje nokon med funksjonsnedsetjingar. I dag blir denne garantien for lite brukt, og ordninga er for lite kjent mellom arbeidsgjevarar. Det er nødvendig at NAV blir ein garantist for at tilretteleggingsbehova til potensielle arbeidstakarar enkelt vil bli møtt innanfor ei akseptabel tidsramme.

Det er ei målsetjing at dei stønadsordningane NAV forvaltar skal hjelpe menneske i fasar av livet når dei av ulike årsaker ikkje har inntekt til å forsørgje seg sjølv og familien sin. KrF vil ha ein gjennomgang av regelverket, slik at dette ikkje blir til hinder for at ein i ein overgangsfase kan få støtte sjølv om ein til dømes kan ha eigardelar i ei bedrift med sikte på å kunne forsørgje seg sjølv i framtida.

Eit fleksibelt regelverk for eit mangfaldig arbeidsliv

Livsfasetilpassa arbeidstid er eit viktig verkemiddel for å unngå utstøying av personar frå arbeidslivet i periodar der dei til dømes har stor arbeidsbyrde knytt til omsorg for barn, sjuke eller eldre familiemedlemmar. Når konflikten mellom familielivet og arbeidslivet blir for stor, er det viktig at samfunnet lagar rammer som sikrar gode vilkår for familiane. Så sant arbeidets art tillet det, bør det leggast til rette for avtalar om livsfasetilpassa arbeidstid for eit visst tidsrom.

KrF vil vidareføre innsatsen for at så få som mogleg skal arbeide ufrivillig deltid. Vi vil likevel auke innsatsen for å sikre at dei som ønskjer det skal få lov til å prioritere fritid framfor inntekt gjennom å jobbe mindre. KrF vil også oppmuntre til at partane i arbeidslivet legg til rette for at tilsette skal kunne ta ut auka produktivitet på andre måtar enn gjennom auka løn.

KrF ønskjer eit arbeidsliv som tar omsyn til ulike fasar i livet, og spesielt familielivet. Familien er grunncella i samfunnet, og derfor må styresmaktene leggje til rette for gode ordningar som er tilpassa dei utfordringane som dagens familiar står overfor. Teknologi som gjer det mogleg å vere meir fleksibel må bli brukt. KrF ønskjer å halde på arbeidsmiljølova som ein grunnplanke i norsk arbeidsliv, men ho bør moderniserast noko for å vere meir tilpassa dagens utfordringar. Eit tiltak for å sikre større fleksibilitet for familiar er å mjuke forsiktig opp arbeidsmiljølova sine føresegner om gjennomsnittsberekening av arbeidstid og uttak av overtid. Den enkelte arbeidsplassen og arbeidstakarane bør i større grad kunne avtale ordningar lokalt som passar for dei. Vi bør opne for at arbeidstakar og arbeidsgjevar kan ta i bruk alternative turnusordningar med godkjenning frå Arbeidstilsynet. Grensa for kva arbeidsmiljølova definerer som nattarbeid bør bli noko forskuva, for å gje auka fleksibilitet og rom for at arbeidstakarar og arbeidsgjevarar kan avtale ei meir formålstenleg organisering av arbeidsdagen. Ei slik endring opnar til dømes for at småbarnsforeldre kan få meir tid med barna sine heime før dei skal leggje seg, og heller jobbe ein time frå heimen på kveldstid.

KrF ønskjer at hovudregelen i norsk arbeidsliv framleis skal vere ordinære faste tilsetjingar. Faste tilsetjingar skal dekkje faste behov. Dette er viktig for å sikre ein føreseieleg situasjon både for arbeidstakar- og arbeidsgjevar. Samtidig kan ei mellombels tilsetjing vere ein viktig inngangsport til arbeidslivet for utsette grupper som slit med innpass i arbeidslivet. KrF ønskjer ei harmonisering av regelverket for mellombels tilsetjingar i tenestemannslova og arbeidsmiljølova, også for å sikre at terskelen inn i arbeidslivet ikkje blir for høg for utsette grupper. Mange bedrifter opplever at marknaden og etterspurnaden er usikker, og det gjer at deira val ikkje er anten å tilsetje fast eller mellombels, men anten å tilsetje mellombels eller ikkje tilsetje nokon i det heile. Dette kan til dømes vere tilfelle for bedrifter i ein oppstarts- eller ekspansjonsfase. For å sikre at faste tilsetjingar framleis er hovudregelen, vil KrF at tida før ein blir rekna som fast tilsett skal reduserast til to år. I tillegg skal det ikkje vere tillate å seie opp ein mellombels tilsett når fristen for fast tilsetjing nærmar seg, og tilsetje ein ny person mellombels i same stilling («serietilsetjingar» i mellombels stillingar).

Utanlandske arbeidstakarar

Dei siste åra har talet på utanlandske arbeidstakarar i Noreg stige kraftig. Arbeidsinnvandringa har vore viktig for å ha tilgang til nok arbeidskraft. Det er viktig at styresmaktene legg til rette for at det er enkelt å kome til Noreg for å arbeide slik at vi får den kompetansen vi treng i framtida. Denne arbeidsinnvandringa må ikkje føre til redusert innsats for å sysselsette menneske som står utanfor arbeidslivet i dag.

Arbeidsinnvandringa har også skapt aukande utfordringar for arbeidet med å hindre sosial dumping. KrF vil at alle som arbeider i Noreg, skal ha gode løns- og arbeidsforhold, uavhengig av kva nasjonalitet de har, og kva land arbeidsgjevaren deira er registrert i. Ordninga med allmenngjering av tariffavtalar må halde fram.

Fattigdom

Fattigdom og sosial naud er ein realitet i Noreg. Det er særleg urovekkjande at talet på barn som lever i fattige familiar er aukande. Barn som veks opp i fattigdom får ikkje dei moglegheitene som andre barn har, har dårlegare føresetnader for å gjere det bra i skulen og har fleire helseproblem. KrF vil ha eit løft mot fattigdom i barnefamiljar.

KrF vil

- ha eit høgt nivå på arbeidsmarknadstiltak retta mot personar som treng særskild kvalifisering og aktiv bistand for å kunne vende tilbake til arbeidslivet.
- forenkle strukturen i arbeidsmarknadstiltaka.
- at basiskompetanseprogrammet (BKA) blir ført vidare, og at det er mogleg å tilby opplæring for menneske som ikkje er i arbeid i samarbeid med studieforbund og deira lokale lag og foreiningar.
- satse på eit nært samarbeid med attføringsbedrifter, ordinære bedrifter og frivillige aktørar i arbeidet med å nå måla om inkludering i arbeidslivet.

- leggje klare føringar for NAV, slik at personar som kan jobbe fullt eller deltid kan kome raskt i gang med eit relevant attføringsløp, og at personar som dette ikkje er mogleg for får ein rask og ubyråkratisk overgang til ei varig trygdeordning.
- gjere det mogleg for fleire som har nedsett arbeidsevne å få tilbod om tidsubestemt lønstilskot.
- sikre retten til hjelpemiddel i folketrygda for å bidra til eit inkluderande arbeidsliv.
- styrkje tilretteleggingsgarantien slik at dette blir ein reell garanti frå NAV til arbeidsgjevarar om at dei enkelt vil få den nødvendige tilrettelegginga innan rimeleg tid.
- jobbe for at NAV gjev større nærleik mellom brukar og rettleiar ved NAV-kontoret.
- prøve ut ei ordning med nokre rådgjevarar (NAV-coachar) som ikkje er knytt til sakshandsamingskjeda, men berre er fokuserte på å hjelpe folk inn igjen i arbeidslivet.
- opne opp for at NAV kan vere meir fleksible med omsyn til kva tiltak dei kan nytte i kvart enkelt tilfelle.
- at kommunane framleis skal fastsetje sosialhjelpssatsar, basert på levekostnadene i området.
- at barnetrygd, kontantstøtte og gåver barn har fått eller inntekt dei har tent i samband med til dømes sommarjobb ikkje skal bli rekna med i grunnlaget for utrekninga av ytingar etter lov om sosiale tenester og lov om bustøtte.
- stimulere til lokale prøveordningar for å betre rutiane og ordningane ved sjukefråvær, til dømes som tillitsprosjektet i Mandal kommune¹⁵, der tilsette har 365 eigenmeldingsdagar.
- opne for at ein og same person kan få meir enn ei gjeldsordning i løpet av livet.
- at det skal vere summen ein tener, og ikkje talet på arbeidstimar, som skal danne grunnlaget for graderinga av dagpengar om ein er delvis arbeidsledig.
- vidareføre og fornye ein avtale om inkluderande arbeidsliv med partane i arbeidslivet, men at det skal vere mogleg å gjere endringar i den økonomiske ansvarsfordelinga mellom stat, arbeidsgjevar og arbeidstakar i sjukelønsordninga om dei målsetjingane ein har vedtatt om redusert sjukefråvær ikkje blir nådde.
- gå kritisk gjennom særaldersføresegnene for å sjå om dei er godt nok grunngjevne i viktige HMS-omsyn.
- halde på reglar i arbeidsmiljølova som skal sikre at faste tilsetjingsforhold er hovudregelen i arbeidslivet.
- opne opp for noko større tilgang til å nytte mellombelse tilsetjingar, men korte ned tida før ein skal reknast som fast tilsett, og samtidig forhindre «serietilsetjingar» i mellombelse stillingar.
- tillate at arbeidstakar og arbeidsgjevar kan avtale arbeid utover den alminnelege arbeidstida utan at dette blir sett på som overtidsarbeid, under føresetnad av at arbeidstakaren får rett til å ta ut tilsvarande timar med fritid seinare.
- halde fram med eit aktivt samarbeid med partane i arbeidslivet for å kjempe mot mobbing på arbeidsplassane.
- føre eit kontinuerleg haldningsarbeid mot skjult diskriminering i arbeidslivet, i samarbeid med ressursmiljø.
- at offentleg sektor bør gå føre og ha prøveordningar med bruk av ID-nummer heller enn namn i søknadsprosessar, for å gjere det meir sannsynleg at kvalifiserte innvandrarar blir kalla inn til intervju.
- at førarkortopplæringa skal kunne finansierast gjennom Statens lånekasse for utdanning.
- sikre Arbeidstilsynet tilstrekkelege ressursar til at det kan følgje opp ansvaret sitt for å sjå til at føresegnene om løns- og arbeidsvilkår blir følgde opp, og ha særleg fokus på bedrifter og bransjar som nyttar utanlandsk arbeidskraft.
- at det skal vere mogleg å søkje om arbeidstillating frå Noreg for kvalifiserte utanlandske arbeidssøkarar som allereie er her i landet.
- sikre reell organisasjonsfridom, også retten til å ikkje organisere seg.
- forsterke føreskrifta for foreldrebetaling i barnehagen ved å stille krav om at forsørgjarar med inntekt under 2G skal betale maksimalt 40 prosent av gjeldande makssats.
- styrkje tilskotsordninga for barn og unge i større bysamfunn.
- støtte frivillige organisasjonar som tilbyr fritidstilbod for fattige og vanskelegstilte barn.
- utvide ordninga med gratis helsehjelp til også å gjelde ungdom mellom 16 og 18 år.

¹⁵ I Mandal kommune har dei innført 365 eigenmeldingsdagar for dei tilsette, som ei prøveordning for å få ned sjukefråværet.

Bustadpolitikk

Alle skal kunne bu godt og trygt. Med ei aukande befolkning må vi byggje mange bustader. Husbanken må bli styrkt for å hjelpe unge i etableringsfasen til å få eit stabilt og trygt lån. Fokuset på meir miljøvenlege og universelt utforma løysingar må aukast. Vi skal framleis satse på å avskaffe bustadløyse. Vi bør møte høge bustadprisar med ein auka tilgang på bustader og nye finansieringsordningar som gjer det mogleg å skaffe eigen bustad.

Ein god bustad er viktig for både helse, trivsel og integrering av ulike grupper i befolkninga. For KrF er det eit mål at flest mogleg skal kunne eige eigen bustad. Husbanken er statens fremste verkemiddel for ei god bustadforsyning og samarbeider både med private utbyggjarar og kommunar. KrF vil føre vidare og styrkje Husbanken sine oppgåver og målsetjingar. Det viktigaste er å sørge for ein godt fungerande bustadmarknad – både i byar og tettstader og i distrikta - og ein effektiv byggjeprosess. Samtidig må Husbanken kunne spele ei viktigare rolle og gje lån til endå fleire enn i dag. I dårlege tider er Husbanken eit avgjerande verkemiddel for å halde oppe bustadbygginga.

Aktiv bustadpolitikk for berekraft og livskvalitet

Vi må byggje fleire bustader i Noreg, særleg på grunn av den sterke befolkningsveksten. Samtidig må vi unngå at byar og større tettstader blir spreidde over store område på ein måte som byggjer ned matjorda, aukar klimautsleppa og forverrar folkehelse og livskvalitet. Flest mogleg må kunne gå, sykle eller ta kollektivtransport i kvardagen. Derfor må vi stille krav til meir fortetting og høgare bygg, særleg rundt sentrale kollektivknutepunkt. Vi må etablere statlege planretningslinjer for å sikre god nok regional bustadbygging i område med vekstpress. Samtidig må staten inngå forpliktande partnerskap med kommunane om utbygging av kollektivtransport.

Det er viktig at tilgangen på tomter blir planlagt med eit langsiktig og heilskapleg perspektiv. Vi står føre ei eldrebølgje som gjer det spesielt viktig å leggje til rette for nye bustader nær eksisterande infrastruktur og service. Denne typen areal utgjer eit knapt gode, og det er derfor viktig at kommunane engasjerer seg sterkare i å regulere slike tomter til bustadformål. Vi bør planleggje nye bustadprosjekt på ein måte som skapar eit trygt, triveleg og estetisk bumiljø. Husbanken bør også få nye økonomiske ordningar som stimulerer kommunane til ein meir aktiv tomte- og planpolitikk. Kommunane si handsaming og godkjenning av byggjeklare tomter må ikkje verke unødvendig fordyrande eller tidkrevjande. Ein ansvarleg finanspolitikk med lågt rentenivå er viktig for dei som skaffar seg bustad og skal betale ned lån. Berekraftig kvalitet, tryggleik og god estetikk må leggjast til grunn ved nybygg. KrF vil tillate større lokal handlefridom i reguleringsaker og vurdere om vi kan innskrenke moglegheitene til motsegner frå statlege styresmakter utan at det går utover viktige nasjonale eller regionale omsyn. KrF ønskjer å samordne motsegnsstyresmaktene slik at kommunane berre møter ein statleg motpart.

Sosial bustadpolitikk

KrF vil leggje til rette for eit bustadtilbod som skal vere variert og tilpassa ulike befolkningsgrupper og aldersfasar. Det ordinære bustadtilbodet blir skaffa til vege gjennom privat og offentleg regulering, utbygging i privat regi gjennom marknadsmekanismar og privat/offentleg samarbeid. Kommunane har eit særskilt ansvar for den sosiale bustadpolitikken gjennom å skaffe eigna bustader til vanskelegstilte og grupper som sjølve ikkje kan skaffe seg bustad. Vi må halde på og styrkje Husbanken sine ordningar for gunstig finansiering til slike bustader.

Dei økonomiske verkemidla er målretta mot dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden. Sentrale bustadverkemiddel som bustøtte, startlån og bustadtilskot må gjere det mogleg både å skaffe seg og halde på sin eigen bustad. KrF vil auke butilskotet og gje det til fleire som treng økonomisk tilskot. Kommunane må i samarbeid med Husbanken ha auka innsats mot bustadløyse.

Vi bør møte høge bustadprisar med nye finansieringsordningar som gjer det mogleg å skaffe eigen bustad også i pressområde. Her kan Husbanken spele ei viktig rolle. KrF meiner vi må utvikle nye finansielle verkemiddel retta mot vanskelegstilte og unge førstegongsetablerarar (utan eigenkapital). Vi bør prøve ut løysingar i kombinasjon med leige/leasingmodell og eigarløysingar.

Mangel på studentbustader er med på å auke presset på bustadmarknaden og presse opp prisane både for studentar og andre. Det er derfor også god heilskapleg bustadpolitikk å stimulere til at studentsamskipnaden får bygd fleire studentbustader.

Energi i bustader

KrF vil satse meir på alternative energikjelder og tiltak som vil redusere energibehovet. I klimaforliket frå 2012 blei det semje om forbod mot oppvarming med oljefyr i privatbustader frå 2020 og i offentlege bygg frå 2018. KrF ønskjer gode støtteordningar for å sikre at oljefyr blir fasa ut så raskt som mogleg. Alle offentlege bygg skal ha oppvarming med ny, fornybar energi. Lån til energisparing ved utbetring og rehabilitering skal vere rimelege. Auka bygging av lågenergihus og passivhus vil vere viktig for å redusere behovet for tilført energi med tanke på oppvarming.

Universell utforming

Universelt utforma bustader vil gje gode bustadmiljø og samfunnsøkonomiske gevinstar. Universell utforming handlar ikkje om spesialløyser for enkeltpersonar, men om god utforming som passar for flest mogleg menneske utan behov for tilrettelegging. Det er viktig at bustader, bygg og uteareal blir gjort tilgjengelege for alle. Installering av heis i eldre byggar vil gjere det mogleg for fleire å bli buande lenger i eigen bustad.

KrF vil

- arbeide for å skaffe bustader og butrening til vanskelegstilte i bustadmarknaden med særleg vekt på å kjempe mot bustadløyse.
- gjere det mogleg for fleire å få lån i Husbanken – både til kjøp av bustad (Startlån) og til nybygging.
- styrkje Husbanken si rolle i den sosiale bustadpolitikken.
- gje Husbanken ei større rolle i å sikre høg bustadbygging med gode kvalitetar.
- utvikle nye stimuleringsordningar gjennom Husbanken for ein meir aktiv kommunal tomte- og planpolitikk. Områdeplanlegging må få ein meir framskoten plass.
- stille statlege krav til auka utnyttingsgrad slik at kommunane må leggje til rette for meir fortetting og høgghus, særleg rundt sentrale kollektivknutepunkt i byar og tettstader.
- auke kvaliteten på leikeområde for barn i område med høg fortetting.
- etablere statlege planretningslinjer for god nok regional bustadbygging i område med vekstpress.
- at staten inngår forpliktande partnarskap med kommunane om utbygging av kollektivtransport.
- prioritere, i Nasjonal transportplan, utbygging av transportsystem som er nødvendige for å dreie utbyggingsmønsteret mot sentrale kollektivknutepunkt i byar og tettstader, og mot sentrumsnære område der det er mogleg å byggje ut med mindre arealkonfliktar.
- etablere ein kollektivstrategi med merksemd retta mot dei store byane, i nært samarbeid med desse byane.
- etablere gode ordningar for «leige-før-eige» for vanskelegstilte, der leiga til kommunen fungerer som avdrag på eigen bustad, slik at ein kan kjøpe ut bustaden etter ei viss tid om ein har vist seg betalingsdyktig.
- opprette ei «leige-før-eige»-ordning under Husbanken for unge førstegongsetablerarar der leiga til Husbanken fungerer som avdrag på eigen bustad, slik at ein kan kjøpe ut bustaden når ein har spart opp eigenkapital og kan få lån.
- stimulere til bygging av fleire miljøvenlege bustader med redusert energibehov.
- at offentlege bygg skal nytte fornybar energi.
- utvide bustøtteordninga.
- auke BSU-grensa til kr 300 000, setje maksimalt sparebeløp per år til kr 30 000, setje skattefrådraget til 30 prosent av årleg spart beløp, og endre maksaldern frå 33 til 35 år.
- gje studentsamskipnadene tilskot til 3 000 nye studentbustader i året.
- auke tilskotsramma til bygging av studentbustader til minst 50 prosent av ei kostnadsramme på 850 000 i dei store byane og 750 000 elles.
- at 10 prosent av studentbustadene bør vere universelt utforma.

Samferdsel

God samferdsel er avgjerande i kvardagen vår, både for skule, jobb, næringsliv og fritidsaktivitetar. Samferdsel legg viktige føringar for kor folk vel å busetje seg, og for kor det blir etablert verksemder og arbeidsplassar. Det er eit mål for KrF at folk skal kunne ferdast trygt, enkelt og mest mogleg miljøriktig, og at eit offentleg utbygd transportnett skal fremje busetting og næringsliv i heile landet.

KrF vil ha ei offensiv satsing på samferdsel – eit samferdselsløft. Vi må auke løyvingane monaleg, slik at infrastrukturen i større grad kan tilfredsstillе behova for morgondagen. Vi vil sørge for at det blir auka framkomelegheit, færre flaskehalsar og tryggare og meir miljøvenleg transport. I og omkring dei største byane vil KrF prioritere satsing på kollektivtransport slik at desse allereie sterkt trafikkbelasta områda blir i stand til å ta imot den store befolkningsveksten prognosane tilseier, utan at det går utover bukvalitet, trafikkavvikling og miljø.

KrF vil at Nasjonal transportplan (NTP) synleggjer dei reelle behova for nybygging og utbetring. KrF prioriterer auka satsing på kollektivtransport i og rundt dei store byane, og ei sterkare satsing på vegbygging og vedlikehald av vegar i distrikt og mellom store byar for å binde regionar saman.

KrF ønskjer ein «Barnas Transportplan». Det er viktig å leggje barneperspektivet til grunn også innan samferdsel. Det handlar blant anna om å skape tryggare vegar, fleire gang- og sykkelvegar og universell utforming av transportmateriell. Eit slikt perspektiv vil også gje folkehelsegevinstar, ved at man legger til rette for gåande og syklande.

Planlegging

Planlegginga av vegar tar ofte svært lang tid. KrF vil korte ned planprosessane. Vedkomande partar saman med alle statlege etatar må bli involvert tidleg i prosessen. KrF vil i nokre tilfelle kunne opne opp for auka bruk av statlege reguleringsplanar. Det er også viktig at det blir sett av meir pengar til planleggingsmidlar. Gode samferdselsløyningar føreset eit godt samspel mellom nasjonale, regionale og lokale styresmakter. KrF vil leggje til rette for langsiktig og føreseieleg finansiering av samferdselsprosjekt. KrF vil greie ut etablering av ein felles transportetat med ansvar for veg, kollektiv, luftfart og sjøfart for å sikre meir heilskapleg planlegging, vedlikehald og utbygging i transportsektoren.

Vegnettet

Vegpolitikken må leggje til grunn ei totaltenking om at hovudferdselsårene må halde ein god standard. Det må systematisk satsast på oppgradering og prioritering av nokre store prosjekt i kvar stortingsperiode.

Riksvegnettet (tidlegare stamvegar) i Noreg er prega av dårleg standard, og er ikkje tilpassa dagens trafikkmengde. Mange riksvegar har ein svært viktig funksjon som interregionale transportkorridorar gjennom at dei effektivt knyter saman fylke og regionar. God kvalitet og tilstrekkeleg vedlikehald av desse vegane er avgjerande for både næringsliv og befolkning i heile landet. Fylka har overtatt «andre riksvegar», mange av desse i relativt dårleg stand. Spesielt for bruar, tunnelar og kaier viser det seg at det er særleg store etterslep på vedlikehald. Samtidig har storleiken på kjøretøy økt, og dette gir særskilde utfordringar. Staten må følgje opp med tilstrekkelege løyvingar til fylkeskommunane slik at dei er i stand til å ta hand om dette vedlikehaldet på ein god måte.

Klimaendringane fører med seg meir ekstremvær, noko som gjer stor skade på vegar og annan infrastruktur. KrF vil at staten har eit fond eller ei garantiordning for utbetring av infrastruktur som blir øydelagd av naturkreftene. I tillegg til dette må vi løyve nok pengar til å utbetre/sikre vegane der det er kjend rasfare.

Kysten

Langs kysten er eit godt ferje- og båttilbod svært viktig. Når det gjeld ferjer, vil KrF prioritere ferjeavløysingsprosjekt på riksvegane og på strekningar med openberr samfunnsgevinst. Frekvens, opningstid og kapasitet vil vere viktig å prioritere der ferjeavløysing ikkje er aktuelt. For betre å kunne bruke båt som transportmiddel, realisere målet om meir gods frå veg til sjø og gje tryggare transport, må vi byggje Stad skipstunnel.

Vi må byggje opp under målsetjinga om overføring av gods frå veg til bane og sjø til beste for liv og helse, klima, miljø og samfunnsøkonomi elles. Staten må leggje til rette for utvikling av dei viktigaste

hamnene og må prioritere tiltak som legg til rette for transportkjeder som kombinerer bruk av vegar, jernbane og hamner på ein god og heilskapleg måte.

Fly

Flytrafikken står for ein viktig del av persontrafikken. I mange regionar er fly einaste alternativ. I slike regionar må vi sikre eit tilstrekkeleg flytilbod. Kortbanenettet vil framleis vere viktig i norsk samferdselspolitikk. Vi må utvikle togtilbodet slik at det blir meir konkurransedyktig mot fly der dette er mogleg.

Vi må tilpasse rammevilkåra for luftfarten til den strukturelle og marknadsmessige utviklinga. For å sikre eit robust system bør vi skilje ut flysikringsverksemda frå Avinors lufthamndrift. Vi bør konkurranseutsetje tårntenestene, og vi må etablere eit sterkare nordisk samarbeid for undervegstenestene for å auke tilgangen på kompetanse.

Jernbane

KrF vil ha betre togtilbod og opprusting av jernbanenettet. I første omgang må vi byggje ut Intercity-strekningane omkring dei store byane.

Høgfartsutgreiinga viser at store delar av landet kan få nytte av jernbanenett dimensjonert for høg fart. Moderne jernbane kan bli den største distrikts- og regionalpolitiske satsinga for Noreg i nyare tid. Vi må no arbeide målretta for realisering av dette, og dei strekningane som gjev størst samfunnsøkonomisk gevinst må prioriterast først. KrF ønskjer at komande utbyggingar av jernbanenettet skjer med tanke på dette. Utbygging av høgfartsjernbane må også ha som målsetjing å overføre gods frå veg til bane og passasjerar frå fly til bane mellom dei store befolkningskonsentrasjonane i Sør-Noreg. Der veg og jernbane ligg eller blir planlagd parallelt, skal utbygging og opprusting av jernbana bli prioritert så langt det er mogleg heilt frå planstadiet. Det må vere ei føreseieleg finansiering med ein sluttdato for prosjekta.

Datatrafikk

Godt utbygd breibandsnett er viktig for å minimere avstandsulemper. Breiband skal bli bygd ut i heile landet, og der det ikkje er marknadsmessig lønsamt, skal staten ta eit ansvar for like vilkår/utbygging. Dette er også eit miljøtiltak innan samferdsel, då vi kan spare mykje transport/flyreiser ved å bruke tekniske løysingar i samarbeidet.

Sykkel

Det ligg eit stort potensial i sykkelen som transportmiddel. KrF vil derfor leggje til rette for meir bruk av sykkel ved samanhengande hovudnett for syklistar i byar og tettstader. Ein revisjon av trafikkreglane må klargjere syklistanes retter og plikter, og samtidig gjere det tryggare å vere syklist. KrF vil innføre skattefritak for sykkelgodtgjersle ved bruk av sykkel til og frå arbeid. Skattefritaket skal gjelde både arbeidsgjevar og arbeidstakar.

Kollektivsatsing i storbyregionane

I og rundt dei større byane vil kollektivtransport vere den klart viktigaste løysinga for å takle framtidens befolkningsvekst. KrF meiner at staten bør ta eit større ansvar for medfinansiering av kollektivutbygging i dei større byane, anten dette dreier seg om T-bane, bybaner eller andre løysingar. I tillegg må påskjøningsordninga for kollektivtransport bli styrkt, vere føreseieleg og bli gjort meir langsiktig.

KrF ønskjer ei endring av dagens skattereglar slik at arbeidsgjevarbetalte kollektivkort ikkje blir skattlagd. Ein praksis der parkeringsplassar er skattefrie, mens til dømes busskort blir skattlagde, er svært urimeleg.

Miljøkriterier må nyttast meir aktivt ved utlysing av transportanbod for å stimulere til dei mest miljøvenlege løysingane på dei aktuelle strekningane. Parallelt må vi stimulere og premiere utvikling og bruk av miljøvenlege køyretøy gjennom avgiftssystemet.

KrF vil

- ta miljøomsyn i all transportplanlegging. Det er særleg viktig å få redusert støyproblema og stille krav om miljøvenleg teknologi og drivstoff.
- jobbe for omlegging til CO₂-nøytralt drivstoff og auka bruk av hybrid-, hydrogen- og elbilar og plug-in hybridbilar.
- halde oppe dei unike norske rammevilkåra for elbilar til 2020 eller til det tidspunktet der det er 10 prosent ladbare motorvogner på norske vegar.
- sørgje for eit godt utbygd nettverk med ladestasjonar, mellom anna også med hurtigladestasjonar som gjer det mogleg å bruke ladbare bilar også på lengre turar.

- arbeide for internasjonale avtalar som pålegg bilfabrikantane at alle nye bilar skal vere basert på nullutsleppsteknologi, i det minste på korte strekningar, frå 2020.
- at alle nye offentlege personbilar skal vere miljøvenlege bilar.
- etablere bilfrie soner i byar der det er store problem med forureina byluft.
- stimulere befolkningstette byregionar til å ta i bruk prismekanismar som tar betre omsyn til at miljøkostnadene ved vegbruk varierer gjennom døgnet (tidsdifferensierte bompengesatsar etc.).
- opprette ei statleg låneordning for samferdselsføremål.
- opprette ei påskjøningsordning for stimulering til auka bygging av gang- og sykkelveggar.
- revidere vegtrafikklova slik at syklistanes retter og plikter blir betre avklart.
- sikre rasjonell framdrift og utnytting av ressursar innanfor samferdselssektoren gjennom ei meir langsiktig og føreseieleg finansieringsordning.
- opprette eit eige samferdselsfond, der avkastninga blir øyremerkt til samferdselsinvesteringar.
- organisere fleire utbyggingsprosjekt som OPS-prosjekt (offentleg-privat samarbeid).
- sikre at drifta av bompengeselskap blir kostnadseffektiv.
- gje transportetatane større fridom til å løyse sine oppgåver for å sikre meir heilskapleg og rasjonell utbygging.
- finansiere nye større prosjekt ved hjelp av prosjektfinansiering for å sikre rasjonell samanhengande utbygging.
- at opprustinga av vegar i størst mogleg grad omfattar heile vegstrekningar.
- at veksten i talet på personreiser skal kome innanfor kollektivtrafikken. Det må løne seg å velje kollektivtransport framfor privatbil.
- prioritere tiltak som aukar trafikktryggleiken særleg på vegar med mykje trafikk, blant anna ved fysiske skilje mellom motgåande køyrefelt, å utbetre ulukkespunkt, utvide alle riksveggar til to felt, ein auke i talet på farts- og promillekontrollar og bygging av miljøtunnelar.
- setje opp MC-venlege underskiner på rekkverk i farlege svingar og setje i verk fleire trafikktryggleikstiltak også med tanke på motorsyklar (nullvisjonsveggar for MC).
- satse offensivt på trafikktryggleik for å få ned talet på ulukker i trafikken. Særleg må vi satse på tiltak for å hindre ulukker med barn og unge i trafikken gjennom å styrkje trafikkopplæringa med auka vektlegging på etikk og haldningar i trafikken.
- skjerpe kontrollane med dårleg skodde utanlandske trailerar på grenseovergangane, og gå inn for bruk av kameraovervaking på alle grenseovergangar.
- styrkje oppfølginga av trafikkskadde og pårørande.
- støtte innsatsen til frivillige organisasjonar, lag og foreiningars arbeid med å gjennomføre ulike trafikktryggleikstiltak.
- tilby føraropplæring som fag på vidaregåande skular.
- innføre alkoholås i alle skulebussar, bussar, offentlege køyretøy og yrkeskøyretøy.
- sikre midlar til rassikring av riks- og fylkesveggar.
- innføre ei statleg ordning som sikrar utbetring av vegar/infrastruktur som blir øydelagt av naturkreftene.
- satse på matebussar frå bustadområde til kollektivknutepunkt og byggje parkeringsplassar langs hovudtransportårene slik at pendlarar kan nytte buss og tog på hovudstrekningane.
- gjere det enklare for bussen å kome fram med hjelp av eigne felt og prioritering i lyskryss.
- auke løyvingane gjennom påskjøningsordninga for kollektivtrafikk.
- at det blir utarbeidd ein nasjonal kollektivplan.
- sørgje for ei betre TT-ordning som gjev brukarane med størst behov den tenesta dei treng.
- at ordninga med miljø- og ungdomskort må halde fram, og at ordninga med studentrabattar må bli betre.
- innføre ei ordning med felles kollektivkort for alle kollektive transportmiddel i landet.
- leggje til rette for betre samordning mellom ulike former for kollektivtrafikk gjennom at fylkeskommunane blir meir involvert i til dømes NSB si ruteplanlegging.
- at all kollektivtransport med tilhøyrande haldeplassar må vere universelt utforma.
- ruste opp infrastrukturen på jernbane, og byggje ut viktige strekningar med dobbeltspor.
- at staten skal ta eit større ansvar for investering, vedlikehald og drift av kollektivtransport i dei store byane.
- arbeide målretta for realisering av tog med høg fart, først på dei strekningane der dette er samfunnsøkonomisk mest lønsamt.
- auke løyvingane til jernbane for å betre kvaliteten på både togmateriell og banestandard, blant anna ved fleire kryssingsspor.
- leggje til rette for at godstransport blir flytta frå veg til bane og sjø, og passasjertrafikk frå fly til bane.
- sikre og utvikle kortbanenettet.
- stille krav om «grøne avgangar og landingar» på flyplassane.
- leggje til ei klimaavgift på alle flyreiser, og at pengane frå avgifta går til klimatiltak i fattige land.
- halde oppe seglingsdistansen og anløpsmønsteret til Hurtigruta.
- sikre kysten gode ferje- og båtsamband, også som alternativ til dyre bru- og tunnelprosjekt.

- stille krav om at båtar som ligg i hamner nær busetjing, nyttar landstraum i staden for aggregat/motorar.
- intensivere merkinga av farleia langs kysten, og realisere Stad skipstunnel for å betre tryggleiken til sjøs.
- utvikle ferjesamband, fortrinnsvis som gass- eller batteridrivne ferjer.
- sikre heile landet gode posttenester, særleg med omsyn til leveringstid og lik pris.
- sørgje for breiband til alle delar av landet.
- stimulere til ei arealplanlegging som legg eit godt grunnlag for utbygging av kollektivtransport.
- greie ut om, og i kor stor grad, vegstandarden i dag er tilpassa nye reglar for køyretøy. Til dømes vil trailerar på 4,2 m høgde krevje at ein del tunnelar på riksvegar og fylkesvegar må bli heva.
- endre reguleringane av maksimal toppfart for mopedar slik at det blir lovleg å køyre i opptil 60 km/t.

Distriktpolitikk

God distriktpolitikk skal gjere det mogleg å bu, arbeide, drive konkurransedyktig næringsliv og ha likeverdige tenestetilbod i heile landet. Distrikts-Noreg har samansette utfordringar som må løysast med differensiert distriktpolitikk, basert på regionale fortrinn og med sterk regional styring og samordning.

Det er mange politikkområde som til saman utgjer ein god distriktpolitikk. Ikkje minst gjeld det staten sin politikk overfor kommunesektoren. Gjennom overføringane til kommunane må staten sikre kommunalt handlingsrom, og ta høgde for dei ulike utfordringane som finst både mellom og innanfor landsdelane. Inntektssystemet må i større grad også ta høgde for distriktskommunar med stor vekst i folketalet og tilsvarande utfordringar. For KrF er det heilt sentralt at alle har krav på grunnleggjande tenester av god kvalitet, uavhengig av om ein bur i distriktet eller i byen.

Gode kommunikasjonsløysingar, som reduserer avstandsulempene, er viktig for ei positiv utvikling i heile landet. Dette gjeld eit effektivt vegnett, fly-, båt-, buss- og togtilbod, men også utbygd mobildekning og breiband med god nok kapasitet. KrF meiner staten har eit ansvar for å finansiere utbygginga der det ikkje er ein sterk nok marknad til at det er forretningsmessig lønsamt. Vi må også stille strenge krav til at til dømes telefon/mobilnett/Internett skal fungere i krisesituasjonar, mellom anna ved å krevje god nok batterikapasitet på basestasjonane.

Interessante arbeidsplassar er det viktigaste verkemiddelet for å styrkje busetjinga i distriktet. Personar med høgare utdanning må kunne finne relevante arbeidsplassar også i distriktet. Høgare utdanning skal ikkje føre til at ein «må» velje å busetje seg i tettstader eller byar.

Kommunikasjonsteknologien opnar for meir fleksibilitet. Det same gjer auka bygging av samferdselsprosjekt som kortar ned avstandar. KrF vil vere ein pådrivar for at statlege arbeidsplasser skal flyttast ut og opprettast i distriktet. Byar og tettstader vil vere «motorar» for regional utvikling, og ei satsing på desse, vil også kome distrikta rundt til gode. Vi må leggje til rette for at pendlarar skal få gode reisevilkår. I tillegg til eit godt utbygd kollektivtilbod, er pendlarfrådraget eit viktig distriktpolitisk verkemiddel. På denne måten kan arbeidstakarane finne det lønsamt å bu ute i distriktet og pendle inn til større tettstader.

Det er ein samanheng mellom vekst og offentleg/privat pengebruk. Staten er ein sterk utbyggjar i Noreg. Derfor er det viktig også i eit distriktpolitisk perspektiv å sørgje for at dei statlege satsingane blir gjort i dei områda vi ønskjer utvikling.

Sterke og slagkraftige regionar er ein viktig føresetnad for utvikling alle stader i landet, basert på lokale og regionale fortrinn. KrF vil ha ei reell regionreform som sikrar dette. *For meir om dette, sjå kapittelet «Demokrati og samfunnsstyring».*

KrF vil

- jobbe for gode kommunikasjonsløysingar som reduserer avstandsulempene og er viktige for positiv utvikling av heile landet.
- sørgje for god nok mobiltelefondekning i heile landet.
- byggje ut breibandstilbodet slik at heile landet blir sikra datakommunikasjon med akseptabel overføringskapasitet. Staten må ta eit økonomisk ansvar i dei områda det ikkje er marknadsmessig lønsamt å byggje ut.
- sørgje for at luftambulansenesta kan nå alle stader i Noreg innan 20 minutt. Dette skal vi gjere ved å opprette fleire basar.
- sikre inntektssystemet til kommunane slik at grunnleggjande velferdstenester kan haldast oppe ved endring i folketalet. Staten sin politikk overfor kommunesektoren er eit av politikkområda som har størst effekt på utviklinga av distrikta.
- styrkje MERKUR-programmet¹⁶, fordi nærbutikken er vesentleg, både som tenesteleverandør og møteplass.
- ikkje avgrense Bygdeutviklingsmidlar berre til dei med landbrukstilknytning, men la det bli ei eiga ordning for alle som vil starte for seg sjølv.
- at Innovasjon Noreg og SIVA (Selskapet for industrivekst) skal ha ein tydeleg distriktsprofil.
- flytte fleire statlege verksemder ut i distrikta, og at statseigde verksemder og selskap skal gå føre som eit godt døme ved å lokalisere leiingsfunksjonar og hovudkontor i distrikts-Noreg.

¹⁶ MERKUR (Merkantilt kompetanseprogram for utkantbutikkane i regionane) er eit nasjonalt program som skal styrkje og utvikle butikkar i distrikta.

- at postombering skal vere ei teneste i heile landet på alle arbeidsdagar, og at tenestetilbod ikkje skal bli tatt vekk før jamgode alternativ er etablert. Posten skal levere tenester til lik pris i heile landet.
- sikre tilskot til skreddarsydde lokale transportordningar til unge og eldre som har bruk for tilrettelagd transport for å ta del på til dømes kulturaktivitetar.
- stimulere til desentralisert utdanning som har nært samarbeid med relevant næringsliv i nærområdet.
- vurdere ei ordning der staten sitt bortebruarstipend kan konverterast inn i eit spleiselag for å få oppretta pendlarruter, slik at flest mogleg 16-18-åringar skal kunne bu heime medan dei går i den vidaregåande skulen.
- støtte kultur- og fritidstilbod ut frå eigenverdi og fordi dette skapar trivsel og bulyst.
- styrkje ansvaret til regionalministeren for å sørge for effektiv bruk av tilskotsordningane og satsingsoppgåvene, og med bakgrunn i at distriktspolitikk krev samordning av alle politikkområde.
- at det skal vere eit regionalt politisk nivå i Noreg, og at utviklingsoppgåver bør vere eit sentralt område for dette nivået.
- halde på tiltakssona i Nord-Troms og Finnmark.

Bypolitikk

I Noreg bur 80 prosent av befolkninga i byar og tettstader. Urbanisering er ein global trend, og også her til lands er tendensen at fleire buset seg i byane. Det gjev grunnlag for rasjonelle transportløyningar og gjev byane styrke og auka skatteinntekter. Det styrkjer også byane si rolle som regionale utviklingsmotorar. Samtidig opplever byane også mange utfordringar.

Stadig fleire nordmenn har dei siste åra valt å busetje seg i byane. Eit velfungerande bysentrum er avgjerande for velferda til den enkelte og til lokalsamfunnet. Nyare forskning peikar på at ein by må vere tett nok for at folk skal kunne ha nærleik til kvarandre og bruke lite tid til arbeidsreiser.

Fortetting er også viktig i eit miljø-, klima- og forureiningsperspektiv for å ta vare på rekreasjonsområde og grønne lungar, og for å unngå å byggje ned matjorda. Vi må leggje til rette for gode oppvekstvilkår ved å prioritere grøntområde, parkar og leikeplassar. KrF meiner at fortetting rundt kollektivknutepunkt er heilt avgjerande for å ta vare på kvalitetane i byane samtidig som ein gjev plass til fleire menneske. Byutviklinga må ta omsyn til byane sine historiske kvalitetar, samtidig som ein gjev plass til nyskapande arkitektur og moderne løysingar. Vi bør byggje fleire høghus der det passar naturleg inn i bybiletet.

Behovet for bustader

Storbyane treng særskilt auka bustadproduksjon. Tilstrøyminga til storbyane har ført til mangel på areal og svært høge bustadprisar. Skiljet mellom fattig og rik i storbyane går ikkje lenger berre mellom dei som er i eller utanfor arbeid, men til dels mellom dei som har eigen bustad, dei som må leige og dei som må nytte mellombelse butilbod og bustadlause. Det er behov for at Husbanken får auka midlar til å hjelpe bustadbyggjelag og kommunar til å byggje fleire bustader. *Sjå også kapittelet «Bustadpolitikk».*

Byane som regionale motorar

Alle storbyane har hatt vekstkraft dei siste åra, men i ulik grad. Storbyregionane har sine særtrekk som kan vere grunnlag for regionale konkurransefortrinn, noko vi bør leggje vekt på i den vidare næringsutviklinga i regionane. Gjennom sine høve til å spele ei aktiv økonomisk rolle i den lokale og regionale utviklinga, har den nasjonale tydinga til storbykommunane auka når det gjeld den totale verdiskapinga.

For å styrkje norsk internasjonal konkurransekraft og samtidig fremje balansert regional utvikling, må storbypolitikken vere ein del av ein heilskapleg regionalpolitikk. By og land er gjensidig avhengige av kvarandre, og byane må utvikle seg som gode «motorar» for næringsliv og utvikling i sine regionar. Vi bør i større grad sjå på utviklinga av heilskaplege nærings- og bustadregionar.

Byane spelar ei viktig rolle som kultursentrum, ikkje berre for byane, men også for områda rundt. Dette bør vi også utvikle innanfor kultur som næringsutvikling.

Storbyane har størst del av den fleirkulturelle befolkninga. KrF ser positivt på mangfaldet og verdset kvar enkelt sin rett til å halde på sine kulturelle og religiøse tradisjonar. Samtidig er integrering i og forståing for norske kulturelle verdiar og tradisjonar viktig. *Sjå også kapittelet «Integrering og inkludering».*

Kollektivtransport

Det meste av veksten i biltrafikken i Noreg dei siste åra har skjedd i dei største byane. Der sentrum tidlegare var målet for mange reiser, særleg til arbeid, er byane no meir og meir prega av køyring på kryss og tvers. Slike reisemønster skapar utfordringar for kollektivtransporten. Ein bypolitikk for kollektive løysingar føreset ei bevisst lokalisering av byveksten nær sentrum, eller til knutepunkt som gjer eit godt kollektivtransporttilbod mogleg. Det er viktig å utarbeide gode og langsiktige arealplanar der bustadveksten blir konsentrert rundt kollektivknutepunkt, og der vi legg barnehagar og skular i tilknytning til bustadområda, og der arbeidsplassar blir lokaliserte i område med godt kollektivtransporttilbod.

Vi må dimensjonere og plassere vegnett og samferdsel slik at lokalmiljøa ikkje får urimelege belastningar i form av luftforureining og støy, eller mister sine funksjonar som møteplassar. Storbyane må få grunnlag for utbygging av eit effektivt og moderne kollektivnett. Staten må støtte god utvikling av kollektivtrafikken, spesielt i storbyane. Det må skje både gjennom direkte løyvingar til fleire bybaner og gjennom styrking av påskjønningssystemet for kollektivtransport. *Sjå også kapittelet «Samferdsel».*

Sosiale utfordringar

Undersøkingar av levekår viser at storbykommunane har større og andre sosiale utfordringar. Dette er først og fremst knytt til oppvekst og levekår for barn og unge, rus, psykisk helse og sosiale tenester, tryggleik og tilbod om bustad til alle. Storbyane må sikrast økonomi til å takle desse utfordringane og må setjast i stand til auka innsats innan rus- og psykiatriomsorga, språkopplæringa og integreringa av minoritetsspråklege. Behova for naturlege møteplassar og tilrettelegging for sosiale fellesskap og nettverk tyder mykje. Det må vere eit spesielt fokus på å ta vare på dei som fell utanfor i velferdssamfunnet. Storbyane er ofte rekrutteringsarenaer for rusmisbruk. Vi må møte dette med både sosiale og justispolitiske verkemiddel. *Sjå også kapitla «Ruspolitikk» og «Justispolitikk».*

Hovudstaden

Oslo står i ei særstilling i kraft av sin funksjon som hovudstad. Oslo er sentrum for næringsliv, turisme, samferdsel og kultur i regionen, og motor i delar av den nasjonale økonomien og bruhovud mot viktige internasjonale miljø. Oslo har dei beste og dårlegaste levekåra i Noreg, og dei største sosiale utfordringane, ikkje minst innanfor psykiatri, rus og integrering. Oslo må sikrast økonomi til å takle dei utfordringane som er spesielle for ein hovudstad.

KrF vil

- at miljøomsyn skal danne grunnlaget for byutvikling og transportløyningar i byane.
- satse på kultur som utviklingskraft for byane og dei tilhøyrande distrikta.
- styrkje statlege tilskot til satsing på samanhengande, overordna gang- og sykkelvegfelt i dei store byane.
- vidareutvikle påskjøningsordninga og leggje til rette for miljøvenleg drivstoff.
- støtte bypakker med tiltak for å redusere biltrafikken.
- arbeide for å utvide bruken av biogass og anna miljøvenleg drivstoff i kollektivtransporten.
- gje kommunane høve til å innføre trafikkregulerande tiltak i periodar med særlege forureiningsutfordringar.
- auke storbystøtta til det førebyggjande arbeidet mellom barn og unge.
- auke satsinga på «Trygg by»-konsept gjennom ulike tiltak for å førebyggje valdtekter og anna valdsutøving.
- leggje til rette for at kommunane får nok fridom i planprosessane, slik at bustadproduksjonen kan aukast, ikkje minst gjeld dette i storbyane.
- arbeide for at staten hjelper (bidrar) med kollektivløyningar/bypakker som gjer at byane kan byggje ut bustader og næring i tilknytning til kollektivaksane.
- at inntektssystemet for kommunane også tar omsyn til dei særskilde utfordringane storbyane har.

Urfolk og nasjonale minoritetar

Mennesket sitt unike eigenverd er det vi må leggje til grunn for korleis storsamfunnet opptre overfor urfolk og nasjonale minoritetar. Vi må motverke diskriminering på alle plan, og framheve kultur mangfaldet for sitt positive eigenverd. Løysingar må vere baserte på urfolk og nasjonale minoritetar sine egne framlegg til tiltak for å utvikle språk, kultur og tradisjonsberande næringar.

Vi har i Noreg eitt urfolk, samane, og fem nasjonale minoritetar. Dei nasjonale minoritetane er jødane, kvenane, rom, romani og skogfynnane. KrF vil sikre desse retten til eige språk, kultur og samfunnsliv, slik det er forankra i internasjonale konvensjonar.

Samepolitikk

KrF ønskjer å byggje opp under mangfaldet i det samiske samfunnet. Det er mellom anna tre ulike samiske språk i Noreg: Nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk. Samepolitikken krev oppfølging på alle forvaltningsnivå. Den statlege politikken legg premissane for utvikling av samiske samfunn og samisk i storsamfunnet. Politikken på fylkes- og kommunalt plan avgjer i stor grad korleis dei konkrete tiltaka når folk flest. I samiske kjerneområde må både samisk og norsk nyttast i offentlege institusjonar.

Urfolka sin eigenart blir sikra ved at levemåten, kulturen og verdiane deira blir førte vidare til nye generasjonar. For å kunne utforme ein god politikk på dette området, treng vi ei forståing av kva utfordringar samane møter. Samtidig er det også viktig å peike på positive trekk, som samisk filmmiljø, samiske artistar, samisk mat og reiseliv. Alt dette er med på å styrkje identitet og sjølvkjensle. Skuleverket har ei utfordring med å gje barn undervising i og på samisk, og talet på dei som har fått slik undervising har søkke mykje dei siste åra. Også samiske språk- og kultursenter slit med å få økonomisk støtte i fleire kommunar. Vi må satse medvite på å utdanne fleire samiske lærarar og førskulelærarar. Tempoet i arbeidet med å utvikle og oppdatere læremateriell på samisk må setjast opp. Skulen må bidra meir til å auke norske barn sin kjennskap til samisk kultur og språk.

Sametinget

Sametinget er eit demokratisk valt organ for den samiske befolkninga, og den fremste premissleverandøren til regjeringa i samiske spørsmål. Samarbeidsformene og dialogen mellom Sametinget og regjeringa må fungere godt.

Sametinget har spelt ei sentral rolle i 20 år både i det samiske miljøet og overfor befolkninga generelt. Det er viktig at spørsmålet om Sametinget si rolle blir evaluert for å sikre dynamiske prosessar og legitimitet for den samiske befolkninga sin rett til å bestemme sjølve i dei spørsmåla Sametinget har som mandat. Eit viktig spørsmål er å tilpasse mengda rein til beitegrunlaget. Her ser det ikkje ut til at reindriftslova verkar effektivt nok. Denne typen spørsmål må bli løyst i dialog med Sametinget.

I åra som kjem kan det kome arealkonfliktar mellom reindriften og gruveindustrien og kraftselskap, som gjennom leiteverksemd og utvinning av mineral og utbygging av vindmølleparkar legg beslag på store areal. Mange utfordringar ligg i skjæringspunktet mellom samiske næringsinteresser, generell næringsutvikling, bruk av naturressursar og arealforvaltning i område med samisk busetjing.

Vi må sikre Finnmarkseiendommen sin legitimitet i befolkninga gjennom at folk flest sine rettar til bruk av utmarka blir sikra også i framtida. Sjøsamar og kystfolk elles må ha rettar til fiske, og kystfiskarane må prioriterast føre havfiskeflåten i dei kystnære områda.

Urfolksdimensjonen i prosessane i nordområda krev samarbeid på fleire plan, både innover i det samiske samfunnet og overfor andre urfolk, med resten av befolkninga i nordområda, nasjonalstaten og næringslivet. KrF meiner at Sametinget må involvere heile det samiske samfunnet i prosessane rundt nordområda.

KrF er opptatt av at personar som høyrer til dei nasjonale minoritetane skal kunne ta del i samfunnslivet på lik linje med andre og samtidig kunne utvikle sin eigen identitet, sitt eige språk og sin eigen kultur.

Jødane

Antisemittismen har auka i Noreg. Det er uakseptabelt at jødiske barn opplever trakassering, hets og mobbing i skulen. Det er heilt nødvendig å styrkje kampen mot antisemittismen slik at jødane i Noreg ope kan leve som norske jødar. KrF meiner at skuleturar til konsentrasjonsleirar frå andre verdskrigen gjev viktig kunnskap om folkemord og utrydding av folkegrupper. Holocaustsenteret og andre institusjonar som arbeider for å spreie medvitet om folkemord og motverke antisemittisme og rasisme,

bør få offentlig driftsstøtte. Ei sterkare markering av den internasjonale holocaustdagen 27. januar, kan vere eit godt verkemiddel for å halde oppe medvit og haldningar knytt til antisemittisme og jødehat.

Rom og romani

Romani og romfolk har heilt opp i nyare tid fått svært dårleg behandling av det norske storsamfunnet. Vi må rette opp i overgrep og feil som er gjort. Tater- og sigøynarkulturen har tilført og tilfører eit viktig mangfaldsperspektiv til samfunnsliv og kultur, og må verdsetjast for dette og for sin eigenart. Mange romfolk i Noreg slit med analfabetisme og fattigdom. Det er viktig å styrkje arbeidet for å bidra til sosial framgang for denne minoriteten.

Skogfinnane og kvenane

Skogfinnane og kvenane er finskætta nasjonale minoritetar som har århundrelang historie i delar av Noreg. Vi må verdsetje deira kulturelle røter, og storsamfunnet må stille midlar til disposisjon for dette.

Det er eit ønske frå alle minoritetsspråk å få heva språkstatusen frå nivå 2 til nivå 3 (same nivå som samiske språk). KrF ønskjer å støtte ei slik utvikling når ein kan dokumentere at grunnlaget er til stades. Dette grunnlaget ser ut til å vere til stades for kvensk språk i dag.

KrF vil

- sikre samisk kultur, språk, næringsutvikling og samfunnsliv.
- sikre samiske interesser i verneområde som har følgjer for samisk busetjing.
- styrkje samane sitt internasjonale arbeid for utvikling og demokratisering.
- gje støtte til å utvikle vidare eit felles nordisk ressurscenter for samisk språk.
- gje Sametinget rammer som gjer det mogleg å utvikle ein sjølvstendig politikk på dei ansvarsområda der Stortinget har delegert mynde til Sametinget.
- sikre opne prosessar som involverer Sametinget på eit tidleg stadium i saker som har følgjer for den samiske befolkninga.
- at det, som ein del av Kunnskapsløftet, blir utarbeidd nye læreplanar for opplæring i og på samisk, og at samisk kultur får sin rettmessige plass i kulturskulen.
- at samiske læremiddel i grunnskulen skal vere tilgjengelege og oppdaterte etter dei læreplanane som gjeld til ei kvar tid.
- ha samisk deltaking i internasjonale prosessar for å møte nye og skiftande utfordringar som gjeld samiske område på best mogleg måte.
- gje statleg støtte til oppretting av kommunale sjøsamiske språksenter.
- auke den statlege støtta til Kvensk institutt slik at dei kan slutføre normeringsarbeidet for eit kvensk språk. Når dette er fullført, vil KrF heve kvensk til språknivå 3.
- utarbeide handlingsplanar for å heve dei andre minoritetsspråka frå språknivå 2 til språknivå 3.
- opprette eit statleg fond som kan gje støtte til lågterskeltilbod for å styrkje dei nasjonale minoritetane sine språk og kultur, inkludert media og IKT.
- arbeide for å styrkje vernet mot etnisk diskriminering.
- ha ein handlingsplan mot jødehat, mellom anna styrkje undervisinga i skulen om holocaust, ha tiltak mot mobbing av jødiske elevar, gje fortløpande støtte til tryggingausgifter og dagvakt ved jødiske institusjonar og vurdere endringar i straffelova for å sikre sterkare reaksjonar mot hatkriminalitet.
- følgje opp skogfinnane si stilling som minoritetsgruppe. Kulturen må bli dokumentert og materiellet gjort tilgjengeleg.
- verdsetje og stimulere romanifolket og romfolket si historie og kultur i Noreg.
- stille nok midlar til disposisjon for å utvikle kvenske lærebøker.

Nordområdepolitikk

Nordområda er svært viktige i eit ressurs- og miljøperspektiv. Ny aktivitet i nordområda må basere seg på forskning, kunnskap og prinsippet om berekraftig utvikling. Med desse føresetnadene ser det lovande ut for aktivitet og næringsutvikling i nord.

Nordområda er i fokus både på grunn av naturressursane sine og den strategiske plasseringa. Området er ikkje presist definert, men omfattar i hovudsak Nord-Noreg med Svalbard, Nord-Sverige, Nord-Finland og Nordvest-Russland med tilstøytande havområde. Noreg si satsing i nord står derfor i ein geopolitisk samanheng, der særleg forholdet til Russland og EU tyder mykje. Noreg må også i aukande grad relatere seg til andre land sine interesser i nord.

Nasjonal og internasjonal merksemd er retta mot Arktis og nordområda. Rike fiskeførekomstar, store energiressursar og mineralressursar er hovudårsakene til dette. Endra klima skaper store globale utfordringar, men opnar for nye ferdselsleier mellom aust og vest ved at hava i nord er i ferd med å få isfrie trasear.

Det internasjonale fokuset på nordområda omfattar heile det sirkumpolare Arktis. Når vi i Noreg fokuserer på nordområda, meiner vi i hovudsak våre eigne nærområde av det store området som går rundt klodens arktiske område. Her har Noreg store interesser. Ei hovudinteresse vil vere å fastlegge nasjonalstaten sine grenser og suverenitetsområde. Delelinja mellom Noreg og Russland i Barentshavet har fått ei løysing. Gråsona og 200-milssona rundt Svalbard må få ei avklaring. Dette representerer problemstillingar som traktats- og forhandlingsmessig er utfordrande. Det stiller også Noreg overfor store utfordringar knytt til det å vere til stades, overvake og hevde vår suverenitet.

Sårbare område

Nordområda er sårbare og vi må forvalte dei ut ifrå prinsippet om berekraftig utvikling. Noreg må ha ei leiande rolle og vere eit føregangsland med omsyn til forvaltning av fornybare ressursar. Det same gjeld innanfor teknologi og miljøomsyn knytt til petroleumsutvinning til havs og gruvedrift på land. Vi må også stille krav og vere framtidsretta innanfor miljø og tryggleik, mellom anna med tanke på ein stadig aukande skipstrafikk.

Samarbeid

Samarbeid på tvers av statar, mellom folk, byar, regionar, bedrifter, organisasjonar og mellom menneske, er sjølve grunnlaget for ei positiv utvikling av nordområda. Vi har gode tradisjonar for samarbeid på Nordkalotten. Samarbeidet med Nordvest-Russland blir viktigare og viktigare, og må omfatte eit breitt spekter av tema: Kultur, forvaltning, næring, felles arbeidsmarknad og kompetanseutvikling er sjølvstygte samarbeidsområde. Demokratisering og menneskerettar er også problemstillingar som må vere viktige i vårt samarbeid med Russland.

Utbygging av infrastruktur er ein nøkkel for utvikling, og dette gjeld både hamner og hamneanlegg, vegar, jernbane, straumnett, breiband og mobilnett.

KrF vil

- forsterke vår utanrikspolitiske linje som sikrar norsk rett til å hevde suverenitet over andre viktige havområde som til dømes 200-milssona rundt Svalbard.
- at Noreg legg til rette for og deltar i ei verdiskaping av dei naturressursane som finst i nordområda både i hav og på land innanfor ei berekraftig ramme.
- intensivere innsatsen i forskning på klima og miljø.
- utvikle vidare Noreg sitt gode forhold til Russland og leggje til rette for eit breitt samarbeid både innanfor næringsutvikling og folk til folk-samarbeid.
- at Noreg deltar aktivt i Barents-samarbeidet og Arktisk Råd.
- at Forsvaret sitt nærvær og hevdning av suverenitet i nord blir styrkt
- at det blir utarbeidd ein plan for å utvikle vidare infrastruktur i nordområdesamanheng.
- at Noreg arbeider på brei front for å kjempe mot ulovleg fiske og annan miljøkriminalitet.
- arbeide for å sikre at vi forvaltar ressursane i Barentshavet på ein berekraftig måte.
- at Noreg må bli verdsleiande i sjøtryggleik, redningskapasitet, miljøovervaking og oljevernberedskap. Vi må opprette eit eige senter i samarbeid med næringslivet for å utvikle betre overvåkings- og oljevernutstyr.
- stille krav til nullutslepp av olje og kjemikalier i havet.

Nordområdepolitikk: Nord-Noreg

Ein forsterka nasjonal politikk overfor nordområda må også innebere auka fokus på den nordlege landsdelen. Skal Noreg lukkast med sin nordområdepolitikk, må nasjonen også lukkast med å forsterke busetjinga i nord. Det er få ting som styrkjer nasjonalstaten sine interesser i nordområda som ei sterk og kompetent befolkning som aukar verdiskapinga og ei forsterka berekraftig forvaltning. KrF vil forsterke denne delen av nordområdepolitikken. Det å sikre urfolksperspektivet og deira livsgrunnlag må vere sentralt.

KrF ønskjer å setje krav til og leggje til rette for større ringverknader på land knytt til utvinning og verdiskaping av både fiske-, petroleums- og mineralressursar i Nord-Noreg. Landsdelen har utfordringar i å skape nye attraktive kompetansearbeidsplassar, særleg til unge menneske som ofte har få alternativ til å flytte. Dei nordnorske utdannings- og kompetansemiljøa må bli brukte aktivt og bygde opp til å ta del i nordområdesatsinga, der kompetanse er eit hovudpunkt. Vi må utvikle konkrete program under Norsk Forskingsråd for dette.

KrF vil

- at forholdet mellom framtidig petroleumsutvinning, fiskeriressursar og miljøomsyn får løysingar og avklaringar gjennom heilskaplege og rullerte forvaltningsplanar.
- stille konkrete krav til oljeselskapa i tilknytning til konsesjonar og utvinningstillatingar om å ta aktiv del i å byggje kompetanse og trekkje bedrifter og næringar i landsdelen aktivt med i både utbyggings- og driftsfasen.
- leggje til grunn at ein føresetnad for petroleumsaktivitet er ringverknader for landsdelen ved at ein stor del av verdiskapinga blir tatt ut i nord. Vi forventar at både offentlege og private arbeidsplassar blir lagde til landsdelen.
- at ein større del av verdiskapinga frå både fiske-, petroleums- og mineralressursar skal bli tatt ut i Noreg ved innanlands foredling før eksport.
- styrkje den generelle infrastrukturen i nordområda.
- leggje til rette for at Finnmark og Kirkenes skal bli ein viktig nasjonal og internasjonal inngangsport til Russland.
- styrkje flykommunikasjonane frå sentrale stader i Nord-Noreg og austover til Kirkenes og Murmansk.
- styrkje nordområda som transportkorridor mellom aust og vest.
- styrkje urfolksperspektivet gjennom mellom anna å styrkje kapasiteten og kompetansen til samiske institusjonar.

Innvandring

Vi lever i ei verd der stadig fleire menneske flyttar på seg på tvers av landegrensene. Mange nordmenn reiser frå Noreg for å bu i andre land, og endå fleire ønskjer å kome frå andre land til Noreg for å bu her. KrF meiner det er ein grunnleggjande verdi at folk skal kunne flytte på seg så fritt som mogleg. Likevel er det nødvendig å regulere innvandringa for å ta vare på behovet for ei god integrering av dei som kjem.

Asylsøkjjarar

Ingen som flyktar frå forfølgning i sine heimland skal sendast heim. For å verne asylinstituttet, er det viktig at berre dei som har gyldig grunn til å søkje om asyl får innvilga søknadene sine. Det er særleg viktig at kriminelle ikkje får høve til å misbruke asylinstituttet, men raskt blir sende ut av landet.

Det er avgjerande at norske utlendingsstyresmakter har ei forståing for kva religiøs tru og overtiding tyder for enkeltmenneske. Alle har rett til å aktivt utøve religionen sin utan å bli forfølgd. For KrF er det eit grunnleggjande trusfridomsprinsipp at ingen skal sendast tilbake med det utgangspunktet at dei må halde den religiøse trua si skjult i heimlandet for å unngå forfølgning. Trusfridomen føreset at menneske kan utøve trua si fritt.

Differensiert handsaming

Sjølv om halvparten av asylsøkjjarane til Noreg får innvilga asyl eller opphald i Noreg, blir dei i dag handsama på same måte i den perioden søknaden deira blir handsama som dei som vil få avslag. KrF meiner det kort tid etter at asylsøknaden er levert, må skje ei differensiering mellom søkjjarar som basert på søknaden og opplysningane som ligg føre truleg vil få innvilga søknaden, og dei som truleg vil få avslag. For asylsøkjjarar som truleg vil få opphald, bør den mellombelse statusen gje rett på løyve til å arbeide og norskundervising allereie medan søknaden blir handsama. Den mellombelse statusen kan endrast undervegs om det kjem fram nye opplysningar. Denne differensieringa må ikkje svekkje retten til individuell handsaming av sakene.

KrF vil etablere eit eige velkomstmottak for alle nye asylsøkjjarar dei første dagane medan asylsøknaden blir registrert og asylintervjuet gjennomført. I tilknytning til velkomstmottaket skal uavhengige asyldommarar ta stilling til asylsøkjjarane sin mellombelse status etter ei handsaming som tar vare på rettstryggleiken til den enkelte. Personar som openbert ikkje har behov for vern blir transportert ut av landet med ein gong.

Handsamingstid

Lang handsamingstid har ført til at mange asylsøkjjarar bur lenge i Noreg før dei får endeleg avslag. KrF vil auke ressursane til handsaming og forenkla systemet slik at prosessen for søknadshandsaminga i UDI i gjennomsnitt ikkje overstig to månader, og at eventuell klagehandsaming i UNE i gjennomsnitt ikkje skal ta meir enn seks månader. Søkjjarar som har fått endeleg avslag, skal med ein gong sendast ut av landet.

Overføringsflyktningar

Flyktningar som kjem seg heilt til Noreg er ofte dei mest ressurssterke som har råd til å nytte menneskesmuglarar. KrF vil auke talet på overføringsflyktningar for å hjelpe dei dette ikkje er mogleg for, og greie ut om det er mogleg å opne for at flyktningar i spesielle tilfelle skal kunne søkje om asyl frå norske ambassarar.

Arbeidsinnvandring

Dei fleste innvandrarane til Noreg kjem på grunn av arbeid eller gjennom familiegjening. Noreg treng arbeidskraft, og KrF vil gjere det enklare å søkje om arbeids- og opphaldsløyve for innvandrarar frå land utanfor EØS.

Inntektskravet

Dei siste åra har det blitt innført auka krav til inntekt for personar med opphald som søker om gjenforeining med ektefelle i Noreg. Krava har i ein del tilfelle slått svært uheldig ut, og KrF vil derfor gå gjennom systemet med sikte på å forenkla det. Retten til å leve saman som familie skal ikkje berre gjelde for høgtlønte. Tvangsekteskap og reine henteekteskap må vi likevel kjempe imot.

KrF vil

- gje opphald til personar som har vore i Noreg i meir enn fem år på grunn av lang handsamingstid og som sjølve har samarbeida om saken.
- sørgje for at barn ikkje blir straffa for foreldra sine brot på utlendingslova. Vi må vektleggje barna si tilknytning til Noreg gjennom fleire års butid sterkare enn i dag ved søknad om opphald.
- sørgje for at barn av personar utan lovleg opphald og einslege mindreårige asylsøkjjarar får oppfylt alle sine rettar slik vi finn dei i FNs barnekonvensjon, og gje barnevernet ansvaret for at dette skjer.
- arbeide for at alle einslege, mindreårige asylsøkjjarar skal få kompetente hjelpeverje, både under asylsøkjjarprosessen, eventuell klagebehandling, og busetjing i kommunane.
- sørgje for at asylsøknader basert på tru eller seksuell legning skal vurderast med utgangspunkt i at søkjaren ikkje kan forventast å halde dette skjult i heimlandet.
- sikre konvertittar ei reell og kompetansebasert behandling av sin asylsøknad.
- gje arbeidsløyve og utvida rettar i søknadsperioden til asylsøkjjarar som truleg vil få opphald i Noreg.
- la innvandrarar som har skaffa seg jobb i Noreg få høve til å søkje om arbeidsløyve og eventuelt «bytte kø» frå handsaming av søknad om asyl.
- at arbeidsinnvandrarar som kjem til Noreg med eit konkret tilbod om jobb, må få forenkla prosessen med å få lovleg og godkjent arbeid gjennom at det i alle regionar bør vere eit servicesenter for utanlandske arbeidstakarar som kan hjelpe med mellom anna arbeidsløyve.
- sørgje for at personar utan lovleg opphald som blir dømt for alvorleg kriminalitet, blir haldne fengsla, eller i ei form for forvaring, inntil uttransportering.
- gje alle asylsøkjjarar ei psykiatrisk vurdering og tilbod om behandling ved alvorlege psykiske problem.
- doble talet på overføringsflyktningar til 2 500 årleg.
- at Noreg skal bidra til utviklinga av eit internasjonalt regelverk for menneske som er på flukt på grunn av klimaendringar.
- la ektefellar og barn av personar med lovleg opphald i Noreg få søkje om familiegjenforeining frå Noreg, og ikkje tvinge dei til å reise heim for å søkje.
- at personar som blir dømde for vald mot ektefelle som er kome til Noreg ved familiegjenforeining, skal miste retten til familiegjenforeining med eventuell ny ektefelle.
- at barnevernet bør ha omsorgsansvar for einslege mindreårige asylsøkjjarar mellom 15 og 18 år.
- at alle einslege mindreårige asylsøkjjarar som har budd lenge i Noreg utan at det er mogleg å sende dei tilbake til heimlandet innan kort tid, må få opphaldsløyve.

Nokre viktige omgrep

Asyl: Fristad for personar som er flyktningar i flyktningkonvensjonens forstand. Dei som får innvilga asyl i Noreg, får arbeids- eller opphaldsløyve som dannar grunnlag for busetjingsløyve.

Asylsøkjjar: Person som bed styresmaktene om vern og anerkjenning som flyktning. Personen blir kalla asylsøkjjar inntil søknaden er avgjort.

Flyktning: I vanleg norsk språk bruker vi nemninga om personar på flukt av ulike grunnar, til dømes krig, uro, menneskerettsovergrep eller miljøkatastrofar. I fagterminologi tyder det ein person som har fått asyl i Noreg og som fyller kriteria i flyktningkonvensjonen.

Innvandrar: Innvandraromgrepet er avgrensa til å gjelde utanlandskfødde personar med to utanlandskfødde foreldre. Barn av innvandrarar, fødde i Noreg, fell utanfor denne definisjonen. Dei er likevel ei undergruppe av kategorien personar med innvandrarakgrunn.

Opphald på humanitært grunnlag: Samleomgrep på fleire typar løyve til å opphalde seg i Noreg, som vi kan gje etter ei individuell vurdering til personar som ikkje fyller krava for å få asyl. Personar som treng internasjonalt vern kan få opphald på humanitært grunnlag eller når sterke menneskelege omsyn taler for at dei bør få bli i landet.

Overføringsflyktning: Utlendingslova bruker omgrepet om flyktningar som får kome til Noreg gjennom eit organisert uttak, vanlegvis i samarbeid med FN sin høgkommissær for flyktningar (UNHCR). Stortinget, etter framlegg frå regjeringa, fastset ei treårig kvote for kor mange overføringsflyktningar som får kome til Noreg.

Kjelde: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Integrering og inkludering

Mangfaldet innvandrarak bringar med seg gjer Noreg rikare. KrF meiner eit overordna mål for integreringspolitikken må vere at innvandrarak som kjem til landet for å bli her, opplever seg respektert og som ein del av fellesskapet med dei pliktene og rettane som andre innbyggjarar i Noreg har.

Det er viktig at alle som ønskjer å bu her sluttar opp om nokre grunnleggjande felles verdiar. For KrF er det viktig at alle, både innfødde og innvandra nordmenn, respekterer menneskerettane og deler synet på kor viktig demokrati, solidaritet, likestilling og toleranse er. Ingen skal utsetjast for rasisme eller diskriminering på grunn av etnisitet, kultur eller religion.

Integreringspolitikken må sørgje for at alle innvandrarak og barna deira lærer seg norsk, som er nøkkelen inn i det norske samfunnet. Vi må leggje til rette for at alle første- og andregenerasjons nordmenn i størst mogleg grad tar del på alle samfunnsarenaer – anten det er innanfor arbeid, utdanning, kultur, politikk, idrett eller frivillig arbeid.

Introduksjonsjobb

Integreringspolitikken må ha fokus på å sysselsetje og ikkje berre busetje. KrF vil opprette ei ny ordning kalla introduksjonsjobb. Bedrifter og frivillige organisasjonar kan gje arbeid til innvandrarak i inntil to år med denne ordninga med lønstilskot frå staten. Samtidig forpliktar bedrifta eller organisasjonen seg til å hjelpe med språkopplæring i samband med arbeidet. Dette vil vere ei utviding av introduksjonsprogrammet si ordning med praksis på arbeidsplass.

Systemet må ikkje passivisere

Norskkunnskapar er viktig for å få jobb, men jobben er også ein viktig arena for å lære seg norsk. Det er viktig at innvandrarak som nyleg har kome til Noreg snarast mogleg får tilbod om arbeid eller arbeidstrening. Det er også viktig å utforme sosiale støtteordningar på ein måte som gjer det lønsamt å få seg jobb raskast mogleg. I dag er stønadssystemet slik at det i ein del tilfelle ikkje løner seg for innvandararamiliar å arbeide, og det verkar passiviserande. Mellom anna verkar ordninga med bortfall av dagpengar om ein har ei viss mengde arbeidstimar i veka på den måten. Dette kan vi heller knytte til kor mykje personen tener. Menneske med innvandarbakgrunn får ofte ikkje jobbar dei eigentleg er kvalifiserte for i Noreg, og må jobbe seg gradvis opp på nytt, ofte via lågtlønt arbeid. Vegene inn i arbeidslivet må ikkje bli hemma av eit regelverk som ikkje ser den enkelte sin situasjon.

Prioritert politikkområde

Det er nødvendig med ein gjennomgang av heile utlendingsforvaltninga. Innvandringspolitikken og integreringa må i sterkare grad sjåast i samanheng og prioriterast.

KrF vil

- sørgje for at alle asylsøkjarak som det etter asylintervjuet er grunn til å tru at vil få innvilga asyl, får tilbod om norskkurs med ein gong, og at barna deira får tilbod om barnehageplass og skule.
- at alle som får opphald i Noreg skal få ei «velkomstpakke» med viktig informasjon slik at dei unngår unødvendige utfordringar og blir ønska velkomen på ein god måte.
- leggje til rette for at flyktningar som nettopp har kome til landet får tilbod om ein flyktingguide som kan hjelpe til med tilpassinga til det norske samfunnet.
- sørgje for raskare og betre ordningar for å godkjenne utdanning og realkompetanse frå andre land, og tilrettelagde kurs og eksamenar for å oppnå slik godkjenning om det er nødvendig.
- gje arbeidsgjevarar som tilset nye flyktningar og gjev desse norskopplæring fritak for arbeidsgjevaravgift.
- innføre ei ordning med introduksjonsjobb med tidsavgrensa lønstilskot.
- innføre støtteordningar for norskopplæring på arbeidsplassar.
- tilby gratis barnepass eller kjernetid i barnehage i kombinasjon med norskkurs, utan at bruken fører til tap av kontantstøtte.
- gje alle innvandrarak frå land utanfor EØS som får opphald i Noreg, rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet, og styrkje programmet si opplæring i grunnleggjande verdiar i det norske samfunnet.
- sikre at skulen reagerer på og følgjer opp all form for rasisme, antisemittisme og mobbing på bakgrunn av religion, kjønn eller seksuell legning.
- sikre alle reell trus- og religionsfridom. (*Sjå også kapitlet «Religion, livssyn og trusfridom».*)
- sikre retten til å uttrykkje trua si gjennom bruk av religiøse symbol, smykke eller plagg i det offentlege rom. Det må vere unntak for politiet sine uniformer og for fagdommarar i retten. På arbeidsplassar og skular bør det likevel ikkje vere ein lovfesta rett å få bruke plagg som skjuler

identiteten. Ein må kunne finne lokale løysingar om plagg ikkje er til hinder for læring, deltaking eller å løyse arbeidsoppgåver.

- at offentleg sektor bør gå føre og ha prøveordningar med bruk av ID-nummer heller enn namn i søknadsprosessar, for å gjere det meir sannsynleg at kvalifiserte innvandrarak blir kalla inn til intervju.
- støtte kulturtilbod og andre frivillige møteplassar som legg til rette for at folk med ulike kulturar og religionar møter kvarandre og blir kjente.
- auke støtteordningane til integreringstiltak i regi av frivillige lag og organisasjonar.
- intensivere kampen mot tvangsekteskap og sørgje for at alle barn med innvandrarbakgrunn får informasjon om korleis dei kan få hjelp både i Noreg og på norske utanriksstasjonar om dei fryktar at dei kjem til å bli utsette for dette.
- halde fram arbeidet mot kjønnslemlesting og skadelege tradisjonelle praksisar gjennom tett oppfølging av familiar med bakgrunn frå land der dette er vanleg.
- styrkje statlege støtteordningar for busetjing og integrering av flyktningar.
- arbeide for at nye innvandrarak blir jamt fordelte i landet og vurdere økonomiske insentiv for å motivere dei til å bli i distriktskommunane.
- stille krav om grunnleggjande kunnskapar i norsk og om norsk samfunnsliv og kultur for å få norsk statsborgarskap.
- gjere statsborgarskapsseremonien obligatorisk.
- øyremerkje ekstra ressursar til skular med høg del elevar med innvandrarforeldre for å sikre integrering og god nok oppfølging av både minoritets- og majoritetslevane.
- at det skal vere tilgang til opplæringsmateriell i begge målformer for flyktningar og innvandrarak som skal lære norsk språk og kultur.
- leggje spesielt til rette for opplæring av innvandrarak med lese- og skrivevanskar (dysleksi) og analfabetar.

Demokrati og samfunnsstyring

Det beste for eit samfunn er at vi gjev tenestene og tar avgjerdene nærast mogleg innbyggjarane. Dette gjev nærleik og dei beste føresetnadene til å gje riktige tenester. Vi bør gjere politiske vedtak på det lågast moglege hensiktsmessige nivået. Når oppgåvene ikkje kan løysast der, blir dei løfta opp til eit høgare nivå. Det offentlege er leverandør av viktige velferdstenester. Dette krev ei god samhandling mellom etatar og nivå og føreseieleg økonomisk finansiering.

Det tar tid å byggje opp demokratiske ordningar og institusjonar. Ein viktig føresetnad for at demokratiet skal fungere, er ytringsfridomen og at innbyggjarane er opplyste og sette i stand til å ta aktivt del i den offentlege debatten. Likestilling mellom kjønn er ein føresetnad for eit fungerande demokrati.

Openheit

Vi må avsløre og motarbeide alle former for korrupsjon. Openheit og offentlegheit i forvaltninga for å motverke maktmisbruk og kameraderi er viktig. Ytringsfridomen må vernast og den offentlege samtalen stimulerast mellom anna gjennom at media får gode rammevilkår. Reformar og større endringar i samfunnslivet må utgreiast slik at vi er klar over konsekvensane før eit vedtak blir fatta.

Partia

Eit velfungerande demokrati er avhengig av at politiske parti har økonomi og handlingsrom til å utvikle politikk og arbeidsmåtar. For å motverke uheldige bindingar mellom private, bedrifter, fagorganisasjonar og dei politiske partia, meiner KrF at staten si støtte til dei politiske partia bør styrkjast.

Val

Dei politiske partia spelar også ei vesentleg rolle i skulering, motivering og nominasjon av kandidatar til folkevalde verv. Veljarane si påverknad blir sikra både gjennom retten til å engasjere seg i politiske parti og ved å kunne endre på vallistene. KrF meiner at vi må innføre personval, det å kunne kumulere fram kandidatar, også ved stortingsval.

Grunnlova

I denne perioden skal Stortinget ta stilling til ei rekkje grunnlovsframlegg. KrF meiner gjennomgangen av Grunnlova var nødvendig, men nærmar seg alle framlegg til grunnlovsendingar med varsemd. Terskelen for å endre Grunnlova skal vere høg, og Grunnlova bør ikkje omtale detaljerte politiske løysingar. For å unngå unødvendige mistolkingar, bør Grunnlova finnast i opphavleg språkdrakt og berre i ei målform.

Lokal handlefridom

Kommunane og fylkeskommunane er viktige samarbeidspartnarar og tilretteleggjarar for næringsliv og samfunnsutvikling. Dei må ha verktøy og ressursar til å kunne utføre det ansvaret og pliktene dette medfører. Noreg er eit langstrakt land med mange ulike kommunar med ulike utfordringar. Inntektssystemet for kommunane må ta høgde for denne skilnaden, og må sikre gode velferdstenester, føreseielege tilbod og stader å bu i alle kommunar.

Eit velfungerande lokaldemokrati er viktig for eit samfunn som er bygd nedanfrå, og KrF vil arbeide for at staten i hovudsak styrer gjennom rammer slik at kommunane sin handlefridom aukar og lokaldemokratiet blir sterkare.

Samsvar mellom økonomi og oppgåver

KrF meiner det må vere samsvar mellom kommunane sine pålagde oppgåver og økonomien. Store statleg pålagde reformer som blir overførte til kommunane må vere fullfinansierte. Kommunen bør ikkje setjast til å bryte statleg gjevne løfte til innbyggjarane. Vi må forenkle staten sine krav til kommunane sitt rapporteringssystem. Vi må redusere unødvendig byråkrati, og fellesmidlane må i større grad nyttast til aktiv tenesteyting.

Dialogen mellom regjeringa og KS må vidareutviklast, og vi må arbeide for å gjere konsultasjonsordninga meir forpliktande.

Innovasjon i offentleg sektor

Kommunar og fylkeskommunar, som leverandørar av offentlege tenester, må stimulerast til innovasjon og få fridom til å finne betre løysingar. Kommunane er i dag i for stor grad bundne til standardløysingar, som dei må svare for gjennom tilsyn og rapporteringar. Dette medfører ofte ei frykt for å setje i gang

innovasjon og nyskaping fordi ein kan få problem med eit statleg tilsyn. Dette hemmar utviklinga av betre løysingar, og rammar slik også mottakarane av velferdstenestene. KrF vil derfor gje kommunane større fridom.

Interkommunalt samarbeid

Mange stader er det etablert velfungarende interkommunale samarbeidsløysingar på ei rekkje tenesteområde. På fleire område kan interkommunalt samarbeid medføre både betre tenester, meir robuste og interessante fagmiljø og meir effektiv ressursbruk. God demokratisk styring må sikrast også der ein vel interkommunalt samarbeid.

Dette har likevel også ført til demokratiske utfordringar ved at viktige vedtak ikkje blir gjort i breitt samansette politiske fora. Dette talar for at fleire kommunar med fordel kunne slå seg saman.

Kommunestruktur

Fleire kommunar kan ha nytte av å slå seg saman. Slike prosessar må primært stimulerast ut frå gode lokale samarbeidsløysingar med fokus på lokaldemokrati, gode tenester til innbyggjarane og velfungerande einingar. Mange velferds- og tenesteoppgåver har blitt svært spesialiserte og ei rekkje kommunar har utfordringar med å rekruttere og halde på robuste fagmiljø. Også for å ta vare på balansen mellom lokaldemokrati og stat, kan det vere nødvendig å etablere større og meir robuste kommunar.

Stortinget bør skunde på samanslåinga av fleire kommunar der det er openberre fordelar ved ei slik samanslåing. Det er ein stor fordel med størst mogleg grad av semje frå det lokale nivået.

For kommunar med stor geografisk utstrekning og spreidd busetjing eller perifer plassering kan det vere lite å hente på samanslåing med andre. Vi må også sikre slike kommunar med store smådriftsulemper økonomisk grunnlag for å gje befolkninga eit likeverdig tenestetilbod.

Barn og unge

Norske elevar scorar høgt på demokratiforståing. Det er viktig at barn og unge blir lært opp i demokrati og har medråderett over eigen skulekvardag. Derfor ønskjer KrF at elevrådsarbeid får plass i skulen si ramme, og at vi legg til rette for å kunne ta del i organisasjonsarbeid og politisk arbeid i kombinasjon med skulen. På same måte som det er lovpålagt å ha eldreråd i kommunane, må det vere lovpålagt å ha ein plattform, som ungdomsråd, der ungdom kan uttale seg om politiske saker i kommunane og bli lytta til. Vi bør også stimulere til ungdomsråd, ungdommens kommunestyre og ungdommens fylkesting med ressursar og reell påverknad.

Barn og unge må få opplæring og trening i demokrati fram til dei oppnår stemmerettsalder. Det er logisk at stemmerettsalderen følgjer den alderen ein blir rekna som myndig.

Eldreråd

Eldreråda må få handlingsrom til å spele ei aktiv rolle og medverke til at eldre menneske tar del i samfunnet og inspirere til å få kompetansen og engasjementet til eldre ut i samfunnet.

Råd for funksjonshemma og brukarrepresentant

Lokale råd for funksjonshemma er viktige for å sikre at samfunnet legg til rette for at alle menneske får delta. På same måte vil brukarrepresentasjonar i ulike utval og råd bidra til større medverknad og auka demokrati.

Slagkraftige regionar styrte av folkevalde

Ein del oppgåver er mest hensiktsmessig å leggje til regionalt nivå. KrF ønskjer større og meir slagkraftige regionar enn dagens fylkeskommunar. Det regionale nivået må styrast av eit direkte folkevalt organ for å sikre reelt demokrati. Større regionar enn dagens fylkeskommunar vil opne for at fleire oppgåver kan løysast regionalt. Det føreset at Stortinget og departementa gjev frå seg makt til regionforsamlingane.

I Noreg er dei geografiske forholda slik at regionane vil måtte bli av ulik storleik. Regionnivået må vere styrt av direkte folkevalde for å sikre reelt demokrati. Den regionale statsforvaltninga må ha ansvar for kontroll- og tilsynsoppgåver og rettleiing. Utøvande styring og politiske skjønsmessige vurderingar må overførast til det folkevalte regionale nivået. Det framtidige regionnivået må få hovudansvaret for heilskapleg regional utvikling. Ein vellukka distrikts- og regionalpolitikk føreset at ein tar utgangspunkt i eigne regionale føresetnader og behov. Vi må samordne statleg politikk på regionalt nivå. Regionalisering av statleg verksemd bør i størst mogleg grad samsvare med dei folkevaldstyrte regionane.

Sentrale oppgaver for det regionale nivået vil vere vidaregåande opplæring, regional høgare utdanning og forskning, innovasjon og næringsutvikling, samferdsel, kultur, oppgaver innan helse, miljø og landbruk, i tillegg til sektoroverskridande og kommuneoverskridande planlegging. Fleire av verkemidla som i dag blir forvalta av staten må overførast til regionane. Vi må sjå transport- og infrastrukturtiltak, personretta og næringsretta verkemiddel meir i samanheng. Dette er alle oppgaver som krev politiske prioriteringar, som vi bør sjå i samanheng og som er for omfattande til at den enkelte kommunen kan ta ansvaret. Eit politisk styrt regionnivå vil slik vere ein nødvendig reiskap for å leggje makt og vedtak nærast mogleg dei det gjeld. Vi må greie ut ulike styringssystem innanfor ein modell med større regionar.

IKT i offentlig sektor

IKT er ein essensiell del i arbeidet for ei meir effektiv forvaltning. Vi treng betre koordinering mellom statlege etatar, mellom staten og kommunane, og kommunane seg i mellom ved utvikling og implementering av nye IKT-løysingar, for å sikre at systema "snakkar saman" og for å forhindre at det blir utvikla system med overlappande funksjonalitet. KrF ønskjer ei reell samling av det politiske og administrative ansvaret for alle store, statlege IKT-prosjekt i eitt departement, for å sikre betre samkjøring av prosjekta. Det bør vere føringar for overordna vegval, til dømes felles applikasjonar på tvers av statlege einingar og sentralisering av databasar og forvaltning. Vi bør også gjere vurderingar av potensialet for å samkøyre store prosjekt som har overlappande funksjonsområde eller bruke standardiserte verktøy framfor skreddarsaum.

KrF ønskjer betre styring av kvart prosjekt. Vi må etablere insentiv for kostnadseffektive løysingar som er rimelege å forvalte. Departementet som får ansvar for overordna IKT-styring bør inngå i prosjektorganisasjonen med eit eigarperspektiv og vere ein pådrivar for at midlane blir brukt optimalt.

Vidare må vi stille meir gjennomgåande krav om at det skal setjast i verk kost-nytte-analysar ved initieringa av eit prosjekt, slik at kostnadene og kompleksiteten i prosjekta kan avgrensast. Det bør også vere føringar for gjennomføring av prosjekt når det gjeld prioritering av krav, standardisering, anskaffing og gevinstrealisering.

KrF vil

- sikre eit velfungerande og grunnlovsfesta lokaldemokrati.
- intensivere innsatsen mot korrupsjon i det norske samfunnet.
- halde på felles myndighets- og stemmerettsalder på 18 år.
- sikre dei politiske partia full fridom til å setje opp lister til stortings-, sametings-, fylkestings- og kommunestyreval.
- styrkje kommunane sitt økonomiske handlingsrom, slik at dei kan gje innbyggjarane eit godt tenestetilbod.
- arbeide med å avvikle og forenkle lover, forskrifter og rapporteringssystem.
- følgje opp statlege reformer og pålegg med nok frie midlar.
- at konsultasjonsordninga mellom staten og KS (kommunesektorens interesse- og arbeidsgjevarorganisasjon) skal bli ført vidare og bli meir forpliktande.
- stimulere til større samhandling mellom sektorar og nivå.
- halde fram med overføringa av oppgaver, makt og mynde frå staten til regionalt og kommunalt nivå der dette er hensiktsmessig.
- erstatte dagens fylkeskommunar med større regionar og at desse skal vere direkte folkevaldstyrte.
- samordne statleg regional politikk på regionalt nivå gjennom dei nye regionane og arbeide for rasjonell og god styring der makt og vedtak blir gjort på lågast mogleg hensiktsmessige nivå. Folkevalde regionar vil gje grunnlag for å overføre ei rekkje statlege vedtaksområde til regionnivået.
- utgreie ein ny styringsmodell for regionane.
- at den statlege regioninndelinga på sikt må samsvare med den folkevalde for å sikre best mogleg samhandling.
- sikre betre folkevald styring av sjukehusa.
- gå gjennom kommunestrukturen med sikte på å slå saman kommunar der dette er hensiktsmessig.
- gje monalege økonomiske insentiv for å få til hensiktsmessige kommunesamanslåingar.
- samle ansvaret for alle store, statlege IKT-prosjekt i eitt departement for å sikre betre samkøring av prosjekta.
- stille meir gjennomgåande krav om at det skal setjast i verk kost/nytte-analysar ved initiering av IKT-prosjekt, slik at vi kan avgrense kostnader og kompleksitet.

Finanspolitikk

Finanspolitikken skal bidra til ei stabil økonomisk utvikling og høg sysselsetjing. Ei ansvarleg forvaltning av petroleumsformuen er ein nødvendig føresetnad for å nå dette målet. Både vår eigen og komande generasjonar har same rett til inntektene frå utvinninga av olje og gass. Vi må bruke petroleumsformuen slik at ho er med på å sikre gode velferdstenester også for komande generasjonar. Pengepolitikken må innrettast mot å sikre ei prisstiging om lag på linje med dei landa Noreg handlar med.

Ein ansvarleg finanspolitikk og ei stabil økonomisk utvikling er avgjerande for folk og arbeidsplassar rundt om i landet. Høge og ustabile renter gjer det mindre attraktivt å investere i ny verksemd. Ein for sterk kronekurs gjer norske varer dyrare og svekkjer konkurranseevna til norske eksportbedrifter. For å medverke til gode rammevilkår for norske bedrifter og størst mogleg tryggleik for norske arbeidsplassar, er det viktig med ein ansvarleg og nøktern offentleg pengebruk der vi evner å prioritere midlane vi har på ein klok måte. KrF ønskjer derfor å halde på handlingsregelen for oljeinntektene.

Avkastninga på investeringane i Statens pensjonsfond utland kan ikkje finansiere eit godt offentleg velferdstilbod på varig basis. Det er det berre befolkninga sjølv som kan gjere, gjennom arbeid og verdiskaping. I utrekningar av den norske nasjonalformuen er verdien av arbeidskrafta om lag tolv gongar den samla verdien av den oljen og gassen som vi enno ikkje har utvunne og dei finansinvesteringane som er gjort gjennom Statens pensjonsfond utland. Langsiktige framskrivingar tyder på at komande generasjonar står overfor skatteauke tilsvarande 7-8 prosent av BNP berre for å finansiere det nivået på velferdstenestene som vi har i dag, om ein føreset uendra arbeidsdeltaking i dei ulike aldersgruppene.

Vi bør bruke ein større del av statsbudsjettet til målretta investeringar i infrastruktur som jernbane og veg og til oppbygging av humankapitalen gjennom auka satsing på utdanning, forskning og utvikling. Ein måte å gjere dette på kan vere gjennom å opprette eigne fond innanfor samferdsel og forskning, der avkastninga frå desse fonda blir øyremerkte til investeringar i den aktuelle sektoren. Det vil også kunne vere hensiktsmessig å få ei tydelegare fordeling av kva som er investeringar og kva som er drift på statsbudsjettet.

I dag er utrekningar av økonomisk vekst i hovudsak den einaste metoden som blir nytta for å måle utviklinga i det norske samfunnet. Når folk har nådd eit visst nivå på kjøpekraft og tilgang til velferdstenester, er det ikkje sjølsagt at livskvaliteten vil auke saman med den økonomiske veksten. KrF vil vere ein pådrivar for å vidareutvikle verktøy for måling av samfunnsutviklinga også på andre område enn den reint materielle utviklinga. KrF vil at sosial kapital og frivilligheit blir mål for samfunnsutviklinga på linje med økonomisk vekst og berekraft.

Finansmarknaden

Finanskrisa har understreka behovet for god regulering av bankar og finansmarknader. Det er nødvendig å skjerpe krava til eigenkapital for bankar og å betre systemet for bankkriseløysing. Forbrukaromsynet i sparemarknaden må styrkjast ved å betre reguleringa av kva produkt og kva slags informasjon forbrukarane får, tilsynet styresmaktene fører med marknaden og kundane sine klagemoglegheiter. Finansklagenemnda fungerer ikkje som det lågterskeltilbodet det er meint å vere, og bør erstattast av eit uavhengig, statleg klageorgan for finansielle tenester.

Statens pensjonsfond utland (SPU)

Statens pensjonsfond utland («Oljefondet») er eit av verdas største investeringsfond. Vi må forvalte fondet ut frå etiske retningslinjer og med mål om låg risiko og høg avkastning. KrF meiner målet om stor avkastning ikkje må gå på kostnad av målet om at fondet ikkje skal bidra til brot på menneskerettane eller store miljøødeleggingar. Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland må få fleire ressursar slik at dei kan kontrollere større delar av investeringane, og vi må bruke eigarskapet i selskap over heile verda aktivt for å påverke selskapa positivt.

Det er nødvendig med ein brei gjennomgang av forvaltninga av dei etiske retningslinjene i SPU, for å kunne identifisere nødvendige tiltak for at etikkforvaltninga skal kunne halde tritt med veksten i fondet. Finansdepartementet og Noregs Bank bør framleis nytte både uttrekk og aktivt eigarskap i etikkarbeidet, men kan med nokre grep gjere forvaltninga betre og meir effektiv.

Det er viktig at Noregs Bank og NBIM praktiserer stor grad av openheit om fondet sine strategiar, resultat og forvaltning. Det er avgjerande å sikre god forankring for at folket skal slutte seg til måten den felles formuen vår blir spart og forvalta på. I tillegg til dagens retningslinjer for investeringar i selskap,

bør vi lage retningslinjer som skal gjelde fondet sine investeringar i statsobligasjonar. Slike investeringar må vere ansvarlege og ikkje hindre utvikling.

I fleire år har det blitt vurdert å opprette eit eige fond eller investeringsprogram for investeringar i framveksande og mindre utvikla marknader, noko som er i tråd med tilrådingane til Utviklingsutvalet og Norfund. KrF ønskjer fortgang i denne prosessen, og ønskjer å opprette eit investeringsprogram innan Statens pensjonsfond utland, med same krav til forvaltninga som andre investeringar i SPU, men med føremål å investere i berekraftige bedrifter og prosjekt i fattige land og framveksande marknader. Programmet bør ha ei samla investeringsramme på minst 20 milliardar kroner, og på sikt 1 prosent av SPU. Vi skal ikkje rekne investeringar gjennom dette programmet inn som ein del av bistandsprosenten.

For å medverke til å redusere klimautsleppa, bør vi også etablere eit investeringsfond med føremål om å investere i bedrifter og prosjekt innanfor energi- og miljøsektoren, med spesiell vekt på nyskapande og miljøvenleg energiteknologi.

KrF vil

- vidareføre handlingsregelen for budsjettpolitikken, med nødvendig fleksibilitet til å vurdere oljepengebruket ut frå konjunktursituasjonen.
- ha ei særskild vurdering i dei årlege budsjettdokumenta om korleis prioriteringane av investeringsmidlar og driftsmidlar i budsjettforslaget medverkar til langsiktig verdiskaping i samfunnet.
- ha sosial kapital og frivilligheit som mål for samfunnsutviklinga på linje med økonomisk vekst og miljømessig berekraft.
- auke fokuset i budsjettdokumenta på utviklinga av relevante målestokkar for «nasjonal livskvalitet», og dei faktorane som forskinga fortel er avgjerande for denne utviklinga.
- sikre rammevilkår som gjer eit desentralisert bank- og finansvesen mogleg i heile landet.
- setje av langt meir ressursar til den etiske forvaltninga av Statens pensjonsfond utland, spesielt Etikkrådet.
- innføre etiske retningslinjer også for investeringar i statsobligasjonar.
- endre Statens pensjonsfond utlands investeringsstrategi frå eit hovudfokus på fossil energi til eit hovudfokus på fornybar energi.
- opprette eit investeringsprogram innan Statens pensjonsfond utland med føremål å investere i berekraftige bedrifter og prosjekt i fattige land, med ei målsetjing om samla investeringsramme på minimum 20 milliardar kroner, og på sikt minst 1 prosent av heile pensjonsfondet.
- opprette eit investeringsfond innan Statens pensjonsfond utland med føremål å investere i bedrifter og prosjekt innanfor energi- og miljøsektoren, med spesiell vekt på nyskapande og miljøvenleg energiteknologi.
- greie ut konsekvensane av å bruke Statens pensjonsfond utland også til realinvesteringar i staden for verdipapir.
- gjennomføre ein gradvis reduksjon i statlege eigardelar i bedrifter med forretningsmessig avkastning som hovudmål, der eigardelen er større enn nødvendig for å sikre dei spesifiserte måla for det statlege eigarskapet.
- skjerpe eigenkapitalkrava til bankar og finansinstitusjonar og betre systemet for bankkriseløysingar.
- betre tilsynet med kva spareprodukt kundane får tilbod om og kva slags informasjon dei får for å sikre omsynet til forbrukarane.
- sikre at Finanstilsynet vektlegg forbrukaromsyn i større grad.
- erstatte Finansklagenemnda med eit uavhengig, statleg klageorgan for finansielle tenester.
- gje styresmaktene som har ansvar for tilsyn utvida heimlar til å påleggje administrative sanksjonar som gebyr, slik at vi kan gje reaksjonar som er betre tilpassa kor grovt lovbrøtet er og sikre betre etterleving av regelverket.
- at finansføretak som ikkje etterlever nemndvedtak i forbrukaren sin favør må dekkje forbrukaren sine kostnader i samband med ei eventuell rettssak.
- at kundar av finansføretak som ikkje er tilknytt ei klagenemnd, skal kunne krevje nemndbehandling av ein tvist.
- endre tvistelova slik at saker mot bank- og finansinstitusjonar som er saksøkt av privatpersonar kan bringast inn for Forlikrådet.

Handlingsregelen

Stortinget slutta seg våren 2001 til følgjande retningslinjer for budsjettpolitikken:

- Petroleumsinntektene blir gradvis fasa inn i økonomien, om lag i takt med utviklinga i forventa realavkastning av Statens pensjonsfond utland (tidl. kalla petroleumsfondet)
- Ein legg vekt på å jamne ut svingingar i økonomien for å sikre god kapasitetsutnytting og låg arbeidsløyse.

Sidan det berre er forventa avkastning vi skal bruke, inneber handlingsregelen at fondskapitalen ikkje blir tappa over tid. Vi legg slik til rette for ei berekraftig forvaltning av petroleumsformuen, slik at ho også kjem framtidige generasjonar til gode. Den sparinga som handlingsregelen inneber på staten si hand, er likevel ikkje nok til å dekkje den kraftige veksten i utgifter til pensjonar, helse og omsorg som følgjer av at befolkninga blir eldre.

I statsbudsjettet for 2013 legg vi opp til å bruke 123 milliardar kroner av oljeinntektene, målt ved det strukturelle, oljekorrigerede underskotet. Til samanlikning blir dei samla utgiftene i 2013 over statsbudsjettet utanom petroleumsverksemda vurderte til å vere 1 037 milliardar. Det betyr at om lag kvar åttande utgiftskrone over offentlege budsjett er ei «oljekrone».

Kjelde: Finansdepartementet, Nasjonalbudsjettet 2013.

Skattar og avgifter

Skattar og avgifter har først og fremst til føremål å finansiere velferdsgode for heile befolkninga. Vi kan også bruke skattepolitikken til å oppnå meir rettferd gjennom omdeling frå dei som har mest til dei som har mindre, og til å redusere forbruk som er miljøskadeleg eller av andre grunnar mindre ønskeleg. For KrF er det eit overordna mål for skattepolitikken at mest mogleg av skatten blir utforma på ein måte som har positive effektar i form av omdeling og ønskt endring av forbruksmønster, og at skattane har minst mogleg negative effektar på effektiviteten i økonomien og høve til å halde på og skape nye arbeidsplassar i heile landet.

KrF vil ha ei ny grøn skattereform som reduserer skatten på arbeid og erstattar inntektstapet med auka skatt på miljøskadeleg forbruk. Det vil vere bra både for utviklinga av framtidretta næringsliv og for å ta vare på miljøet. Avgiftene på bilparken må leggast om til å skattleggje bruken framfor det å eige bil, og vi må gjere det meir lønsamt å velje miljøvenlege bilar og miljøvenleg drivstoff. Utsleppa frå flytrafikk er no omlag like store som utsleppa frå personbilar. KrF vil auke CO₂-avgiftene på flyreiser, med unntak av Nord-Noreg, og heller gjere det billigare å velje tog og buss der det finst alternativ.

Av helsemessige grunnar og av omsynet til miljøet bør vi stimulere til at nordmenn et meir frukt og grønt og mindre kjøtt. KrF vil derfor fjerne momsen på frukt og grønsaker. Den generelle matmomsen bør vere den same i butikk som på restaurant.

Realverdien av staten si støtte til barnefamiliane har blitt redusert over tid. Barnefamiliar har også lågare skatteevne enn andre. KrF vil derfor innføre eit barnefrådrag på 5 000 kroner per barn i alderen 0-18 år. *Sjå også kapitlet «Familiepolitikk».*

Mange familiar ønskjer å kjøpe tenester til heimen for å kunne få meir tid mellom anna saman med barna. Det er behov for lettare tilgang til å kjøpe lovlege tenester til heimen. Kjøp av tenester innanfor eit avgrensa beløp må kunne trekkjast frå på skatten. Det er viktig å leggje til rette for at dei som utfører desse tenestene betaler skatt og slik får tatt vare på rettane sine når det gjeld til dømes pensjon og sjukepengar. I Sverige har dei positive erfaringar med denne ordninga.

KrF vil

- auke grønne skattar og bruke dei auka inntektene til å redusere skatten på arbeid.
- gjere det lettare for næringslivet å få skattefrådrag for satsing på forskning og utvikling (SkatteFUNN-ordninga).
- fjerne årsavgifta ved eige av bil og erstatte henne med tilsvarande auka avgifter på drivstoff.
- redusere momsen og andre avgifter på kjøp av bilar med nullutslepp av CO₂, og auke eingongsavgifta på bilar med høge utslepp.
- greie ut ei ny ordning med sikte på å fjerne dokumentavgifta ved kjøp av bustad og finansiere det ved å innføre ein låg skatteprosent på verdiauken ved sal av eigen bustad.
- fjerne formuesskatten på arbeidande kapital.
- innføre fritak for arveavgift ved generasjonsskifte i familieeigde bedrifter der bedrifta blir drive vidare av neste generasjon (sjå faktaboks).
- redusere arbeidsgjevaravgifta for lærlingar.
- gje frivillige organisasjonar fullt fritak for moms, til erstatning for dagens system med delvis dekning av momsutgifter.
- auke grensa for skattefrådrag ved gåver til frivillige organisasjonar og trussamfunn til 50 000 kr for privatpersonar og til 100 000 kr for bedrifter.
- fjerne momsen på frukt og grønsaker.
- erstatte avgifter knytt til sjokolade og sukker med ei generell sukkeravgift.
- halde på eit høgt avgiftsnivå på alkohol og tobakk.
- auke CO₂-avgifta på flyreiser, med unntak av Nord-Noreg.
- innføre aktivitetsskatt på overskot og løn i finansnæringa, for å kompensere for dagens momsfritak for finansielle tenester og sikre likare skattlegging av ulike næringar.
- gjere det lettare for kommunane å innføre og sjølvje tilpasse eigedomsskatt og anna lokal skattlegging, mellom anna for å ta i vare sosiale omsyn.
- fjerne maksimalverdien for utrekninga av eigedomsskatt for kraftverk.
- gje fleire låginntektsland tollfritak.
- auke BSU-grensa til kr 300 000, setje maksimalt sparebeløp per år til kr 30 000, setje skattefrådraget til 30 prosent av årleg spart beløp, og endre maksalderen frå 33 til 35 år.
- auke grensa for tollfritak ved privat import frå 200 til 500 kr.
- frita bøker som kan lastast ned frå nett, lydbøker og musikk frå moms.
- sørge for at Tollvesenet får tilstrekkelege ressursar til å utføre sine oppgåver knytt til grensekontroll på ein god måte.

- innføre skattefritak for sykkelgodtgjering både for arbeidsgjevarar og arbeidstakarar.
- heve frikortgrensa til 50 000 kroner.
- fjerne momsens på gravferdstenester.

Formuesskatt på arbeidande kapital

KrF ønskjer å fjerne formuesskatten på arbeidande kapital, som vi kan definere som kapital i bruk i aktiv næringsverksemd. Dette er mellom anna driftsmidlar, utstyr, vareforrådet, nødvendig kontantbeholdning og så vidare. Med vår modell vil det framleis vere formuesskatt på bankinnskott og eigedom, men ikkje på til dømes truckar, traktorar og trålarar som sikrar arbeidsplassar. Sverige hadde fritak for arbeidande kapital frå 1991. Denne ordninga varte fram til 2007, då dei valde å fjerne formuesskatten heilt.»

KrFs arveavgiftsmodell for familiebedrifter

Mange familieeigde bedrifter slit veldig ved generasjonsskifte på grunn av at store verdier i bedriftene gjev høg arveavgift. KrF sin arveavgiftsmodell for familiebedrifter vil løyse dette.

Vi føreslår: Ved generasjonsskifte i familieeigde bedrifter blir arveavgifta rekna ut, men betalinga blir utsett automatisk i ti år. Om neste generasjon vel å drive bedrifta vidare, fell ein tidel av arveavgifta bort kvart år. Om bedrifta blir drive vidare i ti år eller meir, fell dermed arveavgifta heilt vekk.

Utanrikspolitik

Dei kristendemokratiske verdiane og prinsippa forpliktar KrF til eit sterkt internasjonalt engasjement. Norsk utanrikspolitik skal ta vare på både utviklingsland sine interesser, interesser vi kan sjå på som globale fellesgode, og norske eigeninteresser.

Menneskesynet vårt forpliktar oss til å føre ein utanrikspolitik som gjer sitt til å oppfylle alle menneske sine rettar som dei har krav på i kraft av sitt menneskeverd. Prinsippet om solidaritet basert på nestekjærleikstanken gjer at vi vil ta eit særleg ansvar for å ta del. Forvaltaransvaret sine prinsipp om rettferd og generasjonsansvar gjer at vi er nøydde til å hjelpe til å løyse dei felles globale utfordringane som heile verda står overfor. Det forpliktar oss også til å ta vare på legitime eigeninteresser knytt til tryggleik, handel og økonomisk utvikling.

Sjølv om skilja ikkje alltid er like klare, meiner KrF det er viktig å vere klare på når politikken vi fører har som hovudmål å ta vare på våre eigeninteresser og når den er ein del av Noreg sitt ansvar for globale fellesinteresser, og ikkje framstille slik politik som del av utviklingspolitikken. Vi deler derfor utanrikskapittelet opp etter (1) politik for utvikling og menneskerettar, (2) politik for å møte globale fellesutfordringar, og (3) politik for å ta vare på norske eigeninteresser og tryggleik.

Utvikling og menneskerettar

Menneskeverdet er grunnlaget for tanken om at alle menneske har ei rekkje grunnleggjande rettar i kraft av å vere menneske. Verdssamfunnet har gjennom internasjonale konvensjonar slått fast at alle menneske har sivile, politiske, sosiale, økonomiske og kulturelle rettar. I solidaritet med medmenneska våre må vi bidra til at desse rettane blir tatt vare på også utanfor våre egne grenser.

Fattigdom er ein av dei viktigaste trugslane mot menneskerettane. KrF meiner at alle delar av norsk politik må medverke samstemt til å kjempe mot fattigdom og til å oppfylle menneskerettane internasjonalt. Bistand kan gje effektive bidrag, men tyder lite om politikken vi fører på andre område verkar i motsett retning. KrF vil derfor ha ein jamleg offentleg gjennomgang av alle politikkområde som tyder noko for utvikling og syte for at norsk politik ikkje står i motsetnad til utviklingslanda sine interesser og respekten for menneskerettane. Der norske eigeninteresser skulle stå i motstrid til dette målet, må desse interessene vike.

Skal vi overvinne ekstrem fattigdom på varig basis, må verdiskapinga auke, fordelinga av goda bli meir rettferdig, og demokratiet og menneskerettane styrkjast. Utviklingseffekten av norsk politik blir størst når det vi gjer på ulike politikkområde – som utvikling, menneskerettar, handel, investeringar og trygging – er godt samstemt og ikkje i innbryrdes konflikt.

Det er eit hovudmål for utviklingspolitikken å medverke til økonomisk og sosial utvikling internasjonalt, slik at medmenneske – i alle land – blir frigjorte frå naud og absolutt fattigdom. Katastrofebistand, humanitær naudhjelp og meir langsiktig bistand til utvikling har dette som eit felles mål. For å bli internasjonalt godkjent som offentleg utviklingsbistand (ODA) krev det at hovudmålet for innsatsen er økonomisk og sosial utvikling.

Norsk utviklingspolitik skal vere basert på rettar. Nær alle land i verda har ratifisert FN sine to grunnleggjande konvensjonar om menneskerettane. Statane er gjennom det er forplikta til å verne både dei politiske og sivile rettane som kvar enkelt har, og deira økonomiske, sosiale og kulturelle rettar. Noreg må medverke aktivt til at rettane blir etterlevde i praksis. KrF vil også styrkje innsatsen for trusfridom, ein rett som for ofte er komen i skuggen – særleg i land med autoritære regime. Arbeidstakarane sine rettar må også vernast i større grad i mange land.

Sjølv om dei fleste av dei fattige landa i verda har forplikta seg på menneskerettane, maktar ikkje styresmaktene å sørgje for at dei blir oppfylte i praksis. Gjennom aktiv menneskerettspolitik kan styresmaktene sitt ansvar gjerast klart, og befolkninga kan meir kraftfullt halde dei ansvarlege. Gjennom demokratiarbeidet kan vi medverke til betre styresett, meir openheit og mindre korrupsjon. Gjennom utviklingspolitikken kan vi medverke til at både folk og styresmakter får økonomiske ressursar nok til å sikre betre levekår og tilgang til grunnleggjande tenester.

KrF vil

- at regjeringa jamleg rapporterer til Stortinget om konsekvensar av norsk politikk for utviklingslanda og korleis menneskerettane blir tatt vare på. Rapportane skal også innehalde uavhengige eksterne vurderingar.
- at alle framlegg frå regjeringa til Stortinget med store verknader for utviklingsland må innehalde ei vurdering av desse konsekvensane.
- ratifisere tilleggsprotokollen til Barnekonvensjonen som gjev ein internasjonal klagerett ved brot på desse rettane.
- leggje fram ein ny strategi for korleis Noreg systematisk kan arbeide for å styrkje rettane til barn internasjonalt gjennom FN og i samarbeid med enkeltland.
- at Noreg skal gå føre for å fremje menneskerettar for LHBT-personar internasjonalt.
- styrkje evalueringa og forskinga om utviklingsspørsmål for å sikre meir effektiv bruk av bistandsmidlane og betre kunnskap om verknadene.
- styrkje den institusjonelle kapasiteten hos FN sin høgkommissær for menneskerettar og FN sitt menneskerettsråd, og arbeide for at dei som blir valte til rådet reelt oppfyller kvalitetskriteria.
- gje høgare prioritet til arbeid for yrings- og trusfridom internasjonalt og forsterke Noreg sitt arbeid for rettane til minoritetar.
- at dei ulike departementa sitt arbeid som påverkar utviklingslanda må koordinerast ved ei eiga organisatorisk eining innan Utanriksdepartementet eller ved Statsministerens kontor.
- ha eit regjeringsoppnemnd råd som består av representantar for mellom anna næringslivet, forskning og det sivile samfunnet for å sikre ein brei debatt om samstemt utvikling, slik det regjeringsoppnemnde utvalet for ein meir samstemd utviklingspolitikk har foreslått.

Vårt ansvar for å medverke

Gjennom utviklings samarbeidet må Noreg leggje stor vekt på å styrkje:

- Næringsutvikling og økonomisk vekst
- Styresmaktene si evne og moglegheit til å fremje verdiskaping, sørgje for trygge levekår og meir rettferdig fordeling, ta vare på menneskerettane og levere grunnleggjande tenester til befolkninga.
- Befolkninga sine moglegheiter til å halde styresmaktene ansvarlege

Næringsutvikling i fattige land

Auka handel er ein av dei viktigaste måtane å skape økonomisk utvikling i fattige land. Det er derfor viktig at dei fattige landa blir betre integrerte i verdsøkonomien, og at dei lokale og regionale marknadene blir utvikla. Ein del av varene frå utviklingslanda blir i dag stengde systematisk ute frå marknadene i rike land gjennom tollmurar, kvotar og subsidiar. Samtidig blir utviklingsland nekta å verne om sine eigne marknader, og dei blir utsette for dumping av subsidierte varer frå rike land. KrF meiner Noreg må ta ein leiarrøle i arbeidet med å få på plass ein ny handelsavtale i Verdas handelsorganisasjon (WTO) som sikrar rettferdige handelsvilkår, i tråd med tilrådingane frå FN og FAO¹⁷. KrF meiner det vil vere mogleg å oppnå ein avtale som tar vare på u-landa sine interesser, samtidig som vi kan halde oppe eit berekraftig landbruk i Noreg. Medan vi ventar på ein ny avtale i WTO bør Noreg gå føre gjennom å gje fleire fattige land tollfritak, og stimulere til at import av landbruksvarer frå EU blir erstatta med import frå fattige land. All dumping av norske landbruksvarer i utlandet må stansast. KrF vil auke bistanden til arbeid med å gjere eksport frå fattige til rike land mogleg (aid for trade).

Norske styresmakter må leggje til rette for at fleire norske selskap skal investere i fattige land. Norfund har allereie vist gode resultat av slike investeringar. Statens pensjonsfond utland (oljefondet) kan både sikre god avkasting og medverke til utvikling gjennom å investere i utviklingsland. Vi må underleggje alle investeringane strenge etiske retningslinjer som sikrar at desse ikkje medverkar til brot på menneskerettane eller miljøødeleggingar. Staten må bruke si eigarmakt for å sørgje for at slike retningslinjer også gjeld for norske selskap der staten sit med eigardelar. Norske styresmakter må saman med organisasjonane i næringslivet greie ut kva som er mogleg å innføre av standardar for utbetaling av løn det er mogleg å leve av til arbeidrarar hos underleverandørar i Sør.

Store delar av dei fattigaste i verda lever av landbruk. Bistand til meir effektiv landbruksdrift kan bidra både til økonomisk vekst gjennom handel og til direkte å ta vare på retten til mat for både sjølvbergingsbønder og resten av befolkninga. Matbehovet i verda aukar og produksjonsauken må kome i Sør. Klimaendringane gjer behovet sterkare for å modernisere landbruket for å redusere risikoen for matmangel og svolt.

¹⁷ FAO, Food and Agriculture organization of the United Nations

Bistand til betre infrastruktur, ansvarleg naturforvaltning og fornybar energi er viktige nøklar til berekraftig økonomisk vekst. KrF er positive til «Energi+»- initiativet som søkjer å bidra til energitilgang for alle samtidig som CO₂-utsleppa blir reduserte. Å stimulere til at private midlar bidrar til auka investeringar i denne sektoren er positivt.

KrF vil

- arbeide for ein avtale i WTO som gjev dei fattigaste landa tilgang til rike land sine marknader, samtidig som at desse lettare får verne om sine marknader dersom dei treng det.
- gje fleire låginntektsland tollfritak.
- setje av minst 20 milliardar av Statens pensjonsfond utland til investeringar i fattige land. På sikt bør minst ein prosent av fondet setjast av til dette (per 2012 utgjør dette cirka 38 milliardar). Dette skal vi ikkje rekne som bistand, og kjem i tillegg til det fastsette bistandsmålet.
- innføre forpliktande etiske retningslinjer for alle norske investeringar i aksjar og obligasjonar i utlandet, og underleggje statsobligasjonar retningslinjer for ansvarleg utlån.
- stille krav om at norske bedrifter offentleggjer sine leverandørlistar, slik at forbrukarane kan halde dei ansvarleg for korleis dei følgjer opp samfunnsansvaret sitt.
- auke bistanden til utvikling av berekraftig og konkurransedyktig landbruksproduksjon i tillegg til klimatilpassing av landbruket i utviklingsland.

Styrkje styresmaktene si evne til å ta vare på menneskerettane

For å kjempe mot fattigdom og oppfylle menneskerettane, må dei auka ressursane som følgje av økonomisk vekst også bli fordelte på ein rettferdig måte.

Den første føresetnaden for at dette skal vere mogleg er at styresmaktene er i stand til å sikre seg skatteinntekter. Enorme summar blir i dag flytta ut av u-land for å unngå skattlegging. Ei viktig kjelde til dette er at multinasjonale selskap rapporterer låge inntekter i land med høge skattar og flyttar inntektene til skatteparadis. KrF vil innføre krav om land-for-land-rapportering som forpliktar selskap til å rapportere nødvendig informasjon for å avgjere kor mykje skatt som skal betalast i kvart enkelt land. Noreg bør arbeide for tilsvarande krav internasjonalt og ta initiativ til å få på plass ein internasjonal konvensjon for openheit som hindrar skadeleg bruk av skatteparadis.

KrF vil styrkje og utvikle vidare «Skatt for utvikling»-programmet som hjelper samarbeidsland med å byggje opp meir effektive skattesystem, og «Olje for utvikling»-programmet som gjev teknisk hjelp til å utnytte og sikre eigarskap til inntektene frå oljeutvinning. KrF vil også innføre eit «Fisk for utvikling»-program som på tilsvarande måte kan støtte utviklingsland med å sikre berekraftige inntekter frå fiskeriforvaltninga. Noreg bør arbeide for innføring av globale skattar, og under det skatt på finanstransaksjonar, med sikte på å finansiere globale fellesgode.

Norsk bistand må ha som eit hovudmål å gjere sitt til at styresmaktene i utviklingsland kan byggje opp ein effektiv administrasjon og gode tenester som tar hand om menneskerettane til befolkninga. KrF meiner det er særleg viktig å støtte arbeidet med å byggje ut utdanningssystema slik at retten til utdanning for alle barn blir tatt vare på. Utdanning er grunnlaget for både økonomisk vekst, meir kompetente styresmakter og meir velfungerande demokrati. Retten til utdanning er derfor jobb nummer ein.

Retten til helsetilbod legg på tilsvarande måte grunnlaget for vidare utvikling. KrF vil at norsk bistand skal bidra aktivt til å hjelpe lokale styresmakter med å byggje velfungerande helsetenester. Vi vil leggje særleg vekt på å kjempe mot dødelegheita for småbarn og nybakte mødrer. Satsing på helse må ha vekt på førebyggjande arbeid, med satsing på vaksineprogram, rett til reint vatn og rett ernæring. Overvekt og diabetes er ei av dei største helseutfordringane også i fattige land. KrF vil satse sterkt på utdanning av kvalifiserte helsearbeidarar og på å hjelpe til å vidareutvikle dei lokale helsesystema.

Sivilt samfunn si skyggerapportering er viktige korrektiv til styresmaktene si rapportering, og KrF vil prioritere å støtte dette arbeidet.

KrF vil halde fram det pågåande arbeidet med gjeldsrevisjon av gjelda til utviklingslanda og jobbe for betre ordningar for konflikthandtering knytt til lånefinansiering og retningslinjer for ansvarleg lånegjeving og låneopptak. Internasjonale finansinstitusjonar må ikkje stille unødvendig strenge krav som hindrar utviklingsland i å investere i viktige område som helse og utdanning.

Globale klimaendringar, miljøødeleggingar og auka befolkningstettleik har gjort mange område meir sårbare for naturkatastrofar. KrF meiner Noreg i større grad må medverke til å styrkje lokale

styresmakter si evne til å førebyggje og handtere naturkatastrofar. Barn er særleg sårbare i slike situasjonar, og det er viktig at lokale styresmakter, foreldre, lærarar på skulane og religiøse leiarar blir lærte opp i katastrofehandtering, slik at dei best mogleg kan vidareformidle kunnskap og støtte i ein katastrofesituasjon.

KrF vil

- prioritere bistand til å byggje opp lokale styresmakter sitt utdannings- og helsesystem.
- at Noreg skal gje meir teknisk bistand til utviklingsland for å byggje opp evnene deira til å drive inn skatt, motarbeide korrupsjon og bruke skatteinntektene effektivt.
- at Noreg skal arbeide for internasjonale reguleringar av skatteparadisa og retningslinjer for meir rettferdig skattlegging av internasjonale selskap.
- satse meir på å byggje opp lokal kapasitet til å førebyggje og handtere naturkatastrofar.
- at internasjonale planar og tiltak skal ha kjønnspektiv.
- at i land der styresmaktene har kapasitet og vilje til fattigdomsreduksjon og demokratisk utvikling må vi i større grad gje bistand som budsjettstøtte.

Sikre openheit og demokrati

Demokratiet er den einaste styreforma som kan sikre alle menneske sivile og politiske rettar. KrF vil aldri godta at framsteg i kampen mot fattigdom blir brukt for å orsake brot på demokratiske rettar. Arbeid for å sikre openheit, yrings-, organisasjons- og pressefridom må vere ein del av all vår utviklingspolitikk.

Bistand har til tider gjort at lokale styresmakter i større grad har blitt stilt til ansvar overfor donorar enn overfor eigne innbyggjarar. Vi bør heller rette bistanden inn på ein slik måte at han hjelper til å motarbeide korrupsjon og gjer det lettare for innbyggjarane å halde leiarane sine ansvarlege. KrF meiner vi må gje budsjettstøtte med vilkår knytt til målbar framgang frå år til år i openheit og demokratisk behandling av alle delar av mottakarlanda sine offentlege budsjett og rekneskap. Ved å knyte vilkåra til tiltak som reell parlamentsbehandling, publisering av statsbudsjettet og presse- og yringsfridom, vil ein gjere det mogleg for veljarane å sjølv halde leiarane sin ansvarlege i større grad.

Eit sterkt sivilsamfunn er ein føresetnad for eit levande demokrati. Målretta bistand til styrking av frivillige organisasjonar i utviklingslanda og deira evne til å drive arbeid for å påverke må derfor vere ein viktig del av ein heilskapleg utviklingspolitikk. Dessverre ser vi at ein del land dei siste åra har snevra inn handlingsrommet for både frivillige organisasjonar og pressa. Det er viktig at Noreg konsekvent tar opp brot på organisasjons-, yrings- og pressefridomen både direkte med landa det gjeld og i internasjonale fora.

KrF vil

- at Noreg skal medverke til utviklinga av demokrati og godt styresett.
- stille krav om framgang i arbeidet for openheit, presse-, yrings-, tros- og organisasjonsfridom i alle land som får norsk bistand.
- samle ansvaret for arbeidet for menneskerettar internasjonalt hos ein menneskeretts- og utviklingsminister.
- gjennom demokratiutviklingsprosjekt ha eit særleg fokus på grupper som elles er svakt representerte i den offentlege debatten.
- auke bistanden til oppbygginga av sterkare sivilsamfunn og fri presse i svake demokrati.

Å motarbeide auka skilnader og diskriminering

Mange fattige land har opplevd sterk velstandsvekst, men har også ofte opplevd auka skilnader og at enkelte grupper fell utanfor. KrF meiner det er viktig at norsk bistand medverkar til betre fordeling og til å motarbeide diskriminering.

Diskriminering av kvinner og jenter utgjer nokre av dei mest alvorlege brota på menneskerettane i store delar av verda. Omsynet til likestilling må derfor vere med i all norsk utviklingspolitikk. Det er viktig at jenter blir sikra dei same moglegheitene som gutar frå ung alder. KrF vil prioritere arbeid for å gje jenter tilgang på skulegang, og særleg auke innsatsen for å gje jenter ungdomsskule. Noreg må hjelpe til å motarbeide seksuelle overgrep og skadelege tradisjonelle praksisar som kjønnslemlesting og barneekteskap. Jenter og kvinner sine seksuelle og reproduktive rettar må sikrast gjennom tiltak for å sikre trygg graviditet og fødsel, førebygging og behandling av seksuelt overførte sjukdommar, haldningsskapande arbeid, kunnskap om familieplanlegging og tilgang på prevensjon.

Funksjonshemma er i mange land dei siste som får del i velstandsveksten. KrF meiner vi må stille krav om at alle bistandsprosjekt har ein gjennomtenkt plan for korleis funksjonshemma skal inkluderast.

Menneskerettskonvensjonen slår fast at alle menneske har rett til trusfridom. Store grupper blir diskriminerte på grunn av trua si, og konvertering inneber stor fare i svært mange land. All norsk utanrikspolitikk skal kjempe mot alle avgrensingar av trusfridomen. Både utøving av trua og konvertering må vere tillate.

Seksuelle minoritetar blir utsette for grove menneskerettsbrot i svært mange land. Noreg må ta opp behovet for å avkriminalisere homofil praksis og kjempe mot vald og diskriminering på grunn av seksuell orientering og kjønnsidentitet.

KrF vil

- sikre at all norsk utviklingspolitikk medverkar til betre fordeling og til å kjempe mot diskriminering.
- med utgangspunkt i FNs kvinnekonvensjon inkludere omsynet til likestilling i all norsk utviklingspolitikk og særleg prioritere innsats for å sikre retten til utdanning for jenter.
- innarbeide omsynet til funksjonshemma i norsk bistand.
- løfte kor viktig trusfridom er på den internasjonale dagsordenen og systematisk ta opp brot på trusfridomen i direkte kommunikasjon med land der slike menneskerettsbrot hender.

Bistand som verkemiddel

Bistand kan vere eit effektivt verkemiddel for å bidra til å motarbeide fattigdom og ta vare på menneskerettane. Noreg har som eit rikt land eit særleg ansvar for å ta del. Målet om å gje ein prosent av brutto nasjonalinntekt i bistand har blitt utvatna gjennom mellom anna å inkludere finansiering av kampen mot av klimaendringane. KrF meiner Noreg må halde løftet som blei gjeve under klimaforhandlingane i Kyoto om at finansiering av klimatiltak skal kome i tillegg til eksisterande løfte om bistand.

KrF meiner at utdanning igjen må få høgste prioritet for norsk utviklingspolitikk. Berre gjennom tilgang på kunnskap kan barn og unge setjast i stand til sjølve å skape si eiga utvikling. Ei utdanna befolkning er nøkkelen både til økonomisk utvikling og nye arbeidsplassar, og til utviklinga av stabile og fungerande demokrati. I tillegg til å halde fram med innsatsen for å nå tusenårsålet om skulegang for alle barn, er det no særleg viktig å styrkje arbeidet for å auke kvaliteten på undervisinga.

KrF vil auke bistanden til helsetiltak særleg retta mot mødrer og barn. Forsking frå UNICEF viser at å satse på helse til dei fattigaste barna er den mest effektive forma for bistand. Noreg må derfor halde fram med satsinga på vaksiner, reduserte dødstal for mødrer og barn og tiltak for å sikre barn nødvendig ernæring og reint vatn.

KrF vil satse meir på forskning på korleis vi kan gjere bistanden mest mogleg effektiv. Vi må evaluere effekten av bistanden ut i frå realistiske målsetjingar for kvart enkelt bistandsprosjekt. Noreg må vere meir offensive med å fase ut bistand som ikkje gjev resultat. Samtidig må vi innsjå at utvikling tar lang tid. Urealistiske krav til rapportering kan føre til høge administrative kostnader og gjere enkel dokumentasjon til eit viktigare kriterium for prosjektval enn omsynet til langsiktig utvikling.

Effektivitetsomsyn tilseier at vi ikkje kan gjere alt, men spesialisering på enkeltområde må ikkje føre til at bistanden blir donordrive. Norsk bistand må vere retta mot mottakarane sine uttala behov og svakheiter avdekte av FNs komitear for overvaking av menneskerettskonvensjonane. Det er særleg grunn til å vere forsiktig med område der Noreg har næringsinteresser, som innanfor olje og energi.

Noreg bør avgrense talet på land vi samarbeider med direkte, slik at vi kan følgje desse landa opp tettare. Bistanden skal i hovudsak rettast mot dei fattigaste landa, særleg i Afrika. Vi må likevel kunne støtte arbeidet til frivillige organisasjonar der dei har engasjement og kompetanse. Det er særleg viktig å støtte innsats for å byggje opp sivilsamfunnet i land der manglande demokrati gjer stat-til-stat-samarbeid uaktuelt.

Tru og religion pregar samfunna dei fleste stader Noreg er involvert i bistandssamarbeid, men det blir sjeldan nemnt i utviklingsstrategiar og planar. KrF meiner norsk utviklingspolitikk må basere seg på meir kunnskap om religionen si rolle, og at det må oppmuntrast til auka samarbeid med religiøse aktørar. Religiøse aktørar har stor påverknadskraft, på godt og vondt. Gode relasjonar og samarbeid med desse aktørane er viktig for å sikre legitimitet og meir effektiv bistand. Norske trusbaserte organisasjonar er viktige samarbeidspartnarar i dette arbeidet.

KrF vil

- auke bistanden retta mot oppfyllinga av menneskerettar og kampen mot fattigdom, slik at han utgjer meir enn 1 prosent av BNI, utan at finansiering av kampen mot klimaendringar og finansiering av flyktningtiltak i Noreg blir rekna med.
- sikre frivillige organisasjonar ei viktig rolle vidare i forvaltninga av norsk offentleg bistand.

Globale fellesutfordringar

Vi lever i ei verd der vi er stadig meir gjensidig avhengige av kvarandre, og der grensene mellom solidarisk politikk og politikk basert på eigeninteresse er mindre tydelege. Vi står overfor ei rekkje globale fellesutfordringar, men også mange globale fellesgode. KrF meiner globale utfordringar må løysast gjennom globale politiske styringsinstrument. Eit sentralt mål for norsk utanrikspolitik er derfor å styrkje internasjonale organisasjonar, i første rekkje FN.

Noreg bør jobbe for eit spissare og meir slagkraftig FN, med sikte på ein meir oversiktleg og effektiv struktur med færre organisasjonar, felles IT- og budsjetteringssystem og felles planleggingsrutinar. Samansetjinga av Tryggingrådet er framleis prega av den internasjonale maktsituasjonen rett etter andre verdskrigen. Samansetjinga må bli meir representativ, og bruken av vetoretten bør gradvis bli meir avgrensa, men utan at stormaktene si deltaking og lojalitet blir undergraven. Mandatet til Tryggingrådet må spegle trugselbiletet og menneskerettane betre enn i dag. Det kan gjere FN meir relevant og operativt i møte med tryggingutfordringane i vår tid. Det sivile samfunnet må bli sterkare integrert i FN, og i andre globale institusjonar som IMF og Verdsbanken.

KrF vil

- bidra til å styrkje globale løysingar og globalt samarbeid gjennom FN og andre multilaterale organisasjonar.
- arbeide for eit modernisert, sterkare og meir effektivt FN.
- styrkje FN sitt arbeid for kvinner sine rettar gjennom auka prioritering av UN Women.

Klima

Globale klimaendringar er ei av vår tids største globale fellesutfordringar. Det er internasjonal semje om at verda må unngå ei global oppvarming på meir enn 2 gradar, men sjølv ei slik avgrensa oppvarming vil ha katastrofale følgjer for store delar av kloden. Vi må redusere dei nasjonale utsleppa av klimagassar 80 prosent innan 2050. Det vil i tilfelle innebere at vi må redusere utsleppa av klimagassar frå dagens nivå på 12 tonn til 2 tonn per innbyggjar innan 2050.

For å løyse klimaproblema må nokon vise leiarskap. Noreg har som eit rikt land ein unik sjanse til å gå føre, og KrF meiner vi må ta denne leirollen. Vi må vere ein pådrivar internasjonalt for å sørgje for at allereie inngåtte forpliktingar blir haldne, og for at det blir semje om nye avtalar som sørgjer for store nok kutt i utsleppa. For å kunne ta denne rollen, må Noreg sjølv føre ein langt meir ambisiøs politikk enn vi gjer i dag. KrF meiner Noreg innan 2020 må kutte utsleppa med 30 prosent samanlikna med 1990-nivå. (*Nasjonale tiltak for å sørgje for dette er omtala i kapittelet «Klima, miljø og energi».*)

Det tverrpolitiske klimaforliket i Stortinget sette eit mål om karbonnøytralitet seinast i 2030. For å klare dette målet, må vi i tillegg til å redusere egne utslepp, også kompensere for resterande utslepp ved klimatiltak i andre land. Regjeringa finansierer i dag slike tiltak over bistandsbudsjettet. Kampen mot klimaendringar er nært knytt til kampen mot fattigdom, fordi klimaendringane først og fremst vil ramme dei fattigaste. Å finansiere klimatiltak over bistandsbudsjettet er likevel eit brot på føresetnadene frå Kyoto-avtalen som sa at finansieringa av desse skulle kome i tillegg til eksisterande løfte om bistand. KrF vil vidareføre tiltaka, men vi vil ikkje sende rekninga til fattige land gjennom å la desse midlane fortrenge lova bistand til kampen mot fattigdom.

Omfattande handel med klimavoter mellom industriland som har forplikta seg på utleppsreduksjon og utviklingsland som ikkje har det, undergrev legitimiteten og effektiviteten i kvotesystemet. Handel med såkalla kvoter under den grønne utviklingsmekanismen bør vere eit supplement til innanlands klimatiltak i industrilanda, ikkje ei erstatning.

For å redusere utsleppa nok til å stanse klimaendringane, er vi avhengige av ny teknologi. Dei nye løysingane vil likevel ikkje kome av seg sjølve. KrF vil at Noreg skal jobbe internasjonalt for å få på plass

avtalar som forpliktar rike land til å stille strenge krav til forureinande industri, energiproducentar og bilindustrien for å gjere ny miljøteknologi lønsam.

KrF vil

- redusere Noreg sine utslepp av klimagassar med 80 prosent innan 2050, og samtidig ta på oss å finansiere tiltak som reduserer utsleppa i utviklingsland.
- vidareføre finansieringa for å ta vare på regnskog og andre tiltak i utviklingsland for å hindre globale klimaendringar. Vi må underleggje tiltaka dei same kriteria som bistandsmidlar, men skal ikkje rekne dei som ein del av målet om å gje 1 prosent av BNI i bistand.
- vere ein pådrivar for internasjonale avtalar som set ein realistisk tidsfrist for når alle nye bilar skal vere baserte på nullutsleppsteknologi.
- arbeide for ein internasjonal skatt på fossilt brensel og avviking av subsidiar til fossilt brensel i land som framleis gjev det.
- støtte etableringa av eit rammeverk under FNs klimapanel som gjer det mogleg for utviklingslanda å ta i bruk ny klimavenleg teknologi.
- investere i forskning, utvikling og kommersialisering av fornybare energiløysingar som er tilpassa konteksten i utviklingslanda.
- vidareføre og vidareutvikle «Energi+»-initiativet og «Ren Energi»-programmet og sikre at desse balanserer målsetjingane om reduserte utslepp og energitilgang for fattige.
- møte klimarelaterte kriser med nødvendig naudhjelp, men også med arbeid for å tilpasse og førebyggje, der vi legg særleg vekt på å involvere kvinner.

Fred og forsoning

Krig og valdelege konflikter er eit trugsål mot å oppfylle menneskerettane overalt på kloden. Arbeid for fred og forsoning er derfor ei grunnleggjande fellesutfordring for alle landa i verda. I ei globalisert verd vil krig og konflikter kunne ha store konsekvensar for oss, sjølv om dei skjer langt vekk. Konflikter kan spreie seg til nye område og skape store flyktningsstraumar. Statar og område utan styresmakter til å ta hand om lov og orden gjer det mogleg å utvikle terrorisme og organisert kriminalitet.

Noreg må gjere det vi kan for å førebyggje krig og hjelpe til å skape fred og forsoning i land i konflikt. Vi må halde fram med å byggje opp kapasitet for å tilby oss å ta rollen som fredsmeklar eller tilretteleggjar for fredsforhandlingar. Norske militære styrkar bør jamleg kunne delta i FN sine fredsbevarande styrkar. Vi bør også kunne finansiere bidrag frå andre land og sørgje for at desse blir kvalitetssikra. FN si evne til å førebyggje konflikt og til å spele ei hovudrolle i fredsprosessar må aukast. Noreg bør støtte arbeidet til frivillige organisasjonar med å skape forsoning og forståing mellom grupper i konflikt, med særleg vekt på å inkludere barn og unge, og gje støtte til re-integrering i samfunnet av tidlegare geriljasoldatar og barnesoldatar. Religionsdialog og involvering av religiøse leiarar bør vere eit sentralt verkemiddel for å oppnå resultat i freds- og forsoningsarbeidet.

Våpeneksport held liv i krigar og valdelege konflikter. KrF vil innføre krav om sluttbrukerklæring frå alle land Noreg sel våpen til for å forhindre at dei sel dei vidare til land som er i krig eller står bak alvorlege brot på menneskerettane. Krava må også gjelde ved sal til NATO-land. Strenge etiske retningslinjer må gjelde for alle norskeigde våpenproducentar.

Å oppretthalde og styrkje humanitærretten – folkeretten i krig – er avgjerande for å avgrense menneskeleg lidning som følgje av væpna konflikt. KrF vil arbeide for ei sterkare regulering av inhumane våpentypar, og arbeide for eit internasjonalt forbod mot bruk av brannvåpen.

Spreiing av atomvåpen er ein alvorleg trussel mot internasjonal fred og tryggleik. KrF meiner Noreg må spele ein aktiv rolle som pådrivar i det internasjonale arbeidet mot spreiding av atomvåpen og arbeide langsiktig for eit forbod mot slike våpen.

Midtausten

Konflikten i Midtausten mellom israelarar og palestinarar er ei av dei store utfordringane i det globale arbeidet for ei fredeleg verd. Respekten for menneskerettane må vere grunnlaget for løysinga av også denne konflikten. Alle menneske i Midtausten har same grunnleggjande verdi og rettar, uavhengig av etnisitet og tru. KrF meiner at Noreg skal ha eit nært forhold til Israel som det einaste demokratiet i Midtausten. KrF vil arbeide for at Israel blir sikra sin rett til å kunne forsvare seg og til å leve i fred innanfor trygge og internasjonalt anerkjente grenser, og for at palestinarane skal få oppfylt sin rett til sjølvstyre på eige territorium. Det internasjonale samfunnet sitt bidrag til å løyse konflikten må byggje på ei heilskapleg forståing av situasjonen. Vi må motarbeide terrorisme og kan aldri anerkjenne det som verkemiddel. Støtte til terror frå utanforstående krefter må motverkast. Framlegg om handelsboikott og liknande bidrar ikkje til å skape grobotn for fred. KrF vil at Noreg styrkjer forskings- og utviklingsarbeid, handel, turisme og kulturutveksling med Israel. Noreg må vere ein pådrivar både praktisk og økonomisk

for at konflikten mellom Israel og palestinarane blir løyst ved dialog og ved at begge partane er villige til å inngå kompromiss. Nabolanda må ta sin del av ansvaret for å løyse konflikten, mellom anna ved å integrere dei palestinske flyktningane på ein betre måte. Dei arabiske landa må stanse diskrimineringa og undertrykkinga av ikkje-muslimar generelt og konvertittar spesielt og sikre like rettar for minoritetar og annleis truande som bur i desse landa. KrF meiner Noreg må flytte den norske ambassaden til Jerusalem så snart dette kan lar seg gjere på ein måte som ikkje er til hinder for fredsprosessen, og dersom israelske styresmakter sjølv ønskjer det.

KrF vil

- arbeide for å styrkje Noreg sin kapasitet til å ta del som tilretteleggjar for freds- og forsoningsprosessar der partane ønskjer norsk medverknad.
- sikre at den norske bistanden til palestinske styresmakter ikkje fører til korrupsjon eller fremje av hatpropaganda.
- flytte den norske ambassaden til Jerusalem så snart dette kan la seg gjere på ein måte som ikkje er til hinder for fredsprosessen.
- at Noreg skal vere ein pådrivar for kvalitetssikring av FNs fredsbevarande styrkar, som inkluderer krav til etikkopplæring og nulltoleranse for kjøp av sex.
- arbeide for ein eigen FN-resolusjon om barn og unge og fred og tryggleik.
- bidra til auka implementering av FN sine resolusjonar om kvinner sine rettar i og etter krig og konflikt, om seksualisert vald som våpen i krig og konflikt, og om kvinners deltaking i freds- og forsoningsarbeid.
- innføre sporingsmekanismer på våpen og ammunisjon produsert i Noreg og arbeide for felles standardar som sikrar slik merking internasjonalt.
- offentleggjere kva land norske selskap eksporterer våpen og våpenkomponentar til, og kva typar varer desse eksporterer frå eigen produksjon, samarbeidspartnarar sin produksjon og dotterselskap i utlandet.
- arbeide for å sikre ein solid internasjonal våpenhandelsavtale (Arms Trade Treaty).

Økonomisk stabilitet

Finanskrisa og den påfølgjande gjeldskrisa har igjen vist kor avhengige vi er av kvarandre i ein global økonomi. Noreg nyt godt av ei ope verd og ein relativt fri handel. Globaliseringa av økonomien har også ein stor del av æra for at millionar av menneske har blitt løfta ut av fattigdom dei siste tjue åra. Alle vil tape dersom økonomiske kriser blir møtt med proteksjonisme. Det er viktig at ein ny handelsavtale i WTO sikrar større openheit, samtidig som fattige utviklingsland får større fleksibilitet til å verne egne marknader om dei meiner dei treng det.

Det internasjonale pengefondet (IMF) må bli styrkt slik at det kan gripe raskare inn med større midlar for å hindre at finanskriser spreier seg. Samtidig er det viktig at institusjonen blir demokratisert og gjev veksande økonomiar og u-land ei sterkare stemme i styringa. Finansinstitusjonane må ikkje stille unødvendig strenge krav som hindrar offentlege investeringar i viktige offentlege tenester som helse og utdanning.

Mangel på openheit og innsyn skapar større risiko for ustabilitet i finansmarknadene. KrF vil arbeide for internasjonale reguleringar som skapar mest mogleg openheit i alle delar av finansverda og den internasjonale økonomien. Noreg bør fremje ein verdsøkonomi mindre prega av spekulasjon og meir basert på realøkonomien og økologisk bærekraft.

Skatteunndraging, kapitalflukt og hemmelegald er ei stor utfordring for mange utviklingsland og ein vesentleg årsak til fattigdom. Det internasjonale samfunnet må etablere regelverk som sikrar at alle selskap betaler rett skatt i landa dei opererer i.

Nye finansieringsordningar kan både fremje økonomisk stabilitet og hjelpe til å finansiere kampen mot fattigdom og klimaendringar. KrF meiner Noreg må leie an arbeidet internasjonalt for å få på plass slike globale finansieringsordningar.

KrF vil:

- samarbeide med andre land om å innføre ein skatt på finansielle tenester.
- arbeide for ein internasjonal konvensjon om utveksling av nøkkelinformasjon nødvendig for effektiv skattlegging av fleirnasjonale selskap.
- at Noreg skal gå føre i arbeidet mot skatteunndraging, kapitalflukt og hemmelegald.

Norske interesser og regionalt samarbeid

Norsk utanrikspolitikk skal ta vare på norske eigeninteresser og norsk tryggleik. KrF sluttar opp om det som har vore hovudlinjene i norsk utanrikspolitikk. KrF vil føre ein tryggingspolitikk som tar vare på norsk suverenitet og kontroll over eige territorium. Vi ønskjer ei sterk oppslutning om FN og folkeretten. KrF vil at Noreg skal halde fram med å samarbeide med likesinna land og allierte om tryggleik og økonomisk utvikling gjennom NATO og EØS, og vi vil arbeide for å styrkje det nordiske samarbeidet.

Tryggingspolitikk

Noreg sin posisjon som eit lite land med ein sterk nabo gjer at vi i tryggingspolitikken er avhengige av å ha eit godt forhold til sterkare allierte. NATO er hjørnesteinen i norsk tryggings- og forsvarspolitik. Noreg må framleis opptre som ein påliteleg aktør innanfor NATO-samarbeidet. Vi må halde på eit godt forhold til USA og sørge for at amerikanarane er opptatte av norsk tryggleik, men også vere villige til å seie klart i frå om vi er ueinige i deira politikk. Vi må samarbeide nært med EU og europeiske allierte, og sørge for at Noreg si interesse blir tatt vare på i utviklinga av EU sin tryggingspolitikk. Noreg må også vidareutvikle det nordiske forsvarspolitiske samarbeidet med Sverige og Finland.

Russland si rolle er i endring, og utviklinga i landet tyder mykje for både Noreg og dei andre nabostatane i Norden. KrF meiner Noreg må arbeide for å ha eit tett og godt samarbeid med Russland. Noreg må også kunne ta opp kritikkverdige forhold, spesielt med fokus på menneskerettar.

Noreg har dei siste åra deltatt aktivt i militære operasjonar i Afghanistan under NATO-kommando. Kampen mot Taliban har vore utfordrande. KrF meiner Noreg må gjere sitt til at uttrekkinga av styrkar frå Afghanistan skjer på ein ansvarleg måte som medverkar til eit mest mogleg stabilt styre og størst mogleg respekt for menneskerettane i Afghanistan etter at utanlandske styrkar har reist frå landet.

KrF meiner Noreg bør kunne delta i internasjonale operasjonar som er forankra i FN-pakta. Militære intervensjonar må likevel vere siste utveg, og må vere planlagde på ein måte som sikrar at lokale styresmakter raskast mogleg tar over kontrollen slik at styrkane kan trekkje seg ut etter kort tid. Intervensjonar bør ha eit klart mandat frå FN sitt tryggingsråd. Unntak frå dette kravet er berre aktuelt om det er snakk om forplikting til å verne for å stanse eit folkemord.

KrF vil

- at Noreg skal ha eit forsvar som er i stand til å sikre norsk suverenitet.
- sikre norsk medlemskap i NATO framleis og halde på eit godt forhold til våre allierte i forsvarsalliansen.
- at Noreg framleis skal kunne bidra til internasjonale militære operasjonar som har forankring i folkeretten.

Nordområda

Noreg har store interesse i nordområda og Arktis, og utviklinga der gjev både utfordringar og moglegheiter. Delelinjeavtalen med Russland var eit gjennombrøt når det gjeld å fastleggje grenser og suverenitetsområde og innebar at det viktigaste uteståande spørsmålet mellom Noreg og Russland gjennom fleire tiår er løyst. Det er viktig at også andre spørsmål rundt norsk suverenitet på Svalbard får ei avklaring. Uavklarte forhold i nord stiller framleis Noreg overfor store utfordringar knytt til det å vere til stades, overvake og hevde suverenitet. Det er viktig for Noreg at nordområda held fram med å vere eit område prega av låg spenning og internasjonalt samarbeid.

KrF vil

- sikre norsk suverenitetshevdning og god ressurs- og miljøforvaltning i nordområda og Arktis i tråd med havretten.

Noreg sitt forhold til Europa

På bakgrunn av viktige samfunnsomsyn, som demokrati, sjølvråderett, ressursforvaltning og handlefridom i utanrikspolitikken, meiner KrF at dei tilknytingsformene vi har til EU no framleis tener landet vårt best. Det vil likevel vere viktig for Noreg å følgje aktivt opp nye samarbeidsinitiativ i EU i tråd med norske interesser og prioriteringar.

Eit medlemskap vil kunne svekkje handlefridomen vår på fleire viktige område. EU prøver no å utarbeide felles utanriks- og tryggingpolitikk og skal i aukande grad tale med ei stemme. Gjennom EØS-avtalen held Noreg på sin utanrikspolitiske handlefridom, noko som er viktig i mange internasjonale prosessar. Det er behov for frittstående land som, uavhengig av stormaktene, kan ta på seg særlege oppdrag i fredsmekling og anna tilrettelegging for konfliktløysing.

Om stortingsfleirtalet går inn for å søkje om norsk EU-medlemskap, skal vi berre halde folkeavstemming når forhandlingane er avslutta og resultatet er kjent. KrF vil respektere det folkefleirtalet avgjer.

Noreg har næringspolitiske interesser som krev gode relasjonar til EU. EØS-avtalen utgjer hovudfundamentet for Noreg sitt forhold til EU. Gjennom EØS-avtalen sikrar vi Noreg tilgang til den indre marknaden utan å miste nasjonal handlefridom på ein del område som ville omfattast av medlemskap i EU. EØS-avtalen gjev oss også tilgang på samarbeid innan utdanning og forskning. Gjennom EØS-bidraget gjev Noreg solidariske bidrag til fattige EU-land. EØS-tilknytninga gjer at Noreg i motsetnad til EU-medlemmer ikkje er underlagd EU sin tollunion og felles landbruks- og fiskeripolitikk, noko som er viktig for distriktspolitikken og forvaltninga av jordbruks- og fiskeriressursane våre. Ved å stå utanfor EU held Noreg også på større utanrikspolitisk handlefridom. I tillegg til EØS-avtalen har Noreg samarbeidsordningar med EU på andre område av felles interesse - som justispolitikk, utanriks- og tryggingpolitikk.

EØS-avtalen inneber likevel også demokratiske utfordringar ved at det blir tatt avgjerder i EU som Noreg i liten grad får delta i. KrF meiner Noreg må utnytte dei høva vi har til å delta meir aktivt. Vi må utnytte det handlingsrommet vi har og våge å bruke vår uavhengige stemme. Vi må kunne nytte reservasjonsretten i EØS aktivt i særleg viktige spørsmål.

KrF vil

- utnytte vårt handlingsrom i EØS-avtalen effektivt og styrkje samarbeidet med EU.
- at Noreg ikkje skal søkje om medlemskap i EU, men halde på dei tilknytingsformene vi har i dag.
- respektere fleirtalet i ei eventuell ny folkeavstemming om norsk EU-medlemskap.

Norden og nærområda

Vi må føre vidare, fornye og styrkje det politiske, kulturelle og økonomiske fellesskapet mellom dei nordiske landa. Nærområdet og forholdet til dei baltiske statane har dei siste åra i sterkare grad blitt trekt inn i drøftingane i Nordisk Råd, som slik har blitt eit viktig koordineringsforum for nordområda i Europa. Det er i dei nordiske landa si interesse å kome fram til felles standpunkt i spørsmål om nordområda og Østersjøen.

Noreg har sterk interesse av å styrkje Nordisk Råd og arbeide for å heve institusjonen sin status. Viktige saker for samarbeidet i Norden er spørsmål som miljø, energi, kontroll med smittsame sjukdommar, internasjonal organisert kriminalitet og handel med menneske. Nordisk Råd har også ein viktig rolle i å styrkje det kulturelle samarbeidet og språkslektskapen i Norden.

KrF vil

- styrkje Nordisk Råd som eit koordineringsforum og institusjonens evne til å opptre som utanrikspolitisk aktør.
- gjennom Nordisk Råd auke støtta til felles nordiske film- og TV-produksjonar og gjere det lettare å sjå kvarandre sine TV-kanalar for å auke språkleg og kulturell forståing mellom nabolanda.
- styrkje det nordiske samarbeidet om utanriks- og tryggingpolitikk.

Handel med land utanfor Europa

KrF vil prioritere handelsforhandlingane i Verdas handelsorganisasjon (WTO), som omfattar nesten alle land. I handelen med land utanfor Europa er også EFTA sine tredjeldsavgiftar viktige, særleg for å sikre marknadstilgang for norsk fisk og sjømat. I alle handelsavtalane vi inngår er det viktig at Noreg held si forplikting på Menneskerettskonvensjonen.

KrF vil

- prioritere opning av verdshandelen i WTO, samtidig som vi tar omsyn til norsk landbruk og utviklingslanda.
- arbeide for fleire bilaterale handelsavtalar med land utanfor Europa innanfor ramma av EFTA sine tredjeldsavgiftar, så lenge det ikkje går på kostnad av WTO-forhandlingane.

Forsvarspolitik

Formålet med Forsvaret er å forebygge krig og konflikter, hevde landet sin suverenitet og fremme ei fredelig utvikling i verda med respekt for menneskerettane.

Forsvaret har ei rekkje oppgåver i fred, krise og krig, mellom anna å hevde suverenitet og utøve mynde, i tillegg til fredstøttande og stabiliserande operasjonar. Forsvaret har også ei viktig rolle med å hjelpe politiet ved kriser og katastrofar internt i eige land. Denne samhandlinga må vi utvikle vidare og forbetre.

Dimensjonering og forsvarsvilje

Forsvaret har gått frå å vere eit mobiliseringsforsvar til eit innsatsforsvar med vekt på kvalitet og fleksibilitet. Det er framleis store utfordringar som krev omstilling. Vi må sikre samsvar mellom operative og støttande element og mellom politisk vedtatt struktur og vedtatte budsjett. Eit moderne forsvar krev høgt spesialisert kompetanse og avansert materiell. Forsvaret er avhengig av omfattande rekruttering både til nasjonal og internasjonal teneste. Samtidig må vi ikkje gløyme at den tryggingpolitiske situasjonen har endra seg på kort varsel mange gongar i historia vår, og kan endre seg igjen. Vi må derfor halde oppe ein realistisk kapasitet til å bygge opp styrkar om det blir nødvendig.

Verneplikta

Verneplikta er eit berande element i rekrutteringa til Forsvaret. Kjernen i verneplikta er at alle tenestedyktige norske mannlege statsborgarar skal stå til disposisjon for nasjonen frå dei er 18 til dei er 44 år. Verneplikta er sentral for Forsvaret si forankring og legitimitet i det norske samfunnet og sikrar rekruttering av personar som er skikka til militærtjeneste.

Utviklinga av militærtjenesta er i kontinuerleg endring parallelt med teknologisk utvikling av materiellet. Vi må vere opne for å diskutere jamleg om organiseringa samsvarar med teknologiutviklinga og behova for tida framover.

KrF ønskjer ikkje allmenn verneplikt for kvinner. KrF støttar at sesjonen er gjort obligatorisk for kvinner for å sikre at kvinner som ønskjer å gjere militærtjeneste, får relevant informasjon om dette.

Grunnleggjande militær trening bør vere eit minstekrav for alle soldatar, og dei bør få ei utdanning som tilfredsstillar operative krav og utdanningsmål. Forsvaret har for tida behov for færre soldatar enn dei som til ei kvar tid blir godkjende som tenestedyktige på sesjon. Det er derfor endå viktigare at dei som faktisk avtener verneplikta får gode rammevilkår både i form av utdanning og økonomisk kompensasjon. Det å bli innkalla til militærtjeneste er ei tillitserklæring, gjev god skulering og er eit viktig samfunnsoppdrag.

Internasjonale operasjonar

Noreg bør framleis ha kapasitet til å ta del i internasjonale militære operasjonar. Internasjonale operasjonar er kjenneteikna av stor kompleksitet. Skal militærmakt skape rom for varige politiske løysingar og utvikling, krev dette eit samspel av tiltak for å betre tryggleiken, utvikle styresettet og fremme økonomisk utvikling. Kor godt militære, sivile og humanitære aktørar evnar å samarbeide og samarbeide i felt har stor innverknad på om oppdraget blir vellukka. Målet må vere å finne formålstenlege konsept og rutinar for koordinering og eventuelle samarbeid mellom militære, sivile og humanitære aktørar. I denne samanhengen er det viktig at ein er tydeleg på kva roller dei ulike har. Det er avgjerande viktig å skilje mellom militære og ikkje-militære aktørar. Det er også nødvendig å skilje tydeleg mellom sivile aktørar som har ein viss politisk agenda og reint humanitære bidragsytarar. Det siste er viktig for legitimiteten til dei humanitære organisasjonane. *Sjå også avsnittet «Tryggingpolitikk» i kapitlet «Utanrikspolitik».*

Norske spesialstyrkar er sentrale for det norske forsvaret både for deltaking i internasjonale operasjonar og den nasjonale beredskapen vår. Vi bør gje desse styrkane prioritet og senke terskelen for å trekkje på spesialstyrkane sin kunnskap i den nasjonale beredskapen.

For Noreg skal alltid freds- og diplomatisporet vere det verkemiddelet vi primært nyttar overfor andre statar og folk. I situasjonar der militærmakt er nødvendig for å bringe situasjonen under kontroll og forhindre folkemord eller andre ekstreme overgrep mot sivilbefolkninga, må likevel Noreg vere villig til å ta sin del av eit internasjonalt ansvar. Slike operasjonar skal vere forankra i folkeretten.

Dei soldatane Noreg sender ut i internasjonale oppdrag skal vere godt trena og rusta for oppgåva både menneskeleg og med kunnskap. Etikk og samfunnsforståing må vere ein viktig del av deira militære utdanning.

Soldatar som tar del i stridshandlingar balanserer mellom på den eine sida å risikere livet og på den andre sida å bli skulda for å ta liv ulovleg. Styresmaktene må vise at dei skjønar kva realiteter internasjonale militære operasjonar inneber ved å innføre lovreglar som er tilpassa krigen sine krav der dette er aktuelt.

Det er eit politisk ansvar å stille opp for dei soldatane vi som samfunn sender ut i slike vanskelege og tyngande oppdrag. Det gjeld både i form av god og riktig utrusting, menneskeleg, psykososial og militærfagleg oppfølging og økonomiske rammevilkår. Vi må ta vare på soldatane sine familiar med gode ordningar og gode informasjonsrutinar.

Vi må etablere ein uavhengig kommisjon for å evaluere Noreg sitt samla bidrag i Afghanistan.

Veteranar

Veteranar er ein ressurs for samfunnet. Dei har praktisk erfaring med å løyse krevjande oppdrag under tidspress i ein kompleks situasjon dei dei møter vanskelege, etiske dilemma. Ingen andre sit på same erfaringsgrunnlag.

Soldatar med teneste i krigsområde har vore utsette for stort psykisk press over lengre tid. Dei har gjort ein stor innsats for Noreg og internasjonal fred og tryggleik. Dei må få respekt og anerkjenning for innsatsen deira for fellesskapet. Dette bør vi mellom anna markere ved at soldatar som blir arbeidsuføre som følgje av slik teneste, blir innvilga krigspensjon. Soldatar som gjer teneste i utanlandsoperasjonar, må vere sikra god oppfølging for å førebyggje og avgrense seinskadar. Forsvaret bør ha eit medisinsk oppfølgingsansvar dei fem første åra etter avslutta teneste i Forsvaret og seinare ved behov. I tillegg til veteransenteret Bæreia i Kongsvinger bør vi etablere eit veteransenter i Nord-Noreg.

KrF vil

- at Noreg skal ha eit forsvar som til ei kvar tid er sterkt nok til å sikre norsk suverenitet og territorial integritet i samarbeid med NATO.
- ha basar som sikrar at alle forsvarsgreinene og Heimevernet skal vere til stades både i Sør-Noreg og Nord-Noreg.
- innrette Forsvaret mot oppgåvene nasjonal krisehandtering, kollektivt forsvar og internasjonale operasjonar.
- gå gjennom lovgjevinga med sikte på å leggje til rette for at politiet kan få rask og effektiv bistand frå Forsvaret i krisesituasjonar.
- at Noreg sitt bidrag til internasjonale militære operasjonar skal ha forankring i folkeretten, helst gjennom mandat frå FN sitt tryggingråd.
- at Forsvaret skal få styrkt kapasiteten vesentleg til å overvåke og drive etterretning i tråd med dei nye truslane vi står overfor i sikringa av interessene våre i nordområda.
- halde fram med allmenn verneplikt, og at dei vernepliktige som blir innkalla til teneste får god oppfølging.
- framleis samarbeide nært med allierte i NATO og EU og utvikle vidare det militærfaglege og forsvarspolitiske samarbeidet med Sverige og Finland.
- sikre at miljørestriksjonar i Forsvaret sine skytefelt blir etterlevd.
- sikre god oppfølging for veteranar og sikre økonomisk tryggleik og velferdstenester tilpassa den enkelte veteran sine behov.
- leggje til rette for at veteranar skal få felles sosiale arenaer.
- sikre god beredskap gjennom auka nærvær av kystvakta langs kysten, også i nordområda.

Samfunnstrygging og beredskap

Det overordna målet for norsk tryggingpolitikk er å sikre samfunnet mot anslag og åtak frå statlege og ikkje-statlege aktørar. Ein kan forklare samfunnstrygging som den evna samfunnet har til å oppretthalde viktige samfunnsfunksjonar og ta vare på borgarane sitt liv, helse og grunnleggjande behov under ulike former for påkjenningar. Totalforsvar omfattar det å nytte militære og sivile ressursar for å halde ved lag eit organisert og funksjonsdyktig samfunn, verne befolkninga og ta vare på samfunnet sine verdiar.

Samfunnstrygging- og beredskapsarbeidet omfattar mange område, slik som transport, petroleumsverksemd, IT- og kommunikasjonsteknologi, matvaretrygging, objektsikring og informasjonsberedskap.

Dagens truslar mot samfunnet vårt er mange og komplekse. Eit åtak eller anslag mot Noreg eller norske interesser i utlandet vil krevje eit breitt sett av verkemiddel både for å førebyggje og kjempe mot. KrF vil derfor foreslå at det blir oppretta eit Nasjonalt tryggingråd etter mønster av det vi ser i ei rekkje andre land.

Samfunnet må ruste seg mot stadig nye utfordringar for samfunnstryggleiken som følgje av den teknologiske utviklinga. Vi må stille krav til leverandørar om robuste løysingar, og samfunnet må sørge for back-up-løysingar for den teknologiske infrastrukturen.

Ansvars-, likskaps- og nærleiksprinsippet er retningsgjevande for arbeidet med beredskap og krisehandtering. Den som har eit ansvar i ein normal situasjon, har også ansvaret ved ekstraordinære hendingar. Den organisasjonen ein opererer med til dagleg, skal vere mest mogleg lik den ein har under kriser. Kriser skal handterast på lågast mogleg nivå. Befolkninga må få informasjon og opplæring i sårbarheit, samfunnstrygging og beredskap.

Arbeidet med samfunnstrygging og beredskap i Noreg blir styrt etter nasjonale mål og risikovurderingar. Samtidig blir nasjonale omsyn påverka av utanlandske tilhøve, internasjonale regimer for risikohandtering og felles interesse av å etablere samarbeid på tvers av landegrensene.

Samarbeid er eit viktig stikkord i all samfunnstrygging- og beredskapsarbeid. Sivilt-militært samarbeid skal skje på alle nivå. Det spenner over eit breitt felt med mange ulike aktørar, og kjem an på situasjonen. Totalforsvarskonseptet er ein del av det sivil-militære samarbeidet, men blir avgrensa til å omfatte gjensidig støtte og samarbeid mellom Forsvaret og det sivile samfunnet om å førebyggje, planleggje beredskap, handtere kriser og konsekvensar i heile krisespekteret frå fred til tryggingpolitisk krise og krig.

Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane spelar derfor ei avgjerande rolle i alt beredskapsarbeid. Dei utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen og er slik viktige beryjelkar i det norske beredskapsarbeidet. Det gjeld både for å førebyggje og å handtere kriser.

Opplæring, kompetanse og øvingar er avgjerande for at samarbeidet skal fungere optimalt når krisa oppstår. KrF meiner vi må satse meir på å utdanne og heve kompetansen hos alle som har beredskapsansvar på alle nivå, både i det offentlege og det sivile samfunnet.

Samfunnstryggingssomgrepet blir brukt breitt og dekkjer trygging mot heile spekteret av utfordringar, frå avgrensa hendingar, via større krisesituasjonar med omfattande fare for liv, helse, miljø og materielle verdiar, til tryggingutfordringar som trugar nasjonen sitt sjølvstende eller eksistens. Vi treng gode risiko- og sårbarheitsanalysar å leggje til grunn for beredskapsplanlegging og førebyggjande tiltak.

Vi må leggje vekt på samfunnstrygging i all samfunnsplanlegging. Klimaendringane fører til meir ekstremvêr og truleg til meir ras og flomskadar. Dette må vi leggje til grunn i alle planprosessar. Beredskapen knytt til slike hendingar må styrkjast.

FN har ei nøkkelrolle i den internasjonale innsatsen for konfliktløysing og humanitær bistand. Noreg har støtta FN si koordinerande rolle i krisesituasjonar for å sikre rask og effektiv respons i område råka av humanitære kriser.

KrF vil

- forsterke og vidareutvikle informasjonsutvekslinga, koordineringa, rolleforståinga og samarbeidet innanfor totalforsvarskonseptet.
- opprette eit Nasjonalt tryggingsråd.
- opprette regionale beredskapseiningar og forsterkingsstyrkar i politiet til bruk i alvorlege situasjonar eller hendingar.
- vidareutvikle samarbeid og samvirke for å sikre heilskapleg og samordna krisehandtering på sentralt, regionalt og lokalt nivå.
- sikre heilskapleg og samordna krisehandtering på sentralt, regionalt og lokalt nivå med samarbeid, felles utdanning/kurs og regelmessige øvingar.
- framleis leggje til rette for deltaking frå NGO-ar og sivile bistandsmiljø under relevante øvingar i Forsvaret og sivile kriseøvingar.
- styrkje tilbodet til utdanning og opplæring for alle med beredskapsansvar på alle nivå.
- at Sivilforsvaret som statleg forsterkingsressurs blir tilført ressursar til gjennomføring av den vedtatte opptrappingsplanen.
- sikre at politiet kan få rask og effektiv bistand frå Forsvaret ved behov i kritesituasjonar.
- styrkje Direktoratet for samfunnstrygging og beredskap (DSB) som fagleg kontaktpunkt og koordinator for arbeidet med samfunnstrygging og beredskap nasjonalt og internasjonalt.
- vidareutvikle det internasjonale samarbeidet om samfunnstrygging og krisehandtering innanfor ramma av NATO, EU og FN.
- halde ved lag tilfredsstillande nasjonal matvareproduksjon og lager av nødvendige basisprodukt ut frå eit tryggingperspektiv.
- samle den sivile delen av staten sitt arbeid for trygging mot ulukker, naturkatastrofar, kriminalitet og ikkje-militære åtak i eitt departement.
- vidareutvikle senter for informasjonssikring og styrkje tilsynet med trygging av samfunnet innan IKT (informasjons- og kommunikasjonsteknologi).
- vidareutvikle ei god samordning av tilsyn for trygging i luftfart, skipsfart og transport på land.
- styrkje trygginga innan petroleumsverksemda.
- byggje ut oljevernberedskapen langs heile kysten, og spesielt i Nord-Noreg.
- vidareutvikle koordineringa og samordninga i EOS-tenestene (etterretnings-, overvaksings- og tryggingstenestene).
- styrkje samarbeidet mellom PST og E-tenesta om analyse knytt til kontra-terror.
- styrkje kystberedskapen og gje frivillige aktørar som Redningsselskapet gode rammevilkår.